


# Budsjett 2012 Økonomiplan 2012-2015

TEKSTHEFTE

OPPDATERT ETTER BUDSJETTVEDTAKET

13. desember 2011



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

# INNHALD

Innhald .....	1
Merknader til budsjettgrunnlaget .....	3
<b>ÅRSBUDSJETT 2012 ØKONOMIPLAN 2012-2015 .....</b>	<b>5</b>
Hovudpunkt i budsjettgrunnlaget .....	5
Arbeidet med årsbudsjettet/ økonomiplanen og utforminga av budsjettdokumentet .....	16
Oversyn langsiktig gjeld .....	17
<b>Budsjetthandsaminga i fylkestinget.....</b>	<b>19</b>
<b>INVESTERINGSBUDSJETT ÅRSBUDSJETT 2012 ØKONOMIPLAN 2012-2015.....</b>	<b>41</b>
<b>Investeringar .....</b>	<b>43</b>
Innleiing .....	43
Fellesfunksjonar.....	47
Opplæring .....	49
Tannhelse .....	51
Regional utvikling.....	51
Samferdsel.....	52
Kultur.....	62
<b>DRIFTSBUDSJETT ÅRSBUDSJETT 2012.....</b>	<b>63</b>
<b>Politiske organ og administrasjon .....</b>	<b>65</b>
Samandrag .....	65
400 Politisk styring.....	66
410 Kontroll og revisjon .....	67
420 Administrasjon .....	67
421 Eigeomsforvaltning .....	70
430 Administrasjonslokale.....	70
<b>Fellesfunksjonar .....</b>	<b>71</b>
471 Amortisering av tidlegare års premieavvik .....	71
480 Diverse fellesutgifter .....	71
<b>Opplæring.....</b>	<b>75</b>
Samandrag/Viktige tiltak.....	76
Hovudutfordringar .....	79
510 Skulelokale og forvaltning.....	81
515 Fellesutgifter og støttefunksjonar .....	82
Vidaregåande opplæring .....	82
520 Pedagogisk leiging, pedagogiske fellesutgifter og gjesteelevoppgjer .....	83
521-532 Utdanningsprogramma ved dei vidaregåande skulane.....	85
554 Fagskule .....	87
559 Landslinjer .....	88
560 Spesialundervisning og særskilt tilpassa opplæring.....	88
570 Fagopplæring i arbeidslivet .....	90
581 Vaksenopplæring etter opplæringslov.....	92
590 Andre føremål .....	92
<b>Tannhelse .....</b>	<b>95</b>
Samandrag/viktige tiltak.....	95
Hovudutfordringar .....	97
Årsbudsjett 2012.....	99
<b>Regional utvikling.....</b>	<b>101</b>
Hovudutfordringar i 2012 .....	102
700 Tilrettelegging og støttefunksjonar for næringslivet.....	103
705 Finansieringsbistand overfor næringslivet.....	108
715 Lokal og Regional utvikling.....	108
716 Friluftsliv og miljø .....	112
<b>710 Fylkeskommunal næringsverksemd .....</b>	<b>115</b>

<b>Samferdsel .....</b>	<b>117</b>
Hovudutfordringar .....	118
720 Fylkesvegar .....	119
730 Bilruter .....	123
731 Fylkesvegferjer .....	126
732 Båtruter .....	126
733 Transportordninga for funksjonshemma.....	127
734 Bybanen.....	127
<b>Kulturføremål .....</b>	<b>129</b>
Mål for verksemda .....	129
Utfordringar og tiltak i 2012-budsjettet.....	129
740 Bibliotek .....	131
750 Kulturminnevern.....	131
760 Museum .....	135
771 Kunstformidling .....	137
775 Idrett.....	140
790 Andre kulturaktivitetar .....	142
<b>Frie inntekter .....</b>	<b>147</b>
800 Skatt.....	148
840 Rammetilskot .....	148
<b>Renter og avdrag .....</b>	<b>151</b>
Renter .....	151
Avdrag.....	151
<b>Interne finansieringstransaksjonar .....</b>	<b>152</b>
<b>ØKONOMIPLAN 2012-2015 DRIFT .....</b>	<b>153</b>
Samandrag .....	155
Politiske organ, administrasjon og fellesfunksjonar.....	156
Opplæring .....	156
Tannhelse .....	157
Regional utvikling og fylkeskommunal næringsverksemd.....	157
Samferdsel.....	158
Kultur.....	159
Frie inntekter .....	159
Renter og avdrag .....	160
Interne finansieringstransaksjonar.....	161
<b>VEDLEGG .....</b>	<b>163</b>
Budsjetthandsaming i utvala – møtebøker:	
Kultur- og ressursutvalet	
Opplærings- og helseutvalet	
Samferdselsutvalet Hovudoversikter	

## **Merknader til budsjettgrunnlaget**

Fylkesrådmannen la fram budsjettgrunnlaget den 4. oktober 2011. Statsbudsjettet vart lagt fram 6. oktober.

Etter dette utarbeidde fylkesrådmannen eit revidert budsjettgrunnlag som vart lagt fram 1. november 2011. Fylkestinget vedtok budsjettet for 2012 og økonomiplanen for 2012 – 2015 i møtet 13. desember 2011, sak 69/11.

I det føreliggjande budsjettdokumentet er tabellane oppdaterte med endringane som vart gjort i revidert budsjettgrunnlag og i fylkestinget sitt budsjettvedtak. I teksten er det teke inn tillegg som omtalar endringar som vart gjort.



# ÅRSBUDSJETT 2012

## ØKONOMIPLAN 2012-2015

Fylkesrådmannen legg med dette fram budsjettgrunnlaget for 2012 og økonomiplanen 2012 – 2015. Budsjettgrunnlaget vert i samsvar med framdriftsplanen for budsjettarbeidet lagt fram tidleg i oktober, før statsbudsjettet ligg føre. Denne framdriftsplanen medfører at det må utarbeidast eit tillegg til budsjettgrunnlaget – revidert budsjettgrunnlag – når innhaldet i statsbudsjettet er kjent. Revidert budsjettgrunnlag – saman med talbudsjettet – vert lagt fram innan 1. november 2011.

Bakgrunnen for at denne arbeidsforma er valt, er at den sikrar betre tid til politisk arbeid med budsjettet.

Statsbudsjettet for 2012 vert lagt fram 6. oktober 2011.

Budsjettarbeidet i avdelingane har teke utgangspunkt i fylkesutvalet sitt vedtak i sak om førebels økonomiske rammer som vart handsama i juni.

Budsjettgrunnlaget for 2012 er inndelt i samsvar med funksjonsinndelinga i Kostra. Målsetjinga med inndeling etter Kostra-funksjonane er at det skal bli enklare å samanlikna budsjett- og rekneskapsdokumenta.

### Hovudpunkt i budsjettgrunnlaget

#### Netto driftsresultat – økonomimål

Rekneskapen for 2010 vart gjort opp utan rekneskapsunderskot og med eit monaleg betre netto driftsresultat enn dei siste åra. Netto driftsresultat i 2010 i Hordaland fylkeskommune var 5,5% mot tilsvarande 0,3% i rekneskapen for 2009.

Netto driftsresultat er det mest nytta målalet for å ta temperaturen på kommunal og fylkeskommunal økonomi. Målalet viser kva som står att når drifts- og kapitalutgifter er dekkja. Det får fram kor mykje ein har att til finansiering av investeringar eller avsetjing til seinare års drift. For å få karakteren tilfredstillande er det vanleg å setja netto driftsresultat til 3% av driftsinntektene.

Sjølv med det gode resultatet i 2010, låg Hordaland fylkeskommune også dette året under gjennomsnittet for fylkeskommunane i landet. Rekneskapane for 2010 viste gjennomsnittleg eit netto driftsresultat på 8,7% for fylkeskommunane.

Netto driftsresultat i budsjettgrunnlaget for åra 2012 og 2013 er om lag 2½%. Som nemnt vert 3% i netto driftsresultat rekna til å vera tilstrekkeleg til å kunna handtera svingingar i økonomien. Fylkesrådmannen sitt forslag til budsjettgrunnlag og økonomiplan, er dermed svakare enn ønskjeleg, men ein har framleis noko att av handlefridomen som eit brukbart netto driftsresultat medfører.

Når ein kjem til 2014, vert situasjonen endra p.g.a. endringar i rekneskapsreglane. Frå og med 2014 skal momskompensasjon for investeringar ikkje lenger rekneskapsførast i driftsrekneskapen. På denne måten misser ein ei driftsinntekt – momskompensasjonen – som i 2014 og 2015 er rekna til 195 og 145 mill. kr. Dermed vert netto driftsresultat 0 desse åra, då det ikkje er funne rom for å overføra andre driftsmidlar til investeringsrekneskapen.

## Rekneskapsutviklinga i 2011

Til fylkestinget i oktober 2011 legg fylkesrådmannen fram tertialrapport etter 2. tertial 2011. Rapporten er enno ikkje ferdigstilt, men arbeidet så langt kan tyda på eit budsjettoverskriding på om lag 20 mill. kr. Føresetnaden for dette er at fylkesvegvedlikehaldet ikkje viser stor budsjettoverskriding ved årsslutt. Utviklinga for vedlikehaldet så langt har vist budsjettoverskriding, men regionvegsjefen har sett i verk tiltak for å halda budsjetttramma.

Etter 1. tertial rekna fylkesrådmannen med eit avvik mellom budsjett og rekneskap på 30 mill. kr. Med atterhald om utviklinga i fylkesvegvedlikehaldet, er altså situasjonen noko betra etter 2. tertial. Det er særleg skatteinngangen som har vist positiv utvikling.

Om det endelege rekneskapsresultatet vert tilsvarende prognosen i tertialrapporten – budsjettavvik på 20 mill. kr – vil ein framleis ha att reservar i budsjettet slik at fylkesrekneskapen skal kunna gjerast opp utan underskot også i 2011. Det vil då vera åtte år sidan fylkeskommunen sist hadde underskot i rekneskapen.

Budsjettet for 2011 har likevel vorte svekka gjennom året. Ved budsjettrevisjonen i juni, vart det vedteke å redusera summen frå driftsbudsjettet som finansierer investeringar med 70 mill. kr. Dette gjorde at det budsjetterte netto driftsresultatet i 2011 vart redusert frå 2,5% i opphavleg budsjett til 1,4% etter budsjettjusteringa.

## Rekordhøgt investeringsnivå

I samsvar med opplegget i den sist vedtekne økonomiplanen og rammesaka som vart handsama av fylkesutvalet i juni 2011, legg fylkesrådmannen opp til rekordhøge investeringar for Hordaland fylkeskommune.

Det er framleis høge investeringar i opplæringssektoren, og innanfor samferdselssektoren er det dei store anlegga i Bergensprogrammet, så som andre byggjesteg av prosjekta Ringveg vest og Bybanen som slår inn for fullt i økonomiplanperioden.

Bruttobudsjettet for investeringane vert på heile 2 545,8 mill. kr i 2012. Kommunelova fastset at det skal budsjetterast med utgifter og inntekter ein reknar med komande år. Dei store investeringsprosjekta som er i gang m.a. innanfor Bergensprogrammet, gjer at fylkeskommunen sitt brutto investeringsbudsjett vert svært høgt. Ein stor del av pro-

sjekta vert finansierte med bompengar. Bompengane kjem som inntekt i fylkeskommunen sitt investeringsbudsjett saman med andre finansieringsformer som forskotteringar og tilskot.

Bompengefinansieringa gjeld i særleg grad prosjekta Ringveg vest og Bybanen strekninga Nesttun – Lagunen, men også andre prosjekt har stort innslag av bompengefinansiering som t.d. Kvammapakken og Bømlopakken.

I budsjettgrunnlaget er det forslag om investeringar i samferdselssektoren på nær 2 000 mill. kr i 2012 og vel 500 mill. kr i opplæringssektoren. Innanfor opplæring er det særleg den nye vidaregåande skulen i Bergen sentrum – Amalie Skram vidaregående skole – som medfører store løyvingar.

## Inntektssida i budsjettgrunnlaget

I budsjettgrunnlaget for 2012 har fylkesrådmannen lagt til grunn opplysningane ein finn i Kommuneproposisjonen, som vart lagt fram i mai 2011. Fylkesrådmannen har i utrekingane lagt til grunn ein vekst i dei frie inntektene for fylkeskommunane samla på 625 mill. kr i faste prisar. Dette er midt i intervallet for vekst som er oppgeve i kommuneproposisjonen.

Nye haldepunkt om kommuneopplegget for 2012 får ein i statsbudsjettet som vert lagt fram 6. oktober, og fylkesrådmannen vil innarbeida opplysningane i statsbudsjettet i revidert budsjettgrunnlag.

I budsjettgrunnlaget for 2012 er det budsjettert med samla driftsinntekter på nær 6 716 mill. kr. Av dette utgjer skatteinntekter og rammetilskot 5 086 mill. kr eller 75%. Ein stadig viktigare faktor på inntektssida er trafikkinntektene frå kollektivtransporten. Frå midten av 2012 vil heile fylket ha kollektivtransport utført etter anbudsprinsippet. Det medfører at fylkeskommunen får inntektene. For 2012 utgjer desse inntektene om lag 700 mill. kr.

Fylkesrådmannen legg elles vinn på å fanga opp mest mogeleg i budsjettet også av øyremerka ordningar. I samband med forvaltingsreforma frå 2010 kom det til nokre ordningar innanfor regional utvikling med øyremerka statstilskot, så som det regionale forskingsfondet, VRI – ordninga, ordningar innanfor marin sektor og fleire. I budsjettgrunnlaget for 2012 har ein fått med fleire av desse øyremerka ordningane på inntektssida.

På same måte som i investeringsbudsjettet freistar ein også i driftsbudsjettet å budsjettera mest mogeleg fullstendig både på utgifts- og inntektssida.

### **Revidert budsjettgrunnlag**

Statsbudsjettet viste at dei frie inntektene vert 13,9 mill. kr lågare enn i fylkesrådmannen sitt budsjettgrunnlag. Statstilskotet til regional utvikling vert om lag 6,9 mill. kr lågare enn det som var forventa i budsjettgrunnlaget.

Det er lagt inn 13,5 mill. kr i leigeinntekter frå bussanlegget på Haukås.

### **Utgiftssida i budsjettgrunnlaget**

Fylkesutvalet handsama sak om førebels budsjettammer på møte i juni. Ut frå opplysningar i Kommuneproposisjonen om venta nivå på inntektssida og kapitalutgiftene som følgje av investeringsprogrammet, la fylkesrådmannen fram forslag til budsjettammer for dei ulike budsjettområda.

Fylkesrådmannen sitt forslag til budsjettgrunnlag byggjer på opplegget i rammesaka.

Brutto driftsutgifter i budsjettgrunnlaget for 2012 er på 6 163 mill. kr og passerer dermed 6 mrd. kr for første gong sidan 2001, som var siste året fylkeskommunen hadde ansvar for spesialisthelsetesta.

Opplæringssektoren er størst med eit bruttobudsjett på 2 618 mill. kr i 2012. Brutto driftsutgifter i samferdselssektoren har auka mykje dei siste åra etter kvart som ein har gjennomført overgangen frå kvalitetskontraktar til anbod i kollektivtransporten. For 2012 er det budsjettert med 2 323 mill. kr i samferdselssektoren. Dei andre viktige sektorane i fylkeskommunen – kultur, tannhelse og regional utvikling – er om lag jamstore rekna etter budsjettstorleik med om lag 250 mill. kr i brutto driftsutgifter innanfor kvar sektor.

Innanfor opplæringssektoren er det under planlegging fleire nye skulebygg i økonomiplanperioden, både i Bergen sentrum, på Voss og i Åsane. Desse utbyggingane medfører høgare kapitalutgifter og auka driftskostnader. Det høge investeringsnivået i samferdselssektoren gjer også at kapitalutgiftene veks mykje.

Tertialrapporten til fylkestinget i oktober 2011 viser så langt størst overskriding innanfor samferdselssektoren. Ved budsjettrevisjonen i juni vart samferdselsbudsjettet styrka. Det er no særleg inn-

tektssida som viser budsjettsvikt. Det viser seg at trafikkinntektene var for høgt budsjetterte i 2011-budsjettet. Fylkesrådmannen har teke omsyn til dette i budsjettgrunnlaget for 2012. Utgangspunktet for utrekninga av trafikkinntektene i 2012 er faktiske trafikkinntekter så langt i 2011.

Stikkordsmessig inneheld budsjettgrunnlaget for 2012 desse punkta innanfor dei ulike områda:

### *Opplæring*

- Liten reduksjon i budsjettamma for opplæringssektoren – om lag 11 mill. kr
- Auke i faste driftskostnader
- Nytt leigebygg – Fusa vidaregåande skule
- Ny budsjettpost til samarbeid mellom vidaregåande skule og næringsliv
- Opplæring av nye medlemmer i prøvenemndene
- Tilskot til idrettsanlegg i Etne – Etne vidaregåande skule skal bruka anlegget

### *Tannhelse*

- Takstauke på 5% for vaksne kundar – takstane i Hordaland er på nivå med andre fylkeskommunar
- Kompetansesenter Vest startar drifta sommaren 2012
- Spesialistklinikken startar opp hausten 2012
- Arbeidet med samlokalisering av klinikkar held fram

### *Regional utvikling*

- Klimaplanen - oppfølging i sak om handlingsprogrammet
- Folkehelse – arbeid med regional plan for helsearbeidet starta
- Utarbeiding av regionale planar meir ressurskrevjande

### *Samferdsel*

- Kostnadene med driftskontraktane for fylkesvegvedlikehaldet har auka mykje – andre vedlikehaldspostar må bremsast
- Uendra takstar på alle typar kort for kollektivreise
- Takstauke kun ved kjøp av einskildebillett utan bruk av kort – minstetakst opp kr 2 til kr 27
- Minstetakst betalt med kort vert framleis kr 20,80
- Heilårsdrift rutepakke Bergen Nord og Bergen Sentrum
- Oppstart rutepakke Vest medio 2012



### *Kultur*

- Fylkeskommunal ordning med tilskot til kulturhus/arenaer på 10 mill. kr årleg
- Kulturelt utviklingsprogram vidareført i 2012 med 6 mill. kr til fordeling
- Budsjettpost til oppfølging av museumsplanen på 2 mill. kr

### *Fellespostar*

- Rente på lån sett til 3,5% i 2012 og 4% kvart av åra seinare i perioden
- Pensjonskostnadene aukar – m.a. gjev nye reglar utslag

### **Fylkestinget**

Fylkestinget vedtok påplussingar i driftsbudsjettet på til saman 25,25 mill. kr. M.a. vart budsjettet for opplæring auka med 8,4 mill. kr og samferdselsbudsjettet med 14,4 mill. kr.

Fylkestinget la til grunn ei innsparing på 10 mill. kr i netto renteutgifter som følgje av lågare rentesatsar og betre vilkår i ny bankavtale.

Overføring frå driftsbudsjettet til finansiering av investeringar vart redusert med 4,75 mill. kr.

### **Kommuneproposisjonen**

I kommuneproposisjonen for 2012 er det lagt opp til ein reell vekst i kommunesektoren sine samla inntekter i 2012 på mellom 5 og 6 milliardar kroner. Av den samla inntektsveksten skal mellom 3¾ og 4¼ milliardar kroner koma som frie inntekter (skatt og rammeoverføringar). Mellom ½ og ¾ milliardar kroner av veksten i dei frie inntektene skal i følgje opplegget fordelast til fylkeskommunane. Fylkesrådmannen har i utrekningane lagt til grunn ein vekst i dei frie inntektene for fylkeskommunane i 2012 på 625 mill. kr i faste prisar. Dette er midt i intervallet for vekst som er oppgjeve i kommuneproposisjonen. Av veksten til fylkeskommunane er 400 mill. kr grunngeve med trongen for å styrka satsinga på drift og vedlikehald av det fylkeskommunale vegnettet.

Utrekningar tyder på at kommunesektoren i 2012 kan få meirutgifter i storleiken 2,5 milliardar kroner knytta til den demografiske utviklinga. 240 mill. kr av meirutgiftene knytta til den demografiske utviklinga er meirutgifter for fylkeskommunane. Ein del år var det sterk vekst i talet på 16–18-åringar i vidaregåande opplæring. Som følgje av dette fekk fylkeskommunane noko sterkare vekst i

dei frie inntektene enn kommunane. No flatar veksten i talet på 16–18-åringar ut, og dette påverkar fordelinga av inntekter mellom kommunane og fylkeskommunane. I 2012 får fylkeskommunane litt lågare prosentvis vekst i dei frie inntektene enn kommunane.

I kommuneproposisjonen for 2012 vert det vist til at ved fastsetjing av inntektsrammene for 2010 vart det – ved ein feil – ikkje teke omsyn til at fylkeskommunane også har krav på kompensasjon for meirverdiavgift for bompengefinansiert utbygging av fylkesvegnettet, og at dette har ført til meirinntekter for fylkeskommunane. Regjeringa vil i statsbudsjettet for 2012 foreslå å trekkja ut ein sum av fylkeskommunane sine rammetilskot tilsvarande meirverdiavgiftskompensasjonen fylkeskommunane mottok for investeringar finansiert med bompengar. Trekket i inntektsramma vil verta fordelt mellom fylkeskommunane etter prosentvis del av samla momskompensasjon knytta til bompengefinansierte vegprosjekt i 2010. Fylkeskommunane vil ikkje verta trekt for meirverdiavgiftskompensasjon som er gjeve i 2010 og 2011. Det er førebels usikkert kor stort trekket for den einskilde fylkeskommunen vil verta, men dette vert avklara i forslaget til statsbudsjett til hausten. Fylkesrådmannen har på usikkert grunnlag førebels lagt til grunn eit årleg trekk frå 2012 på 20 mill. kr.

Det er ikkje varsla endringar frå 2011 til 2012 i kostnadsnøkkelen som vert nytta i utrekningane av rammeoverføringane til fylkeskommunane.

I budsjettgrunnlaget byggjer fylkesrådmannen på dei føresetnadene ein finn i kommuneproposisjonen for 2012.

Ved utrekning av dei frie inntektene er det lagt til grunn ein pris- og lønsvekst (deflator) for kommunesektoren på 3,3% frå 2011 til 2012, fordelt med 4,5% lønsvekst og 1,0% prisvekst. Desse førestnadene vil verta nærare avklara og eventuelt justerte etter at statsbudsjettet er lagt fram.

### **Sak om budsjettammer i fylkesutvalet i juni**

Sak om førebels økonomiske rammer vart lagt fram for fylkesutvalet sitt møte i juni 2011. Utrekningane i saka viste ein samla reduksjon i driftsrammene i 2012 i høve til revidert budsjett for 2011 på 60 mill. kr i faste prisar (2011-kroner). I dei førebelse rammene vart innsparinga på 60 mill. kr fordelt med 40 mill. kr for samferdselssektoren, 12 mill. kr for opplæringssektoren og 8 mill. kr innan kultur-

sektoren. Vidare utover i økonomiplanperioden viste utrekningane ytterlegare nedgang i driftsrammene med om lag 35 mill. kr fram til 2015.

Fylkesrådmannen sitt budsjettgrunnlag byggjer i stor grad på dei budsjetttrammene som var skisserte i saka om budsjetttrammer i juni. Det er likevel funne plass til å gå litt utover dei nemnte rammene på nokre felt. Årsaker til at dette let seg gjera er at ein no reknar med litt lågare rentesatsar enn tidlegare og at oppdaterte kriteriedata i inntektssystemet medfører litt auke i rammeoverføringane. Det er og nytta noko meir av momskompensasjon for investeringar til å finansiera driftsutgifter.

Utrekningane av rammeoverføringane til den ein-skilde fylkeskommunen tek utgangspunkt i kostnadsnøkkelen og verdien av dei kriteria som inngår i inntektssystemet. Frå og med 2010 vert folketalet 1. juli året før budsjettåret lagt til grunn for utrekningane av rammeoverføringane. Desse tala er kjende når statsbudsjettet vert lagt fram, og det er såleis ikkje turvande å gjennomføra oppdateringar av rammeoverføringane i ettertid.

I rammesaka var det også lagt fram utkast til investeringsprogram i økonomiplanperioden. Investeringsprogrammet frå rammesaka er innarbeidd i budsjettgrunnlaget med nokre endringar.

### Revidert budsjettgrunnlag

#### **Statsbudsjettet 2012**

Regjeringa legg i statsbudsjettet opp til ein reell vekst i dei frie inntektene for fylkeskommunane på 600 mill. kr, og dette er nesten på linje med det som var rekna med i budsjettgrunnlaget. 400 mill. kr av veksten vert grunngeve med trongen for å styrka satsinga på drift og vedlikehald av det fylkeskommunale vegnettet.

Gjennomgangen av statsbudsjettet viser at dei frie inntektene er 13,9 mill. kr lågare enn i fylkesrådmannen sitt budsjettgrunnlag. Hovudårsaka til skilnaden er at trekket i rammeoverføringane på grunn av at fylkeskommunane får momskompensasjon for bompengeprojekt vert om lag 14 mill. kr større enn lagt til grunn i budsjettgrunnlaget. Endringar i folketal og kriteriverdiar i inntektssystemet medfører justeringar i rammeoverføringane, men dette er små justeringar i høve til budsjettgrunnlaget. I utrekningane av storleiken på dei frie inntektene inngår også verknaden av at kommunal deflator i

statsbudsjettet er 0,05% lågare enn den som er rekna med i fylkesrådmannen sitt budsjettgrunnlag.

Reduksjonen i rammeoverføringane på 13,9 mill. kr vert delvis motverka av at lønsføresetnaden i statsbudsjettet er 0,5% lågare enn i budsjettgrunnlaget, og dette medfører at lønsavsetjingane kan reduserast med 11,7 mill. kr. På den andre sida medfører føresetnadene i statsbudsjettet at fylkeskommunen sine tilskot til ein del kulturinstitusjonar må aukast med kr 396 000 netto.

#### **Sentrale punkt i økonomiplanen**

Investeringane i den økonomiplanen som no vert lagt fram, er høge. Konsekvensen av dette er at utgiftene til renter/avdrag er høge og tek ein etter måten stor del av fylkeskommunen sine inntekter.

Regjeringa har vedteke endra regelverk for rekneskapsføring av momskompensasjon. Denne kompensasjonen har hittil vore ført i driftsrekneskapen. Det nye regelverket medfører at momskompensasjon frå investeringar skal førast i investeringsrekneskapen frå 2014. Det er ein overgangsperiode frå 2010 og fram til 2014, der ein stadig større del av momskompensasjonen frå investeringar skal overførast til investeringsrekneskapen.

I revidert budsjettet for 2011 er 110 mill. kr av driftsmidlane overført til investeringsrekneskapen. Summen er på 155 mill. kr i 2012 og på 175 mill. kr i 2013, og dette er meir enn det som det nye regelverket for rekneskapsføring av momskompensasjon krev. Frå 2014 skal som nemnt ovanfor heile summen av momskompensasjon frå investeringar førast direkte i investeringsrekneskapen. Denne summen er i 2014 på 195 mill. kr og i 2015 på 145 mill. kr. Desse to åra vil ein i følgje opplegget som er lagt til grunn, ikkje ha driftsmidlar til finansiering av investeringane.

Netto driftsresultat er som kjent det mest nytta måltalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi. Netto driftsresultat viser kva som står att når drifts- og kapitalutgiftene er dekkja. Det får fram kor mykje ein har att til finansiering av investeringar eller til avsetjingar.

Netto driftsresultat for åra 2012 og 2013 er om lag 2½%. Til vanleg vert 3% i netto driftsresultat rekna til å vera tilstrekkeleg til å kunna handtera svingingar i økonomien. Fylkesrådmannen sitt forslag til budsjettgrunnlag og økonomiplan, er dermed svakare enn ønskjeleg, men ein har framleis noko att

av handlefridomen som eit brukbart netto driftsresultat medfører.

Når ein kjem til 2014, vert situasjonen endra p.g.a. endringar i rekneskapsreglane. Frå og med 2014 skal momskompensasjon for investeringar ikkje lenger rekneskapsførast i driftsrekneskapan. På denne måten misser ein ei driftsinntekt – momskompensasjonen – som i 2014 og 2015 er rekna til 195 og 145 mill. kr. Dermed vert netto driftsresultat 0 desse åra, då det ikkje er funne rom for å overføra andre driftsmidlar til investeringsrekneskapan.

Med uendra reglar også i 2014 og 2015 ville netto driftsresultat vore mellom 2 og 3%. Det er likevel klart at med fylkesrådmannen sitt forslag, vil ein i 2014 og 2015 ikkje lenger ha noko netto driftsresultat til disposisjon, og den handlefridomen ein har hatt tidlegare, vil vera brukt opp.

### Skisse for åra etter økonomiplanen

Fylkesrådmannen har vidare sett på utrekningar som går nokre år utover økonomiplanperioden. Utrekningane viser at det høge investeringsnivået vil medføra auka lånegjeld. Venta inntektsvekst dei komande åra vil dermed i hovudsak gå med til å dekkja dei auka kapitalutgiftene.

Med dei føresetnadene som er lagt til grunn i utrekningane vil det difor ikkje vera særleg vekst i inntektene som kan nyttast til vanleg drift. Det er difor viktig at ein no viser stor varsemd med å auka investeringane ytterlegare.

Netto driftsresultat er redusert til 0 frå 2014. Skal ein oppnå eit positivt driftsresultat også i 2014 og åra utover må anten inntektene aukast eller utgiftene reduserast i høve til opplegget i den framlagde økonomiplanen.

### Formuebevaringsprinsippet

Fylkesrådmannen viser til at m.a. Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi har gjort bruk av det såkalla formuebevaringsprinsippet for å koma med overslag på ønskjeleg nivå på netto driftsresultat. Det vert peika på at avskrivningane i kommunesektoren er høgare enn netto avdrag, og at ein må ha eit netto driftsresultat likt differansen mellom avskrivningar og netto avdrag for å bevare formuen. Avskrivningane i Hordaland fylkeskommune i 2011 er på 288,3 mill. kr, og i budsjettgrunnlaget er det for 2012 innarbeidd avdrag på 238,0 mill. kr.

I fylkesrådmannen sitt budsjettgrunnlag er det rekna med følgjande avdrag og netto driftsresultat i økonomiplanperioden:

	2012	2013	2014	2015
Avdrag	238,0	278,0	307,0	344,0
Netto driftres.	150,9	175,3	0,0	0,0
Sum	388,9	453,3	307,0	344,0

Sjølv om ein må leggja til grunn at avskrivningane i 2012 vert ein del over nivået på 288,3 mill. kr i 2011, vil summen av avdrag og netto driftsresultat i 2012 vera større enn avskrivningane. Dermed vil formuebevaringsprinsippet verta oppfylt i budsjettet for 2012. Det same gjeld for 2013.

For 2014 viser tabellen konsekvensen av endringa i rekneskapsføringa for momskompensasjonen. Kommunesektoren samla vil då få reduksjon i netto driftsresultat som følgje av regelendringa.

Med fylkesrådmannen sitt forslag til økonomiplan vil alle reservar utover momskompensasjonen vera brukte opp, og ein står att med 0 i netto driftsresultat etter dei nye reglane. Med uendra reglar ville summene for 2014 og 2015 i tabellen ovanfor vore 502 og 489 mill. kr – som er meir på linje med situasjon i 2013.

## Kort om investeringsbudsjettet

Oversyn over utgifter til investeringar i perioden 2011–2015, fordelt på sektorar, er gjeve i følgjande oppstilling:

	Mill. kr i løpande prisar				
	2011	2012	2013	2014	2015
Fellesfunksjonar	39,0	52,0	58,0	75,0	80,0
Opplæring	236,0	514,0	563,0	578,0	435,0
Tannhelse	14,5	30,5	19,5	14,5	14,5
Regional utvikling	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0
Samferdsel	2 053,9	1 945,3	1 302,4	1 297,2	836,4
Kultur	1,0	3,0	1,0	1,0	1,0
<b>BRUTTO INVESTERINGSUTGIFTER</b>	<b>2 345,4</b>	<b>2 545,8</b>	<b>1 944,9</b>	<b>1 966,7</b>	<b>1 367,9</b>
Avsetjingar	5,0	5,0	5,0	5,0	5,0
<b>SUM FINANSIERINGSBEHOV</b>	<b>2 350,4</b>	<b>2 550,8</b>	<b>1 949,9</b>	<b>1 971,7</b>	<b>1 372,9</b>

I tillegg til forslag for perioden 2012–2015 er det i tabellen ovanfor teke med budsjett for 2011 medrekna budsjettendringar vedtekne av fylkestinget i 2011. Brutto investeringsutgifter går opp frå 2 345,4 mill. kr i 2011 til 2 545,8 mill. kr i 2012. Deretter er det investeringar på 1 944,9 mill. kr i 2013, på 1 966,7 mill. kr i 2014 og på 1 367,9 mill. kr i 2015.

I økonomiplanperioden er det vidare ført opp fondsavsetjingar finansiert med sal av fylkeskommunale eigedomar.

Fylkesrådmannen har i hovudsak vidareført opplegget frå siste økonomiplan, som fylkestinget vedtok i desember 2010, men nye planar og vedtak medfører nokre endringar.

### *Fellesfunksjonar*

Innan sektoren for fellesfunksjonar er det i perioden 2012–2015 rekna med 4 mill. kr årleg til mindre ombygging/oppussing av fylkeshuset. Vidare er det i 2012 ført opp 3 mill. kr til profilering av fylkeshuset. I 2012 er det også sett av 2 mill. kr til fullføring av planarbeidet knytt til arbeidet med ny reguleringsplan for mellom anna Fylkeshuset.

For å makta dei store oppgåvene innan IT-feltet foreslår fylkesrådmannen opptrapping av løyvingane til IT-fellessystem frå 15 mill. kr i 2011 til 21 mill. kr i 2012 og 25 mill. kr årleg i slutten av perioden.

For 2012 er det sett av 5 mill. kr til enøktiltak og tiltak i samband med klimaplanen. Summen er auka vidare utover i planperioden til 20 mill. kr i 2015. Det er vidare lagt til grunn ei opptrapping av løyvingane til universell utforming frå 10 mill. kr i 2011 til 30 mill. kr i 2014 og 2015.

I alt går løyvingane til fellesfunksjonar med dette opplegget opp frå 39 mill. kr i 2011 til 80 mill. kr i 2015.

### *Opplæring*

Innan opplæringssektoren er budsjetttramma for samleposten for ombygging/mindre tilbygg på skular på 40 mill. kr i 2011. Dette nivået vert vidareført alle åra i økonomiplanperioden 2012–2015. Samleposten for innklimatiltak m.v. i skulesektoren er på 35 mill. kr i 2011, og denne summen er foreslått vidareført kvart år i perioden 2012–2015. Løyvinga til større undervisningsutstyr er på 35 mill. kr i 2011, og denne summen er også vidareført i perioden.

Amalie Skram videregående skole i Bergen er innarbeidd med i alt 830 mill. kr. For denne skulen er no sluttløyving ført opp i 2014. Vidare er det i økonomiplanperioden ført opp midlar til tilbygg/rehabilitering ved Årstad videregående skole. Det er også teke med investeringsmidlar til ny skulestruktur på Voss. Til nybygg for Åsane videregående skole er ført opp 230 mill. kr fram til 2015. Sluttløyvingane til nybygget i Åsane vil koma etter økonomiplanperioden.

Opplegget, jf. tabellen ovanfor, medfører skuleinvesteringar på i alt 2 090 mill. kr i perioden 2012–2015. Investeringane i denne perioden er størst i åra 2013 og 2014 med 563 og 578 mill. kr. I revidert budsjett for 2011 er skuleinvesteringane til samanlikning på 236 mill. kr.

### *Tannhelse*

Til tannklinikkar er samleløyvinga auka frå 10 mill. kr i 2011 til 25 mill. kr i 2012. Vidare er det teke med 15 mill. kr i 2013 og 10 mill. kr kvart av åra

2014 og 2015. Samleløyvinga til utstyr i tannhelse-tenesta er på 5,5 mill. kr i 2012 og 4,5 mill. kr dei andre åra i perioden.

#### *Regional utvikling*

Til investeringar knytt til næringsutvikling er det som i 2011-budsjettet ført opp 1 mill. kr kvart år i perioden 2012–2015 til oppfølging av fylkeskommunen si regionale rolle.

#### *Samferdsel*

I investeringsoversynet for samferdsel er det med til saman 74 mill. kr til bybanevogner i 2011 og 2012.

Til ruteinformasjonssystem (sanntid) er det førebels teke med 20 mill. kr kvart år til og med 2014.

Budsjettramma for fylkesveginvesteringar er i revidert budsjett for 2011 på 1 298,7 mill. kr. Vidare utover i perioden er det ført opp 1 309,3 mill. kr i 2012, 1 142,4 mill. kr i 2013, 1 277,2 mill. kr i 2014 og 836,4 mill. kr i 2015. Tala tek utgangspunkt i vedtekne planar for fylkesvegnettet og sist vedteken økonomiplan. Vidare er det for byggjesteget 2 for Bybanen rekna med 563 mill. kr i 2012 og 140 mill. kr i 2013.

#### *Kultur*

Innan kultursektoren held ein fram med årlege løyvingar til restaurering av verneverdige bygg i fylkeskommunal eige. Det er ført opp 3 mill. kr i 2012 og 1 mill. kr kvart år etter 2012.

### **Kort om driftsbudsjettet**

#### *Politiske organ og administrasjon*

I budsjetta for politiske organ er det berre gjort mindre justeringar av beløpa i høve til 2011. Det er budsjettert med knapt 22 mill. kr til politisk verksemd.

Budsjettet for Kontrollutvalet er styrka med 0,5 mill. kr til kjøp av tenester. Dette er gjort med tanke på at det kan dukke opp saker som gjer det nødvendig å setje i verk forvaltningsrevisjon utanom den oppsette planen.

Det er budsjettert med stillingsauke ved fleire av seksjonane under økonomiavdelinga. Stillingstalet ved fylkeskassen er auka med 1. Dette har samanheng med elektronisk fakturahandsaming, der alle fakturaer vert registrert sentralt.

Ved innkjøpsseksjonen er det framlegg om å auke stillingstalet med 2. Den eine stillinga vert refundert frå Nasjonal Digital Læringsarena.

Bemanninga på eigedomsseksjonen er styrka i løpet av 2011. I 2012 er det budsjettert med 4 fleire årsverk enn i opphavleg budsjett for 2011.

Ved samferdselsavdelinga er det lagt inn ei ny stilling ved transportplanseksjonen.

Netto utgifter til administrasjonslokale aukar med ca. 1,7 mill. kr. Dette skuldast i hovudsak at leige-kontrakten for Spar butikken går ut 31.12.2011.

#### *Opplæring*

Fylkesrådmannen foreslår i budsjettgrunnlaget brutto driftsutgifter på 2 618 mill. kr til vidaregåande opplæring i 2012. Budsjettramma for opplæringssektoren er redusert med om lag 11 mill. kr samanlikna ei vidareføring av det reviderte 2011-budsjettet. Fylkeskommunen er inne i ein sterk investeringsperiode innanfor opplæring. Undervisningslokala har fått standardheving mange stader og fleire prosjekt er under arbeid. Nybygg og rehabiliteringar gjev sterk vekst i kapitalutgiftene.

Det er budsjettert med auke i dei faste driftskostnadene frå 2011 til 2012. Nybygg og auka leigegreal krev og budsjettmidlar. Fylkesrådmannen har lagt til grunn at noko av auken kan dekkast inn ved omdisponeringar innanfor driftskostnadene. Budsjettmodellen for driftskostnadene byggjer på rekneskapstal frå 2010 framrekna til 2012 og fangar slik ikkje opp endringar i perioden t.d. i straumpri-sane.

Fylkesrådmannen foreslår ein ny post på 1,5 mill. kr til samarbeidstiltak mellom vidaregåande skular og næringslivet.

I 2012 skal det oppnemnast nye prøvenemnder i fagopplæringa. Det er sett av midlar til opplæring av dei nye medlemmene.

Fylkesrådmannen foreslår å setja av 2,5 mill. kr til idrettsanlegg i Etne i 2012. Etne vidaregåande skule skal nytta anlegget i undervisninga.

#### *Fylkestinget*

Fylkestinget auka budsjettet for opplæring med 8,4 mill. kr. Budsjettramma ligg etter dette nokså nær det reviderte 2011-budsjettet.

### *Tannhelse*

Budsjettforslaget for tannhelsetenesta i 2012 er i vidareføring av det reviderte budsjettet for 2011. Det er ført opp vel 245 mill. kr i brutto driftsutgifter til tannhelsetenester i 2012.

I 2012 vil Kompetansesenter Vest starta drifta, og frå hausten 2012 vil spesialistklinikken koma i drift.

Utfordringane ein elles står overfor i tannhelsetenesta er:

- Rekruttering og tiltak for å halda på tannlegar og tannpleiarar
- Styrking av folkehelsearbeidet – forslag om to nye tannpleiarstillingar i 2012
- Område med sterk befolkningsvekstvekst – trong for auka bemanning.

For å letta rekrutteringa i delar av fylket, skapa grunnlag for ei betre arbeidsfordeling mellom tannlegar og tannpleiarar og redusera utgiftene, er det trong for å samlokalisera små tannklinikkar til større einingar.

Fylkesrådmannen foreslår å auka takstane for vaksne betalande kundar med 5% frå 2012. Hordaland fylkeskommune vil då ha takstar på linje med gjennomsnittet av fylkeskommunane i landet.

### *Regional utvikling og fylkeskommunal næringsverksemd*

Til regionalt utviklingsarbeid er det budsjettert med vel 260 mill. kr i 2012. Forvaltningsreforma tilførte frå 2010 fylkeskommunen mange nye arbeidsområde innanfor denne sektoren. Dette gjeld:

- Akvakultur og havressursforvaltning
- Landbruk
- Friluftsliv
- Deleigarskap i Innovasjon Noreg
- Regionale innovasjonsselskap
- Regionale forskingsfond
- Vassregionmynde
- Folkehelse

Til arbeidet med oppfølging av tiltaka i klimaplanen er det sett av nær 3 mill. kr i 2012. Det er vidare auka løyvingar til folkehelsearbeidet. Samhandlingsreforma som vert sett i verk frå komande årsskifte, vil få påverknad på fylkeskommunen sitt arbeid innanfor folkehelsearbeidet.

Sidan 2006 har fylkeskommunen gjeve tilskot til eit professorat ved Høgskolen i Bergen innanfor feltet nyskaping og entreprenørskap. Avtalen gjekk ut i 2011. Frå 2012 foreslår fylkesrådmannen å gje tilskot til ei stipendiatstilling innan same fagområdet, med hovudvekt på forskning innan rural innovasjon.

### *Samferdsel*

Frå medio 2012 vil all kollektivtransport i Hordaland verta utført etter anbudsmodellen. Hausten 2011 startar anbodskjøring for rutepakkane Bergen Nord og Bergen Sentrum, slik at det ved årsskiftet 2011/2012 står att området som er omfatta av rutepakke Vest.

Anboda vert tildelte som bruttokontraktar der fylkeskommunen har hand om inntektene. Dette aukar både utgifts- og inntektssida i budsjettet samanlikna med den tidlegare ordninga med kvaliteteskontraktar etter nettoprinsippet.

Det er budsjettert med 2 337 mill. kr i brutto driftsutgifter til samferdselstiltak i 2012. Til fylkesvegvedlikehald er det innanfor denne summen sett av 401 mill. kr, til buss- og bybanedrift 1 496 mill. kr, til ferjedrift 310 mill. kr og til drift av båtruter 85 mill. kr. I tillegg kjem transportordninga for funksjonshemma med 45 mill. kr.

Fylkesrådmannen foreslår i budsjettgrunlaget å halda takstane på alle typar kort uendra frå 2011 til 2012. Det vert foreslått takstauke kun på kontant kjøp av enkeltbilletter der taksten i forslaget vert sett opp frå kr 25 til kr 27 innanfor minstetakstområdet. Fylkesrådmannen legg til grunn ein gjennomsnittleg takstauke på vel 3 % i samsvar med den generelle løns- og prisutviklinga det elles er rekna med i budsjettgrunlaget.

### *Kultur*

Kulturbudsjettet er ført opp med brutto driftsutgifter på 264 mill kr i 2012-budsjettet. Fylkesrådmannen foreslår i budsjettet å vidareføra tilskotsordninga til kulturhus/arenar på 10 mill. kr.

Til Kulturelt utviklingsprogram (KUP) er det sett av 6 mill kr – same sum som i 2011-budsjettet.

Fylkesrådmannen foreslår å setja av 2 mill. kr til oppfølging av museumsplanen som vart vedteken av fylkestinget i juni 2011.

### *Fylkestinget*

Fylkestinget la m.a. inn 1 mill. kr til Litteraturhus i Bergen.

### *Frie inntekter*

Dei frie inntektene for fylkeskommunen omfattar fylkesskatt og rammetilskot.

I kommuneproposisjonen for 2012 heiter det at Regjeringa legg opp til ein reell vekst i kommunesektoren sine samla inntekter i 2012 på mellom 5 og 6 milliardar kroner. Av den samla inntektsveksten skal mellom 3¼ og 4¼ milliardar kroner koma som frie inntekter (skatt og rammeoverføringar).

Mellom ½ og ¾ milliardar kroner av veksten i dei frie inntektene skal i følgje opplegget fordelast til fylkeskommunane. Fylkesrådmannen har i utrekningane lagt til grunn ein vekst i dei frie inntektene for fylkeskommunane i 2012 på 625 mill. kr i faste prisar. Dette er midt i intervallet for vekst som er oppgjeve i kommuneproposisjonen.

Samla er dei frie inntektene førte opp med 5 086,4 mill. kr i 2012, fordelt med 2 380,3 mill. kr på skatt og 2 706,1 mill. kr på rammeoverføringar.

### **Revidert budsjettgrunnlag**

Basert på statsbudsjettet sine føresetnader har ein budsjettert med 2 408,3 mill. kr i skatt og 2 664,2 mill. kr i rammeoverføringar, til saman 5 072,5 mill. kr.

### *Renter og avdrag*

Brutto utgifter til renter og avdrag aukar frå 356,1 mill. kr i 2011 til 444,2 mill. kr i 2012 – ein auke på 24,7 % eller 88,1 mill. kr. Fylkesrådmannen har lagt til grunn 3,5% rente for lån med flytande rente og for nye lån, det same som i 2011-budsjettet.

Utrekningar syner at fylkeskommunen ved inngangen til 2012 vil ha ei brutto lånegjeld på 5 496 mill. kr. Renteutgiftene for 2012 er utrekna til 206,2 mill. kr, ein auke på 48,1 mill. kr i høve til 2011-budsjettet.

Renteinntektene er budsjetterte til 40,3 mill. kr i 2012.

I 2012-budsjettet er det ført opp 238 mill. kr i avdrag. Dette er ein auke på 40 mill. kr i høve til 2011. Veksten i avdraga har samanheng med høge investeringar og stor auke i samla lån.

### **Fylkestinget**

Fylkestinget la til grunn ei innsparing på 10 mill. kr i netto renteutgifter som følgje av lågare rentesatsar og betre vilkår i ny bankavtale. Endringa er lagt inn i talbudsjettet i form av auka renteinntekter.

## Økonomiplanperioden

kr 1 000, faste priser		Budsjett	Endring i høve til 2012			Kommentar
		2012	2013	2014	2015	
Frie inntekter	+	5 072 500	36 500	73 300	110 400	
Renter og avdrag	-	354 700	56 533	99 037	145 013	
Til disp. etter renter og avdrag		4 717 800	-20 033	-25 737	-34 613	
Mva.komp. frå inv. brukt i drift	+	37 750	-20 517	-37 750	-37 750	
Driftsramme til fordeling på sektorane:		4 755 550	-40 550	-63 487	-72 363	
Politiske organ og adm.	netto	265 326				
Fellesfunksjonar	netto	128 778	-350	-5 287	-5 163	
Opplæring	netto	2 486 095				
Tannhelse	netto	170 412				
Regional utvikling	netto	82 205				
Fylkeskom. næringsverksemd	netto	-109 375	-31 200	-31 200	-31 200	Nto. tilsk. Hardangerbru
Samferdsel	netto	1 579 157	-9 000	-27 000	-36 000	
Kultur	netto	152 952				
<b>Sum netto driftsutgifter</b>		<b>4 755 550</b>	<b>-40 550</b>	<b>-63 487</b>	<b>-72 363</b>	

### Driftsinntekter

Utviklinga i dei frie inntektene i økonomiplanperioden er usikker. I fylkesrådmannen sitt budsjettgrunnlag er det lagt til grunn ein vekst i fylkeskommunane sine frie inntekter på ¾ prosent pr. år i perioden 2013–2015.

### Driftsutgifter

Dei høge investeringane gjer at renter og avdrag aukar meir enn forventta vekst i frie inntekter. Tabellen viser at det vert nedgang i driftsrammene kvart år i økonomiplanperioden.

I tillegg må all momskompensasjon frå investeringar inntektsførast i investeringsrekneskapen frå 2014. Dette gjer at driftsrammene må reduserast ytterlegare samanlikna med 2012, då det er lagt opp til å nytta nær 38 mill. kr av momskompensasjon frå investeringar i drifta.

Tabellen viser at driftsrammene må reduserast med ca. 40 mill. kr frå 2012 til 2013. I 2015 må driftsrammene reduserast med vel 72 mill. kr i høve til 2012.

2012 er siste året fylkeskommunen skal betala ut tilskot til Hardangerbrua. Dette gjev ei netto innsparing på 31,2 mill. kr dei følgjande åra.

I tabellen over er det vidare lagt opp til ei innsparing i samferdselssektoren på 9 mill. kr i 2013, 27 mill. kr i 2014 og 36 mill. kr i 2015.

Ved salderinga av 2012-budsjettet reduserte fylkestinget overføringa frå driftsbudsjettet til finansiering av investeringar med 4,75. mill. kr. Tilsvarende endring er gjort i 2013. For 2014 og 2015 var det ikkje ført opp noko overføring frå drift til investering i budsjettgrunnlaget. Innsparinga må difor gjerast på ein annan post. Ein kan i denne samanhengen vise til punktet i budsjettvedtaket om "Prosjekt Økonomisk handlefridom II". Målet for prosjektet er i perioden 2012-15 å identifisera tiltak som kan gje inntektsauke/kostnadskutt i storleik 100 mill. kroner i driftsbudsjettet.

### Avdrag

Utgiftene til avdrag aukar frå 238 mill. kr i 2012 til 278 mill. kr i 2013, 307 mill. kr i 2014 og til 344 mill. kr i 2015. Den store auken i avdraga har samanheng med at investeringane er høge utover i økonomiplanperioden. For nye lån er det i utrekningane rekna med 30 års nedbetalingstid.

### Renter

For lån utan rentebinding er rentesatsen sett til 3,5% i 2012 og 4% resten av økonomiplanperioden. Utrekningar basert på forslaget til investeringsbudsjett syner at renteutgiftene aukar frå 206,2 mill. kr i 2012 til 318 mill. kr i 2015.

Det er budsjettert med 51,3 mill. kr i renteinntekter i 2012 og 56,7 mill. kr kvart av dei andre åra i perioden.

I tillegg er det inntektsført rentekompensasjon for lån til skular og vegar. For veglån har ein rekna



med at grunnlaget aukar med 176 mill. kvart år. Overslaget over rentekompensasjon aukar frå 38,2 mill. kr i 2012 til 59,4 mill. kr i slutten av perioden.

## **Arbeidet med årsbudsjettet/ økonomiplanen og utforminga av budsjettdokumentet**

Etter vedtak i fylkestinget skal budsjettarbeidet leggast opp slik at det munnar ut i eit felles årsbudsjett- og økonomiplandokument.

I det følgjande er eit oversyn som syner korleis ein i store trekk har gjennomført arbeidet med Årsbudsjett 2012/Økonomiplan 2012–2015. Også tidsplanen for det vidare arbeidet er kort skissert.

### **Tidsplan 2011**

#### **23. juni**

Fylkesutvalet drøfta i møte 23. juni sak om økonomiske rammer for perioden 2012–2015 (fylkesutvalssak 140/11). I saka vart det presentert eit framlegg til investeringar og overslag over samla driftsrammer i perioden. Det vart også presentert driftsrammer for dei einskilde sektorane i fylkeskommunen.

Fylkesutvalet vedtok å ta dei økonomiske rammene – slik dei var skisserte i saka – til orientering. Samstundes vedtok fylkesutvalet at rammene vert å justera i den grad ein får nye haldepunkt som gjev grunnlag for slike justeringar.

#### **Juni–juli–august**

Avdelingane utarbeidde spesifiserte budsjettforslag med utgangspunkt i budsjetttrammene.

#### **August–september–oktober**

I august og september arbeidde fylkesrådmannen med investeringsbudsjettet, premissar for budsjettområde som ikkje ligg under avdelingane og med det samla budsjettgrunnlaget som vart lagt fram 4. oktober.

Statsbudsjettet frå regjeringa vart lagt fram 6. oktober.

#### **November–desember**

Fylkesrådmannen la i revidert budsjettgrunnlag av 1. november fram forslag til endringar i høve til

budsjettgrunnlaget frå 4. oktober. I det reviderte budsjettgrunnlaget vart det mellom anna teke omsyn til nye opplysningar i forslaget til statsbudsjett.

Dei politiske utvala fekk til handsaming fylkesrådmannen sitt samla budsjett-tilfang, som omfatta budsjettgrunnlaget av 4. oktober og revidert budsjettgrunnlag av 1. november. Handsaminga i utvala medrekna fylkesutvalet fann stad i november.

Fylkestinget gjorde budsjettvedtak i møte 13. desember, sak 69/11. Fylkestinget gjorde nokre endringar i budsjettet i høve til fylkesrådmannen sine forslag. Nærare spesifisering av fylkestinget sine endringar framgår av fylkestinget si møtebok for sak 69/11, som er trykt opp i dette budsjettpremissheftet.

Dette nye budsjettpremissheftet tek utgangspunkt i det tidlegare trykte budsjettgrunnlaget frå 4. oktober. I kommentarane til dei einskilde budsjettpostane er det gjort særskilt merksam på eventuelle endringar i høve til det opphavlege budsjettgrunnlaget. Dette kan vera endringar i det reviderte budsjettgrunnlaget frå 1. november eller endringar som vart gjort av fylkestinget 13. desember i samband med handsaminga av budsjettet.

Det vert trykt eit særskilt talbudsjett-hefte basert på fylkestinget sitt budsjettvedtak 13. desember 2011.

### **Utforminga av budsjettdokumentet**

Budsjettpremissheftet vert laga med følgjande inndeling:

1. Innleiing – omtale av totalbudsjettet
2. Investeringsbudsjett
3. Driftsbudsjett med følgjande inndeling for kvart budsjettområde:
  - Tabell for budsjettområdet
  - Viktige tiltak
  - Hovudutfordringar
  - Kort omtale av kvar budsjettfunksjon
4. Økonomiplan

Investeringsbudsjett delen omtalar både årsbudsjettet for 2012 og økonomiplanen fram til og med 2015. Punkt 3 i inndelinga gjeld forslag til driftsbudsjett i komande årsbudsjett for 2012, medan omtalen av driftsbudsjettet for åra vidare framover til 2015 er samla i økonomiplandelen.

## Oversyn langsiktig gjeld

løpande prisar, tal i mill kr

	2011	Budsjett 2012	Økonomiplanen		
			2013	2014	2015
<b>Langsiktig gjeld</b>					
Fylkeskassen	5 496	6 473	7 071	7 876	8 471

Fylkeskommunen si gjeld ved inngangen til 2012 vil vera 5 496 mill. kr. Gjelda er venta å auka med 977 mill. kr i 2012. Auken held fram i økonomi-

planperioden. I løpet av 4 år er det venta at gjelda vil auka med 2 975 mill. kr, eller ca. 54 %.



# BUDSJETTHANDSAMINGA I FYLKESTINGET

---

## MØTEBOK

### Fylkestinget

**Dato:** 13. desember 2011    **Kl.:** 11.00-17.15    **Stad:** Radisson Blu Hotel Norge, Bergen  
14. desember 2011    09.00-14.35

### SAKNR.

#### 69/11    ÅRSBUDSJETT 2012 / ØKONOMIPLAN 2012-2015

**Ruth Grung** sette fram slikt forslag:

#### **”Arbeiderpartiet sitt budsjett for 2012 og økonomiplan 2012-2015**

Verdsøkonomien er ustabil og Noreg med sin opne økonomi vil bli råka av den økonomiske krisa. I Europa er det ungdom som betalar den høgste prisen. Ungdomsarbeidsløysa er skyhøg og bit seg fast. Noreg er i dag et unntaksland med den lågaste arbeidsløysa på 30 år. Men vi er sårbare og situasjonen krev at vi som politikarar viser økonomisk ansvar. Dei unge er framtida og utdanning gir den beste starten på eit godt liv. Difor prioriterer Arbeidarpartiet opplæring i vårt budsjett.

Arbeidarpartiet er djupt uroa for Hordaland fylkeskommune sin økonomi. Dei borgarlige partia som har styrt dei siste åtte åra har blåst opp investeringar og driftsbudsjettet, og teke frå oss all handlefridom i åra som kjem. Lånegjelda har auka med 54 % berre dei siste fire åra. Summen av brutto renteutgifter og avdrag vil auka frå 444,1 mill.kr i 2012 til 662 mill.kr i 2015.

Arbeiderpartiet vil stogga all foreslått vekst i sentraladministrasjonen og vil ha ein total gjennomgang av drift og investeringar.

#### **Arbeiderpartiet vil at Hordaland fylkeskommune dei neste åra skal prioritera:**

- At alle våre ungdommar får ei opplæring som gir det beste grunnlag for vidare arbeid eller høgare utdanning.
- Satsa på klimateknologi. Vi må støtta opp under dei store muligheitene som er i nye klimaløysingar, fornybar energi, miljøteknologi og framtidsretta grønne arbeidsplassar.
- Idrett og folkehelse. Gratis bruk av fylkeskommunale anlegg.
- Eit kollektivtilbod som fungerer, vegvedlikehald og trygge skoleveggar.

Budsjettet vert vedteke med desse endringane i høve til fylkesrådmannens budsjettgrunnlag datert 4. oktober 2011 og revidert budsjettgrunnlag datert 1. november 2011.

### **Opplæring**

Avsetjing:

Oppretta fond som skal stimulera til at elevar og lærlingar fullfører og består vidaregåande opplæring	25.000.000
Gratis berbar PC til alle elevar	10.300.000
Driftsstøtte til Vitensenteret	500.000
Oppretta elev- og lærlingombod	600.000

### **Tannhelse**

Stoppa takstauken på 5%	2.000.000
-------------------------	-----------

### **Regional utvikling**

Starta opp eit pilotprosjekt for utvikling av framtidens batteriferje	5.000.000
Etablera ein forsøkspark for havvindmøller	1.000.000
Auka støtta til Fiskeriforum Vest	200.000
Driftsstøtte til Design Region Bergen	400.000
Auka driftsstøtta til Raftostiftelsen	200.000

### **Samferdsel**

Fjerna nattaksten	7.000.000
Utvida ungdomskortet med 1 år (til 21 år)	4.000.000
Auka løyvinga til tyngre vegvedlikehald	10.000.000
Oppretthalda kapasiteten på ferjesambandet	3.200.000
Kinsarvik – Utne – Kvanndal	
Auka løyvingane til prosjekt ”trygge skoleveier”	10.000.000
Driftsstøtte til båtrote mellom Knarvik – Bergen	3.500.000

### **Idrett og kultur**

Gratis bruk av idrettsanlegg og areal ved vidaregåande skular	500.000
Auka driftsstøtta til kontaktutvalet mellom innvandrorganisasjonane og myndigheitene	200.000
Driftsstøtte til Litteraturhus i Bergen	500.000

### **Personalpolitiske tiltak**

Attføring, omstilling og seniortiltak	1.000.000
---------------------------------------	-----------

### **Totalt**

**85.100.000**

### **Inndekking**

Kutta nye stillingar i sentraladministrasjonen	17.000.000
Kutta profilering av fylkeshuset	3.000.000
Redusera rapportering og kontroll	5.000.000
Auka finansinntektene	2.000.000
Redusera lønnsveksten frå 4,0 % til 3,8 %	4.600.000
Generell innsparing på drift	7.200.000
Samarbeidstiltak mellom skole og næringsliv - inngår i fondet	1.500.000
Kutta driftsstøtta til Buisness Region Bergen	2.563.000
Kutta prosjektstøtta til Buisness Region Bergen	2.525.000
Redusera fylkesrådmannens forslag om 7 nye stillingar i Skyss	5.000.000
Omprioritering av regionale midlar	6.000.000
Omdisponera frå ”fylkesvegane 07602”	20.000.000
Bruk av belønningmidlar	5.000.000

Reduksjon i kontrolliltak i Skyss, jfr. Fylkesrådmannens forslag	2.500.000
Post 760: Reduksjon i auken til musea	1.000.000
Post 711: Reduksjon i veksten til musikkføremål, jfr. fylkesrådmannens forslag	212.000

---

**Totalt** **85.100.000**

---

### Investeringsbudsjett

Nye tiltak	2012	2013	2014	2015
Framskunda oppgradering av Årstad vidaregåande skule	7.000.000	4.000.000	4.000.000	4.000.000

Finansiering/inndekking	2012	2013	2014	2015
Redusera ombygging og nybygg på fylkeshuset	7.000.000	4.000.000	4.000.000	4.000.000

**Sum på nye tiltak: 90,1 millionar**

Endring investeringsbudsjettet	2012 reduksjon	Etter 2012
Redusera ombygging og nybygg fylkeshuset frå 9 til 2 mill	7 mill	4 mill kvart år
Investering i nytt IT-fellessystem må takast ved reduksjon over driftsbudsjettet	21 mill	23 mill i 2013 og 25 mill kvart år
Energiøkonomisering må takast i form av tilsvarende innsparing på drift	5 mill	10 mill i 2013 15 i 2014 og 20 i 2015
Sal av skulebygg som blir erstatta av nybygg. Skular på Voss, Lønborg og Tanks. Redusera talet på ledige elevplassar (i dag 1300)	?	
Regional utvikling. Næringsføremål	1 mill	1 mill kvart år

Det er behov for å redusere driftsbudsjettet ytterlegare for å få ønskt kontroll og handlefridom. Arbeiderpartiet ber fylkesrådmannen om å fremja ei slik sak til fylkesutvalet i januar. Arbeiderpartiet foreslår ein reduksjon på investeringsbudsjettet på 27 millionar i tillegg til sal av bygg. I tillegg bør effekten av den forventede lågare renta på under 3,5 prosent på ca. 10 millionar gå til å redusere gjelda.

### Tekstforslag

#### OPPLÆRING

##### 1) Etablering av eit fond for å motvirke fråfall og bidra til at ungdom består vidaregåande opplæring

Det vert etablert eit fond der skular kan søkja støtte til prosjekt for å motvirke/førebyggja fråfall og for at elevar/lærlingar fullfører og består vidaregåande opplæring. Skulane kan også søkja støtte til å utvikla sine spesialitetar i tett dialog med næringsliv, forskning og høgare utdanning. Det kan vere realfag, språk, yrkesfag, estetiske fag, idrett, internasjonalisering eller andre område som styrker kvaliteten i opplæringa. Det er skulane som veit best kva som verkar. Utvikling av spesialitetar styrker lærlingmiljøet, motivasjonen og læringsutbytte til elevane.

## **2) Samhandlingsreforma**

Hordaland fylkeskommune spelar ei viktig rolle i samhandlingsreforma. Skal vi få fleire til å velja helsefag og få betre tilpassa innhald til dei nye utfordringane er det naudsynt med tett samarbeid med kommunane, KS, Helse Vest RHF, helseføretaka, høgskulane, NAV og relevante forskingsmiljø. Fylkestinget ber fylkesrådmannen fremja ei sak om korleis Hordaland kan bli eit leiande fylke for rekruttering og opplæring av både unge og vaksne tilpassa dei utfordringane vi har med at våre innbyggjarar skal få eit betre helsetilbod med samhandlingsreforma

## **3) Prinsippet om gratis vidaregåande opplæring**

Fylkestinget vil ha reell gratis vidaregåande opplæring i Hordaland og vil i første omgang prioritera at alle elevar får gratis PC ved å fjerne eigendelen.

## **4) Elev- og lærlingombod**

Hordaland har over 1700 lærlingar. Lærlingane skal både fylgja arbeidslivets rettar og pliktar, men er også underlagt opplæringslova. For mange kan overgang frå skule til bedrift vera utfordrande. Fylkeskommunen har eit godt samarbeid med partane i arbeidslivet og fagopplæringskontoret har eit særskilt ansvar for at lærlingane får den opplæringa dei har krav på. Det kan likevel vera behov for at ungdomane har ein stad å venda seg for å få svar på spørsmål og anna hjelp.

## **5) Finansiering av den vidaregåande skulen**

Fylkestinget ber om at finansieringsordninga for den vidaregåande skulen vert gjennomgått med sikte på å retta opp uheldige verknader som teljedato, usikkert driftsgrunnlag spesielt for distriktskulane og jordbruksskulane, stykkprisfinansiering og verknader av skilnader i levekår. Det må gjevast ein viss forutsigbarheit for nye yrkesretta utdanningstilbod der næringslivet garanterer læreplassar.

## **6) Rett til å gå på nærskule – ny inntaksmodell**

Fylkestinget går inn for å endra inntaksreglane i den vidaregåande skulen slik at dei elevane som ynskjer det får rett til å gå på den næraste skulen som har det aktuelle faget/tilbodet. Samstundes må det setjast av eit tal på elevplassar for dei som ynskjer eit spesielt opplæringstilbod med spesialisering eller ein bestemt skule. Forsking syner at læringsutbyttet aukar når læringsmiljøet er prega av mangfald. Læringsmiljøet vil også bli styrkt dersom skolane får spesialisera seg. Begge deler styrker elevane sin motivasjon for læring

## **7) Avbyråkratisering av lærarrollen**

Fylkestinget ber om ei sak om korleis lærarane kan få meir tid til å undervisa og bruka mindre tid til byråkrati. Det er naudsynt å gå kritisk gjennom all rapportering, møteaktivitet og andre forhold som kan veljast bort slik at lærarane får bruka meir tid på å auka elevane sitt læringsutbytte.

## **8) Campus - Stord**

Den fysiske delinga av Stord vidaregåande skule mellom Saghaugen og Vikastemmo/Vabakken gjer det vanskeleg å skapa eit dynamisk opplæringsmiljø med kross-over mellom studieførebuande og yrkesfag. Sal av den gamle yrkesskulen og tomt gir potensial til å byggja ein ny moderne skule som påbygg til det gamle gymnaset og utvikla ein framtidretta campus. Hordaland fylkeskommune bør gå i dialog med Stord kommune om prosjektet som også bør omfatta bygging av ny ungdomsskule.

## **TANNHELSE**

9)Hordaland brukar under landsgjennomsnittet på tannhelse. Tannhelsa til born og ungdom i Hordaland er på nivå med resten av landet unnateke for 18-åringar som ligg godt under landsgjennomsnittet. Prisen på tannpleie er ein av grunnane til at ungdom og spesielt unge i etableringsfasen, eldre og dei med svak økonomi vel bort tannhelse. Det vert difor eit heilt feil signal å auka takstane med 5%.

## **SAMFERDSEL**

### **10) Bättre kollektivtilbod og mindre bilkøar**

Fylkestinget ser det som heilt avgjerande at Hordaland fylkeskommune lukkast med kollektivreformerna.

Skal den omfattande satsinga på kollektivtransporten i Bergensregionen få ønska effekt, må det bli dyrare å bruka eigen bil til arbeid i sentrum når det er kø. Fleire kollektivfelt i rushtida og utbygging av innfartsparkering vil skapa meir effektiv transport for alle.

### **11) Takstane for kollektivreiser vert fryst inntil nytt billettssystem er på plass**

Dagens billettssystem må bli meir brukarvenleg og tilgjengeleg før ein kan heva prisen på kjøp av enkeltbillett i buss. Målet er at all kjøp av kort, billetter og validering skal skje utan hjelp frå buss-sjåfør.

### **12) Forlenga ungdomskortet til 23 år**

Det er viktig at ungdom held fram med å velja kollektivt framfor bil. Fylkestinget meiner at ei utviding av ungdomskortet er eit målretta haldningstiltak. Ungdomskortet vert forlenga med eit år kvarter, slik at det vil gjelda til 21 år i 2012.

### **13) Prioritera vedlikehald og rassikring**

Vegnettet vårt er prega av mange år med manglande vedlikehald. Det same med tunnelar og bruer. Forfallet går utover trafikktryggleiken.

### **14) 80 % av barn og unge i Hordaland bør gå eller sykla til skulen**

Å gå eller sykla til skulen gjev positiv helseeffekt for barn og unge. Når færre kjører barn til skulen aukar tryggleiken, redusera trafikken og betrar miljøet. Hordaland bør inngå partnerskap med kommunane for å finansiera trafikktryggleik og tryggare gang- og sykkelveg for born og unge i grunnskolen. Målet om 80% er sett i gjeldande Nasjonal Transportplan og bør vera eit mål for Hordaland.

## **IDRETT - KULTUR**

### **15) Gratis bruk av vidaregåande skular til organisert idrett og frivillige lag og organisasjonar**

Manglande tilgang på hallar og idrettsbanar fører til lågare aktivitet for den organiserte idretten. Skular fungerer som naturlige møteplassar også for annan fritidsaktivitet. Fylkestinget vil at Hordaland fylkeskommune skal ta eit større samfunnsansvar for meir fysisk aktivitet i befolkninga. Fylkestinget ber om å få ei sak om korleis Hordaland fylkeskommune i samarbeid med organisert idrett kan finne fram til ein modell der ein i fellesskap ser på muligheiter for å redusera meirkostnadane for at organisert idrett og ideelle organisasjonar kan nytta fylket sine idrettsanlegg og skuleareal gratis.

### **16) Styrkja det fleirkulturelle Hordaland**

Kontaktutvalet mellom innvandrorganisasjonane(KIS) og myndigheitene er ein viktig møtearena. Sekretariat for Det felles innvandrarråd (DFIR) og KIS vert styrkt økonomisk slik at ein kan ha ein sekretariatsleiar i 100% stilling. Det er stadig fleire medlemsorganisasjonar i DFIR, auka interesse for samarbeidet og auka arbeidsmengde.

### **17) Litteraturhuset**

Hordaland har mange forfattarar og det er auka interesse for levande litteratur der forfattaren møter sitt publikum gjennom opplesing, foredrag, undervisning. Litteraturhuset i Oslo har vore ein suksess, men har store driftsutfordringar når Fritt Ord si støtte fell bort. Forsking syner at ungdom, innvandrarar og folk med låg inntekt vel å bruka biblioteka. Fylkestinget stiller seg positiv til etablering av eit Litteraturhus i Bergen, men før ein tek stilling til prosjektet ber ein om ei felles sak med Bergen kommune som gjer greie for innhald, konsekvensar for drift og særskilt for biblioteka og kva behov det er for nye debattscener i Bergensregionen.



## **REGIONAL UTVIKLING - NÆRING**

### **18) Spissa og målretta bruk av dei regionale utviklingsmidlane**

Hordaland fylkeskommune har fått eit betydeleg ansvar for regional utvikling og bruk av om lag 260 millionar årleg. Fylkestinget vil ha ein kritisk gjennomgang av dagens tiltak. Det er eit ønskje om å konsentrera aktiviteten om større innovative prosjekt som kan gje synlege innovative resultat. Hovudfokus er mulighetene knytte til klimaløysingar, fornybar energi, miljøteknologi og grøne arbeidsplassar. I tillegg må vi satsa på næringar der vi allereie har fortrinn, slik som energi, maritim, marin og reiseliv.

### **19) Fiskeriforum Vest**

Havbruksnæringa er ei kystnæring og ei av våre viktigaste eksportnæringer. Fylkeskommunane har som følge av regionreforma fått eit auka ansvar for forvaltninga. Havbruksnæringa er ei relativ ny næring med mange ulike utfordringar. Skal vi lukkast med å utvikla ei berekraftig havbruksnæring må fylket ha brei kontakt med næring, forskingsmiljø og andre aktørar. Fiskeriforum Vest har gjennom fleire år bygd opp brei kompetanse og er ein viktig samarbeidspartnar for å utvikla nye næringsklynger, auka kompetansen og styrkja vår posisjon som leiande sjømatnasjon.

### **20) Driftstøtte til Design Region Bergen**

Det er eit stort utnytta potensiale i vår region for auka verdiskaping ved strategisk bruk av design. Design Region Bergen har over 550 medlemmer frå heile fylket. Visjonen er å gjera Bergensregionen til ein leiande region i Norden innan designdriven nærings- og samfunnsutvikling. Ved å styrkja kompetansehevinga på designfeltet regionalt, både innan næringsliv, samfunnsliv og i designmiljøet, vil konkurransekrafta i regionen auka. Innovasjon og entreprenørskap heng tett saman med satsing på design. Sterke merkevarer og produkt vil auka sjansane for internasjonal suksess. Design Region Bergen har på få år klart å synleggjera design, men treng driftstøtte for å gjera design meir tilgjengeleg for ulike brukarar og styrkja vår regionale designkompetanse.

### **21) Auka støtte til Raftostiftelsen**

Raftostiftelsen har møtt større utfordringar med å få støtte frå næringslivet etter at Kina fekk fredsprisen. Kampen for menneskerettar er ein del av vårt ansvar for å utvikla gode sivile samfunn. Raftostiftelsen er ei av våre mest kjende internasjonalt merkevarer og vi har ansvar for å gje dei gode rammevilkår.

### **22) Tilskotet til HOG skal gå direkte til HOG**

Fylkestinget er oppteken av at næringsmidlar går til formålet og ikkje til byråkrati. Frå 1. januar 2012 vert midlane frå fylkeskommunen til Hordaland Olje og Gass gitt direkte til HOG utan å gå gjennom BRB.

### **23) Fjerna støtta til Business Region Bergen (BRB)**

Fylkeskommunen har ansvar for å koordinera det regionale næringsarbeidet. Det er knapt med offentlege ressursar til næringsføremål og fylkestinget vil at midlane i størst mulig grad skal gå til utvikling av næring og nye arbeidsplassar framfor ekstra byråkrati. Offentlege midlar bør verta fordelte i opne møte og ikkje i lukka fora. Fylkestinget vil syta for at fylkeskommunen tek på seg det koordineringsansvaret som vart lagd til BRB og synleggjera regionen på ein god måte saman med kommunar, næringsliv og våre kunnskapsinstitusjonar.

Fylkestinget konstaterer at BRB ikkje har nådd dei resultata som vart sett og at etableringa også har ført til auka byråkrati for viktige policyorganisasjonar som HOG og Fiskeriforum Vest. Det er også eit svært dårleg signal at ein har etablert eit lønsnivå der direktøren tener meir en statsministeren. Støtta til BRB vert ikkje vidareført.

### **24) Kontroll med økonomien og sikre økonomisk handlefridom**

Fylkestinget ber fylkesrådmannen i fylkesutvalet i januar presentere nye tiltak som vil gi en meir robust økonomi og skape økonomisk handlefridom i økonomiplanperioden. Saka bør også gi oversyn over nye store prosjekt slik som bompengesøknader, oppgradering av Grieghallen, Smelteverkstomta i Odda og nytt Nynorsk teater.”

**Ruth Grung** sette fram slike oversendingsforslag:

### **”1) Samhandlingsreforma**

Hordaland fylkeskommune spelar ei viktig rolle i samhandlingsreforma. Skal vi få fleire til å velja helsefag og få betre tilpassa innhald til dei nye utfordringane er det naudsynt med tett samarbeid med kommunane, KS, Helse-Vest, helseføretaka, Høgskulane, NAV og relevante forskingsmiljø. Fylkestinget ber fylkesrådmannen fremja ei sak om korleis Hordaland kan bli eit leiande fylke for rekruttering og opplæring av både unge og vaksne tilpassa dei utfordringar vi har med at våre innbyggjarar skal få eit betre helsetilbod med Samhandlingsreforma

### **2) Finansiering av den vidaregåande skulen.**

Fylkestinget ber om at finansieringsordninga for den vidaregåande skulen vert gjennomgått med sikte på å retta opp uheldige verknader som teljedato, usikkert driftsgrunnlag spesielt for distriktskulane og jordbruksskulane, stykkprisfinansiering og verknader av skilnader i levekår. Det må gjevast ein viss forutsigbarheit for nye yrkesretta utdanningstilbod der næringslivet garanterer læreplassar.

### **3) Rett til å gå på nærskule – ny inntaksmodell**

Fylkestinget går inn for å endra inntaksreglane i den vidaregåande skulen slik at dei elevane som ynskjer det får rett til å gå på den næraste skulen som har det aktuelle faget/tilbodet. Samstundes må det settes av eit tal på elevplassar for dei som ynskjer eit spesielt opplæringstilbod med spesialisering eller ein bestemt skule. Forsking syner at læringsutbyttet aukar når læringsmiljøet er prega av mangfald. Læringsmiljøet vil også bli styrka dersom skolane får spesialisere seg. Begge deler styrker elevane sin motivasjon for læring

### **4) Campus - Stord**

Den fysiske delinga av Stord vidaregåande skule mellom Saghaugen og Vikastemmo/ Vabakken gjer det vanskeleg å skape eit dynamisk opplæringsmiljø med kross-over mellom studieførebuande og yrkesfag. Sal av den gamle yrkesskulen og tomt gir potensial til å byggja ein ny moderne skule som påbygg til det gamle gymnaset og utvikla ei framtidretta campus. Hordaland Fylkeskommune bør gå i dialog med Stord kommune om prosjektet som også bør omfatta bygging av ny ungdomsskule.

### **5) Litteraturhuset**

Hordaland har mange forfattarar og det er auka interesse for levande litteratur der forfattaren møter sitt publikum gjennom opplesing, foredrag, undervisning. Litteraturhuset i Oslo har vore ein suksess, men har store driftsutfordringar når Fritt Ord si støtte fell bort. Forsking syner at ungdom, innvandrarar og folk med låg inntekt vel å bruka biblioteka. Fylkestinget stiller seg positiv til etablering av eit Litteraturhus i Bergen, men før ein tek stilling til prosjektet ber ein om ei felles sak med Bergen kommune som gjer greie for innhald, konsekvensar for drift og særskilt for biblioteka og kva behov det er for nye debattscenar i Bergensregionen.

### **6) Spissa og målretta bruk av dei regionale utviklingsmidlane.**

Hordaland fylkeskommune har fått eit betydelig ansvar for regional utvikling og bruk av om lag 260 millionar årleg. Fylkestinget vil ha ei kritisk gjennomgang av dagens tiltak. Det er eit ønske om å konsentrera aktiviteten om større innovative prosjekt som kan gje synlege innovative resultat. Hovudfokus er mulighetane knytta til klimaløysingar, fornybar energi, miljøteknologi og grøne arbeidsplassar. I tillegg må vi satsa på næringar der vi allereie har fortrinn, slik som energi, maritim, marin og reiseliv.

### **7) Tilskotet til HOG skal gå direkte til HOG**

Fylkestinget er oppteken av at næringsmidlar går til formålet og ikkje til byråkrati. Frå 1. januar 2012 vert midlane frå fylkeskommunen til Hordaland Olje og Gass gitt direkte til HOG utan å gå gjennom BRB

## 8) Kontroll med økonomien og sikre økonomisk handlefridom

Fylkestinget ber fylkesrådmannen i fylkesutvalet i januar presentere nye tiltak som vil gi en meir robust økonomi og skape økonomisk handlefridom i økonomiplanperioden. Saka bør også gi oversyn over nye store prosjekter slik som bompengesøknader, oppgradering av Grieghallen, Smelteverkstomta i Odda og nytt Nynorsk teater.”

**Pål Kårbø** sette fram slikt forslag I:

### ”KrF sitt budsjettframlegg for HFK 2012

#### Opplæring og helse

- Tilpassa opplæring/spesialundervisning +2,0 mill
- Styrka sommarskulen + 0,5 mill
- Skulehelsetenesta +2,0 mill
  
- Drift av internata ved Kongshaug Vgs og Framnes Vgs + 0,5 mill  
Å ha internatskolar i fylket er utruleg viktig fordi det gjer Hordaland til et meir attraktivt fylke for elevar i den vidaregåande skolen. Sjansane for at desse, etter vidaregåande, vert verande i fylket som studentar er også store, noko som er med på å styrkja Hordaland og Bergen sin posisjon som studentfylke/-by.

I tillegg er det slik at skolane i dag berre får dekt 85 % av driftsutgiftene sine gjennom staten. Resten vert dekt inn av sponsorar og skolens eigarorganisasjon, men også i stor grad elevane som går der. Ved å innføra eit slikt tilskot vil ein gjera det billegare å velje eit slikt alternativ.

Tekstforslag:

- Leggja betre til rette for at elevar kan gjennomføra trafikkopplæringa også i skuletida. Dette kan betrast ved å godkjenne fråver som vert dokumentert med attestasjon frå sjåførskulen.
- Ber om ei eiga sak med gjennomgang av fagskuletilbodet i Hordaland.
- Eigen person i adm. som er ansvarleg for lærlingane. Viktig fordi mange lærlingar slit med å få god nok oppfølging og hjelp ift. sin situasjon. I tillegg vil ein på lang sikt kunna fletta inn mobbeombodet i ei slik stilling.

#### Kultur- og ressurs

- Hordaland Husflidlag +100 000
- Drift av KRIK (Kristen Idrettskontakt) + 200 000  
KRIK er ein stor og viktig organisasjon som er med på skape gode fritidstilbod for ungdom regionalt og internasjonalt. Mellom anna har KRIK vunne pris for beste ungdomsarrangement for fred saman med Norsk Folkehjelp. I Hordaland slit likevel organisasjonen økonomisk og eit slikt tilskot frå fylkeskommunen vil gjera det enklare for organisasjonen å oppretthalda tilbodet sitt i heile fylket.
- Pilgrimssenteret i Røldal + 200 000

Tekstforslag:

- Auka Hordaland fylkeskommune si satsing innan vindkraft og ”vindkraftclusteret”, og gjera dette til ei attraktiv næring å investera i for private aktørar.

## Samferdsel

- Hovdatunellen i Fusa , lys +0,5 mill
- Lysregulering Nautnes Bru
  
- Båtrute med klare miljøkrav
  - Nordhordland – Bergen + 3, 5 mill
  - Askøy – Bergen
  - Sotra – Bergen
  
- Vegvedlikehald +5 mill
  
- Studentkortet skal gjelda for heile fylket. +0,5 mill  
At studentkortet vert utvida til å gjelda i heile fylket er eit svært viktig grep for å gjera Hordaland til eit meir attraktivt fylke å studere i, på same tid som det gjer det enklare for studentar å busetje seg utanfor Bergenregionen. Dette forslaget er også i tråd med dei tydelege tilrådingane som har kome inn til oss frå studentorganisasjonane.

### Tekstforslag:

- I prosjektet ”Sanntidssystem” innan kollektivtransporten er det viktig at det vert investert i standard hyllevare.
- Lysregulering på Nautnes bru i Øygarden vert iverksett våren 2012
- Invitera Jernbaneverket til å vidare oppgradering av Rallarvegen
- Vidareføring av ferjetilbodet Kvanndal – Utne – Kinsarvik på dagens nivå fram til opning av Hardangerbrua i 2013.

## Regional utvikling

- Terapibasseng i Øystese + 15 mill over 2 år.

### Tekstforslag:

- Vidareføra prosjektet med ”Utdanning i Bergen” utover 2012
- Fylkeskommunal medverknad til vidareutvikling av smelteverkstomta i Odda.

## Økonomiplan 2012 – 2015

- Planarbeid – Bru i Masfjorden + 1 000 000  
Kfr. Konesjonskraftinntektene
- Utbygging og ombygging av Austrheim Vgs og Fitjar Vgs  
Oppstartsmidlar + 2 000 000

## Rammer på dei ulike fagfelta

	2012	2013
Opplæring og helse	5,0 mill	
Kultur og ressurs	0,5 mill	
Samferdsel	9,5 mill	
Regional utvikling	10,0 mill	5,0 mill
<b>Sum</b>	<b>25,0 mill</b>	<b>5,0 mill</b>
Økonomiplan	2,0 mill	

## Saldering 2012

Lågare rente enn fylkesrådmannen sitt framlegg 10,0 mill  
Disposisjonsfond 10,5 mill  
Redusert overføring mva-kompensasjon 4,5 mill.”

**Pål Kårbø** sette fram slikt forslag II:

”Invitera Jernbanelverket til vidare oppgradering av Rallarvegen.”

**Pål Kårbø** sette fram slike oversendingsforslag:

1. ”Leggja betre til rette for at elevar kan gjennomføra trafikkopplæringa også i skuletida. Dette kan betrast ved å godkjenne fråver som vert dokumentert med attestasjon frå sjåførskulen.
2. Ber om ei eiga sak med gjennomgang av fagskuletilbodet i Hordaland.
3. Auka Hordaland fylkeskommune si satsing innan vindkraft og ”vindkraftclusteret”, og gjera dette til ei attraktiv næring å investera i for private aktørar.
4. I prosjektet ”Sanntidssystem” innan kollektivtransporten er det viktig at det vert investert i standard hyllevare.”

**Elisabeth Næverlid Sævik** sette fram slikt forslag:

”Tilleggssetning (ny setning 3) til innstillinga, tekstforslag A  
Dei historiske delane av Bergen sentrum skal haldast fri for reklame på busstopp og terminalar.”

**Benthe Bondhus** sette fram slikt forslag I:

**”Budsjettforslag, endringar frå SP**

<b>Opplæring, auke</b>	<b>Mill. kr</b>
Auka ramme	5,0 mill
Elev- og lærlingeombod	0,5 mill
Auka innsats mot fråfall	3,0 mill
Tilskot distriktsskular	2,0 mill
Skulehelsetenesta	2,0 mill
Tilrettelagd opplæring	1,0 mill
Opplæringskontora	1,0 mill
Prosjekt fleire helsefagarbeidarar	1,0 mill
Sumarskule / leksehjelp	1,5 mill
<b>Folkehelse, førebygging</b>	2,0 mill
<b>Samferdsel</b>	
Trygt heim (fleire kommunar)	2,0 mill
Ungdomskort, utvida 1 år	4,0 mill
Auka løyving, vedlikehald	16,8 mill
Hurtigbåt Knarvik-Bergen	4,0 mill
Ferjesambandet Kinsarvik-Utne-Kvanndal	3,2 mill

<b>Kultur</b>	
Tilskot almenne kulturformål	1,088 mill
Tilskot barn og unge	0,5 mill
<b>Regional utvikling</b>	
Klimaplan, handling	2,0 mill
<b>Totalt</b>	<b>52,588 mill</b>
<b>Inndekking</b>	
Disposisjonsfond	10,5 mill
Ombygging / opprusting av fylkeshuset	5,0 mill
Reduksjon/ stillingsstopp 2012	11,0 mill
Forventa lågare rente	10,0 mill
Redusert overføring mva-kompensasjon	4,5 mill
Business Region Bergen	5,088 mill
Innsparing kontrolltiltak Skyss	1,5 mill
Innsparing drift, enøk	5,0 mill
Belønningsmidlar 2012	4,0 mill
<b>Totalt</b>	<b>52.588 mill</b>

#### Tekstforslag

1. Fylkestinget opprettar eit særskilt tilskot til distriktsskular som har særlege utfordringar med tanke på å sikra elevgrunnlaget.
2. Fylkestinget opprettar eit eige elev- og lærlingeombod etter modell frå andre fylkeskommunar.
3. Fylkestinget opprettar ein eigen pott som dei vidaregåande skulane kan søkja på for å styrkja skulehelsetilbodet på eigen skule.
4. Utviklinga av helsearbeidarfaget er viktig for å sikra tilstrekkeleg kompetent arbeidskraft i helsesektoren i åra framover. Kommunar og helseføretak har ikkje i tilstrekkelig grad teke sitt ansvar i å tilby tilstrekkeleg med læreplassar. Fylkeskommunen skal ta kontakt med helseføretaka og kommunane for å skaffa rom til fleire lærlingar. Særlig er det viktig å oppretta avtalar med helseføretak og kommunar for å sikra læreplassar til dei som tek helsefagskuleutdanning.
5. Opplæringskontora er ein av de viktigaste leverandørane av læreplassar. I tillegg til at dei har tett kontakt med næringslivet, er dei også ein kvalitetssikrar som fagopplæringa er avhengig av. Desse må takast med i arbeidet både med å finna fleire læreplassar og i rekrutteringa til yrkesfag.
6. Fylkeskommunen søkjer Kommunal- og regionaldepartementet om middel til forsøk med skulehelseteneste i fylkeskommunal regi, men ikkje i praksis overta ansvaret utan at det følgjer middel med.
7. Fleire skular i Hordaland arbeider godt med lokale tiltak mot fråfall. Det skal setjast av økonomiske ressursar for å stimulera til fleire lokale prosjekt mot fråfall. Kvar skule skal ha ein eigen handlingsplan mot fråfall.

8. Fylkestinget opprettar eit tilskot til skular med høgt fråfall for å tilby leksehjelp/sumarskule.
9. Evaluera IKT-satsinga for å sjå om den fører til betre læring.
10. Følgjekort/ledsagerbevis kan nyttast i Rogaland , Sogn og Fjordane og i Møre og Romsdal, men ikkje i Hordaland. Fylkeskommunen kan stilla krav til institusjonar, arrangørar og transportselskap som mottok økonomisk støtte frå fylkeskommunen om at dei skal godta ordninga med følgjekort. SP ber om at ordninga vert innført i Hordaland og at fylkestinget får ei sak om dette.
11. Auka fokus på førebyggjande folkehelsearbeid.
12. Utvida ungdomskort, gjev auke i kollektivreisande ungdom.
13. Utvida Trygt heim ordninga til/i fleire kommunar.
14. I samband med tiltak for restriksjonar på privatbilbruken og styrking av kollektivtrafikken (jf. beløningsordninga), skal fylkeskommunen leggja til rette for Spontan samkøyring ved hjelp av dei systema som er på plass, i bedrifter og via Statens vegvesen. Aktuelle tiltak å arbeida vidare med er m.a. rimelegare bomplassering, betra parkeringstilhøve og fleire 2+-felt.
15. Fylkestinget ber fylkesrådmannen utarbeida eit forprosjekt for etablering av eit nasjonalt brass-akademi ved Manger Folkehøgskule.
16. Takstutviklinga for reiser med båtane skal sjåast i samheng med takstutvikling på buss og ha tilnærma lik utvikling. Fylkestinget ber om at samferdselsutvalet får framlagt ei sak på dette våren 2012.”

**Benthe Bondhus** sette fram slikt oversendingsforslag I:

”Brass-akademi v/Manger Folkehøgskule  
Fylkestinget ber fylkesrådmannen utarbeida eit forprosjekt for etablering av eit nasjonalt brass-akademi ved Manger Folkehøgskule.”

**Benthe Bondhus** sette fram slikt oversendingsforslag II:

”Følgjekort/ledsagerbevis  
Følgjekort/ledsagerbevis kan nyttast i Rogaland, Sogn og Fjordane og i Møre og Romsdal, men ikkje i Hordaland.

Fylkeskommunen kan stilla krav til institusjonar, arrangørar og transportselskap som mottok økonomisk støtte frå fylkeskommunen om at dei skal godta ordninga med følgjekort. Senterpartiet ber om at ordninga vert innført i Hordaland og at fylkestinget får ei sak om dette.”

**Benthe Bondhus** sette fram slikt oversendingsforslag III:

”Bruk kort – reis billigare  
Takstutviklinga for reiser med båtane skal sjåast i samheng med takstutvikling. Fylkestinget ber om at samferdselsutvalet får framlagt ei sak om dette våren 2012.”

**Aleksander Fosse Andersen** sette fram slikt forslag:

”Utviklinga av helsearbeidarfaget er viktig for å sikra tilstrekkeleg kompetent arbeidskraft i helse-sektoren i åra framover. Kommunar og helseføretak har ikkje i tilstrekkelig grad teke sitt ansvar i å tilby tilstrekkeleg med læreplassar. Fylkeskommunen skal ta kontakt med helseføretaka og kom-

munane for å skaffe rom til fleire lærlingar. Særleg er det viktig å oppretta avtaler med helseføretak og kommunar for å sikra lære plassar til dei som tek helsefagskuleutdanning.”

**Aleksander Fosse Andersen** sette fram slike oversendingsforslag:

1. ”Opplæringskontora er ein av de viktigaste leverandørane av lære plassar. I tillegg til at dei har tett kontakt med næringslivet, er dei også ein kvalitetssikrar som fagopplæringa er avhengig av. Desse må takast med i arbeidet både med å finne fleire lære plassar og i rekrutteringa til yrkesfag.
2. Fylkeskommunen søker Kommunal- og regionaldepartementet om middel til forsøk med skulehelseteneste i fylkeskommunal regi, men ikkje i praksis overta ansvaret utan at det følger middel med.
3. Utvida Trygt heim ordninga til/i fleire kommunar.
4. I samband med tiltak for restriksjonar på privatbilbruken og styrking av kollektivtrafikken (jf. belønningsordninga), skal fylkeskommunen leggja til rette for Spontan samkøyring ved hjelp av dei systema som er på plass, i bedrifter og via Statens vegvesen. Aktuelle tiltak å arbeida vidare med er m.a. rimelegare bompassering, betra parkeringstillhøve og fleire 2+-felt.”

**Aud Karin Oen** sette fram slikt forslag:

### ”Årsbudsjett 2012 – Økonomiplan 2012-2015

#### A) Årsbudsjett 2012

1 a) **Investeringsbudsjett**, som fylkesrådmannen, men med følgjande justeringar

1 b) **Driftsbudsjettet** som fylkesrådmannen, men med følgjande justeringar:

<b>1 a) Endringar av investeringsbudsjettet 2012</b>		
<b>Fellesfunksjonar</b>		
Post 07006 (Fylkeshuset - Ombygging)	- 5 000 000	
Post 07008 (Fylkeshuset - Påbygg/nybygg)	-5 000 000	
09900 (IT fellessystem)	-5 000 000	
05000 (enøk)	5 000 000	
<b>Sum endringar fellesfunksjonar</b>		<b>-10 000 000</b>
<b>Opplæring</b>		
Post 03000 (Mindre påbygg, Årstad)	7 000 000	
<b>Sum endringar opplæring</b>		<b>7 000 000</b>
<b>Kultur</b>		
Nynorskscenen i Bergen (disp.)		2 500 000
Post 07505 (verneverdige bygg)		500 000
<b>Sum endringar kultur</b>		<b>3 000 000</b>
<b>1b) Endring av driftsbudsjettet 2012</b>		
<b>Fellesfunksjonar</b>		
Generell innsparing	- 2 080 000	
<b>Sum endringar fellesfunksjonar</b>		<b>- 2 080 000</b>



<b>Opplæring</b>		
Post 521-532 (utdanningsprogramma)	5 740 000	
Post 570 (fagopplæring i arb.livet)	5 290 000	
Post 560 (spesialundervisning)	5 290 000	
<b>Sum endringar opplæring</b>		<b>16 320 000</b>
<b>Næring</b>		
Prosjekt sal av kortreist mat	1 000 000	
Kutt i støtte til HOG og BRB	- 6 180 000	
<b>Sum endringar næring</b>		<b>- 5 180 000</b>
<b>Samferdsle</b>		
Post 730 Snøggbått Nordhordland	4 000 000	
Post 730 Drift av Skyss)	- 4 000 000	
Post 730 Takstfrysgaranti	25 000 000	
Post 730 auka inntekt rutetrafikk	-14 000 000	
Post 720 auka trykkleik bruksvegar	2 000 000	
<b>Sum endringar samferdsle</b>		<b>13 000 000</b>
<b>Sum SVs endringar til driftsbudsjettet</b>		<b>22 060 000</b>

Meirutgiftene på driftsbudsjettet blir saldert med justert prognose for renteutgifter 12 060 000 og 10 000 000 frå disposisjonsfond.

## Tekstforslag

### Opplæring

1. For å styrka kvaliteten i opplæringa og betra tilrettelegginga, vil fylkestinget m.a. auka opp stillingane for miljøarbeidarane, redusera samanslåinga av klassar i fellesfag og setja av meir midlar til undervisning / gruppedeling. Yrkesretting av fellesfaga og meir praktisk tilnærming av undervisinga er også viktige tiltak.
2. Fylkestinget vil gje elevane gode, gratis og varierte tilbod om læremiddel, både tradisjonelle og digitale, på begge målføre, til same tid og pris.
3. Fylkestinget vil samarbeida tettare med kommunehelsetenesta for å styrkja helsetilbodet til våre elevar, og mellom anna setja i gong prøveprosjekt med skulepsykolog.
4. Fylkestinget vil styrkja skular som får høvesvis mange elevar med låge inntakspoeng og vil ha dette innarbeid betre i modellen for fordeling av løyvingar mellom skulane.
5. Fylkestinget vil styrkja fagopplæringskontoret og forsterka samarbeidet med partane i arbeidslivet for å få nok læreplassar og særleg oppmoda offentlege verksemder om å ta inn lærlingar, samt arbeida for lovfesting av retten til læreplass.
6. Fylkestinget ønskjer ei evaluering av tilrettelagt undervisning for ungdom med utviklingshemming og andre med lærevanskar i vidaregåande skular i Hordaland. Etter overgangen til ordinære utdanningsprogram for alle er det naudsynt med ei evaluering.
7. Fylkestinget ønskjer ei evaluering av samarbeidet med kommunane om skuleskyss og fritidsordning i skule for elevar med særskilde behov. Det er viktig at ordninga fungerer godt.
8. Fylkestinget vil ha endra inntaksreglane i den vidaregåande skulen slik at dei elevane som ønskjer det får rett til å gå på den næraste skulen som har det aktuelle faget/ tilbodet.”

## Miljø/klima

9. Fylkestinget viser til Spar Kjøp sitt jordvarmeprosjekt på Kokstad og ønskjer at Hordaland fylkeskommune skal finna eit eigna bygg til å prøva ut eit eige prosjekt.
10. Fylkestinget vil understreka at å gjennomføra klimaplanen vil krevje omfattande satsingar både på drifts- og investeringsbudsjettet. Det er difor naudsynt med indikatorar i økonomiplanen som viser den konkrete utviklinga i omfanget av klimagassutslepp.
11. Fylkestinget ber om at arbeidet med å elektrifisera hamna (jmf. mål i klimaplanen) må iverksetjast.

## Samferdsel

12. Fylkestinget vil styrkja konkurransekrafta til kollektivtrafikken gjennom å få etablert kollektivfelt, fryse maksimumstaksten og effektive begrensingar på biltrafikken. Dette vil føra til kortare køyretid, betre regularitet og auka inntekter til fylkeskommunen.
13. Fylkestinget vil, saman med Bergen kommune, intensivera arbeidet for å betra framkoma for kollektivtrafikken i Bergen. Alle 4 felts innfartsårer og eksisterande sambruksfelt vert omgjorte til sambruksfelt i ein overgangsperiode, til permanente kollektivfelt er etablerte. Ei alternativ ordning med kollektivfelt frå 0600 til 0900 vert prøvd ut med auka kollektivdekking.
14. Fylkestinget vil ha bygd 2.000 nye innfartsparkeringsplassar i bydelane (parkering med skyss). Dette vil gje betre plass på vegnettet til kollektivtrafikk og anna nyttetraffic. Ein skal krevje at Bergen kommune samstundes fjernar 2.000 parkeringsplassar i Bergen sentrum.
15. Fylkestinget vil gjeninnføra prinsippet om gratis skuleskyss. Ordninga med samordning av skulereisekort og ungdomskort skal vere frivillig.
16. Fylkestinget vil utvida dagens Trolleybuss-line til å gå frå Paradis til Oasen, og vil setja som vilkår for anbudshavar i Bergen sentrum, at Trolleybussen vert vidareført.
17. Transportordninga for funksjonshemma vert utvida til også å inkludera psykisk helse.
18. Fylkestinget vil ha som mål å korta ned reisetida mellom Oslo og Bergen til 4 timar innan 2020, og vil særleg samarbeida med kommunar / fylke langs bana for å få realisert denne visjonen.
19. Fylkestinget meiner Vossabanen må utviklast som forstadsbane til Bergen, det krev at utbygging av infrastruktur Bergen-Voss vert prioritert. Fylkestinget krev at det rullande materiellet vert fornya.
20. Fylkestinget meiner K2 (bybanenett) KVUen *Bymann og stril...* skal være Bergensregionen sin hovudstrategi frem til 2022.
21. Fylkestinget meiner auka biltrafikk med kø og giftlokk i Bergensdalen gjer at eit indre ringvegssystem ikkje er aktuelt.
22. Fylkestinget ber Bergen kommune straks starta arbeid med Kommuneplan Bybane til alle bydelar innan 2022. Traseen Bergen-Haukeland Sjukehus-Oasen-Loddefjord må inn i planverket snarast råd er.
23. Fylkestinget meiner planstyresmaktene må opne for å kombinere bybane som har nærleik til område med høy befolkningstettleik med hurtig transport inn frå bydelane. For å sikra dette bør tre ringalternativ for bybane inn i KVU-arbeidet vidare:

- a) Nesttun – Danmarks plass langs søndre innfartsåre
  - b) Åsane senter – Sandviken langs motorvegen
  - c) Storavatnet – Nygård langs motorvegen vidare rundt Laksevåg.
24. Fylkestinget meiner pris på passering av bomringen bør vere den same som einskildbillett einskapstakst – 25 kr. Ekstrainntekt skal gå til å styrkja kollektivtilbodet i Bergensregionen. Det er viktig å sikre einskapstaksten i Bergen på 25 kroner. Auka bruk av kort skal fremjast med ytterligare kortrabattar og ikkje auka einskapstakst på einskildreise.
25. Fylkestinget meiner hamna i Bergen må elektrifiserast snarast råd. Skipa må forsynast med rein elektrisk straum og ikkje kraft frå mobile gasskraftverk.
26. Fylkestinget vil i samarbeid med Bergen kommune utvikla eit system for kartelegging av kor mykje og på kva for strekningar kollektivtrafikken vert hemma av kø.

### **Tannhelse**

27. Fylkestinget vil etablere eit samarbeidsprosjekt med kommunane for å styrkja tannhelse hos eldre og pleietrengande, og for å kunna redusere omfanget av ufrivillig deltid i tannhelsetenes-ta.

### **Kultur og idrett**

28. Fylkestinget ønskjer kulturkortet utvida til å gjelda fleire kulturtilbod og alle studentar.
29. Fylkestinget meiner regionane i Noreg treng ei langvarig satsing på film for å hindre ytterlegare sentralisering av filmproduksjonen. Som ein del av denne satsinga skal Hordaland Fylkeskommune gå i partnerskap med Bergen kommune for å danna eit regionalt filmfond.
30. Nynorsk teater i Bergen sentrum. Fylkestinget ber om at det vert sett i gong ein prosess med å flytta Hordaland teater til Bergen sentrum og at det vert funne eigna lokale.
31. Fylkestinget ber om at ein opnar dei vidaregåande skulane for bruk på ettermiddagstid for lag og organisasjonar.

### **Folkehelse**

Fylkestinget ønskjer fleire målepunkt for lokal luftforureining i Bergensområdet (Nesttun, Lagunen, Fjøsanger, Åsane, Arna, Fyllingsdalen og Loddefjord). Desse må verte knytte til informasjonsportalen for luftkvalitet. Fylkeskommunen skal søkje relevante statlege styresmakter om støtte til dette tiltaket.

### **Ymse**

32. Fylkestinget ber om at det vert sett i gong eit arbeid med å minske ufrivillig deltid i fylkeskommunen.”

**Aud Karin Oen** sette fram slike oversendingsforslag:

1. ”Fylkestinget vil styrkja fagopplæringskontoret og forsterka samarbeidet med partane i arbeidslivet for å få nok læreplassar og særleg oppmoda offentlege verksemder om å ta inn lærlingar, samt arbeide for lovfesting av retten til læreplass.
2. Fylkestinget ønskjer ei evaluering av tilrettelagt undervisning for ungdom med utviklingshemming og andre med lærevanskar i vidaregåande skular i Hordaland. Etter overgangen til ordinære utdanningsprogram for alle er det naudsynt med ei evaluering.
3. Fylkestinget ønskjer ein evaluering av samarbeidet med kommunane om skuleskyss og fritidsordning i skule for elevar med særskilde behov. Det er viktig at ordninga fungerer godt.

4. Fylkestinget vil ha endra inntaksreglane i den vidaregåande skulen slik at dei elevane som ønskjer det får rett til å gå på den næraste skulen som har det aktuelle faget/tilbodet.
5. Fylkestinget vil, saman med Bergen kommune, intensivera arbeidet for å betra framkoma for kollektivtrafikken i Bergen. Alle 4 felts innfartsårer og eksisterande sambruksfelt vert omgjorte til sambruksfelt i ein overgangsperiode, til permanente kollektivfelt er etablerte. Ei alternativ ordning med kollektivfelt frå 0600 til 0900 vert prøvd ut med økt kollektivdekning.
6. Transportordninga for funksjonshemma vert utvida til også å inkludera psykisk helse.
7. Fylkesutvalet meiner K2 (bybanenett) KVUen *Bymann og stril...* skal vere Bergensregionen sin hovudstrategi frem til 2022.
8. Fylkesutvalet meiner auka biltrafikk med kø og giftlokk i Bergensdalen gjer at eit indre ringvegsystem ikkje er aktuelt.
9. Fylkesutvalet ber Bergen kommune straks starta arbeid med Kommuneplan Bybane til alle bydelar innan 2022. Traseen Bergen-Haukeland Sjukehus-Oasen-Loddefjord må inn i planverket snarast råd er.
10. Fylkesutvalet meiner pris på passering av bomringen bør vere den same som einskildbillett einskapstakst – 25 kr. Ekstrainntekt skal gå til å styrkje kollektivtilbodet i Bergensregionen. Det er viktig å sikre einskapstaksten i Bergen på 25 kroner. Auka bruk av kort skal fremjast med ytterlegare kortrabattar og ikkje auka einskapstakst på einskildreise.
11. Fylkestinget meiner hamna i Bergen må elektrifiserast snarast råd. Skipa må forsynast med rein elektrisk straum og ikkje kraft frå mobile gasskraftverk.
12. Fylkestinget vil i samarbeid med Bergen kommune utvikla eit system for kartelegging av kor mykje og på kva for strekningar kollektivtrafikken vert hemma av kø.
13. Nynorsk teater i Bergen sentrum. Fylkestinget ber om at det vert sett i gong ein prosess med å flytta Hordaland teater til Bergen sentrum og at det vert funne eigna lokale.
14. Fylkestinget ber om at ein opnar dei vidaregåande skulane for bruk på ettermiddagstid for lag og organisasjonar.
15. Folkehelse: Fylkestinget ønskjer fleire målepunkt for lokal luftforureining i Bergensområdet (Nestun, Lagunen, Fjøsanger, Åsane, Arna, Fyllingsdalen og Loddefjord). Desse må verte knytte til informasjonsportalen for luftkvalitet. Fylkeskommunen skal søkje relevante statlege styresmakter om støtte til dette tiltaket.
16. Fylkestinget ber om at det vert sett i gong eit arbeid med å minska ufrivilleg deltid i fylkeskommunen.
17. Fylkestinget legg til grunn at det offentlege rom i Bergen skal planleggjast, styrast og finansierast over offentlege budsjett. Byrommet skal vera ope for innbyggjarane felles bruk. Eit stigan-de reklame- og kjøpepress i samfunnet og mot born og unge, tilseier at ein må slå ring om ein reklamefri kvardag.”

**Natalie Golis** sette fram slikt forslag:

**”Forslag om utbedring av kollektivtransporten i Bergen**

Bybanen mellom sentrum og Nesttun har blitt et populært og velbenyttet transportmiddel av Bergens befolkning. Som et resultat av dette er nå ofte Bybanen overfylt, også utenom rushet.

For at byens befolkning fremdeles skal oppfatte Bybanen som et attraktivt transporttilbud, bør den gå oftere, også på hverdagene. I tillegg er det verdt å nevne at denne strekningen, før Bybanen, hadde buss hvert 5.minutt også utenom rushperiodene.

Bybanen bør derfor ikke være noe dårligere tilbud enn det bussen var før.

Rødt Hordaland foreslår derfor:

- Bybanen går hvert 5.minutt mellom 07.00 og 21.00 på hverdager og mellom 12.00 og 17.00 på lørdager.
- Innføre forsøk med gratis kollektivtransport de dagene giftlokket er tilbake. Dette vil kunne gjøre at flere velger kollektivt og at bussene kan gå fortere når de slipper å måtte ta betaling.

**Utgifter**

Økt ruteproduksjon 15mill. NOK

**Inndekning**

Økte inntekter som følge av økt ruteproduksjon 3mill NOK

Nedleggelse av Business Region Bergen 3 mill NOK

Kutte promotering av fylkesbygget 3 mill NOK

Legge ned Europakontoret 4,8 mill NOK

Innsparing i administrasjonen 1,2 mill NOK

Totalt 15 mill NOK.”

**Gerarda Boekraad** sette fram slikt forslag:

”Investering 04000: innklimatiltak: Økning til 100 millioner i 2012 og 2013.

Investering 07602: fylkesvegar. Stans ringvei Vest fase 3. Investeringa droppes.

Investering (ny) 1 million: Stimulering av installasjon av hurtigladere for EL-biler.

Investering (ny): 50 millioner for start av utredning, istandsetting av utbygging av den lokale toglinjen Åsane-Danmarksplass-Minde-Oasen-Flesland.

Investering (ny): 1 million for utredning av bruk for elektriske ferjer.

**Drift**

Post 480, diverse fellesutgifter. Ekstra post: 1,08 millioner kroner til miljøvernorganisasjoner som ubundet støtte. Pengene dekkes inn gjennom å fjerne støtten til HOG (post 700).

Post 660-665 Tannhelse. Ny underpost: 1 million til et bredt preventivt informasjonsprogram rettet mot barn ungdom om anbefalte maksimale mengder av sukker i vanlig kosthold.

Post 700. Støtten til HOG Energi strykes.

Post 700. Ny post: 1 million kroner til prosjekter innen frivillige og private aktører for utvikling av grønt, bærekraftig og økologisk reiseliv.

Post 715. 160402: Klimaplan. Økning til 4 millioner. Minst to personer bør være ansatt i koordinasjon av miljøsertifisering og en på feltet miljøpedagogikk.

Post 715. Marin tilskuddsordning: pengene under rekruttering flyttes til miljøtiltak.”

## **Røysting**

### **Budsjettforslaga**

Boekraad sitt forslag fekk 1 røyst (MDG) og fall.

Golis sitt forslag fekk 2 røyster (R, MDG) og fall.

Bondhus sitt forslag fekk 4 røyster (SP, MDG) og fall.

Oen sitt forslag fekk 4 røyster (SV, R, MDG) og fall.

Kårbø sitt forslag fekk 5 røyster (KrF) og fall.

Grung sitt forslag fekk 19 røyster (A, SV, R) og fall.

Innstillinga med Sævik sitt forslag vart vedteke mot 23 røyster (A, SP, SV, R, MDG).

### **Tilleggsforslaga**

Kårbø sitt forslag vart vedteke mot 17 røyster (A, R).

Andersen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Oversendingsforslaga**

Grung sine forslag vart samrøystes vedteke oversendt til fylkesrådmannen.

Kårbø sine forslag punkt 1, 2 og 4 vart samrøystes vedteke oversendt til fylkesrådmannen.

Kårbø sitt forslag punkt 3 vart samrøystes vedteke oversendt til fylkesutvalet.

Bondhus sitt forslag I vart samrøystes vedteke oversendt til opplærings- og helseutvalet.

Bondhus sine forslag II og III vart samrøystes vedteke oversendt til samferdselsutvalet.

Andersen sine forslag vart samrøystes vedteke oversendt til fylkesrådmannen.

Oen sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt til fylkesrådmannen.

## **VEDTAK (13.12.2011)**

Årsbudsjett og økonomiplan vert vedtekne i samsvar med det utsende materialet og med følgjande presiseringar og endringar:

### **Kultur og idrett**

Litteraturhus i Bergen	1 000 000
Pilgrimssenter Røldal	200 000
Rallarvegen, servicepatruljen	100 000
Prøveprosjekt: Idrettslag nyttar gymsalar gratis mot vakthald og reinhald	200 000
Friluftsliv	500 000
Hardanger 2014 - kulturprosjekt i samband med grunnlova 200 år	200 000
Hauge-senteret Ulvik	100 000
Bømlo Teater	150 000

### **Samferdsel**

Fylkesvegvedlikehald	5 000 000
Auka ruteproduksjon	5 000 000
Studentkort - utviding av aldersgrensa frå 30 til 33 år	1 200 000

Ferjesambandet Kinsarvik-Utne-Kvanndal, auka kapasitet til 2013 3 200 000

### **Opplæring og helse**

Sommarskole	500 000
Alternativ til VG3 fagopplæring	200 000
Undervisningsutstyr	1 000 000
Skolehelsetenesta	1 500 000
Teach First - leiarrekrutteringsprogram for real-faglærarar	200 000
Auka overføring til dei vidaregåande skolane	5 000 000
	<b>25 250 000</b>

### **Inndekking**

Disposisjonsfond	10 500 000
Forventning om lågare rente enn 3,5% i 2012/ny bankavtale	10 000 000
Redusert overføring til kap.bud. MVA-komp.	4 750 000
	<b>25 250 000</b>

## **Tekstforslag**

### **A. Reklamefinansiert kollektivtransport**

Det skal i 1. kvartal 2012 etablerast eit prosjekt for å avklåra det samla potensialet for reklameinntekter knytt til Hordaland fylkeskommune sitt engasjement innan kollektivtransporten. Prosjektet må vurdere inntektspotensialet knytt til sal av reklameflater på bussar, busstopp, terminalar, elektroniske plattformer, billetter, Skyskort osv., samt skissera rammer for omfang, estetikk og generell organisering av tiltaket.

Det skal setjast ned ei politisk styringsgruppe for prosjektet, og fylkesrådmannen får fullmakt til å nytta ekspert kompetanse i utgreiingsarbeidet.

Dei historiske delane av Bergen sentrum skal haldast fri for reklame på busstopp og terminalar.

### **B. Prosjekt Økonomisk handlefridom II**

Fylkestinget ber fylkesrådmannen etablere eit prosjekt Økonomisk handlefridom II etter modell av tilsvarande prosjekt i valperioden 2003-07. Målsetjinga med prosjektet er å auka fylkeskommunen sitt handlingsrom i økonomiplanperioden 2012-15, spesielt sett i høve til aukande kapitalkostnader som følgje av lånefinansierte investeringar i planperioden. Prosjektet bør identifisera tiltak som kan gje inntektsauke/kostnadskutt i storleik 100 mill. kroner i driftsbudsjettet.

Fylkesutvalet skal fungera som styringsgruppe, og motta milepelsrapportar undervegs i prosjektet. Samla tiltaksplan bør liggja føre for politisk handsaming innan utgangen av 2012.

**C.** Invitera Jernbaneverket til vidare oppgradering av Rallarvegen.

**D.** Utviklinga av helsearbeidarfaget er viktig for å sikra tilstrekkeleg kompetent arbeidskraft i helsesektoren i åra framover. Kommunar og helseføretak har ikkje i tilstrekkelig grad teke sitt ansvar i å tilby tilstrekkeleg med læreplassar. Fylkeskommunen skal ta kontakt med helseføretaka og kommunane for å skaffe rom til fleire lærlingar. Særleg er det viktig å oppretta avtaler med helseføretak og kommunar for å sikra læreplassar til dei som tek helsefagskuleutdanning.

Dette gjev slike rammer:

1 a) Investeringsbudsjettet for 2012 vert vedteke med slike rammer:

	1 000 kr
Bruk av lånemidlar	1 214 720
Tilskot og refusjonar m.m.	1 175 860
Salsinntekter	5 000
Midlar frå driftsbudsjettet	155 250
<b>SUM INNTEKTER</b>	<b>2 550 830</b>

Disponert slik:

Politiske organ, administrasjon, fellesfunksj.	52 000
Opplæring	514 000
Tannhelse	30 500
Regional utvikling	1 000
Samferdsel	1 945 330
Kultur	3 000
<b>SUM INVESTERINGSUTGIFTER</b>	<b>2 545 830</b>

Avsetjingar	5 000
<b>SAMLA FINANSIERINGSBEHOV</b>	<b>2 550 830</b>

b) Driftsbudsjettet for 2012 vert vedteke med følgjande rammer:

Frie inntekter (skatt, rammetilskot)	5 072 500
Finansutgifter	netto 392 860
Fondsavsetjingar	netto -4 400
Til finansiering av utg. i investeringsbud.	155 250
<b>TIL FORDELING DRIFT</b>	<b>4 528 790</b>

Fordelt slik:

Politiske organ, administrasjon, fellesfunksj.	netto 247 194
Opplæring	netto 2 486 095
Tannhelse	netto 170 412
Regional utvikling	netto 82 205
Fylkeskommunal næringsverksemd	netto -104 975
Samferdsel	netto 1 579 157
Kultur	netto 152 952
<b>FORDELT PÅ SEKTORANE</b>	<b>netto 4 613 040</b>

Tillegssløyvingskonto	4 080
Lønsavsetjing	104 670
Mva-kompensasjon (frå investering)	-193 000
<b>TIL SEINARE FORDELING</b>	<b>-84 250</b>



## **2. Låneopptak**

- a) Fylkestinget godkjenner låneopptak på 1 214,72 mill. kr.
- b) Fylkestinget godkjenner opptak av kassakreditt på inntil 500 mill. kr.

## **3. Stønad til dei politiske gruppene i fylkestinget og frikjøp**

Gruppestønad til fylkestingsgruppene	kr 69 550
Stønad pr. representant i gruppa	kr 39 050
Frikjøp pr. representant	kr 37 020

## **4. Disponering av IT-løyving**

Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå kontraktar som disponerer inntil 50% av IT-løyvingane i økonomiplanperioden.

## **5. Takstane ved den offentlege tannhelsetenesta**

Fylkestinget godkjenner at takstane ved den offentlege tannhelsetenesta vert auka med 5 % frå 01.01.12.

## **6. Kollektivtakstane**

Prisen for alle typar kort vert uendra.

Minstetaksten for einskildbillett vert auka frå kr 25 til kr 27. Tilsvarande prosentvise auke vert gjort for høgare takstsoner.

Ferjetakstane følger riksregulativet.

# INVESTERINGSBUDSJETT

ÅRSBUDSJETT 2012

ØKONOMIPLAN 2012-2015



# INVESTERINGAR

## Innleiing

### 1. Oversyn over investeringsbudsjettet

Oversyn over utgifter til investeringar i perioden 2011–2015, fordelt på sektorar, er gjeve i følgjande oppstilling:

	2011	2012	2013	2014	2015
				Mill. kr i løpande prisar	
Fellesfunksjonar	39,0	52,0	58,0	75,0	80,0
Opplæring	236,0	514,0	563,0	578,0	435,0
Tannhelse	14,5	30,5	19,5	14,5	14,5
Regional utvikling	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0
Samferdsel	2 053,9	1 945,3	1 302,4	1 297,2	836,4
Kultur	1,0	3,0	1,0	1,0	1,0
<b>BRUTTO INVESTERINGSUTGIFTER</b>	<b>2 345,4</b>	<b>2 545,8</b>	<b>1 944,9</b>	<b>1 966,7</b>	<b>1 367,9</b>
Avsetjingar	5,0	5,0	5,0	5,0	5,0
<b>SUM FINANSIERINGSBEHOV</b>	<b>2 350,4</b>	<b>2 550,8</b>	<b>1 949,9</b>	<b>1 971,7</b>	<b>1 372,9</b>

I tillegg til *vedteke budsjett/økonomiplan* for perioden 2012–2015 er det i tabellen ovanfor teke med budsjett for 2011 medrekna budsjettendringar vedteke av fylkestinget i 2011. Brutto investeringsutgifter går opp frå 2 345,4 mill. kr i 2011 til 2 545,8 mill. kr i 2012. Deretter er det investeringar på 1 944,9 mill. kr i 2013, på 1 966,7 mill. kr i 2014 og på 1 367,9 mill. kr i 2015.

I økonomiplanperioden er det vidare ført opp fondsavsetjingar finansiert med sal av fylkeskommunale eigedomar.

*På same måte som økonomi-tabellar elles i dette budsjett-heftet er investerings-tabellane med tilhøyrande merknader i samsvar med fylkestinget sitt vedtak. Teksten er i utgangspunktet henta frå fylkesrådmannen sitt budsjettgrunnlag, men teksten er justert for eventuelle endringar i revidert budsjettgrunnlag og fylkestingsvedtaket.*

Fylkesrådmannen har i hovudsak vidareført opplegget frå siste økonomiplan, som fylkestinget vedtok i desember 2010, men nye planar og vedtak medfører nokre endringar.

Innan sektoren for fellesfunksjonar er det i perioden 2012–2015 rekna med 4 mill. kr årleg til mindre ombygging/oppussing av fylkeshuset. Vidare er det i 2012 ført opp 3 mill. kr til profilering av fylkeshuset. I 2012 er det også sett av 2 mill. kr til fullføring av planarbeidet knytt til arbeidet med ny reguleringsplan for mellom anna Fylkeshuset. Under fellesfunksjonar vert det også budsjettert med IT-løyvingar til fellessystem og investeringsmidlar til jordbruksskulegardar, energiøkonomiseringstiltak og universell utforming.

For å makta dei store oppgåvene innan IT-feltet foreslår fylkesrådmannen opptrapping av løyvingane til IT-fellessystem frå 15 mill. kr i 2011 til 21 mill. kr i 2012 og 25 mill. kr årleg i slutten av perioden.

Løyvinga til energiøkonomiseringstiltak har vore årleg på 2 mill. kr. Etter kvart vil det gå med monalege summar til tiltak i samband med klimaplanen som fylkestinget vedtok i juni 2010. For 2012 er det sett av 5 mill. kr til enøktiltak og tiltak i samband med klimaplanen. Summen er auka vidare utover i planperioden til 20 mill. kr i 2015. Det er vidare lagt til grunn ei opptrapping av løyvingane til universell utforming frå 10 mill. kr i 2011 til 30 mill. kr i 2014 og 2015. I alt går løyvingane til fellesfunksjonar med dette opplegget opp frå 39 mill. kr i 2011 til 80 mill. kr i 2015.

Innan opplæringssektoren er budsjetttramma for samleposten for ombygging/mindre tilbygg på skular på 40 mill. kr i 2011. Dette nivået vert vidareført alle åra i økonomiplanperioden 2012–2015. Samleposten for inneklimateiltak m.v. i skulesektoren er på 35 mill. kr i 2011, og denne summen er foreslått vidareført kvart år i perioden 2012–2015. Løyvinga til større undervisningsutstyr er på 35 mill. kr i 2011, og denne summen er også vidareført i perioden.

Amalie Skram vidaregående skole i Bergen er innarbeidd med i alt 830 mill. kr, som er 100 mill. kr meir enn i sist vedteken økonomiplan. For denne skulen er no sluttløyving ført opp i 2014. Vidare er det i økonomiplanperioden ført opp midlar til tilbygg/rehabilitering ved Årstad vidaregående skole. Det er også teke med investeringsmidlar til ny skulestruktur på Voss. Til nybygg for Åsane vidaregående skole er ført opp 230 mill. kr fram til 2015. Sluttløyvingane til nybygget i Åsane vil koma etter økonomiplanperioden.

Opplegget, jf. tabellen ovanfor, medfører skuleinvesteringar på i alt 2 090 mill. kr i perioden 2012–2015. Investeringane i denne perioden er størst i åra 2013 og 2014 med 563 og 578 mill. kr. I revidert budsjett for 2011 er skuleinvesteringane til samanlikning på 236 mill. kr.

Til tannklinikkar er samleløyvinga auka frå 10 mill. kr i 2011 til 25 mill. kr i 2012. Vidare er det teke med 15 mill. kr i 2015 og 10 mill. kr kvart av åra 2014 og 2015. Samleløyvinga til utstyr i tannhelse-tenesta er på 5,5 mill. kr i 2012 og 4,5 mill. kr dei andre åra i perioden.

Til investeringar knytt til næringsutvikling er det som i 2011-budsjettet ført opp 1 mill. kr kvart år i perioden 2012–2015 til oppfølging av fylkeskommunen si regionale rolle.

I investeringsoversynet for samferdsel er det med til saman 74 mill. kr til bybanevogner i 2011 og 2012.

Til ruteinformasjonssystem (sanntid) er det førebels teke med 20 mill. kr kvart år til og med 2014.

Budsjetttramma for fylkesveginvesteringar er i revidert budsjett for 2011 på 1 298,7 mill. kr. Vidare utover i perioden er det ført opp 1 309,3 mill. kr i 2012, 1 142,4 mill. kr i 2013, 1 277,2 mill. kr i 2014 og 836,4 mill. kr i 2015. Tala tek utgangspunkt i vedtekte planar for fylkesvegnettet og sist vedteken økonomiplan. Vidare er det for byggjesteget 2 for Bybanen rekna med 563 mill. kr i 2012 og 140 mill. kr i 2013.

Innan kultursektoren held ein fram med årlege løyvingar til restaurering av verneverdige bygg i fylkeskommunal eige. Det er ført opp 3 mill. kr i 2012 og 1 mill. kr kvart år etter 2012.

I tillegg til dei reine investeringane er det på investeringsbudsjettet for 2011–2014 ført opp ei årleg avsetjing til kapitalfond på 5 mill. kr, finansiert med sal av fylkeskommunale eige domar. Ein må vera budd på at denne summen kan verta justert.

Investeringane fordeler seg slik *prosentvis* på sektorar:

%-vis fordeling

	2011	2012	2013	2014	2015	Perioden 2012-15
Fellesfunksjonar	1,7	2,1	3,0	3,8	5,9	3,4
Opplæring	10,1	20,3	28,9	29,4	31,8	26,7
Tannhelse	0,6	1,2	1,0	0,7	1,1	1,0
Regional utvikling	0,04	0,04	0,05	0,05	0,07	0,05
Samferdsel	87,5	76,3	67,0	66,0	61,1	68,7
Kultur	0,04	0,1	0,05	0,05	0,07	0,08
	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>

Av tabellen ser ein at i revidert budsjettet for 2011 går 87,5 prosent til samferdsel, 10,1 prosent til opplæring og 2,4 prosent av investeringane til dei andre sektorane. Prosentfordelinga mellom sektorane endrar seg ein del utover i perioden. Tendensen at opplæring får ein større del av investeringa-

ne medan samferdsel sin del går ned. Også fellesfunksjonar sin del aukar. I perioden 2012–2015 går i gjennomsnitt 68,7 prosent av investeringane til samferdsel, 26,7 prosent til opplæring og 4,6 prosent til dei andre sektorane.

## 2. Finansiering av investeringsbudsjettet

Oversyn over finansieringa av investeringsbudsjettet etter fylkestinget sitt budsjettvedtak framgår av følgjande oppstilling:

### FINANSIERING

Mill. kr i løpande prisar

	Budsjett 2011	2012	Endring i %	2013	Endring i %	2014	Endring i %	2015	Endring i %
Nye lån	1 202,5	1 214,7	1,0	876,0	-27,9	1 111,8	26,9	939,4	-15,5
Driftsmidlar/momsk.	110,0	155,3	41,1	175,3	12,9	195,0	11,8	145,0	-25,6
Tilskot/forskotteringar	102,0	221,4	114,1	273,6	25,3	189,9	-30,6	113,5	-30,2
Kompensasjonsmidl.	61,0	25,4	-53,4	25,0	-12,0	25,0	0,0	0,0	-100,0
Bompengar	869,9	929,0	6,8	595,0	-36,0	445,0	-25,2	170,0	-61,8
Sal av fast eigedom	5,0	5,0	0,0	5,0	0,0	5,0	0,0	5,0	0,0
<b>Sum finansiering</b>	<b>2 350,4</b>	<b>2 550,8</b>	<b>8,5</b>	<b>1 949,9</b>	<b>-23,6</b>	<b>1 971,7</b>	<b>1,1</b>	<b>1 372,9</b>	<b>-30,4</b>

Vedteke budsjett/økonomiplan medfører at av samla investeringsbudsjett på 7 845,3 mill. kr i perioden 2012–2015 vert 4 141,9 mill. kr finansiert med lånemidlar. Dette tilsvarar 52,8 prosent. Driftsmidlar medrekna momskompensasjon for investeringar utgjer 670,6 mill. kr, og dette er 8,5 prosent.

Når det gjeld fylkesvegane, inngår også bompengar, kompensasjonsmidlar og tilskot og forskotteringar frå kommunar og private i finansieringa. Frå 2011 er også rassikringstiltak finansiert med statstilskot innarbeidd i budsjettet. Vidare er belønningssmidlar som inngår i finansieringa av samferdselsinvesteringar teke med i budsjettet frå 2012. Desse eksterne finansieringskjeldene er viktige bidragsytarar i finansieringa av fylkesvegane. Bompengane er på til saman 2 139 mill. kr i perioden, og dette tilsvarar 27,3 prosent av fylkeskommunen sine samla investeringar desse åra.

Regjeringa har vedteke nytt regelverk for rekneskapsføring av momskompensasjon. Denne kompensasjonen har hittil vore ført i driftsrekneskapen. Det nye regelverket medfører at momskompensasjon frå investeringar skal først i investeringsrekneskapen frå 2014. Det er ein overgangsperiode frå 2010 og fram til 2014, der det vert lagt stadig sterkare føringar på korleis momskompensasjonen frå investeringar kan nyttast. For budsjettåret 2010 skulle minimum 20 prosent av

momskompensasjon frå investeringar overførast til investeringsrekneskapen. For 2011 er det minimum 40 prosent, for 2012 minimum 60 prosent og for 2013 minimum 80 prosent. Frå og med 2014 må all momskompensasjon frå investeringar først i investeringsrekneskapen. (I tabellen ovanfor er også momskompensasjon for investeringar i 2014 og 2015 ført saman med driftsmidlane).

I revidert budsjettet for 2011 er 110 mill. kr av driftsmidlane overført til investeringsrekneskapen. Summen er på 155,3 mill. kr i 2012 og på 175,3 mill. kr i 2013, og dette er meir enn det som det nye regelverket for rekneskapsføring av momskompensasjon krev. Frå 2014 skal som nemt ovanfor heile summen av momskompensasjon frå investeringar først direkte i investeringsrekneskapen. Denne summen er i 2014 på 195 mill. kr og i 2015 på 145 mill. kr. Desse to åra vil ein i følge opplegget som er lagt til grunn, ikkje ha driftsmidlar til finansiering av investeringane.

### Fylkestinget

Fylkestinget vedtok i budsjettet for 2012 å redusera overføringane av driftsmidlar til investeringsbudsjettet med 4,75 mill. kr. Desse vert erstatta med lånemidlar. Ei tilsvarande endring er gjort for 2013.

Endringane i fylkestinget er innarbeidd i tabellen ovanfor og i tekstmotalen av tabellen.

### 3. Spesifikasjon av investeringane

		Justert Budsjett 2011	Budsjett 2012	2013	2014	2015
<b>Fellesfunksjonar</b>						
07006	Fylkeshuset – Ombygging/opprusting	5,0	7,0	4,0	4,0	4,0
07008	Fylkeshuset – Påbygg/nybygg	5,0	2,0			
09900	IT – Fellessystem	15,0	21,0	23,0	25,0	25,0
06999	Jordbruksskulegardar m.v.	2,0	2,0	1,0	1,0	1,0
05000	Energiøkonomiseringstiltak/Klimaplanen	2,0	5,0	10,0	15,0	20,0
00200	Universell utforming	10,0	15,0	20,0	30,0	30,0
Sum sektor		39,0	52,0	58,0	75,0	80,0
<b>Opplæring</b>						
03000	Ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren	40,0	40,0	40,0	40,0	40,0
04000	Inneklimatiltak m.v.	35,0	35,0	35,0	35,0	35,0
08006	Utstyr skulesektoren	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0
09515	Større undervisningsutstyr	35,0	35,0	35,0	35,0	35,0
06025	Amalie Skram videregående skole – Nybygg	50,0	307,0	215,0	108,0	
06020	Årstad videregående skole – Tilbygg/rehab.	50,0	50,0	50,0	50,0	50,0
02121	Bergen maritime videreg. skole – Tilbygg	6,0	2,0			
06026	Nye Voss gymnas	5,0	15,0	78,0	130,0	100,0
06028	Nye Voss vidaregåande skule		15,0	50,0	100,0	65,0
06029	Åsane vidaregåande skole – Nybygg	5,0	5,0	50,0	70,0	100,0
Sum sektor		236,0	514,0	563,0	578,0	435,0
<b>Tannhelse</b>						
08050	Utstyr tannhelsetenesta	4,5	5,5	4,5	4,5	4,5
01999	Tannklinikkar	10,0	25,0	15,0	10,0	10,0
Sum sektor		14,5	30,5	19,5	14,5	14,5
<b>Regional utvikling</b>						
07200	Næringsføremål	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0
Sum sektor		1,0	1,0	1,0	1,0	1,0
<b>Samferdsel</b>						
00002	Bussanlegg Askøy	4,2				
00003	Bussanlegg Rådalen	2,5				
00001	Bussanlegg Åsane	70,0				
00008	Terminalar		4,0			
00007	Sjåførfasilitetar		5,0			
07801	Billetteringssystem	47,0				
07803	Bybanen i Bergen – Vognmateriell	31,0	43,0			
07605	Kjøp av Flesland kai	2,5	1,0			
07802	Ruteinformasjonssystem (Sanntid)	20,0	20,0	20,0	20,0	
07602	Fylkesvegar	1298,7	1309,3	1142,4	1277,2	836,4
07901	Bybanen – Byggjeste 2	578,0	563,0	140,0		
Sum sektor		2053,9	1945,3	1302,4	1297,2	836,4
<b>Kultur</b>						
07505	Restaurering av verneverdige f.k. bygg	1,0	3,0	1,0	1,0	1,0
Sum sektor		1,0	3,0	1,0	1,0	1,0
<b>Sum investeringar</b>		<b>2345,4</b>	<b>2545,8</b>	<b>1944,9</b>	<b>1966,7</b>	<b>1367,9</b>

## FELLESFUNKSJONAR

Under fellesfunksjonar er løyvingar til utbetring av Fylkeshuset, felles IT-løyvingar, samleløyving til opprusting av jordbruksskulegardar, samleløyving til energiøkonomiseringstiltak og løyvingar til universell utforming av fylkeskommunale bygg budsjetterte. Frå 2012 er budsjettposten for energiøkonomiseringstiltak styrka med løyvingar til tiltak i Klimaplanen.

Vidare vert inntekter ved sal av fylkeskommunale eigedommar budsjettert under Fellesfunksjonar.

Samla investeringsutgifter til fellesfunksjonar er ført opp med 52 mill. kr i 2012, og denne summen aukar til 80 mill. kr i 2015. Dei einskilde investeringstiltaka er omtala nærare nedanfor.

### Fylkeshuset – Ombygging/opprusting

Fylkeshuset er 40 år, og ein må rekna med årlege kostnader til opprusting/tilpassing for endra bruk og aktivitet.

Tid- og temperaturlavlene er defekte og ein har i fleire år sett etter nytt og tenleg utstyr innanfor ei forsvarleg kostnadsramme. Arbeidet med profilering av fylkeskommunen knytt til omdøme-prosjektet er også eit moment i denne samanhengen. Det kan og vera tale om andre profileringstiltak som t.d. skilting. Fylkesrådmannen foreslår å setja av 3 mill. kr til profilering av fylkeshuset inklusiv digitale tavler i 2012. I tillegg kjem 4 mill. kr til opprusting slik at samla løyving i 2012 vert 7 mill. kr.

Dei tre siste åra i økonomiplanperioden er det lagt inn 12 mill. kr til opprusting av fylkeshuset, fordelt med 4 mill. kr kvart av åra 2013, 2014 og 2015. Budsjettsummen skal i hovudsak nyttast til mindre ombyggingar og oppgraderingar av Fylkeshuset.

### Fylkeshuset – Påbygg/nybygg

Planforslaget knytt til arbeidet med ny reguleringsplan for mellom anna Fylkeshuset er ferdig utarbeidd og vart våren 2011 sendt ut til offentleg ettersyn. Planforslaget omfattar Wigandgården og tomte nord for Bergen maritime vidaregåande skole i tillegg til påbygg på Fylkeshuset.

Fylkesrådmannen foreslår å setja 2 mill. kr i 2012 til fullføring av planarbeidet som er i gang.

## IT – Fellessystem

Konto for felles IT-investeringar vert nytta til kjøp av felles programvare, felles teknisk IT-infrastruktur (kommunikasjonsutstyr, datamaskinar osv.) og felles IT-prosjekt. Kjøp av t.d. fagsystem eller lokal IT-infrastruktur (PC'ar m.v.) vert dekkja over budsjetta for kvar avdeling.

I 2012 vil IT-satsinga m.a. for dei vidaregåande skulane, innan kollektivtransporten og tannhelsetenesta leggja sterke føringar for disponering av det sentrale IT-budsjettet. Det er planlagt ei rekkje IT-tiltak og døme på slike tiltak i 2012 er:

- Vidare innføring av nytt løns- og personal-system inkl. personalportal for alle tilsette
- Etablera avtale om og starta innføring av nytt dokumenthandteringssystem
- IT-utstyr til medlemmene i fylkestinget
- Etablering av ny felles grafisk profil i nettløysingar
- Vidare utvikling av system for geografisk informasjon
- Oppgradering av sentral teknisk infrastruktur (sentrale datamaskinar, programvare og nettverk i fylkeskommunen) i samband med innføring av nye system, ved endringar av system, eller for å skapa betre IT-tryggleik.
- Vidareutvikling av felles identitetshandtering for tilsette for betre tilgang til IT-system

For å makta dei store oppgåvene innan IT-feltet foreslår fylkesrådmannen opptrapping av løyvinga på denne posten frå 15 mill. kr i 2011 til 21 mill. kr i 2012, 23 mill.kr i 2013 og 25 mill. kr kvart av åra 2014 og 2015.

### Jordbruksskulegardar m.v.

Fylkeskommunale gardsbruk i drift er:

- Stend jordbruksskulegard
- Voss jordbruksskulegard
- Hjeltnes gartnarskule
- Valen og Handeland gard

Det er trong for investeringar i driftsbygningar, driftsanlegg, utstyr og sikringsanlegg ved gardsbruka. Jordbruksskulegardane søkjer kvart år om meir midlar enn det ein har til rådvelde. Det er eit sterkt ønskje om å skaffe mjølkerobot til fjøset ved Voss jordbruksskule og fylkesrådmannen foreslår at løyvinga på 2 mill. kr i 2011 vert vidareført i 2012 for å få rom for ny mjølkerobot på Voss.



Fordeling av løyvinga vert lagt fram for fylkesutvalet i eiga sak. For åra etter 2012 er det ført opp 1 mill. kr på denne budsjettposten.

Fylkesrådmannen har sett i gang arbeid med å få utarbeidd takst for Valen og Handeland gard med sikte på å leggja fram eiga sak om sal.

### **Energiøkonomiseringstiltak**

Dei siste åra har store delar av budsjettmidlane til energiøkonomiseringstiltak vore nytta til sentral driftskontroll (SD-anlegg) og tilknytning av desse til breidband/internett. Det er i samband med dette også gjort utbetringar på automatikkssystema på varme- og ventilasjonsanlegga.

Det er tidlegare og kjøpt inn eit energioppfølgingsystem som heile bygningsmassen skal tilkoplast og som normalt vil gje grunnlag for energisparing.

Frå sommaren 2010 er fylkeskommunen pålagt å energimerka dei fleste bygga. Energimerkinga vil gje auka kunnskap om bygga og kva tiltak som bør gjennomførast.

Løyvinga til energiøkonomiseringstiltak i 2011 er på 2 mill. kr, og løyvingane til slike tiltak er foreslått vidareført i økonomiplanperioden.

På denne budsjettposten vert det i tillegg ført løyvingar til Klimaplanen frå 2012. Klimaplanen vart vedteken av fylkestinget i sak 23/10. Dersom ein skal nå måla i planen må løyvingane aukast. Fylkesrådmannen rår til at satsinga vert trappa opp i økonomiplanperioden. Fylkesrådmannen vil koma attende til fordeling av investeringssummen til klimatiltak. Handlingsprogrammet til Klimaplanen vil her leggja føringar for fordelinga.

Samla sum for denne budsjettposten medrekna energiøkonomiseringstiltak er på 5 mill. i 2012, 10 mill. kr i 2013, 15 mill. kr i 2014 og 20 mill. kr i 2015.

### **Universell utforming**

Fylkestinget har i sak 36/06 vedteke Fylkesdelplan 2006–2009 Deltaking for alle – universell utforming. Her heiter det mellom anna at eksisterande offentlege bygg, anlegg og opparbeidde uteområde i Hordaland skal ha universell utforming frå og med 2019, og ein skal utarbeida handlingsplan med budsjett for oppgradering av eksisterande fylkeskommunale og kommunale bygg og anlegg.

I samband med kartlegginga i 2008 vart det avdekka om lag 3 000 tiltak, med samla kostnad på om lag 200 mill. kr. Ein er no i gang med å kartleggja resten av bygga som fylkeskommunen eig og leiger, m.a. tannklinikkar.

I 2011 har ein fokusert på tilkomst/heis og toaletttilhøve. Dette arbeidet vil halda fram i 2012 og ein vil ta fatt på oppgradering av lyssetjing og skilting.

Budsjettposten er foreslått auka frå 10 mill. kr i 2011 til 15 mill. kr i 2012, og vidare til 20 mill. kr i 2013 og 30 mill. kr kvart av åra 2014 og 2015.

Fordeling av løyvinga vert lagt fram for fylkesutvalet i eiga sak.

### **Sal av eigedomar**

I tillegg til dei reine investeringane er det på investeringsbudsjettet for 2012–2015 ført opp ei årleg avsetjing til kapitalfond, finansiert med sal av fylkeskommunale eigedomar. Årleg sum i perioden er sett til 5 mill. kr

Fylkesutvalet har fullmakt til å ta avgjerd om ein-skildsal av eigedomar opp til eit beløp på 5 mill. kr. Vert det spørsmål om å nytta salsinntektene frå sal av eigedomar til konkrete prosjekt, må det lagast eiga sak til fylkestinget.

## OPPLÆRING

Investeringsane i skulebygg har vore høge dei seinare åra og er også høge i økonomiplanperioden. Det vert investert både i nybygg og tilbygg til eksisterande skular.

Amalie Skram videregående skole – den nye skulen i sentrum av Bergen – er ført opp med ei kostnadsramme på 830 mill. kr. For denne skulen er sluttløyvinga ført opp i 2014.

Til rehabilitering og tilbygg ved Årstad videregående skole er det rekna med løyvingar alle åra i økonomiplanperioden.

Fylkestinget har vedteke ei restrukturering av dei vidaregåande skulane på Voss. Det skal vera to skular i den framtidige skulestrukturen på Voss, og det er trong for omfattande investeringar.

Til nybygg ved Åsane videregående skole er det ført opp 230 mill. kr i perioden fram til 2015. Sluttløyvingane til dette prosjektet, som førebels er kostnadsrekna til 400 mill. kr, kjem etter 2015.

Samlekontoen for mindre ombygging/tilbygg på skular vart auka frå 18 mill. kr i 2007 til 30 mill. kr i 2009 og så til 40 mill. kr i 2010 og 2011. Erfaringane har synt at det er stor trong for slike løyvingar, og budsjettnivået på 40 mill. kr er videreført alle åra i økonomiplanperioden.

Samleposten for inneklimatiltak m.v. i skulesektoren er ført opp med ein årleg sum på 35 mill. kr i heile perioden. Dette tilsvarar løyvinga i 2011.

Løyving til større undervisningsutstyr er ført opp med 35 mill. kr pr. år. Dette tilsvarar også løyvinga i 2011-budsjettet.

Totalt er det i økonomiplanperioden 2012–2015 ført opp 2 090 mill. kr til investeringar i opplæringssektoren. I 2012 er investeringane 514 mill. kr og i 2013 er dei 563 mill. kr, i 2014 er dei 578 mill. kr og i 2015 på 435 mill. kr.

### **Ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren**

Samlekontoen for mindre ombygging/tilbygg på skular er på 40 mill. kr i 2011. Også for 2012 og vidare utover i økonomiplanperioden er det ført opp ein årleg sum på 40 mill. kr.

Erfaringane har synt at det er stor trong for denne budsjettposten. Løyvinga blir i hovudsak brukt til ombyggingar for å møte krava til ny pedagogikk og endring i klassestrukturen.

### **Inneklimatiltak m.v.**

Løyvinga på denne kontoen vert nytta til brannsikrings-, inneklimatiltak og miljøkrav.

Dei seinare åra har løyvingane i hovudsak vorte nytta til inneklimatiltak ved skulane, og det vil framleis vera trong for store investeringar på dette området. Dårlig inneklimate er den mest vanlege årsaka til at skular ikkje er godkjende av helsestyresmaktene.

Nye brannforskrifter medfører behov for nye brannsikringstiltak som også dei nærmaste åra vil krevja om lag 10% av denne budsjettposten.

Forslaget for 2012 og dei etterfølgjande åra er på 35 mill. kr, og dette er same sum som i 2011-budsjettet.

### **Utstyr i skulesektoren**

Det er innarbeidd ei eiga samleløyving for utstyr over kr 100 000 med meir enn 3 års levetid. Slikt utstyr vert ført i investeringsbudsjettet. På driftsbudsjettet vil ein ha ei tilsvarande negativ samleløyving.

Budsjettposten gjeld utstyr skulane kjøper gjennom året. Budsjett- og rekneskapsføresegnene gjer at finansieringa av slikt utstyr må gjerast ved ei overføring frå drifts- til investeringsbudsjettet.

Ved å budsjettera desse samleløyvingane vil ein i det opphavlege budsjettet få meir korrekte tal for korleis utstyrskjøpa vert fordelte mellom driftsbudsjettet og investeringsbudsjettet.

Ut frå erfaringstal dei siste åra er det budsjettert med 10 mill. kr på denne posten.

### **Større undervisningsutstyr**

I budsjettet for 2011 er det budsjettert med ei samleløyving på 35 mill. kr til større undervisningsutstyr som også kan nyttast til IT-utstyr. Løyvinga kan og nyttast til utstyr til nybygg der utgiftene ikkje ligg inne i byggekostnadene. Fylkesrådmannen vil elles leggja til grunn at utstyrløyvinga også kan nyttast innan for fagskuleområdet.

Fylkesrådmannen fører opp 35 mill. kr i 2012 og same sum kvart av åra i økonomiplanperioden. Løyvinga vert fordelt av opplærings- og helseutvalet.

### **Amalie Skram videregående skole – Nybygg**

Fylkestinget godkjende i sak 45/06 ein intensjonsavtale med Bergen kommune om å samlokalisera bygging av ny vidaregåande skule i Bergen sentrum med kommunen sitt 50 meters symjeanlegg. I sak 52/09 vart detaljprosjektet for nybygget godkjent. Kjøp av skuletomt vart godkjent i fylkestingssak 70/09.

Skulen er dimensjonert for 900 elevar. I tillegg til å erstatta Tanks vidaregåande skole og Lønborg vidaregåande skole vil skulen gje ein netto auke på 300 elevplassar i Bergen. Fylkestinget godkjende linjevalet for skulen i sak 84/06. Det er m.a. planlagt oppretta idrettsfag med spesialisering i symjing sidan skulen skal liggja rett ved nytt symjeanlegg på Nygårdstangen.

Byggjearbeida starta opp hausten 2009 med planlagt ferdigstilling av byggjearbeida våren 2012. Grunnarbeidet for bassengdelen har vorte sterkt seinka, noko som fører til at skuledelen vert seinare ferdig. Dei oppdaterte planane viser no at byggjearbeida kan avsluttast hausten 2013 slik at skulen er klar til skulestart hausten 2014.

Det tidlegare kostnadsoverslaget tok utgangspunkt i innhenta tilbod og byggjetid fram til 2012. Seinaka framdrift og avvik knytt til dei inngåtte kontraktane fører til auka kostnader. Fylkesrådmannen har gjort greie for dette i sak til fylkestinget i oktober 2011. I saka er kostnadsramma foreslått auka med 100 mill. kr til 830 mill. kr.

Det er hittil løyvd 200 mill. kr, og fylkesrådmannen fører opp 307 mill. kr i 2012, 215 mill. kr i 2013 og sluttløyving på 108 mill. kr i 2014.

### **Årstad vidaregåande skole – Tilbygg/ rehabilitering**

Fylkestinget godkjende i juni 2010 eit tilbygg til skulen med ei kostnadsramme på 90 mill. kr. Tilbygget er ein lekk i eit større rehabiliterings- og ombyggingsarbeid som skal betra arbeids- og læringsmiljøet ved skulen. Etter at tilbygget er fullført, etter planen i 2012, vil ein halde fram med arbeid i eksisterande bygningsmasse.

Løyvingar på til saman 120 mill. kr er budsjetterte i perioden 2007–2011. Forslaget for 2012 og dei etterfølgjande åra er på 50 mill. kr pr. år.

### **Bergen maritime vidaregåande skole - Tilbygg**

Det er tidligare løyvd midlar til kjøp av ny boresimulator. For å husa simulatoren er det sett opp eit tilbygg på taket av skulen. Oppdatert kalkyle for kostnadene er på 11 mill. kr. Dette er 2 mill. kr meir enn tidlegare rekna med. Fylkesrådmannen fører opp denne restsummen i budsjettet for 2012.

### **Voss – Ny skulestruktur**

Fylkesrådmannen viser til fylkestinget sine vedtak i mars og juni 2007 (sakene 1/07 og 37/07) om restrukturering av dei vidaregåande skulane på Voss. Det skal vera to skular i den framtidige skulestrukturen på Voss, ein skule på Skulehaugen og ein skule på Skulstadmoen, og det er trong for omfattande investeringar. Reguleringsplanane for dei to skulane er sendt Voss kommune til vidare handsaming, og arbeidet med programmering er starta opp. Ein tek sikte på at begge skulane skal vera klare til skuleåret 2015/2016.

Det er førebels kostnadsoverslag på 330 mill. kr for investeringane til Nye Voss gymnas på Skulehaugen. Det er tidlegare løyvd 7 mill. kr, og fylkesrådmannen har ført opp 15 mill. kr i 2012, 78 mill. kr i 2013, 130 mill. kr i 2014 og sluttløyving på 100 mill. kr i 2015.

Når det gjeld investeringar til Nye Voss vidaregåande skule på Skulstadmoen, er førebels kostnadsoverslag på 230 mill. kr. Det er ført opp 15 mill. kr i 2012, 50 mill. kr i 2013, 100 mill. kr i 2014 og 65 mill. kr i 2015.

Det er lagt til grunn at noko av investeringskostnadene skal dekkjast ved sal av skulebygningar som ikkje lenger skal brukast. Fylkesrådmannen vil koma attende til dette når ein har betre oversyn over kva bygningar som skal seljast.

### **Åsane vidaregåande skole – Nybygg**

Åsane vidaregåande skule held i dag til i leigde lokale fordelt på 3 bygningar der nokre er i særskild dårleg stand. I Åsane senter har fylkeskommunen tidlegare kjøpt ei tomt i tilknytning til U. Pihl vidaregåande skole. Planen er ei samlokalisering av dei to skulane med eit tilbygg på ca. 10 000 m<sup>2</sup>.

For 2011 er det budsjettert med 5 mill. kr. til oppstart av planarbeidet. Skuleprosjektet er førebels kost-

nadsrekna til 400 mill. kr. Husleiga ein betalar i dag kan finansiera om lag halve kostnaden.

Forslaget til løyving for 2012 er på 5 mill. kr til vidare planlegging. Vidare utover i økonomiplanperioden er det ført opp 50 mill. kr i 2013, 70 mill. kr i 2014 og 100 mill. kr i 2015. Sluttløyvingane kjem etter økonomiplanperioden.

## TANNHELSE

Samla investeringar innan tannhelsetenesta er ført opp med 30,5 mill. kr i 2012, 19,5 mill. kr i 2013, og 14,5 mill. kr kvart av åra 2014 og 2015. I 2011-budsjettet er løyvingane på til saman 14,5 mill. kr.

### Utstyr tannhelsetenesta

Forskrift om bruk og vedlikehald av medisinsk-teknisk utstyr krev at den offentlege tannhelsetenesta (DOT) til ei kvar tid har oversikt over alt slikt utstyr på alle tannklinikkar. Ein har tidligare notert dette på manuelle skjema, men det har vist seg vanskeleg å halda desse skjema oppdaterte.

Tannhelsetenesta vil ta i bruk elektronisk registrering av alt medisinsk-teknisk utstyr for å få godt nok oversyn. Utstyret vert merka med ein chip, og all service og vedlikehald på det aktuelle utstyret vil bli registrert i eit dataprogram. Fylkesrådmannen fører opp 1 mill. kr til denne oppgradringa i 2012.

For 2012 budsjetterer fylkesrådmannen i tillegg med 4,5 mill. kr til utstyr i tannhelsetenesta slik at samla løyving i 2012 vert 5,5 mill. kr.

For åra 2013, 2014 og 2015 er det sett av 4,5 mill. kr til utstyr i tannhelsetenesta.

### Opprusting av tannklinikkar

Til opprusting av tannklinikkar er det i 2011-budsjettet ei samleløyving på 10 mill. kr. Ut frå føreliggjande planar foreslår fylkesrådmannen å auka denne budsjettposten for åra 2012 og 2013. For 2012 er det forslag om 25 mill. kr til opprusting og for 2013 er det foreslått sett av 15 mill. kr. For åra 2014 og 2015 foreslår fylkesrådmannen løyvingar på 10 mill. kr kvart av åra – same sum som i 2011-budsjettet.

Løyvingane vil gå med til å fullføra prosjekt ved tannklinikane på Stord, Fusa og Sørås. Når arbeidet med nytt odontologibygg på Årstadvollen er ferdig, er det planen å utvida Årstad tannkli-

nikk. Det er også under planlegging nye klinikkar i Norheimsund og Kvinnherad.

## REGIONAL UTVIKLING

Det er sett av 1 mill. kr kvart år i økonomiplanperioden til oppfølging av fylkeskommunen si regionale rolle. Fylkeskommunen kan t.d. gå inn i selskap innanfor innovasjon og nyskaping eller selskap med regional utvikling som fokus.

### Næringsføremål

Fylkesrådmannen foreslår å setja av 1 mill. kr kvart år i økonomiplanperioden til oppfølging av fylkeskommunen si regionale rolle.

Fylkesrådmannen legg til grunn at fylkesutvalet har fullmakt til å fordela budsjettsummen i egne saker i samsvar med delegasjonsreglementet.

## SAMFERDSEL

Fylkeskommunen har ansvaret for drift og utbygging av Bybanen medrekna kjøp av vognmateriell. Fylkestinget har vedteke å kjøpa ytterlegare fem vogner til Bybanen i tillegg til dei 12 som først vart kjøpte. Fylkesrådmannen foreslår å løyva 43 mill. kr i 2012 for å fullføra løyvingane til vognene det er vedtak om å kjøpa inn.

I budsjettet for 2012 er det ført opp 4 mill. kr til overtaking av bussterminalar. Dette året er det også innarbeidd 5 mill. kr til sjåførfasilitetar. Dette gjeld i hovudsak toalett, men i nokre høve også opphaldsrom for sjåførane. Det er også teke med 1 mill. kr til tidsmessige ventefasilitetar på Flesland kai.

Det vert sett av 20 mill. kr til arbeidet med ruteinformasjonssystem i 2012, og det vert rekna med tilsvarende løyvingar i 2013 og 2014.

Fylkeskommunen sine utgifter til fylkesveginvesteringar medrekna rassikringstiltak er på 1 298,7 mill. kr i vedteke budsjett for 2011. Vidare utover i perioden er det ført opp 1 309,3 mill. kr i 2012, 1 142,4 mill. kr i 2013, 1 277,2 mill. kr i 2014 og 836,4 mill. kr i 2015.

I tillegg kjem utgiftene til byggjesteg 2 av Bybanen, som er på 578 mill. kr i 2011, 563 mill. kr i 2012 og 140 mill. kr i 2013.

Frå 2010 får ein verknaden av at fylkesveginvesteringane vert bruttobudsjetterte, medan ein før 2010 berre budsjetterte den delen som vart dekkja med fylkeskommunale lån og driftsmidlar. No får ein med også den delen som er finansiert med bompengar, kompensasjonsmidlar, statstilskot og tilskot og forskotteringar frå kommunar og private. Dette medfører høgare tal både på utgiftssida og inntektssida i budsjettet.

Fylkeskommunen sine samla investeringsutgifter i samferdselsektoren er i følgje forslaget på 1 945,3 mill. kr i 2012, 1 302,4 mill. kr i 2013, 1 297,2 mill. kr i 2014 og 836,4 mill. kr i 2015.

### Billetteringssystem

Til nytt billetteringssystem er det løyvd til saman 234 mill. kr med sluttløyving på 47 mill. kr i 2011.

### Bybanen i Bergen – Vognmateriell

Fylkeskommunen har ansvaret for drifta av Bybanen. Med driftsansvaret følgjer også kjøp av

vognmateriell. Det er inngått avtale med eit tysk firma om kjøp av 12 vogner for til saman 240 mill. kr som er løyvt over budsjettåra 2007-2009.

Fylkestinget vedtok i sak 4/10 å kjøpa ytterlegare fem vogner i tillegg til dei 12 vognene som er skaffa. Vognmateriellet skal nyttast når 2. byggjesteg av Bybanen er ferdig og drifta fram til Lagunen startar opp. Samla kostnad for dei fem vognene er 103 mill. kr.

Medrekna prosjektkostnader er utgiftene til vognene på i alt 371,5 mill. kr. Det er hittil løyvd 328,5 mill. kr, og restløyving på 43 mill. kr vert innarbeidd i budsjettet for 2012.

### Bussanlegg Åsane

Fylkestinget vedtok i april 2008, sak 16/08, kjøp av tomt i Åsane til bruk for bussoppstillingsanlegg m.v.

Sluttløyving til utbygging av bussdepotet på tomte på Haukås i Åsane er innarbeidd i vedteke budsjett for 2011.

Føresetnaden er at utgiftene til bussdepotet og utgiftene til den delen av tomte som vert nytta til bussdepotet skal vera grunnlag for ein leigesum som busselskapa må betala i samband med anbod. Renter og avdrag for lån på den delen av tomtekostnaden som ikkje vert nytta til depotet, vert dekkja av fylkeskommunen på vanleg måte.

### Terminalar

Fylkeskommunen har ansvar for bussterminalane rundt i fylket. I området som er omfatta av Rutepakke Vest eig Tide ASA fire terminalar som det er naturleg at fylkeskommunen overtek. Fylkesrådmannen fører opp 4 mill. kr til dette i 2012.

### Sjåførfasilitetar

I samband med at bussrutekøyninga er lagt ut på anbod, må fylkeskommunen stilla til rådvelde nødvendige sjåførfasilitetar på mange endehaldeplassar. Dette gjeld i hovudsak toalett, men i nokre høve også opphaldsrom for sjåførane.

Fylkeskommunen er i drøftingar med Tide ASA om å overta ein del av selskapet sine anlegg. Det er også planen å oppgradera nokre anlegg og det kan koma på tale med nybygg. Dette vil medverka til å betra arbeidsmiljøet for sjåførane. Fylkesrådmannen fører opp 5 mill. kr til dette i 2012.

### Flesland kai

Fylkestinget godkjende i sak 10/11 kjøp av Flesland kai. Kaien vert nytta av snøggbåtruter i fylket. Det

går fram av vedtaket at fylkestinget legg til grunn at det skal opparbeidast tidsmessige ventefasilitetar på kaien. Fylkesrådmannen foreslår å setja av 1 mill. kr i 2012 til utbetringa og syta for forsvarleg tilkomst etter krava om universell utforming.

### **Ruteinformasjonssystem**

Arbeidet med ruteinformasjonssystem – sanntidssystem – er i gang organisert som eit prosjekt i regi av samferdselsavdelinga.

Det er lagt til grunn at ein kan inngå kontrakt med leverandør av sanntidssystem våren 2012. Ein kan då koma i gang med test av systemet i siste halvdel av 2012 med sikte på at systemet kan koma i bruk i løpet av 2013.

Sidan ein enno ikkje kjenner kostnadene med systemleveransen, er det vanskeleg å gje gode overslag over kostnaden.

Det vert sett av 20,0 mill. kr til arbeidet med ruteinformasjonssystem i 2012, og det vert rekna med tilsvarande løyvingar i 2013 og 2014. Medrekna tidlegare løyvingar vil det etter dette vera løyvd i alt 95 mill. kr til ruteinformasjonssystemet når ein kjem til 2014. Fylkesrådmannen legg til grunn at denne summen er tilstrekkeleg slik at det ikkje er ført opp løyving i 2015.

### **Fylkesvegar og Bybanen**

Budsjettforslaget for 2012 dekkjer det tredje året i handlingsplanperioden 2010-13. Dersom vi samanliknar dei tre første åra i perioden i handlingsprogrammet og budsjetta ser vi at framdrifta for storparten av prosjekta og tiltaka i handlingsprogrammet er følgt opp i budsjetta. Det er rettnok visse avvik i sum løyvde fylkesvegmidlar og bruk av eksterne midlar, men dette har si naturlege forklaring.

Dei fylkeskommunale løyvingane i åra 2010-12 ligg om lag 160 mill. kr høgare enn føresett i handlingsprogrammet. Dette skuldast mellom anna ei årleg ekstraløyving til forsterka vedlikehald på 30 mill. kr, forsert framdrift for Jondalstunnelen (ferdig i 2012 mot føresett i 2013) og auka løyvingar til fleire mindre prosjekt og sekkeposttiltak.

Av eksterne midlar er det føresett nytta om lag 500 mill kr mindre i desse tre åra enn i handlingsprogrammet. Bakgrunnen er utsett oppstart av dei to store prosjekta i Bergensprogrammet; - Ringveg vest 2. byggjesteg (ferdig i 2015) og Bybanen frå Nesttun til Lagunen (ferdig i 2013). Desse

prosjekta er utsett med om lag eitt år i høve til handlingsprogrammet.

Handlingsprogrammet gjeld som nemnt perioden 2010-2013. I økonomiplanen har ein og teke med investeringsforslag for åra 2014 og 2015. Det som er ført opp her er bindingar i høve til prosjekt oppstarta i perioden 2010-2013 og vedtak knytt til Bergensprogrammet og Bømlopakken. Eventuelle nye større prosjekt i perioden 2014-2017 vil bli presentert i forslaget til Regional Transportplan.

### **Store prosjekt utanom Bergensprogrammet**

*Fv 546 Austevollbrua. Innsparte ferjetilskot.* I samband med Stortinget si handsaming av St. prp. nr. 30 (2004-05) vart det gjort vedtak om at prosjektet i ein femtenårsperioden skulle tilførast ein årleg sum på vel 9 mill. kr i innsparte ferjesubsidiar. Delar av tilskotet vert prisjustert med 2,5% pr år. For 2012 fører fylkesrådmannen opp 9,57 mill. kr. Summen aukar til 9,91 mill. kr i 2015.

*Fv 567 Hauge – Lonevåg.* Prosjektet vert ferdigstilt hausten 2011. Fylkesrådmannen fører opp sluttløyving på 5 mill. kr i 2012.

Styringsramma for prosjektet var 194 mill. 2006- kr. Summen av fylkeskommunale løyvingar og bompengar omrekna til 2006-kr ligg innanfor denne ramma. Av samla sum på 234 mill. kr i løpande kroner er 114 mill. kr finansiert med bompengar.

*Fv 107 Jondalstunnelen.* Etter at plansituasjonen på Jondalssida vart avklart har anleggsarbeidet gått for fullt frå begge sider. Framdrifta har vore god med små problem med fjellkvaliteten. Det er rekna med gjennomslag i tunnelen hausten 2011 og ein tek sikte på å opna tunnelen for trafikk i 2012. Den raske framdrifta medfører at løyvingane må framskundast i høve til opplegget i tidlegare økonomiplanar og i gjeldande handlingsprogram.

For 2012 fører fylkesrådmannen opp løyving på 305 mill. kr. Av dette er 46,6 mill. kr tilskot frå Jondal kommune.

Fylkestinget godkjende i sak 39/11 at 10 mill. kr av den venta innsparinga for prosjektet skulle nyttast til utbetring av parsellen ved Bergfjellstunnelen mellom Austrepollen og Nordrepollen.

Det opphavlege overslaget for Jondalstunnelen etter alternativ S6 + N6 var på 848 mill. kr i 2009-kr. Med løyvingane som er foreslått i budsjettgrunnlaget, får Jondalstunnelen eit samla budsjett på 849 mill. kr i løpande kroner. Samla kostnad vil vera

noko lågare enn overslaget, men det er enno for tidleg å seia kva samla kostnad vil verta.

Samla budsjett er finansiert slik:

Statlege midlar	30,0 mill. kr
Fylkeskommunale midlar	548,4 mill. kr
Kommunale tilskot	104,7 mill. kr
Kompensasjonsmidlar	80,0 mill. kr
<u>Bompengar</u>	<u>86,0 mill. kr</u>
<u>Sum</u>	<u>849,0mill. kr</u>

*Fv 7/fv 49 Kvammapakken.* Arbeidet på tunnelen Øystese – Nes tok til sommaren 2010 med gjenomslag våren 2011. Tunnelen vert opna hausten 2011. Prosjektet er gjennomført innanfor kostnadsoverslaget.

Anbodet på parsellen Norheimsund – Vikøy på fv 49 vil bli lyst ut i 2011. Det skal m.a. byggjast gang- og sykkelveg på den nemnde strekninga. Det er vidare rekna med oppstart av parsellen Nes – Norheimsund i 2012.

For 2012 fører fylkesrådmannen opp 100 mill. kr til prosjekt i Kvammapakken. Budsjettsummen er fordelt med 83 mill. kr i bompengar og 17 mill. kr i fylkeskommunale midlar.

For 2013 foreslår fylkesrådmannen 150 mill. kr og sluttløyving på 45 mill. kr i 2014. Det kan bli endringar i desse tala.

*Fv 541/fv 542 Bømlopakken.* Arbeidet med Bømlopakken er godt i gang. Prosjekta Hollundskjosen – Hollundsdalen og rundkjøring Rubbestadneset vart sette under trafikk i 2010. Parsellen Hollundsdalen – Stokkabekken vart starta opp hausten 2010. Kostnaden er om lag 60 mill. kr, og byggjeperiode 16 månader. Miljøgate Rubbestadneset skal gjennomførast i 2011. Kostnad om lag 15 mill. kr.

Arbeidet med ny veg frå Stokkabekken til Rubbestadneset vil venteleg starta opp i 2011. Dette er eit stort prosjekt med eit kostnadsoverslag på vel 100 mill. kr og vil stå ferdig i 4. kvartal 2013.

Det er vidare føresett gjennomført mindre tiltak på vegen til Goddo. Kostnadsramme 6 mill. kr.

Framdrifta for nokre av prosjekta har gått noko seinare enn løyvingane ein har hatt til rådvelde. For 2012 fører fylkesrådmannen opp 49,4 mill. kr til Bømlopakken. Det er då lagt til grunn at ein i

tillegg kan nytte 33 mill. kr i bompengemidlar som låg inne i budsjettet for 2011, men som ikkje vart rekvirert ut. Det er vidare føresett at dei 15 mill. kr som vert refundert Bømlø kommune for forskotteringa av vegen forbi Stokkajuvet, skal gå inn i finansieringa av Bømlopakken.

Budsjettsummen i 2012 på 49,4 mill. kr er fordelt med bompengar 15 mill. kr, kompensasjonsmidlar på 25,4 mill. kr, kommunalt tilskot 3 mill. kr og fylkeskommunal løyving på 6 mill. kr.

Samla investering i Bømlopakken i 2012 vert etter dette 97,4 mill. kr.

For 2013 fører fylkesrådmannen opp 63 mill. kr og for kvart av åra 2014 og 2015 er det forslag om 60 mill. kr.

*Fv 48 Tunnel bak Tysse, Samanger.* Prosjektet gjeld tunnel bak Tysse i Samanger. Vegen på strekninga er særsmal – særleg i Tysse sentrum. Tunnelen vil gje samanhengane god standard på heile strekninga til Eikelandssosen.

Kostnadsoverslag for prosjektet var i 2008 sett til 335 mill. 2008-kr. Prosjektet skal starta i 2012 og fylkesrådmannen budsjetterer med 10 mill. kr. For 2013 er det ført opp 90 mill. kr. Desse to løyvingane er forskottering frå Samanger kommune/Frank Mohn AS/BKK/Fusa Kraftlag. For 2014 foreslår fylkesrådmannen å setja av 150 mill. kr og for 2015 er det førebels ført opp 150 mill. kr. Løyvingane i 2014 og 2015 er fylkeskommunale midlar. Budsjettsummane mot slutten av økonomiplanperioden må justerast når framdrifta av prosjektet er kjent og nye kostnadsoverslag ligg føre.

#### *Askøypakken*

Fylkestinget har vedteke at den fylkeskommunale delen av Askøypakken skal utgjera 200 mill. kr. Fylkesrådmannen har førebels ikkje innarbeidd midlar til tiltaket, men vil koma attende til dette når finansieringsopplegget for Askøypakken er nærare avklara.

#### *Rv 555 Breivikskiftet–Drotningvik. Forskottering*

Fylkestinget har vedteke forskottering på inntil 100 mill. kr til bygging av kollektivfelt på strekninga Breivikskiftet–Drotningvik. Fylkesrådmannen har førebels ikkje innarbeidd forskotteringssummen i budsjettet. Ein vil koma attende til forskotteringa når avtale med staten ligg føre.

## **Bergensprogrammet.**

### *Ringveg Vest 2. byggjesteg*

Anleggsarbeidet for 2. byggjesteg på Ringveg Vest (Sandeidet – Liavatnet) starta på nyåret 2011, og det er venta at prosjektet står ferdig i 2015. Styringsramma for prosjektet er 1 490 mill. 2009-kr.

For 2012 fører fylkesrådmannen opp ei løyving på 308 mill. kr fordelt med 278 mill. kr i bompengar og 30 mill. kr i fylkeskommunale midlar.

For 2013 foreslår fylkesrådmannen å setja av 348 mill. kr, for 2014 er forslaget 468 mill. kr og for 2015 er det sett av 175 mill. kr.

### *Kanalvegen/Minde Alle*

Fylkesrådmannen fører opp sluttløyving til arbeidet med støyskjerming og rundkjøringa på 20 mill. kr i 2012 finansiert med bompengar.

### *Sekkepostar*

I Bergensprogrammet er det sett av årlege løyvingar til ulike programområde som trafikksikring, gang- og sykkelveg, kollektivtiltak og miljøtiltak (inkl. tiltak i Bergen sentrum). For 2012 fører fylkesrådmannen opp 180 mill. kr til tiltak innanfor dei ulike programområda finansiert med fylkeskommunale midlar. Ein stor del av kollektivposten vil gå til oppgradering av Bystasjonen.

I bompengeproposisjonen om Bergensprogrammet var det lagt til grunn ei årleg løyving på gjennomsnittleg 150 mill. 2009-kr til sekkeposttiltak.

Løyvinga i 2011 var på 200 mill. kr og som nemnt er forslaget for 2012 180 mill. kr – altså noko over det som ligg til grunn i bompengesøknaden. Dette er bakgrunnen for at fylkesrådmannen for 2013 foreslår 110 mill. kr og for 2014 fører opp 130 mill. kr. For 2015 er det forslag om å setja av 165 mill. kr i samsvar med opplegget i bompengesøknaden.

Belønningstilskotet til Bergensområdet vil delvis bli nytta til investeringsføremål. Det er sett av 29

mill. kr i 2012 til programområde kollektiv og gang og sykkel. I 2013 er det sett av 60 mill. kr og i 2014 80 mill. kr.

Samla sum til sekkepostar i Bergensprogrammet er etter dette på 209 mill. kr i 2012, 170 mill. kr i 2013, 210 mill. kr i 2014 og 165 mill. kr i 2015.

### *Bybanen 2. byggjesteg*

Anleggsarbeidet starta på nyåret 2011 og det er rekna med at strekninga kan opnast for trafikk i 2013. Styringsramma er 1 490 mill. 2009-kr.

For 2012 fører fylkesrådmannen opp 563 mill. kr fordelt med 533 mill. kr i bompengar og 30 mill. kr i fylkeskommunale midlar. For 2013 er det ført opp sluttløyving på 140 mill. kr.

## **Belønningstilskot**

Avtale mellom Samferdselsdepartementet, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune om belønningstilskot til betre kollektivtransport og mindre bilbruk for perioden 2011-2014 vart inngått i juni 2011.

Tildelinga er på totalt 550 mill kroner, med følgjande årlege summar:

2011: 70 mill kroner  
2012: 150 mill kroner  
2013: 168 mill kroner  
2014: 162 mill kroner

I avtalen er det lagt til grunn ei førebels fordeling av midlane. Det er føreset at det skal utarbeidast ein tiltaksplan for fireårsperioden som skal danna grunnlag for den endelege disponeringa av dei tildelte midlane. I budsjettet for 2012 legg fylkesrådmannen til grunn ei fordeling av belønningsmidlar som vist i tabellen under. Fordelinga er i samsvar med føresetnadene i avtalen. Fylkesrådmannen vil koma tilbake til fylkestinget med eiga sak om oppfølging av belønningsmiddelordninga i løpet av 2011.



Tiltak	2011	2012	2013	2014	Merknad
Vidareføring og utvikling av takstiltak og nye rutetilbud	30	25	20	15	Fylkeskommunen sitt driftsbudsjett
Framkomstiltak for buss	3	15	30	57	Bergensprogrammet, årleg byggeprogram
Informasjon og marknadsføring	2	5	7	16	Fylkeskommunen sitt driftsbudsjett
Sykkeltiltak	3	14	30	23	Bergensprogrammet, årleg byggeprogram
Fortetting og konsentrert byutvikling langs bybanetra- seen	2	1	1	1	Planarbeid Bergen kommune
Bybanen byggetrinn 3	30	90	80	50	Til prosjektering/grunnerverv – vert sett av på fond til prosjektet er klart til realisering

### Mindre prosjekt

*Fv 209/fv 223 Brattholmen–Storskaret.*

Dette trafikksikringsprosjektet er i hovudsak finansiert med tilskot frå Fjell kommune. Budsjettsummen på 0,5 mill. kr gjeld sluttøyving av tilskotet frå Fjell kommune.

*Fv 565 Fotgjengarkryssing ved Alver.*

Fylkesrådmannen fører opp sluttøyving på 2 mill. kr i 2012 til dette trafikksikringsprosjektet. Samla kostnad for prosjektet vert dermed 21 mill. kr.

*Fv 550 Utne–Herand.* Til opprusting av denne vegen til 10-tonns akseltrykk og 19 meters vogn-  
toglengde vart det løyvt midlar i tiltakspakken i 2009. I handlingsprogrammet vart det sett av 15 mill. kr i 2010 og 2011. Det har vore tidkrevjande å få fram ein plan for denne opprustinga fordi ein ønskjer å bevare den spesielle karakteren denne vegen har.

På grunn av den seinka framdrifta vart budsjettsummen på 5 mill. kr i 2011 omdisponert i fylkestingssak 12/11. Fylkesrådmannen fører opp att summen på 5 mill. kr i budsjettet for 2012.

*Fv 209 Storskaret–Arefjordpollen.*

Prosjektet vil avlasta lokalvegnettet for trafikk samstundes som det vert bygt gang- og sykkelveg. Førabels kostnadsoverslag er sett til 60 mill. kr, men dette overslaget må reviderast, og fylkesrådmannen vil koma attende til dette. For 2012 fører fylkesrådmannen opp 2 mill. kr til planarbeid. For 2013 er det forslag om 28 mill. kr og førabels sluttøyving i 2014 med 40 mill. kr.

*Fv 158 Grindavoll–Lepsøy bru.*

Prosjektet gjeld gang- og sykkelveg og vil gje betre framkomst for næringstransporten. Førabels kostnadsoverslag er sett til 56 mill. kr, men dette må konkretiserast nærare i det vidare arbeidet. Fylkesrådmannen har sett av 20 mill. kr i 2013 og 36 mill. kr i 2014.

*Sekkepostar utanom Bergen.*

Desse midlane går til mindre prosjekt utanfor Bergen kommune. Midlane går i hovudsak til trafikksikringsprosjekt, gang- og sykkelveg og mindre utbetringar. Fordelinga på prosjekt og tiltak vil bli lagt fram for fylkestinget i ei eiga sak. Rammene for 2012 er noko høgare enn i økonomiplanen, det er m.a. sett av 5 mill. kr i kollektivmidlar til innfartsparkering i Os. Trafikksikringsposten er og auka noko.

Det er og i tråd med tidlegare fylkestingsvedtak sett av midlar til innløyving av hus/eigedomar som ligg i regulert vegtrase. Det er sett av 3 mill. kr kvart år frå og med 2012.

Fylkestinget auka denne posten i budsjettet for 2011 med 30 mill. kr til forsterka vedlikehald. Fylkesrådmannen foreslår å vidareføra denne summen kvart av åra i økonomiplanperioden.

For 2012 foreslår fylkesrådmannen 118 mill. kr i sekkepostiltak, for 2013 er forslaget 111 mill. kr og for åra 2014 og 2015 er forslaget høvesvis 113 og 123 mill. kr.

### Rassikringstiltak på fylkesveg

Prosjekta på denne budsjettposten vert finansiert innanfor den statlege tilskotsordninga for rassikring på fylkesveg. For perioden 2010-2013 har Horda-

land fylkeskommune fått tilsegn om 283 mill. kr, og i perioden 2014-2019 er det gitt tilsegn om 175 mill. kr for å gjera ferdig dei prosjekta som starta i første periode. For 2011 fekk Hordaland fylkeskommune 59 mill. kr. For 2012 budsjetterer fylkesrådmannen med eit statstilskot på 102,36 mill. kr fordelt på prosjekta som er omtala nedanfor. I tillegg er det budsjettert med forskottering frå Ulvik herad på 30 mill. kr til parsell på Fv 572 ved Eddagjelet/Torgilsberget. Samla budsjett til rassikringstiltak vert dermed 132,36 mill. kr.

*Fv 572 Eddagjelet, Eddagjelet sør, Torgilsberget, Ulvik kommune.* På strekninga frå Ulvik til Brurarvik er det registrert mange raspunkt og på ei strekning på 4 km er det registrert 11 raspunkt.

Eddagjelet, Eddagjelet sør og Torgilsberget er raspunkt som ligg tett ved kvarandre på ei strekning på ca. 700 m. Reguleringsplanarbeidet for prosjektet har teke noko lengre tid enn tidlegare føresett. Ein har konkludert med at det skal byggjast ein lang tunnel og det tidlegare kostnadsoverslaget på 56 mill. kr må difor oppjusterast. Det vert no lagt til grunn ein prosjektkostand på vel 129 mill. kr.

Opplegget er at reguleringsplanen vert godkjend i Ulvik herad tidleg på hausten 2011. Prosjektet vert då lyst ut som totalentreprise og ein legg til grunn at arbeidet kjem raskt i gang.

For 2012 budsjetterer fylkesrådmannen med 40,445 mill. kr til dette prosjektet. Av denne summen er det rekna med forskottering frå Ulvik herad på 30 mill. kr. I 2011 vart det sett av 46 mill. kr slik at fylkesrådmannen fører opp sluttløyving i 2013 på 42,7 mill. kr.

*Fv 7 Haukanesberget, Granvin kommune.* Det er ca. 20 nedfall av stein, snø og is kvart år på ei rasstrekninga på ca. 700 m. Ved bygging av tunnel kan heile strekninga verta om lag 2 km.

Reguleringsplanen for dette prosjektet vert sendt på høyring hausten 2011 og venta vedteken tidleg i 2012. Ein kan då få til anleggsstart midt i 2012.

Prosjektet er kostnadsrekna til nær 208 mill. kr. for 2012 fører fylkesrådmannen opp 73,155 mill. kr. For 2013 er det forslag om 74,72 mill. kr og sluttløyving er sett av i 2014 med 60 mill. kr.

*Fv 7 Kattadalen, Granvin kommune.* Tiltaket omfattar rasgjerde og nett. Fylkesrådmannen fører opp 15,67 mill. kr i 2012.

*Fv 7 Lussandberget, Granvin kommune.* Tiltaket er bygging av om lag 800 m tunnel for å sikra mot ras. Førebels kostnadsoverslag er på 160 mill. kr.

Det er ført opp 43,64 mill. kr i 2014 og 80 mill. kr i 2015. Resten av midlane må løyvast etter økonomiplanperioden.

#### *Mindre rassikringstiltak.*

Denne posten skal dekkja arbeidet med sikring av mindre raspunkt på heile fylkesvegnettet i Hordaland.

Det er ført opp ein sum på vel 3 mill. kr kvart år i økonomiplanperioden.

#### *Oppsummering – rassikring fylkesvegar*

For 2012 foreslår fylkesrådmannen å løyva 132,36 mill. kr til rassikringstiltak. For 2013 er summen 120,62, for 2014 106,91 og for 2015 113,5 mill. kr.

Rassikringstiltaka vert finansierte med øyremerka statstilskot til ordninga. For 2012 har ein i tillegg forskottering frå Ulvik herad på 30 mill. kr slik at statstilskotet dette året er budsjettert til 102,36 mill. kr.

#### **Finansiering**

Ein stor del av investeringsutgiftene til fylkesvegar og Bybanen vert finansierte med bompengar. Prosjekt med bompengefinansiering i 2012-budsjettet er desse:

Bybanen byggjesteg 2	533,0 mill. kr
Ringveg vest byggjesteg 2	278,0 mill. kr
Kanalveien/Minde Alle	20,0 mill. kr
Bømlopakken	15,0 mill. kr
Kvammapakken	<u>83,0 mill. kr</u>
Sum bompengar 2011	<u>929,0 mill. kr</u>

Andre eksterne finansieringsformer er forskotteringar frå kommunar og private verksemdar, tilskot frå stat, kommunar og private, og bruk av fylkeskommunale kompensasjonsmidlar. Til saman utgjer desse andre eksterne finansieringskjeldene 246,86 mill. kr i 2012.

Eigne midlar medrekna fylkeskommunale lån utgjer 696,47 mill. kr i 2012. Samla investeringsutgifter til fylkesvegar og Bybanen er dermed på 1 872,33 mill. kr i forslaget for 2012.

Tabellen nedanfor gjev oversyn over investeringar til fylkesvegar og Bybanen i 2012 og for åra i økonomi-planperioden fram til og med 2015.

	Budsjett 2012	Øk.plan 2013	Øk.plan 2014	Øk.plan 2015
<b>Store prosjekt utanom Bergenspro- grammet</b>				
Fv 546 Austevollbrua, ferjetilskot	9 570	9 680	9 790	9 910
Fv 567 Hauge–Lonevåg	5 000			
Fv 107 Jondalstunnelen	305 000			
Fv 7/fv 49 Kvammapakken	100 000	150 000	45 000	
Fv 541/542 Bømlopakken	49 400	63 000	60 000	60 000
Fv 48 Tunnel bak Tysse	10 000	90 000	150 000	150 000
<b>Bergensprogrammet</b>				
Ringveg vest. Byggjesteg 2	308 000	348 000	468 000	175 000
Bybanen. Byggjesteg 2	563 000	140 000		
Kanalveien/Minde Alle	20 000			
Sekkepostar	209 000	170 000	210 000	165 000
<b>Mindre prosjekt</b>				
Fv 565 Fotgjengarkryssing ved Alver	2 000			
Fv 550 Utne–Herand	5 000			
Fv 209/233 Brattholmen–Storskaret	500			
Fv 209 Storskaret–Arefjord, Fjell	2 000	28 000	40 000	
Fv 158 Grindavoll–Lepsøy, Os		20 000	36 000	
Sekkepostar utanom Bergen	118 000	111 000	113 000	123 000
<b>Rassikringstiltak</b>				
Fv 572 Eddagjelet/Torgilsberget, Ulvik	40 445	42 700		
Fv 7 Haukanesberget, Granvin	73 115	74 720	60 000	
Fv 7 Kattadalen, Granvin	15 670			
Fv 7 Lussandberget, Granvin			43 640	80 000
Diverse tiltak	3 130	3 200	3 270	3 500
<b>Refusjonar</b>				
Fylkesvegprosjekt	33 500	32 100	38 500	40 000
Rassikringsprosjekt				30 000
<b>Sum</b>	<b>1 872 330</b>	<b>1 282 400</b>	<b>1 277 200</b>	<b>836 410</b>

	Budsjett 2012	Øk.plan 2013	Øk.plan 2014	Øk.plan 2015
<b>Investeringsinntekter</b>				
Bompengar	929 000	595 000	445 000	170 000
<i>Herav: Kvammapakken</i>	83 000	135 000	35 000	
<i>Bømlopakken</i>	15 000	32 000	22 000	50 000
<i>Ringvei vest. Byggjesteg 2</i>	278 000	318 000	388 000	120 000
<i>Bybanen. Byggjesteg 2</i>	533 000	110 000		
<i>Kanalveien/Minde Alle</i>	20 000			
Forskottering kommunar	40 000	90 000		
<i>Herav: Tunnel bak Tysse</i>	10 000	90 000		
<i>Eddagjelet/Torgilsberget</i>	30 000			
Tilskot kommunar	50 100	3 000	3 000	
<i>Herav: Jondalstunnelen</i>	46 600			
<i>Bømlopakken</i>	3 000	3 000	3 000	
<i>Brattholmen–Storskaret</i>	500			
Kompensasjonsmidlar	25 400	25 000	25 000	
<i>Herav: Bømlopakken</i>	25 400	25 000	25 000	
Statstilskot, rassikring	102 360	120 620	106 910	113 500
<i>Herav: Eddagjelet/Torgilsberget</i>	10 445	42 700		30 000
<i>Haukanesberget</i>	73 115	74 720	60 000	
<i>Kattadalen</i>	15 670			
<i>Lussandberget</i>			43 640	80 000
<i>Mindre rassikringstiltak</i>	3 130	3 200	3 270	3 500
Statstilskot, belønningstilskot	29 000	60 000	80 000	
<i>Herav: Til sekkepostar</i>	29 000	60 000	80 000	
<b>Sum finansiering</b>	<b>1 175 860</b>	<b>893 620</b>	<b>659 910</b>	<b>283 500</b>
<b>Netto investeringsutgifter</b>	<b>696 470</b>	<b>388 780</b>	<b>617 290</b>	<b>552 910</b>

## Refusjonar

Tabellen nedanfor viser fylkesrådmannen sitt forslag til refusjon av forskotteringar i komande periode. I 2012 er det lagt opp til refusjonar på til

saman 33,5 mill. kr. For 2013 er det sett av 32,1 mill. kr, for 2014 er refusjonssummen 38,5 mill. kr og for 2015 er det ført opp 40 mill. kr.

Forskotert av	Veg. nr	Prosjekt	Vedtekne forskot	Rest å refundera					Etter 2015
				31.12.2011	2012	2013	2014	2015	
<b>Askøy</b>									
Askøy kommune	562	Juvikflaten II	4 500	4 500			4 500		0
Askøy kommune	562	Haugland, Fauskang., Juvik	8 700	8 700					8 700
Askøy kommune	562	Fauskanger	3 000	3 000					3 000
Askøy kommune	562	Strusshamnkruset	5 000	5 000					5 000
Adams Express Eien- domsinvest	212	Follese skole – trafikkisikring	15 000	15 000					15 000
<b>Austevoll</b>									
Austevoll kommune		Ny veg på Hundvåkøy	1 000	1 000					1 000
<b>Austrheim</b>									
Austrheim kommune	565	Årås - Heiane	2 000	2 000				2 000	0
Austrheim kommune		Veg til Vardetangen	1 800	1 800					1 800
<b>Bergen</b>									
Bergen Kommune		Sædalsvegen	87 500	73 400	7 500	8 000	15 000	15 000	27 900
Nexi bygg m.fl.		Håkonshellavegen	6 000	6 000					6 000
<b>Bømlo</b>									
Bømlo kommune	542	Gilje - Alfsvåg	1 500	1 500	1 500				0
Bømlo kommune	542	Stokkajuvet	15 000	15 000	15 000				0
Bømlo kommune		FV 14 Stavland	1 150	1 150					1 150
Bømlo kommune		Fv 18 Laurhamar - Urangskjosen	1 200	1 200					1 200
<b>Etne</b>									
Etne kommune		Fv 34 Skånevik kai - Idrettsanlegget	15 000	15 000					15 000
<b>Fjell</b>									
Fjell kommune	555	Fjell Gard	2 000	2 000			2 000		0
Fjell kommune	555	Fjell sentr. Skreiebrekko	3 000	3 000			3 000		0
Fjell kommune	559	Fjell - Ulveset	14 000	14 000					14 000
Fjell kommune	561	Kryss Fjæreidevegen	5 000	5 000					5 000
Fjell kommune		Foldnes - Våge	6 000	6 000			2 000	2 000	2 000
<b>Fitjar</b>									
Midtfjellet vindmøllepark	545	Rimbareid – Fitjar sentrum	10 000	10 000					10 000
<b>Fusa</b>									
Fusa kommune		Fusa - Strandvik I	15 000	15 000	2 000			3 000	10 000
Fusa kommune		Fusa - Strandvik II	3 000	3 000					3 000
Fusa kommune		Fusa - Strandvik III	3 000	3 000					3 000
Fusa kommune		Fv 125 Holmefjord - Holsund	1 400	1 400					1 400
Frank Mohn Fusa AS	552	Gangveg Venjanaset	3 500	3 500					3 500
Fusa Kraft/Frank Mohn	48	Moshovdatunnelen	70 000	70 000				5 000	65 000
Fusa Kraftlag m. fl.	551	Austrepo. - Løfallstrand	4 000	4 000					4 000
Fusa Kraftlag m. fl.		Fusa - Kryss veg Skjørsand kai	15 000	15 000					15 000
Fusa Kraftlag m. fl.		Skjørsand - Skåte	15 000	15 000					15 000
<b>Kvam</b>									
Kvam herad	49	Strandebarmsvegen	5 750	5 750		5 750			0
<b>Kvinnherad</b>									
Kvinnherad kommune	48	G&s-veg Sandvoll	5 000	5 000					5 000
Kvinnherad kommune	48	Erslandsmarka	6 000	6 000					6 000
Kvinnherad kommune	551	Austrepo. - Løfallstrand	1 500	1 500					1 500
Kvinnherad kommune	544	Tofte - Ranavik	40 000	40 000					40 000
SKL		Omvikdalen - Matre	9 500	4 500	4 500				0

Forskotert av	Veg. nr	Prosjekt	Vedtekte forskot	Rest å refundera					Etter 2015
				31.12.2011	2012	2013	2014	2015	
<b>Lindås</b>									
Lindås kommune	565	Alverflaten	1 150	1 150		1 150			0
Lindås kommune	565	Isdalstø - Alver	9 000	9 000					9 000
28 verksemder + Lindås kom	57	Espeland-Herland	70 000	70 000				5 000	65 000
<b>Meland</b>									
Meland kommune	564	Fløksand - Orrhøyen	6 500	6 500				2 000	4 500
Frank Mohn Holding AS	564	Dalstø - Mjåtveit	25 000	25 000					25 000
<b>Modalen</b>									
Modalen/Voss/V.Dal/Bkk		FV 313 OG FV 344	10 000	10 000					10 000
Modalen/Voss/V.Dal/Bkk		FV 313 OG FV 344 - II	1 300	1 300					1 300
<b>Odda</b>									
Odda kommune	550	Opheimsgata	10 000	10 000			4 000	6 000	0
<b>Os</b>									
Os kommune		Opprusting FV 158 Thuen	4 500	4 500					4 500
Os kommune		Opprusting Fv 158 Thuen 2	2 000	2 000					2 000
Os kommune		Fv 161 Kalvatræ	500	500					500
Os kommune		Fv 160 Lyseklostervegen - Hjorthaug	10 000	10 000					10 000
Os/Fusa/Frank Mohn	552	Osøyro-Hatvik	4 200	4 200		4 200			0
<b>Radøy</b>									
Radøy kommune		Opprusting av FV 409	2 000	2 000	2 000				0
Radøy kommune		Opprusting Lundsåsen	2 500	2 500					2 500
<b>Samnanger</b>									
Samnanger kommune		Tunnel bak Tysse	100 000	100 000					100 000
<b>Stord</b>									
Stord kommune		Fv 70 Jensanesvegen	15 000	15 000					15 000
<b>Sund</b>									
Sund kommune	555	Høyland - Børnes	15 000	15 000		10 000	5 000		0
BKK/Sund kommune		Veg til Telavåg	15 000	15 000					15 000
<b>Tysnes</b>									
Tysnes kommune		Hodnanes - Nedrevåge	4 000	4 000					4 000
<b>Ullensvang</b>									
Ullensvang herad	550	Nå sentrum	1 600	1 600					1 600
<b>Ulvik</b>									
Ulvik herad	572	Opprusting Holven - Ulvik	5 500	5 500					5 500
<b>Vaksdal</b>									
Vaksdal kommune		Trollkjelsvegen	14 000	7 000	1 000	3 000	3 000		0
Vaksdal, Modalen	569	Stamnes - Eidslandet	11 100	11 100					11 100
<b>Voss</b>									
Voss kommune		Fv 315 Bavallsvegen	14 000	14 000					14 000
<b>Sum</b>			<b>759 850</b>	<b>733 750</b>	<b>33 500</b>	<b>32 100</b>	<b>38 500</b>	<b>40 000</b>	<b>589 650</b>

## KULTUR

På investeringsbudsjettet for kultursektoren er det ført opp løyvingar til restaurering av verneverdige bygg i fylkeskommunal eige.

Summen til restaurering av verneverdige bygg i fylkeskommunal eige er sett til 3,0 mill. kr i 2012 og 1 mill. kr kvart år i perioden 2013–2015.

### **Restaurering av verneverdige bygg i fylkeskommunal eige**

Løyvinga på denne posten har dei siste åra i hovudsak gått til restaurering av Stend hovudgard, men den skal også nyttast til restaurering av andre verneverdige bygg. På Stend har ein no sett i gang

arbeid med å reetablere renessansehagen knytt til Stend gamle hovudgard, jf. fylkesutvalssak 228/10. Fylkesrådmannen vil koma attende til dette arbeidet i seinare budsjett etter at hovudprosjektet er handsama.

I 2012 foreslår fylkesrådmannen også å fullføra opprustinga av Valen gamle kraftverk.

For å få rom for å opprustingane på Stend og Valen foreslår fylkesrådmannen ei løyving på 3 mill. kr i 2012. For åra 2013, 2014 og 2015 er det forslått ei løyving på 1 mill. kr kvart år.

DRIFTSBUDSJETT  
ÅRSBUDSJETT 2012





# POLITISKE ORGAN OG ADMINISTRASJON

Tal i heile 1000 kr

			Budsjett 2011	Budsjett 2012	Endring %
400	Politisk styring	Brutto driftsutgifter	23 086	21 941	-5,0 %
		Driftsinntekter			
		Netto driftsutgifter	23 086	21 941	-5,0 %
410	Kontroll og revisjon	Brutto driftsutgifter	5 318	6 090	14,5 %
		Driftsinntekter	-1 680	-1 680	0,0 %
		Netto driftsutgifter	3 638	4 410	21,2 %
420	Administrasjon	Brutto driftsutgifter	183 294	200 916	9,6 %
		Driftsinntekter	-4 903	-5 671	15,7 %
		Netto driftsutgifter	178 391	195 245	9,4 %
421	Eigedomsforvaltning	Brutto driftsutgifter	20 660	24 480	18,5 %
		Driftsinntekter		-750	
		Netto driftsutgifter	20 660	23 730	14,9 %
430	Administrasjonslokale	Brutto driftsutgifter	21 290	21 700	1,9 %
		Driftsinntekter	-3 020	-1 700	-43,7 %
		Netto driftsutgifter	18 270	20 000	9,5 %
440	Personal- og rekr.pol. tiltak	Brutto driftsutgifter	11 746		
		Driftsinntekter	-25		
		Netto driftsutgifter	11 721		
		Sum brutto driftsutgifter	265 394	275 127	3,7 %
		Sum driftsinntekter	-9 628	-9 801	1,8 %
		Sum netto driftsutgifter	255 766	265 326	3,7 %

## Samandrag

### *Politisk styring*

I budsjetta for politiske organ er det berre gjort mindre justeringar av beløpa i høve til 2011. Ein sparer utgifter til fylkestingsval, som var budsjettetert med 1,8 mill. kr i 2011.

### *Kontroll og revisjon*

Kontrollutvalet meiner det er nødvendig å ha noko midlar i reserve dersom det dukkar opp saker som gjer det nødvendig å setje i verk forvaltningsrevisjon utanom den oppsette planen. I budsjettforsla-

get for 2012 er det ført opp 0,5 mill. kr til kjøp av tenester. Elles er budsjettet vidareført frå 2011.

### *Administrasjon*

Dei seinare åra har ein valt å presentere budsjettet inndelt etter kostra-funksjonar. Dette er neppe ei ideell inndeling for budsjettføremål, men det er ei praktisk løysing, sidan det er obligatorisk å rapportere rekneskapen til SSB etter denne inndelinga.

Ei av ulempene er at det nesten kvart år vert oppretta nye funksjonar, eller funksjonar går ut av bruk. Den tidlegare funksjonen 440 Personal- og rekrutteringspolitiske tiltak er no gått ut av bruk. Utgiftene som

tidlegare vart budsjettert her inngår i 2012 anten under 420 Administrasjon eller under 480 Diverse fellesutgifter. Dei største summene, Retrettstiltingar og Attføring og omstilling er i 2012 teke med under Diverse fellesutgifter.

Ei anna utfordring er definisjonen av "administrasjon". I kostra-samanheng omfattar dette administrativ leing og støtte- og stabsfunksjonar. Dei fleste som arbeider i fylkeshuset fell inn under andre kostra-funksjonar.

I administrasjonsbudsjettet for Kultur- og idrettsavdelinga er teke med stillingane som var ved det tidlegare Kulturlandskapsenteret. Denne plasseringa bør vurderast på nytt før rekneskapstal skal rapporterast. Dette bør ikkje kome fram som ein auke i funksjonen Administrasjon.

Det er budsjettert med stillingsauke ved fleire av seksjonane under økonomiavdelinga. Stillingstalet ved fylkeskassen er auka med 1. Dette har samanheng med elektronisk fakturahandsaming, der alle fakturaer vert registrert sentralt.

Ved innkjøpsseksjonen er det framlegg om å auke stillingstalet med 2. Den eine stillinga vert refunderd frå Nasjonal Digital Læringsarena.

Det er også stillingsauke ved eigedomsseksjonen, som vert nærare omtala under avsnittet Eigedomsforvaltning.

Ved samferdselsavdelinga er det lagt inn ei ny stilling ved transportplanseksjonen.

Det er ført opp eit sparekrav på 5 mill. kr for fylkesadministrasjonen. Ein del av dette vil ein kunne spare inn ved vakansar som oppstår gjennom året.

#### *Eigedomsforvaltning*

Bemanninga på eigedomsseksjonen er styrka i løpet av 2011. I 2012 er det budsjettert med 4 fleire årsverk enn i opphavleg budsjett for 2011.

Til arbeidet med å kartlegge bygningsmassen er ført opp 1,5 mill. kr i 2012. Fokus vil særskilt vere på lovpålagt energimerking av bygg, og på kartlegging av miljøfarlege og skadelege stoff.

#### *Administrasjonslokale*

Det er ein auke i netto driftsutgifter på ca. 1,7 mill. kr. Dette skuldast i hovudsak at leigekontrakten for Spar butikken går ut 31.12.2011.

## 400 Politisk styring

Brutto driftsutgifter	Budsjett 2011	Budsjett 2012	Endring %
Fylkesting	7 800	8 000	2,6 %
Fylkesutval	3 750	3 800	1,3 %
Ymse møter, utval og råd	650	700	7,7 %
Kultur og ressursutvalet	785	820	4,5 %
Opplærings- og helseutvalet	785	820	4,5 %
Samferdselsutvalet	785	820	4,5 %
Frikjøp av representantar	1 949	2 036	4,5 %
Stønad til politiske parti	4 782	4 945	3,4 %
Val	1 800		-100,0 %
<b>Sum brutto driftsutgifter</b>	<b>23 086</b>	<b>21 941</b>	<b>-5,0 %</b>
<b>Sum driftsinntekter</b>			
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>23 086</b>	<b>21 941</b>	<b>-5,0 %</b>

#### *Frikjøp av fylkestingsrepresentantar*

I 2011 vart frikjøpsbeløpet fastsett til kr 35.600 pr. representant. Ved reglementsrevisjonen i fylkestings sak 42/07 vart det bestemt at beløpet pr. fylkestingsrepresentant skal regulerast i samsvar med tariffjusteringar.

I budsjettarbeidet har ein førebels lagt til grunn ein lønsvekst frå 2011 til 2012 på 4,5%. Oppjustert med denne prosentsatsen vert frikjøpsbeløpet kr 37.200. Summen for 55 representantar utgjer då kr 2.046.000.

### *Stønad til fylkestingsgruppene*

Dei politiske partia sine grupper i fylkestinget får ein årleg sum som dei kan disponere til arbeidet sitt.

Frå 2007 har ein regulert stønadssatsane med same prosentsats som statsbudsjettet nyttar for løns- og prisvekst i kommunesektoren (kommunal deflator).

I 2011 vart det nytta følgjande satsar:

Stønad til fylkestingsgruppene	kr	67 360
Stønad pr. representant	kr	37 820

Om ein justerer opp beløpa med 3,35% i 2012, får ein følgjande satsar:

Grunnstønad	kr	69.620
Stønad pr. representant	kr	39.090

### *Stemmestøtte*

Det er ført opp same summen som i 2011, kr 2.090.000.

Fylkesutvalet gjorde i sak 57/92 vedtak om at summen skulle delast på dei politiske partia som var representerte i fylkestinget.

### Revidert budsjettgrunnlag

Når ein legg statsbudsjettet sine løns- og prisføresetnader til grunn, vert det nokre små justeringar i stønadssatsane. Dei nye satsane vert slik:

Stønad til fylkestingsgruppene	kr	69 550
Stønad pr. representant i gruppa	kr	39 050
Frikjøp pr. representant	kr	37 020

## 410 Kontroll og revisjon

Brutto driftsutgifter	Budsjett 2011	Budsjett 2012	Endring %
Sekretariat for kontrollutvalet	2 946	3 125	6,1 %
Kontrollutvalet	412	945	129,4 %
Ekstern revisor	1 960	2 020	3,1 %
<b>Sum brutto driftsutgifter</b>	<b>5 318</b>	<b>6 090</b>	<b>14,5 %</b>
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-1 680</b>	<b>-1 680</b>	<b>0,0 %</b>
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>3 638</b>	<b>4 410</b>	<b>21,2 %</b>

Denne funksjonen omfattar kontrollutvalet, ekstern revisor (Deloitte) og sekretariat for kontrollutvalet.

Sekretariatet for kontrollutvalet har avtale med 16 kommunar om å vere sekretariat for deira kontrollutval. I tillegg har ein avtale med Forum for Kontroll og Tilsyn. Slik det ser ut no, vil sekretariatet inngå avtale med minst 1 ny kommune hausten 2011. Ein veit enno ikkje om nokon kommunar vil seie opp avtalane.

Stillingstalet ved sekretariatet er 4 årsverk. Dette er i knappaste laget. Det vert mykje overtidsarbeid i periodar. Sekretariatet vurderer om det er mogleg å auke stillingstalet med 1, finansiert med auka inntekter. Ein har førebels ikkje trekt nokon konklusjon om dette. I budsjettforslaget er det rekna med 4 stillingar og uendra inntekter.

Kontrollutvalet meiner det er nødvendig å ha noko midlar i reserve dersom det dukkar opp saker som

gjer det nødvendig å setje i verk forvaltningsrevisjon utanom den oppsette planen. I budsjettforslaget for 2012 er det ført opp 0,5 mill. kr til kjøp av tenester.

Avtalen med Deloitte AS går ut 30.06.2012. Det er sett i gang prosess med ny konkurranseutsetting.

Budsjettforslaget vart handsama av kontrollutvalet den 25.08.2011, sak 22/11.

## 420 Administrasjon

Økonomiavdelinga og organisasjonsavdelinga vert i hovudsak definerte som administrasjon. Ved dei andre avdelingane er det berre nokre stillingar som kjem inn under definisjonen administrasjon, medan dei fleste stillingane høyrer til under andre funksjonar.

### **Økonomiavdelinga**

Det vert budsjettert med følgjande stillingar:

Økonomidirektør / budsjettseksj.	7	årsverk
Fylkeskasseraren	15	”
Innkjøpsseksjonen	11,45	”

Det er teke i bruk ei ny stilling hos fylkeskasseraren i 2011. Dette har samanheng med innføring av elektronisk fakturabehandling. Ved at all fakturaregistrering no foregår sentralt, avlastar ein skolar og andre einingar som tidlegare registrerte fakturaer. Men avlastinga på kvar stad blir så liten at det er vanskeleg å trekkje ut stillingsressursar.

Det er behov for styrka bemanning på innkjøpsseksjonen. Stillingstalet er auka med 2. Utgiftene for den eine stillinga vil bli refundert frå Nasjonal Digital Læringsarena (NDLA). I dag nyttar både innkjøpsseksjonen og andre avdelingar store summer på kjøpte tenester til innkjøpsarbeidet. Ein har eigen rammeavtale for slike kjøp.

Eigedomsseksjonen vert budsjettert under kostrafunksjon: 421 Eigedomsforvaltning.

### Organisasjonsavdelinga

Organisasjonsavdelinga har som overordna mål å arbeide for ein meir målretta og samankopla fylkeskommunal organisasjon som arbeider systembasert.

Det er budsjettert med følgjande stillingar:

Stab	7,0	årsverk
Personalseksjonen	21,4	”
Info- og servicesenter	4,0	”
HMT-seksjonen	6,3	”
IT-seksjonen	30,0	”
Informasjonsseksjonen	7,0	”
Administrasjonsseksjonen	15,4	”
Totalt	91,1	”

Nytt løns- og personalsystem og nytt kvalitetssystem skal implementerast og takast i bruk som arbeidsreiskap komande budsjettår. Leiarskapsutvikling er framleis eit viktig satsingsområde, og i 2012 vil det igjen verte arrangert Storsamling som samlar alle leiarar i Hordaland fylkeskommune. Eit nytt sak- og arkivsystem, som vil utgjere ein del av eit system for dokumenthandtering, vil verte kjøpt inn for å erstatte dagens system som er utdatert, men også for å støtte opp under behovet for meir kunnskapsoverføring og samarbeid på tvers.

I samband med arbeidet med ny kommunikasjonsstrategi for Hordaland fylkeskommune vil ny visuell profil etter planen verte presentert for fylkes-

tinget våren 2012. I kjølvatnet av dette vil det verte behov for å fornye både trykt og elektronisk materiale, slik at dette følgjer den vedtekne profilen. Det vil også verte utarbeidd eit informasjonsopplegg for å gjere den nye visuelle profilen kjend i organisasjonen.

Hordaland fylkeskommune har skaffa eit felles elektronisk kvalitetssystem som skal medverke til å standardisere kvalitetsarbeidet på tvers av ulike fagområde. I 2012 vil systemet verte implementert og skal takast i bruk som arbeidsreiskap i heile organisasjonen. Dei ulike avdelingane må følgje opp dette innan sine fagområde.

### Regionalavdelinga

I 2012 er det budsjettert med 54,5 faste stillingar. Stillingane fordeler seg slik etter kostrafunksjonar:

420 Administrasjon	12,0	årsverk
705 Næring	12,5	årsverk
715 Lokal og regional. utv.	30,0	årsverk

I tillegg er det budsjettert med 4 prosjektstillingar, finansiert over eigne budsjettpostar: LUK og Liv og lyst (1,5 årsverk), CNSS (1 årsverk) og Regionalt forskingsfond (1,5 årsverk).

Totalt er dette ein auke på 0,5 årsverk i høve til 2011, men 2 stillingar som i 2011 var prosjektstillingar er no teke inn som faste stillingar. Auken på 0,5 årsverk knyter seg til folkehelse.

### Samferdselsavdelinga

Samferdselsavdelinga er inndelt i tre seksjonar; Vegseksjonen, Transportplanseksjonen og Forvaltningseksjonen. Samferdselsavdelinga har ei bestillar og oppfylgjingsrolle overfor Skyss. I tillegg har avdelinga ei rolle i samband med bybaneutbygginga og drift av infrastrukturen. Arbeidsområdet og – omfanget til avdelinga har vorte vesentleg utvida dei seinare åra.

Det vert budsjettert med 25 stillingar i 2012, ein auke på ein stilling. Dette er ei stilling som er lagt til transportplanseksjonen. Bakgrunnen for dette er at det er eit aukande press på planressursane i samband med fleire store plansaker.

### Kultur- og idrettsavdelinga

14,6 av stillingane ved avdelinga er budsjetterte under funksjon 420 Administrasjon. Stillingar som tidlegare har vore budsjettert under Kulturlandskapsenteret, er i 2012 budsjetterte under administrasjon.

## **Tannhelseavdelinga**

7 stillingar på fylkestannlegen sitt kontor vert budsjettert som administrasjon.

## **Opplæringsavdelinga**

Opplæringsavdelinga er inndelt i fire seksjonar, administrasjonsseksjonen, fagopplæring, pedagogisk seksjon og drift og utviklingsseksjonen.

Under kostra-funksjon 420 Administrasjon fører ein utgiftene til Administrasjonsseksjonen og direktøren.

*Fellesutgifter fylkesrådmannen (kontingentar m.m.)*

Der er ført opp 7,27 mill. kr til kontingentar. KS-kontingenten er ca. 7 mill. kr. Andre kontingentar gjeld Conference of Peripheral Maritime Regions of Europe, North Sea Commission, Landssamanlutninga av nynorskkommunar, Kommunesektorens Innkjøpsforum og Kraftfylke-kontingent.

Partane i kommunal sektor oppretta i 2002 ei "OU-ordning" (Opplæring- og utviklingsordning). KS administrerer ordninga. Finansieringa er delt med 1/3 på arbeidstakar- og 2/3 på arbeidsgjevar-sida. Fylkeskommunen (arbeidsgjevar) sin del av kostnaden er rekna å utgjera om lag 2,1 mill. kr.

Det er ført opp tilskot på 1 mill. kr til Vest Noregs Brusselkontor, ein auke på kr 350 000. Tidlegare har medlemsfylka dekkja deler av tilskotet i form av arbeidsinnsats. Frå 2012 vert dette lagt om til eit kontantbidrag.

Til representasjon og gåver er det ført opp 0,9 mill. kr. Innanfor denne summen er det meininga at ein også skal finne rom for passande gåver når skolar og institusjonar markerer jubileum.

Til bedriftsidrettslaget Hordane er det budsjettert med eit tilskot på kr 75 000.

Det er ført opp ein negativ sum på 5 mill. kr som eit sparekrav for fylkesadministrasjonen. Ein del av dette vil ein kunne spare inn ved vakansar som oppstår gjennom året.

### **Revidert budsjettgrunnlag**

Det er lagt inn kr 50 000 til medlemskontingent i Norsk Gassforum. Forumet er ein interesseorganisasjon for m.a. fylkeskommunar med føremål å fremja bruk av naturgass og biogass.

## *Leiarutvikling og personalopplæring*

Som ledd i oppfølginga av Strategi for leiarutvikling i Hordaland fylkeskommune 2009 – 2013, vert det arrangert regelmessige samlingar for ulike leiarkategoriar. Kvart år vert det arrangert eigne leiarsamlingar for tre grupper leiarar: rektorar, leiarar i tannhelsetenesta og leiarar i fylkesadministrasjonen. I 2012 vil igjen alle leiarane i fylkeskommunen verte samla til Storsamling. Det vert arrangert Storsamling annakvart år.

Det er budsjettert med 1,5 mill. kr til leiarutvikling og 1,2 mill. kr til personalopplæring.

Hordaland fylkeskommune har sidan 2008 vore deltakar i prosjektet Trainee vest. Den tredje traineen tok til i fylkesadministrasjonen i august 2011. Vår deltaking i dette tiltaket vert førebels avslutta hausten 2012. Dette gjev ei innsparing på kr 245 000 i 2012.

Det er budsjettert med 1,39 mill. kr til organisasjonsutvikling.

### *Aktiv Kvardag*

Hordaland fylkeskommune sin arbeidsgivarpolitikk, der inkluderande arbeidsliv (IA) og livsfaseorientert personalpolitikk er viktige element, gjev retning for ei satsing på førebygging av skadar og sjukdom. Tiltaket Aktiv Kvardag løyver midlar til motivasjons- og gruppetiltak som kan ha ein førebyggjande effekt på helseplagar. Dette er tiltak som kostar lite, men som har stor effekt. Løyvinga til dette føremålet er auka frå kr 360.000 til kr 500.000 i budsjettforslaget.

Annakvart år arrangerer fylkeskommunen "Arbeidsmiljødagen" der alle tilsette vert inviterte til kompetanseheving og debatt om viktige arbeidsmiljøtema, samt utdeling av arbeidsmiljøpris og eldsjelpris.

### *Velferd for tilsette*

Det er ført opp kr 529.000 til velferdspengar for tilsette, som utgjær ca. kr 130 pr. arbeidstakar.

### *Kantinetilskot*

Kantinetilskotet er budsjettert med kr 750.000, mot kr 888.000 i 2011.

### *Velferdsbygg*

Fylkeskommunen har to eldre bustader som dei tilsette kan disponere på Fløksand og Gjerskvål (Voss). Det vert budsjettert med brutto utgifter på kr 160.000 og inntekter på kr 25.000.

### *Tillitsvalde*

For tillitsvalde er det budsjettert med 8,9 årsverk.

## **421 Egedomsforvaltning**

Denne funksjonen omfattar egedomsseksjonen, forsikring av bygningar og kartlegging av bygningsmassen.

Egedomsseksjonen er ein seksjon under økonomiavdelinga. Det er budsjettert med 27,8 årsverk i 2012, ein auke på vel 4 årsverk i høve til 2011. Dette er stillingsauke knytt til kollektivanlegg, kunstnerisk utsmykking, FDV og styrking av den juridiske kompetansen knytt til innkjøp / kontrakt-soppfølging.

Løyvinga til arbeidet med å kartlegge bygningsmassen er sett til 1,5 mill. kr i 2012. Fokus vil særskilt være på lovpålagt energimerking av bygg, og på kartlegging av miljøfarlege og skadelege stoff.

Forsikring av bygningar, er budsjettert med 2,75 mill. kr, om lag same sum som i 2011.

## **430 Administrasjonslokale**

Utgiftene omfattar fylkeshuset i Agnes Mowinkelsgt. og leigde areal i Wigandgården og Aasegården.

Ein budsjetterer i 2012 med brutto utgifter på 21,7 mill. kr og inntekter på 1,7 mill. kr. Nettoutgifta aukar med 1,7 mill. kr i høve til 2011. Auken skuldast i hovudsak reduserte leigeinntekter. Leigekontrakten for Spar butikken går ut 31.12.2011.

Det vert rådd til å auke betalinga for parkeringsplass for tilsette frå kr 375 til kr 400 pr. måned.

# FELLESFUNKSJONAR

---

## 471 Amortisering av tidlegare års premieavvik

I følgje rekneskapsreglane skal pensjonskostnadene leggjast til grunn for rekneskapsføringa av pensjonsutgiftene. Avviket mellom faktiske premiebetalingar og pensjonskostnadene vert kalla premieavviket. Opplegget er at frå og med 2003 skal premieavviket dekkast inn over ein periode på 15 år. På dette budsjettkapitlet vert budsjettert inndekking av kjente premieavvik.

Summen som er budsjettert for inndekking i 2012 er 1/15 av premieavviket for kvart av åra 2003-2010, og kjem fram slik:

År	Beløp
2003	1 657 000
2004	2 928 000
2005	635 000
2006	1 936 000
2007	855 000
2008	3 011 000
2009	6 075 000
2010	6 078 000
<b>Sum</b>	<b>23 175 000</b>

Storleiken på premieavviket for 2011 er enno ikkje kjent. Inndekking av premieavviket for 2011 er difor ikkje ført opp på dette budsjettkapitlet i 2012-budsjettet, men må dekkast av lønsavsetjinga.

Reglane for inndekking av premieavvik vil bli endra. For premieavvik som oppstår i 2011 og seinare, skal inndekkinga skje over 10 år.

## 480 Diverse fellesutgifter

### Fylkeseldreråd

Til fylkeseldrerådet er det ført opp kr 280.000. Budsjettet for 2011 var kr 260.000.

### Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Rådet har i 2011 eit budsjett på kr 385 000. Fylkesrådmannen gjer framlegg om ei justering opp til kr 400.000 i 2012.

### Ymse utgifter etter vedtak av fylkesrådmannen

Dette er midlar som vert disponert til mindre utgifter etter vedtak av fylkesrådmannen. Ein ser dette som ei praktisk ordning, som gjer at små og kuran-te saker kan handsamast administrativt. Det er ført opp kr 100.000, same summen som i 2011.

### Ymse tilskot

Her vert det budsjettert tilskot til lag og organisasjonar som ikkje høyrer naturleg inn under dei ulike sektorane.

I 2011 vart det løyvd kr 200.000 til sjømannskyrkja i Cardiff, til bygging av terrasse. Dette tilskotet går ut i 2012. Elles har fylkesrådmannen gjort framlegg om tilsvarande tilskot som i 2011.



	2011	2012
Norsk Pensjonistforbund	45 000	45 000
Raftostiftelsen	250 000	250 000
Ungdommens fylkesting	200 000	200 000
Kirkens SOS	165 000	165 000
FFO	200 000	200 000
Samarbeidsforum for Funksjonsh. Org.	60 000	60 000
Dysleksiforeningen i Bg.	10 000	10 000
Sjømannskyrkja i Cardiff	200 000	0
Nordhordlandspakken		200 000
<b>Sum</b>	<b>1130 000</b>	<b>1130 000</b>

### Revidert budsjettgrunnlag

Det er lagt inn tilskot på kr 200 000 til Nordhordlandspakken AS.

### **Retrettstillingar**

Til retrettstillingar er det ført opp 5 mill. kr.

### **Attføring, omstilling**

Gjennom arbeidsgivarpolitikken er fylkeskommunen avhengig av virkemidlar som støttar opp om nødvendige omstillingar. Det er viktig for organisasjonen at dei tilsette i samband med attføring og omstilling får behalde høveleg arbeid når det er mogleg. Det er stort behov for å leggje til rette for tilsette med varig nedsett funksjonsevne. Det er budsjettert med 4 mill. kr til attføring og omstilling.

### **Personalforsikring**

Her blir det ført premie for avtalefesta gruppeliv- og ulukke/yrkesskadeforsikring for alle tilsette i fylkeskommunen, ulukkeforsikring for elevar ved vidaregåande skular og reiseforsikring til tilsette og folkevalde på tenestereiser.

I budsjettforslaget for 2012 vert det ført opp 6 mill. kr, same summen som i 2011.

Ein del av forsikringsordningane er oppgåvepliktige, og vert registrerte i lønssystemet på kvar arbeidstakar. I rekneskapen gjer ein bruk av desse registreringane slik at ein får fordelt kostnaden på alle einingar i fylkeskommunen. 2 mill. kr, som i talbudsjettet vert vist som inntekt, er den delen av forsikringane som vert fordelt utover på alle einingane.

### **Lønsavsetjing**

Lønsavsetjingane skal dekkja venta lønsutgifter utover dei utgiftene som er innarbeidde til løn på

dei einskilde budsjetta for skular, tannhelsetenesta m.v. Lønsregulativet pr. 01.01.11 er nytta på dei einskilde budsjetta for 2012. Lønsavsetjingane i 2012-budsjettet skal dermed dekkja lønsauken i 2011 og venta lønsauke i 2012.

Utrekningane av lønsavsetjingane for 2012 byggjer på opplysningar om lønsendingane i 2011 og overslag for lønsauken frå 2011 til 2012. Det er lagt til grunn 4,5 prosent lønsauke frå 2011 til 2012. Føresetnaden om lønsvekst i 2012 kan verta justert etter at statsbudsjettet er lagt fram.

Når det gjeld utgifter til pensjon i Vital og Statens Pensjonskasse, er det pensjonskostnaden, som ein og har kalla "normalpremien", som i utgangspunktet skal belasta rekneskapen. Pensjonskostnaden kan avvika frå pensjonspremien som vert betalt til pensjonskassane.

Lønsavsetjingane er førte opp med 116,37 mill. kr. I utrekningane av denne summen er det teke omsyn til at pensjonskostnadene for 2012 i følgje dei siste prognosane vil verta lågare enn pensjonspremiene som er lagt til grunn på dei einskilde budsjetta for skular, tannhelsetenesta m.v. Det vert likevel rekna med noko høgare pensjonskostnader enn i 2011-budsjettet.

### Revidert budsjettgrunnlag

I forslaget til statsbudsjett er lønsveksten sett til 4,0%. Denne reduksjonen vil gje ei innsparing på 11,7 mill. kr samanlikna med budsjettgrunnlaget.

### **Tilleggsøyvingskonto fylkesutvalet**

Budsjettet for tilleggsøyvingar er for 2012 sett til kr 3 916 000. I 2011 var tilleggsøyvingskontoen kr 4 203 000.

### Revidert budsjettgrunnlag

Ved saldering av budsjettet vart tilleggsøyvingskontoen auka med kr 164 000.

### **Momskompensasjon frå investeringar**

Momskompensasjon frå investeringar skal inntektsførast i driftsrekneskapen. Denne inntekta er vanskeleg å budsjettere. Små endringar i framdrifta av prosjekt kan gje store avvik i høve til årsbudsjettet.

Ein budsjetterer momskompensasjonen som ein samla sum. Summen vil bli fordelt på slutten av året, i samsvar med det rekneskapen viser. Ein fører opp 193 mill. kr i 2012.

### Eigendel forsikringar

Summen som vert budsjettert på denne posten er ei avsetjing som skal dekkje utgifter til utbetring av skader under eigendelen på bygningsforsikring og skader der fylkeskommunen ikkje er forsikra (innbrot, tjuveri etc.). Dei siste åra har det stått unytta midlar igjen på denne kontoen. I 2012 fører ein opp 1,5 mill. kr, ein reduksjon på kr 350.000 i høve til 2011.

### Tilbakebetaling av underskot frå skular / institusjonar

Dei vidaregåande skulane og tannhelsedistrikta får behalda overskot, men må dekkja inn underskot 2 år i ettertid. Underskotsdekninga vert inntektsført sentralt på denne kontoen med same storleik som utgiftsføringa på skulebudsjetta.

Det er budsjettert med slik inndekking av underskot frå tidlegare år:

2010-underskot:	Kr 1000
Sentrum tannhelsedistrikt	688
Tertnes vgs.	516
Tanks vgs.	1 005
Langhaugen skole	226
Bergen katedralskole	1 199
Bømlo vgs.	64
Sandsli vgs.	513
Kvinnherad vgs.	2 269
Rubbestadnes vgs.	497
Knarvik vgs.	1 083
Arna vgs.	933
Austrheim vgs.	2 358
Fyllingsdalen vgs.	379
Voss Husflidsskule	765
Hjeltnes vgs.	1 074
Stend vgs.	950
Voss jbs.	4 166
Garnes vgs.	902
<b>Sum</b>	<b>19 587</b>



# OPPLÆRING

			Budsjett 2011	Budsjett 2012	Endring %
510	Skolelokale, forvaltning	Brutto driftsutgifter	302 275	283 970	-6,1 %
		Driftsinntekter	-15 127	-500	-96,7 %
		Netto driftsutgifter	287 148	283 470	-1,3 %
515	Fellesutg og støttefunksjonar vdg opplæring	Brutto driftsutgifter	2 900	3 907	34,7 %
		Driftsinntekter	-570	-576	1,1 %
		Netto driftsutgifter	2 330	3 331	43,0 %
520	Pedagogisk leiing, ped fellesutg, og gjestelevoppgjer	Brutto driftsutgifter	351 876	361 529	2,7 %
		Driftsinntekter	-27 029	-27 520	1,8 %
		Netto driftsutgifter	324 847	334 009	2,8 %
521- 532	Utdanningsprogramma ved dei vidaregåande skolane	Brutto driftsutgifter	1 158 199	1 218 659	5,2 %
		Driftsinntekter	-5 314	-11 261	111,9 %
		Netto driftsutgifter	1 152 885	1 207 398	4,7 %
554	Fagskole	Brutto driftsutgifter	67 594	76 719	13,5 %
		Driftsinntekter	-17	-6 017	-
		Netto driftsutgifter	67 577	70 702	4,6 %
559	Landslinje	Brutto driftsutgifter	13 481	13 514	0,2 %
		Driftsinntekter	-10 917	-11 026	1,0 %
		Netto driftsutgifter	2 564	2 488	-3,0 %
560	Spesialundervisning og særskilt tilpassa opplæring	Brutto driftsutgifter	229 528	244 008	6,3 %
		Driftsinntekter	-721	-726	0,7 %
		Netto driftsutgifter	228 807	243 282	6,3 %
570	Fagopplæring i arbeidslivet	Brutto driftsutgifter	255 780	268 342	4,9 %
		Driftsinntekter	-18 503	-16 607	-10,2 %
		Netto driftsutgifter	237 277	251 735	6,1 %
581	Vaksenopplæring etter opplæringslova	Brutto driftsutgifter	30 944	32 542	5,2 %
		Driftsinntekter	-69	-70	1,4 %
		Netto driftsutgifter	30 875	32 472	5,2 %
590	Andre føremål	Brutto driftsutgifter	102 032	123 612	21,2 %
		Driftsinntekter	-51 384	-66 404	29,2 %
		Netto driftsutgifter	50 648	57 208	13,0 %
		Sum brutto driftsutg.	2 514 609	2 626 802	4,5 %
		Sum driftsinntekter	-129 651	-140 707	8,5 %
		Sum netto driftsutgifter	2 384 958	2 486 095	4,2 %

Tabellen viser at det i 2012 er budsjettert med netto driftsutgifter for opplæringssektoren på nær 2 478 mill. kr. Budsjetttramma for 2012 for opplæringssektoren er redusert med 11 mill. kr samanlikna med vidareføring av revidert 2011-budsjett.

### Fylkestinget

Fylkestinget styrka opplæringsbudsjettet med 8,4 mill. kr. Det vart lagt inn midlar til følgjande tiltak:

	<u>Mill. kr</u>
Sommarskole	0,5
Alternativ til VG3 fagopplæring	0,2
Undervisningsutstyr	1,0
Skolehelsetenesta	1,5
Teach First - leiarrekrutteringsprogram for realfaglærarar	0,2
Auka overføring til vidaregåande skolar	5,0

## Samandrag/Viktige tiltak

Opplæringssektoren i Hordaland fylkeskommune omfattar opplæring i vidaregåande skule, fagopplæring i arbeidslivet, fagskule, vidaregåande opplæring for vaksne, grunnskuleopplæring i sosiale og medisinske institusjonar, vidaregåande opplæring i fengsel, pedagogisk-psykologisk teneste og oppfølgingstenesta (OT/PPT).

Hordaland fylkeskommune eig og driv 46 vidaregåande skular, sju fagskular og ein folkehøgskule.

Inndeling av budsjettet etter kostrafunksjonar har nokre utslag – særleg for opplæringssektoren – som fylkesrådmannen vil gjera merksam på. Opplæringsområdet har ei finmaska inndeling i kostrafunksjonar. Dette gjer at det samla budsjettet for den einskilde skule er å finna på fleire kostrafunksjonar. T.d. gjeld funksjon 510 Skulelokale og forvaltning driftsutgiftene for skulane, funksjon 520 Pedagogisk leing m.v. gjeld lønsbudsjetta for rektorar og avdelingsleiarar, funksjonane 521 – 532 Utdanningsprogramma gjeld lærarlønene og funksjon 560 Spesialundervisning gjeld budsjetta for m.a. særskilt og tilrettelagt undervisning.

Fylkesrådmannen vil leggja fram talbudsjett i samband med revidert budsjettgrunnlag som

vil liggja føre innan 1. november. I talbudsjettet vil samla budsjett for den einskilde skulen framgå.

## Viktige tiltak i 2012

### *Nybygg og tilbygg (+ 6,4 mill. kr)*

Hausten 2011 har fylkeskommunen teke i bruk nytt leigebygg ved Fusa vidaregåande skule. Leigekostnaden er auka med 2,6 mill. kr

Nordahl Grieg vidaregåande skole på Sørås starta hausten 2011 opp sitt andre driftsår. Skulebygget har ein kapasitet på om lag 900 elevar. Elevtalet inneverande skuleår er om lag 600. Hausten 2012 vil det vere full drift ved skulen. Meirkostnaden samanlikna med full drift av skulebygget er rekna til 3,8 mill. kr i 2012.

Totalt er meirkostnaden for auka undervisningsareal rekna til 6,4 mill. kr i 2012.

### *Auke i faste kostnader (+ 10 mill. kr)*

Dei faste kostnadene på skulebudsjetta aukar med 10 mill. kr. Det er særleg utgifter til straum og husleige som har auka. Modellen for budsjettering av faste kostnader for 2012 tek utgangspunkt i rekneskapsførte kostnader for 2010 som vert prisjusterte fram til 2012. Derksom t.d. straumutgiftene i 2012 vert lågare enn i 2010, vil skulane få rom til å dekkja inn auka kostnader på andre postar.

### *Utstyr vgs (-2 mill. kr)*

Budsjettposten til innkjøp av inventar og utstyr til undervisninga vart i revidert budsjett for 2011 redusert frå 10 mill kr til 2 mill kr. I budsjettet for 2012 er budsjettposten sett til 0. Alle sentralt styrte inventar og utstyrsinnkjøp må no verta finansiert over investeringsbudsjettet, eventuelt at skulane må ta ein større del av utstyrsinnkjøpet

### *Opplæring av nye prøvenemnder (+1,6 mill. kr)*

Frå 1. januar 2012 skal ”nye” prøvenemnder oppnemnast, og det vert rekna med ca. 300 nye medlemmer. Dei skal lærast opp i lov, forskrift og læreplanverket. I tillegg skal prøvenemndene i dei einskilde faga samkjørast.

### *Tilskott til idrettsanlegg (+2,5 mill. kr)*

Det skal byggjast nytt idrettsanlegg i Etne kommune. Etne vidaregåande skule skal nytte

dette anlegget i undervisninga. Det vert difor gjeve eit tilskott til bygginga på 2,5 mill. kr.

Det er ovanfor peika på nokre tiltak i budsjettet for 2012. I den grad ein ikkje maktar å dekkja dei auka driftskostnadene ved omdisponeringar jf. merknaden under avsnittet om auke i dei faste kostnadene ovanfor, vert midlane ein har til disposisjon på andre delar av opplæringsbudsjettet tilsvarande mindre.

### Mål for verksemda i 2012

Hovudmålet for den vidaregåande opplæringa i Hordaland fylkeskommune for skuleåret 2011 og 2012 er auka læringsutbytte og fullføring. For skuleåret 2011 – 2012 er dei to tiltaksområda frå førre skuleår vidareført slik at ein skal ha særskild merksemd på *Vurdering av eleven*

*si læring og Den digitale skule*. I tillegg er *tydeleg klasseleiing* tatt inn som eit prioritert område for skulane sin tilstandsvurdering og mål/tiltak i utviklingsplanen, skuleåret 2011 - 2012. Tiltaksområdet er valt ut på grunnlag av resultat i Elevundersøkinga og på rapportering frå skulane.

Den einskilde skulen skal synleggjere korleis dei utvalde tiltaksområda er eller vil bli følgd opp gjennom Utviklingsplanen for skulen. Ut frå vidareføringa av hovudmålsetjinga og tiltaksområda frå skuleåret 2010/11 er det ikkje gjort store endringar i målsetjingane for opplæringsområdet. Tabellen under syner tiltaksområde, delmål og resultatkrav for komande periode:

Tiltaksområde:	Delmål:	Resultatkrav:
<b>Vurdering av elevane si læring</b>	<i>Alle skulane må vise korleis det blir arbeidd med vurdering. Førre skuleår var utviklingsplanane i stor grad retta mot arbeidet med vurderingskriterium i faga. I inneverande skuleår må skulane prioritere klasseromsnære og læringsfremjande tiltak innan undervegsvurderinga. T.d. tiltak innan praktisk bruk av vurderingskriteria eigenvurdering og praksis for tilbakemelding/framovermelding.</i>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Redusere del elevar med ikkje greidd i matematikk, kroppsøving og naturfag med 5 %.</li> <li>2. Redusere fråfallet ved dei vidaregåande skulane med 5 %.</li> <li>3. Redusere talet på lærlingar som ikkje greier fagprøven med 5 %.</li> </ol>
<b>Den digitale skulen</b>	<i>Alle skulane må vise korleis det blir arbeidd for å nå målet om digital kompetanse i alle fag. Kompetaneutvikling og erfaringsdeling er eit sentralt tema i skulane sine utviklingsplanar. For skuleåret 2010/11 må skulane også prioritere systematiske tiltak som gir lærar og elev praktiske erfaringar med bruk av digitale læringsressursar.</i>	<ol style="list-style-type: none"> <li>4. Alle lærarar skal nytta SkoleArena Vurdering til karakter- og fråversføring</li> <li>5. Alle lærarar skal nytta It's Learning til administrasjon av/ kommunikasjon med elevane.</li> <li>6. Alle elevar skal få delar av opplæringa, i alle fag, ved bruk av digitale verktøy og læringsmiddel.</li> <li>7. Alle elevar skal kjenne til døme på korleis IKT som grunnleggjande ferdigheit kan operasjonaliserast i det einskilde faget</li> </ol>
<b>Klasseleiing</b>	Alle skolane må vise korleis det blir arbeidd med klasseleiing	<ol style="list-style-type: none"> <li>8. Alle skolane må vurdere kunnskap om skolen og eigne resultat på område som gjeld læringsmiljø og arbeidsro i si årlege tilstandsvurdering.</li> </ol>

I tillegg er det er ei målsetting for Opplæringsavdelinga å auke svarprosenten på elevunder-

søkinga til 85%. Dette for å sikre at vi har eit breitt utval å basere våre analysar på.

## Rapportering på måloppnåing skuleåret 2010/2011:

Tabellen under syner resultatkrava i fylkesbudsjettet for 2011 under tiltaksområda:

Tiltaksområde:	Resultatkrav:	
<b>Vurdering av elevane si læring</b>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Redusere del elevar med ikkje greidd i matematikk, kroppsøving og naturfag med 5 %.</li> <li>2. Redusere fråfallet ved dei vidaregåande skulane med 5 %.</li> <li>3. Redusere talet på lærlingar som ikkje greier fagprøven med 5 %.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Del elevar med ikkje greidd i <i>matematikk</i> er redusert med nesten 13% i høve førre skuleår  Del elevar med ikkje greidd i <i>naturfag</i> er redusert med over 12% i høve førre skuleår  Del elevar med ikkje greidd i <i>kroppsøving</i> har auka med i overkant av 6% i høve førre skuleår</li> <li>2. Fråfallet ved dei vidaregåande skulane er redusert med 4,93% i høve førre skuleår.</li> <li>3. Talet på lærlingar som ikkje greier fagprøver er auka med om lag 1,8%</li> </ol>
<b>Den digitale skulen</b>	<ol style="list-style-type: none"> <li>4. Alle lærarar skal nytta SkoleArena Vurdering til karakter- og fråversføring</li> <li>5. Alle lærarar skal nytta It's Learning til administrasjon av/ kommunikasjon med elevane.</li> <li>6. Alle elevar skal få delar av opplæringa, i alle fag, ved bruk av digitale verktøy og læringsmiddel.</li> <li>7. Alle elevar skal kjenne til døme på korleis IKT som grunnleggjande ferdigheit kan operasjonaliserast i det einskilde faget</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>4. Alle skular nyttar Skolearena til fråversføring. Di fleste skulane nyttar Skolearena til føring av terminkarakterar.</li> <li>5. Alle skular nyttar It's learning som eit pedagogisk intranett der informasjon vert delt mellom skuleleiinga og lærar, lærarar imellom og mellom lærarar og elevar.</li> <li>6. Elevundersøkinga synar at elevar i HFK stort sett er nøgd med måten ein nyttar IKT i dei ulike faga. Det kjem også fram at for ein del elevar er ikkje IKT i bruk heile tida.</li> <li>7. Undersøkingar og kjennskap henta opp gjennom PDS-systemet og elevdeltaking i diskusjonar rundt IKT synar at elevane er reflektert i høve til bruk av IKT</li> </ol>

Måla vert følgt opp gjennom system for verksemdbasert vurdering. Skulane har utarbeidd tilstandsrapportar for sitt arbeid, dette er oppsummert i eit eige dokument "Tilstandsrapport for vidaregåande opplæring i Hordaland fylkeskommune skuleåret 2010/11." Denne tilstandsrapporten gjev ein detaljert gjennomgang av resultatmåla.

## Hovudutfordringar

### Elev- og lærlingdata

Det er venta ein auke i talet på 16-18 åringar frå 2010/11 til 2011/12 på 306.

Tabellen under syner tal inntekne elevar samanlikna med elevplasstalet i dei fylkeskommunale vidaregåande skulane.

Av tala går det fram at fylkeskommunen har for mange elevplassar i høve til talet på inntekne elevar. Etter andre inntaket er ca 93,5% av kapasiteten nytta. I gjennomsnitt er det om lag 1,2 ledige plassar pr klasse.

	2010/2011	2011/2012
Elevpl.i fylkesk.v.g skular <sup>1)</sup>	18 596	18 416
Inntekne elevar førsteinntak	17 418	17 827
For mange elevpl i høve inntekne elevar første inntak	1 178	589
Oppfylingsgrad inntekne i høve kapasitet første inntak	93,7 %	96,8%
Inntekne elevar andre inntak	17109	17 224
For mange elevpl. i høve inntekne elevar andre inntak	1 489	1 240
Oppfylingsgrad inntekne iht kapasitet andre inntak	92,0 %	93,5%

### Kvalitetsvurdering av skulane og lærebedriftene – oppfølging

Opplæringsavdelinga har store utfordringar både når det gjeld å gje alle elevar relevant, individuell hjelp og tilrettelagt opplæring i ordinære klassar.

Frå hausten 2010 vart det integrert langt fleire elevar i vanlege klassar enn tidlegare. Det krev at skulane må verta endå dyktigare til å leggja til rette for denne elevgruppa.

Opplæringsavdelinga har hatt fleire tilsyn frå fylkesmannen/Utdanningsdirektoratet som det vert arbeidd vidare med. Det gjeld tilsyn for:

- spesialundervisning
- opplæring av barn og unge i barnevernsinstitusjonar
- fengselsundervisninga
- årstimetalet til elevane

Revisjonsfirmaet Deloitte har hatt forvaltningsrevisjon innan følgjande felt:

- tilpassa opplæring
- læringsmiljø
- fråværsføring

Arbeidet med System for verksemdbasert vurdering og oppfølging av dei vidaregåande skulane er kome godt i gang. Alle skulane hadde vitjing av ei gruppe frå Opplæringsavdelinga der oppfølging av dei nasjonale kvalitetsutviklingstema vart gjennomgått. Arbeidet er no inne i sitt siste år av den tre-årige implementeringsfasen. Det skal leggjast fram sak til politisk handsaming første halvåret i 2012 med framlegg om det vidare oppfølgingsarbeidet av skulane innanfor ramma av verksemdsbasert vurdering.

### Digital kompetanse

*Hovudmål for digitale kompetanse:*

- I 2011 skal bruk av IKT i undervisninga skje i alle fag, på alle nivå på alle vidaregåande skular i Hordaland. Målet er at innføring av den digitale skulen skal føre til meir tilpassa opplæring og auka læringsutbytte for elevane.
- Skulane skal leggje til rette for å nå sentrale mål om digital kompetanse hjå elevane i tråd med måla i Kunnskapsløftet.

Alle elevar i den vidaregåande skulen har eigen berbar pc. Utfordringa ligg framleis i å nytte dette verktøyet på ein god pedagogisk måte og på ein måte som bidrar til gode tilpassingar til dei ulike faga og til einskilde grupper og den einskilde eleven. Pc'ar er eitt av fleire verktøy og læremiddel i Den digitale skulen for å nå måla i Kunnskapsløftet om digital kompetanse som ein grunnleggjande dugleik. Hordaland fylkeskommune tar og i bruk andre digitale verktøy og har i tillegg mellom anna satsa mykje på elektroniske tavler og videokonferanseutstyr på skulane.

For å heva kompetansen til lærarar i bruk av digitale verktøy i undervisninga har Hordaland fylkeskommune m.a. oppretta eit system med ein e-koordinator på kvar skule. Dette er ein ressursperson på kvar skule i høve til pedagogisk bruk av IKT. Det er sett i gang eit prosjekt som skal sikre digital grunnkompetanse for lærarane.



Når det gjeld innhald/læremiddel, held satsinga på Nasjonal digital læringsarena (NDLA) fram, og det vert utvikla læremiddel i stadig nye fag.

### **Satsing mot fråfall i skule og i fagopp- læring**

Arbeidet mot fråfall i vidaregåande skule har eit langsiktig perspektiv. Dette er også eit av måla i budsjettet. Det er eit felt som både politikarar, elevar, føresette og samfunnet generelt er opptatt av då fråfall i utdanninga får store konsekvensar både for den enkelte og for samfunnet i det heile.

Satsinga mot fråfall i den vidaregåande skulen i Hordaland held fram i 2011/12.

- Styrking av rådgjevingstenesta i heile grunn- opplæringa
- Revidering av retningslinjer og kompetanse- heving av kontaktlærarar
- Informasjonsspreiing – konferanse om fråfall
- Styrke lærekandidatordninga
- Sommarskule/leksehjelp
- Skuleinterne tiltak som matteprosjekt, styr- king av ressursteam, leksehjelp, open skule, studieverkstad m.m.
- Informasjonsmøte for minoritetspråklege elevar og føresette
- Det nasjonale prosjektet Ny GIV med Ny GIV – fullføring og Ny GIV overgang
- Klasseleiing

### **Kvalitetsutvikling innan fag- og yrkesopp- læringa**

Arbeidet med kvalitet i opplæringa i bedrift er eit prioritert område. Årsrapportering blir no obligatorisk, og bedriftene skal ha internkontrollsystem for opplæringa av lærlingar og lærekandidatar. Fagopplæringskontoret følgjer opp dette i form av bedriftsbesøk.

#### *Skulering av nye lærebedrifter*

Alle bedrifter som søker godkjenning som lære- bedrift blir kalla inn til informasjonsmøte i regi av fagopplæringskontoret. Tema på møta er kva rolle og ansvar ei lærebedrift har.

#### *Skulering av instruktørar og faglege leiarar*

Instruktørkursar har funne ei god form, og dette opplæringstilbodet til faglege leiarar, instruktørar og yrkesfaglærarar har kome inn i ein driftsfase. Kursar legg vekt på m.a. kommunikasjon og rett-

leing, læreplanforståing, vurderingsarbeid og dokumentasjon.

#### *Skulering av prøvenemnder*

Fylkeskommunen stiller store krav til kvalitet på vurdering og gjennomføring av fag-/sveineprøvar. I perioden blir prøvenemndene supplert med nye medlemmer. I den samanhengen vil det vera eit opplæringsbehov.

Frå 1. januar 2012 skal ”nye” prøvenemnder opp- nemnast, og det vert rekna med ca. 300 nye med- lemmer. Dei skal lærast opp i lov, forskrift og læreplanverket. I tillegg skal prøvenemndene i dei einskilte faga samkjørast.

#### *Intern kvalitetssikring*

Rutinehandboka er eit verktøy for kvalitetssikring av sakshandsaminga ved fagopplæringskontoret, både i høve til opplæringslova, forvaltningslova, offentleglova og anna aktuelt lovverk. Både ruti- nar og standardbrev knytt til desse er med. Hand- boka gjer det lettare for nye medarbeidarar å få oversikt over saksgangen i ulike saker, sikrar at like saker vert handsama likt, og sikrar at all nød- vendig informasjon når fram til rett instans.

## 510 Skulelokale og forvaltning

### Kostra: 510 Skulelokale

(1000 kr.)

	Sum Kostnader	Sum Inntekter	NETTO
600 600 - Utstyr vg. skular	1 000		1 000
600 610 - Nye kl. tilbod omb.	697		697
600 960 - Utstyr vgs - investering	(10 000)		(10 000)
600 980 - Felleskostnader vgs.	4 132		4 132
6xx 160 - Skulelokale (alle vgs)	218 966		218 966
775 100 - Ekstraord. vedlikehald	15 000		15 000
775 300 - Driftsleiartenesta	53 500	-500	53 000
776 300 - Innbo/løssøreforsikr.	675		675
<b>NETTO Skulelokaler</b>	<b>283 970</b>	<b>-500</b>	<b>283 470</b>

Dette kapitelet inneheld driftsutgiftene ved dei vidaregåande skulane, tilskotskontoar for undervisningsutstyr og felleskostnader for dei vidaregåande skulane. Vedlikehald av skulebygningane og kostnadene med driftstenesta inngår også under denne budsjettfunksjonen.

Av tabellen går det fram at det netto er budsjettert med 282,5 mill. kr på dette budsjettkapitlet.

### Utstyr vidaregåande skular

Budsjettposten til innkjøp av inventar og utstyr til undervisinga vart i revidert budsjett for 2011 redusert frå 10 mill kr til 2 mill kr. I budsjettet for 2012 er budsjettposten sett til 0. Alle sentralt styrte inventar og utstyrsinnkjøp må no verte finansiert over investeringsbudsjettet.

Det er framleis mange skular som har trong for utstyrsfornying. Fylkesrådmannen viser her til investeringsbudsjettet der det er sett av 35 mill. kr til større undervisningsutstyr kvart av åra i økonomiplanperioden. Denne summen kjem i tillegg til utstyrskjøp skulane dekker over eige budsjett.

### Fylkestinget

Fylkestinget la inn 1 mill. kr til undervisningsutstyr i driftsbudsjettet.

### Utstyr vidaregåande skular - investering

Det er innarbeidd ei eiga samleøyving for utstyr over kr 100 000 med meir enn 3 års levetid. Slikt utstyr vert ført i investeringsbudsjettet. På driftsbudsjettet vil ein ha ei tilsvarande negativ samleøyving.

Budsjettposten gjeld utstyr skulane kjøper gjennom året. Budsjett- og rekneskapsføresegnene gjer at finansieringa av slikt utstyr må gjerast ved ei overføring frå drifts- til investeringsbudsjettet.

Ved å budsjettera desse samleøyvingane vil ein i det opphavlege budsjettet få meir korrekte tal for korleis utstyrskjøpa vert fordelte mellom driftsbudsjettet og investeringsbudsjettet.

Ut frå erfaringstal dei siste åra er det budsjettert med 10 mill. kr på denne posten

### Felleskostnader vidaregåande skular

Det er budsjettert med felleskostnader som t.d. lisensar til ulike dataprogram som skulane nyttar med 4,1 mill. kr.

### Drifts- og fellesutgifter ved skulane - skulelokale

Totalt er det budsjettert med om lag 219,0 mill. kr netto til drifts- og fellesutgifter ved dei vidaregåande skulane. Driftsbudsjettet er delt på skulane etter følgjande modell i 2012:

Rekneskapsførte faste kostnader 2010 justert for prisvekst i 2011 og 2012. Faste kostnader er til dømes straum, husleige og kommunale avgifter. Særskilte kostnader vert kompensert på same måte som faste kostnader. I tillegg kjem tiltak i perioden. Kvar skule får i tillegg ein botnsum på kr 100 000. Vidare får skulane ein sum pr elev pr utdanningsprogram til å dekkje variable driftskostnader.

Innanfor budsjettsummen på 219,0 mill. kr, jf. ovanfor, er det ikkje budsjettert med midlar til utstyr ved dei vidaregåande skulane.

Nybygg og tilbygg gjev ekstra kostnader til straum, kommunale avgifter, oppvarming m.m. Slike driftskostnader for bygga som vert tekne i bruk hausten 2011, er budsjetterte til 2,6 mill. kr i 2012. Dette gjeld det nye leigebygget ved Fusa vidaregåande skule. Også Etne vidaregåande skule tek i bruk nytt skuleareal i 2012. Nordahl Grieg vidaregåande skole på Sørås starta hausten 2011 opp sitt andre driftsår. Skulebygget har ein kapasitet på om lag 900 elevar. Elevtalet inneverande skuleår er om lag 600. Hausten 2012 vil det vere full drift ved skulen. Meirkostnaden utover elevsatstildelinga for full drift av skulebygget er rekna til 3,8 mill. kr i 2012.

Dessutan aukar dei faste kostnadane ved dei andre skulane med 10 mill kr. Totalt medfører det at

16,4 mill kr meir må prioriterast til drift av skulebygga (t.d husleige og straum) enn i 2011,

### Drift og vedlikehald av bygningsmassen

Driftsleiartenesta er budsjettert med 53 mill. kr og ekstraordinært vedlikehald med 15 mill. kr. Samla er desse postane styrka med nær 1,8 mill. kr i høve til 2011.

Driftsleiartenesta omfattar nær 70 stillingar og er organisatorisk plassert under eigedomsseksjonen. Tenesta er inndelt i 20 driftsområde.

#### Tiltak 2012

Utstyr vgs (- 2,0 mill kr)  
 Driftsleiartenesta (+ 1,4 mill. kr)  
 Ekstraordinært vedlikehald (+ 0,4 mill. kr)

## 515 Fellesutgifter og støttefunksjonar vidaregåande opplæring

(1000 kr.)

### Kostra: 515 Skuleforvaltning

	Sum Kostnader	Sum Inntekter	NETTO
Ansv.sted : 600210 - Inntak	3 907	(576)	3 331
<b>NETTO Skulelokaler</b>	<b>3 907</b>	<b>(576)</b>	<b>3 331</b>

Dette kapitlet gjeld drift av Inntakskontoret. Det er budsjettert med 3,3 mill. kr netto. Det er ei auke i høve til 2011 på 1 mill. kr. Budsjettet er i 2012 justert opp slik at det er tilpassa auken som har vore i driftsutgifter for inntakssystem m.m

#### Tiltak 2012

Drift inntakssystem m. m. (+1,0 mill. kr)

## 520 Pedagogisk leing, pedagogiske fellesutgifter og gjesteelevoppgjer

(1000 kr.)

### Kostra: 520 Ped. leing, fellesutg og gjesteelevoppgjer

	Sum Kostnader	Sum Inntekter	NETTO
600 200 - Skole	6 220	(1 244)	4 976
600 310 - Pedagogisk seksjon	8 521	(239)	8 282
600 510 - Kurs - IST	194		194
600 520 - Ped. verksemd	12 017		12 017
600 605 - Digital skole	37 520	(10 252)	27 268
600 630 - Auke i læretimetalet	5 617		5 617
600 640 - Gjesteelevar	33 330	(15 761)	17 569
600 790 - Skuleportalen	3 506	(7)	3 499
600 970 - Overtal/omplassing	586	(17)	569
600 990 - Reguleringskonto	42 713		42 713
600 991 - Justering i klassetilbodet	500		500
600 992 - Gratis læremidlar	24 476		24 476
600 993 - Skulebibliotek	6 773		6 773
6XX 100 - Administrasjon (Alle vgs)	179 556		179 556
<b>NETTO Pedagog.leiing, fellesutg og gj.elev</b>	<b>361 529</b>	<b>(27 520)</b>	<b>334 009</b>

Dette kapitlet inneheld pedagogiske fellesutgifter ved dei vidaregåande skulane. Dessutan rommar det delar av budsjettet for opplæringsavdelinga, senter for yrkesrettlegg, fagleg pedagogisk verksemd og andre fellespostar m.a. innanfor prosjektet den digitale skulen. Samla for denne budsjett-posten er det ført opp 328,3 mill. kr netto.

Dei to første punkta i tabellen ovanfor gjeld budsjettet for seksjonar i opplæringsavdelinga.

### Pedagogisk verksemd

Midlane på denne posten går til etterutdanning og leiarutvikling. Budsjettposten er på 11,3 mill kr som er på same nivå som i 2011 budsjettet.

### Digital skule - Elev-pc

Elevane skal betala lågaste læremiddelstipendsats (hausten 2011 var denne kroner 890) i eigendel kvart skuleår. Inntekta frå eigenbetalinga er budsjettert med 10,3 mill. kr. Samla kostnad for innkjøp og vedlikehald av elev-pc er budsjettert til om lag 37,5 mill. kr. Netto vert det dermed budsjettert med 27,2 mill. kr til elev-pc ordninga.

### Auke i lærartimetalet

Det er lagt inn om lag 5,6 mill. kr til dette tiltaket. Ved mindre skular som har få parallellar er det trong for eit breiare fagtilbod enn elevtalet skulle tilseie. For at elevane skal få velja mellom fleire fag trengst det ekstra timar.

### Gjesteelevar

Hordaland fylkeskommune har samarbeidsavtale med Rogaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar. Det er spesielt for elevane frå Sveio og i nokon grad frå Etne at Hordaland kjøper plassar av Rogaland fylkeskommune. Fylkeskommunen sel i hovudsak plassar til Sogn og Fjordane, og det er spesielt Austrheim vgs. som har elevar frå Sogn og Fjordane.

For 2012 er det budsjettert med netto kjøp av plassar med 17,6 mill. kr til gjesteelevar. Det er ei vidareføring av budsjettet for 2011.

### Skuleportalen

Skuleportalen er ein nettstad der fylkeskommunen og skulane får ut informasjon om si verksemd. Den er også inngangsporten til *It's learning*, og midlane, 3,5 mill. kr, er i hovudsak nytta til drift av *It's learning* og denne nettstaden.

## Reguleringskonto

Reguleringskonto inneheld område og tiltak som skulane gjennom året får tilført midlar til i form av budsjettstyrkingar. Dette gjeld m.a. midlar til personalressursar som skulane får heilt eller delvis dekkja, midlar til toppidrett og Olympiatoppen Vest, midlar til realkompetansessentra, midlar til knutepunktskular og andre tiltak ved skulane.

For 2012 er kontoen styrka med vel 10 mill. kr som er sett av som motpost til underskot som skulane eventuelt vil ha etter rekneskapsåret 2012.

## Justering i klassetilbodet

Det går fram av innleiinga av opplæringsbudsjettet at prognosen for utviklinga av årgangstalet frå 2011 til 2012 viser ein vekst på 306. Det er ikkje sett av tilstrekkelege midlar innanfor ramma til auken i elevtalet. Førrebels auke i elevtalet er om lag 150 elevar for skuleåret 2011/2012.

## Gratis læremiddel

Det er budsjettert med 24,47 mill. kr til gratis læremiddel i 2011. Av dette er det sett av midlar til NDLA (7 mill. kr), til nyinnkjøp av bøker og til lisensar. Skuleåret 2011/12 er det femte året med midlar til gratis læremiddel, skolane har opparbeida seg eit godt læremiddelutval. Budsjettmidlane skal nyttast til suppleringskjøp og vedlikehald av læremiddel til elevane. Samstundes utvidar NDLA tilbodet av digitale læremiddel.

## Skulebibliotek

Til bibliotekarar på skulane er det totalt sett av 6,8 mill. kr. Det tilsvarar om lag 15 heile stillingar.

## Pedagogisk skuleleiing

Den største posten innanfor dette området er pedagogisk skuleleiing ved dei vidaregåande skulane, der det er budsjettert med 179,6 mill. kr. I pedagogisk skuleleiing inngår stillingar som rektor og avdelingsleiar m.m

Det er på denne posten budsjettert med administrative ressursar på 1,3 mill. kr til Nordahl Grieg vidaregåande skole. Skuledrifta skal trappast opp over tre år og summen gjeld administrative ressursar utover det elevtalet skulle tilseia.

Dessutan er det budsjettert med 0,3 mill. kr til rektorstilling ved Amalie Skram vidaregåande

skole frå hausten 2012. Den nye skulen skal etter planen stå ferdig i 2014.

## Tiltak i 2012

Nordahl Grieg vgs. ekstra adm. (+ 1,3 mill. kr)  
Rektor Amalie Skram (+ 0,3 mill. kr)

## Fylkestinget

Fylkestinget la inn midlar til følgjande tiltak:

	<u>Mill. kr</u>
Sommarskole	0,5
Teach First - leiarrekrutteringsprogram for realfaglærarar	0,2
Auka overføring til vidaregåande skolar	5,0

## 521-532 Utdanningsprogramma ved dei vidaregåande skulane

(1000 kr.)

### Kostra: 521 - 532 Utdanningsprogramma ved vgs

	Sum Kostnader	Sum Inntekter	NETTO
Ansv.sted : 6XX521 - 6XX532	1 201 643		1 201 643
Ansv.sted: 6XX290 - Gardsdrift	17 017	(11 261)	5 756
<b>NETTO 521- 532</b>	<b>1 218 660</b>	<b>(11 261)</b>	<b>1 207 399</b>

Dette kapitlet inneheld lønsutgifter knytt til utdanningsprogramma (undervisninga) ved dei vidaregåande skulane. I tillegg er skulegardane budsjettert saman med utdanningsprogrammet naturbruk.

Kapitlet er netto budsjettert med 1 207,4 mill. kr.

Undervisningstilboda ved dei ulike skulane er kvart år under revisjon. Det vert lagt vekt på at utdanninga skal vera i samsvar med regionen sin trong for kompetanse og med omsyn til privat og offentleg næringsverksemd. Samstundes må elevane sine ønskje om fagtilbod vega tungt. Det er ikkje alltid samsvar mellom desse to grunnleggjande ønskja.

Omfanget av klassar må også tilpassast elevtalet i dei ulike regionane, samstundes som elevane i kvar region skal ha eit variert utdanningstilbod. Bli tilboda veldig omfangsrrike i regionane, fører det til få elevar i dei ulike klassane, noko som igjen er kostbart. Å finna balansen mellom desse ønskja er ei utfordring.

### Kostratal på området

#### Kostnad pr elev alle utdanningsprogram

	Hordaland		Landssnitt utan Oslo	
	2009	2010	2009	2010
Totalkostnad	68 536	67 822	64 914	65 679
Lønsutgifter	66 124	66 067	61 454	62 510

#### Aldersamansetjing lærarane - i prosent

	Hordaland		Landssnitt utan Oslo	
	2009	2010	2009	2010
40 år og yngre	26,6	26,9	27,7	27,5
50 år og eldre	50,4	50,2	48,9	48,4
60 år og eldre	18,2	18,6	17,5	17,9

#### Utdanningsnivå lærarane - i prosent

	Hordaland		Landssnitt utan Oslo	
	2009	2010	2009	2010
Univ../høgsk.utd. høgare nivå m/ped.	23,5	24,7	20,8	21,4
Univ../høgsk.utd. høgare nivå u/ped.	8,7	8,0	6,4	5,9
Univ../høgsk.utd. lågare nivå m/ped.	50,6	49,8	54,8	50,2
Univ../høgsk.utd.l ågare nivå u/ped.	8,1	8,1	9,4	9,0
Andel lærere med vidaregåande utd.	9,1	9,5	8,6	8,5

#### Elevtal pr skule/lærarårsverk

	Hordaland		Landssnitt utan Oslo	
	2009	2010	2009	2010
Pr skule	403	391	491	505
Pr lærarårsverk	8,6	8,9	8,5	8,5

Når ein samanliknar lønsutgiftene i Hordaland med landssnittet, ser ein at lønsutgifter pr. elev er høgare enn gjennomsnittet. Forklaringa er mellom anna alderssamansetninga til lærargruppa og utdanningsnivået. 18,6% av lærarane var i 2010 eldre enn 60 år mot 17,9% i landssnitt. Når det gjeld dei yngre lærarane, er 26,9% under 40 år mot 27,5% som er landssnittet. I tillegg har heile 32,7% av lærarane i Hordaland universitets- eller høgskuleutdanning på høgare nivå mot 27,5% i landssnitt. Det er spesielt interessant å merke seg at presset på dei økonomiske rammene og auka elevtal har ført til at total kostnad pr. elev for alle utdanningsprogram har gått ned frå kr 68 536 til kr 67 822 frå 2009 til 2010. Samstundes som elevtalet pr. skule har gått noko ned som kan forkla- rast ved at Nordahl Grieg vidaregåande skole starta opp utan at det vart lagt ned andre skular. Den desentraliserte skulestrukturen i Hordaland med mange skular (46) og lågt elevtal pr skule i

høve landssnittet (18) kan føra til høgre kostnader pr. elev.

### **Ramma til dei vidaregåande skulane**

Inndeling av budsjettet etter kostra-funksjonar har nokre utslag som fylkesrådmannen vil kommentera nærare. I motsetnad til dei fleste andre fylkeskommunale områda, er det på opplæringsområdet ei finmaska inndeling i kostra-funksjonar. Dette gjer at det samla budsjettet den einskilde skule er å finna på fleire kostra-funksjonar. T.d. gjeld funksjon 510 Skulelokale, forvaltning driftsutgiftene for skulane, funksjon 520 Pedagogisk leing, pedagogiske fellesutgifter m.v. lønsbudsjetta for rektorar og avdelingsleiarar, funksjonane 521 – 532 Utdanningsprogramma gjeld lærarlønene og funksjon 560 Spesialundervisning gjeld budsjetta for m.a. særskilt og tilrettelagt undervisning. Nokre skular er omfatta av enno fleire funksjonar.

Fylkesrådmannen vil leggja fram talbudsjett i samband med revidert budsjettgrunnlag som vil liggja føre innan 1. november. I talbudsjettet vil samla budsjett for den einskilde skulen vera teke inn.

Budsjettamma for opplæringssektoren er i budsjettgrunnlaget redusert med om lag 11 mill. kr samanlikna med revidert 2011-budsjett.

Framanfor er det vist til at modellen for tildeling av driftsutgiftene ved skulane viser auke i dei faste kostnadene. Budsjetteringsmodellen for driftsutgiftene byggjer på rekneskapstal frå 2010 for den einskilde skule som vert framrekna til 2012-nivå jf. budsjettkapittel 510 Skulelokale. Slik fylkesrådmannen ser det, kjem noko av denne auken som følgje av budsjettmodellen som vert nytta. T.d. vil straumprisen i 2012 truleg liggja noko under det som var rekneskapsført i 2010. Slik sett vil ein dermed innanfor driftsbudsjettet ha rom for å dekkja noko av kostnadsauken.

Som nemnt, er budsjettamma for opplæringssektoren redusert med om lag 11 mill. kr. I den grad ein ikkje maktar å dekkja dei auka driftskostnadene ved omdisponeringar slik fylkesrådmannen har vore inne på i avsnittet ovanfor, vert midlane ein har til disposisjon på andre delar av opplæringsbudsjettet tilsvarende mindre.

### **Budsjettmodellen for lønsbudsjettering**

Dette budsjettområdet gjeld som nemnt lønsbudsjettet for dei vidaregåande skulane. Lønsbudsjet-

tet vert rekna ut etter ein eigen modell som er nærare omtala nedanfor.

Modellen for tildeling av lønsbudsjettet er knytt opp mot elevtalet ved skulen. Det vert budsjettert med ein normsats pr. elev. I budsjettet for 2012 er elevtalet ved dei ulike utdanningsprogramma hausten 2011 nytta som fordelingsnøkkel. Normsatsen pr. elev varierer mellom utdanningsprogramma.

I tillegg får skulane ein fast basissum pr utdanningsprogram. På denne måten tek ein omsyn til at det er relativt rimelegare å driva store enn små skular. Budsjetttildelinga vert dermed større pr. elev dess færre elevar skulen har på eit utdanningsprogram.

Budsjettet for 2012 for dei vidaregåande skulane er sett opp i samsvar med budsjetteringsmodellen som ein gjekk over til å nytta frå og med 2008-budsjettet. Det er eigne utrekningsmåtar for lønsbudsjettet og for skulane sine driftsbudsjett elles. Fylkesrådmannen fører opp 1 207,4 mill. kr i nettobudsjett til utdanningsprogramma i 2012.

### **Skulegardar**

Det er skulegardar ved dei tre jordbruksskulane i fylket, Voss jordbruksskule, Stend vidaregåande skule og Hjeltnes vidaregåande skule. Gardsdrifta er basert på læreplanane i naturbruk. Det er budsjettert med 5,7 mill. kr på denne posten.

### **Utdanningsprogram og elevtal**

Tabellen ved slutten av opplæringskapitlet viser omfanget ved dei vidaregåande skulane i Hordaland. Av tabellen går det fram kva utdanningsprogram dei ulike skulane har og elevtalet for kvart program og for kvar skule samla.

## 554 Fagskule

### Kostra: 554 Fagskule

	Sum Kostnader	Sum Inntekter	NETTO
600 280 - Fagskoleadministrasjon	592	(17)	575
600 997 - Fagskule fellesutgifter	7 901	(6 000)	1 901
632 554 - Teknisk fagskole - Voss vgs	2 359		2 359
642 554 - Teknisk fagskole - Bergen TF	41 348		41 348
648 554 - Teknisk fagskole - Austevoll vgs	4 634		4 634
655 554 - Teknisk fagskole - Bergen Maritime	19 885		19 885
<b>NETTO Fagskole</b>	<b>76 719</b>	<b>(6 017)</b>	<b>70 702</b>

Det er fagskuleverksemd innanfor tekniske fag ved Bergen tekniske fagskule, Bergen maritime videregående skule, Voss vidaregåande skule, og Austevoll vidaregåande skule. I tillegg er Rubbestadneset vidaregåande skule godkjent som teknisk fagskule, men har p.t. ikkje fagskuletilbod. Innan helsefag er det fagskuletilbod ved Fitjar vidaregåande skule og Fusa vidaregåande skule. Hjeltnes vidaregåande skule tilbyr fagskuleutdanning innan Arboristfaget. Dette tilbodet vart sett i gang hausten 2010. Austevoll og Fusa vidaregåande skular har fått godkjent eit fagskuletilbod innan akvakultur. Dette tilbodet starta opp hausten 2011.

Fagskuleutdanning er ei tertiærutdanning, som byggjer på eksamen frå vidaregåande skule og

fagbrev. Tilbodet skal ha ei lengd på mellom eit halvt og to år på heiltid. Fagskulane tilbyr i dag toårig heiltids utdanning og deltidsutdanning. Det er og tilbod innanfor nettbasert utdanning.

På dette kapitlet er det ført opp netto 70,7 mill. kr i driftsutgifter til fagskulane.

I tillegg er det framleis ei ordning med øyremerka statstilskot for fagskuletilbod i helse- og sosialfag finansiert over Helse- og omsorgsdepartementet sitt budsjett. For 2012 er det budsjettert med eit statstilskot på 6 mill. kr til denne undervisninga.



## 559 Landslinjer

### Kostra: 559 Landslinje

	Sum Kostnader	Sum Inntekter	NETTO
Ansv.sted : 646559 - Landslinjer	13 514	(11 026)	2 488
<b>NETTO Landslinje</b>	<b>13 514</b>	<b>(11 026)</b>	<b>2 488</b>

Dette kapitlet gjeld landslinjetilboda i Hordaland.

I små og/eller kostnadskrevjande fag er det oppretta landslinjer. Elevar frå heile landet kan søkja opptak til desse kursa. Hordaland har Vg3 Yrkes-sjåfør og Vg2 og Vg3 Anleggsmaskinførar.

Det er Os vidaregåande skule som har desse tilboda. Det er budsjettert med netto 2,5 mill. kr i fylkeskommunale utgifter ettersom statstilskotet ikkje er nok til å dekkja utgiftene til denne undervisninga.

## 560 Spesialundervisning og særskilt tilpassa opplæring

(1000 kr.)

### Kostra: 560 Spes.underv.og særsk.tilpass.oppl

	Sum Kostnader	Sum Inntekter	NETTO
Ansv.sted : 600150 - Spesialpedagogiske tenester	1 401	(37)	1 364
Ansv.sted : 600690 - Ekstern spesialunderv.	37 658		37 658
Ansv.sted : 600700 - Særskilt undervisning	6 071		6 071
Ansv.sted : 600705 - Tiltak tilrettelagt opplæring	4 804		4 804
Ansv.sted : 600710 - Døvetolkar	3 500		3 500
Ansv.sted : 600720 - Ekstra språkoppl. fordeling	3 365		3 365
Ansv.sted : 6XX560 - Spes.und.og særskilt tilpass.o	154 047		154 047
Ansv.sted : 680100 - OT/PPT	33 162	(689)	32 473
<b>NETTO Spes.underv.og særsk.tilpass.oppl</b>	<b>244 008</b>	<b>(726)</b>	<b>243 282</b>

Dette kapitlet inneheld løn til elevassistentane ved dei vidaregåande skulane, løyvingar til tilrettelagt opplæring, ekstern spesialundervisning, Oppfølgingsteneste og Pedagogisk-psykologisk teneste (OT/PPT).

Opplæringslova slår fast at elevar som ikkje kan få tilfredsstillande utbyte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett på spesialundervisning med eit innhald og omfang som er likeverdig med det andre elevar får.

Totalt er det budsjettert med 243,3 mill kr til spesialundervisning og særskilt tilpassa opplæring.

### Spesialpedagogiske tenester

Spesialpedagogiske tenester gjeld tilrettelagt opplæring for elevar ved dei vidaregåande skulane i

Hordaland. Midlane vert nytta til undervisningstimar og elevassistentressurs. Dei siste åra har talet på elevar som søkjer om inntak på særskilt grunnlag auka. Talet er no om lag 870.

Midlar til spesialpedagogiske tenester vert frå 2012 budsjettert direkte på dei vidaregåande skulane. Det fører til ein reduksjon i budsjettramma til spesialpedagogiske tenester på 54,6 mill. kr og ei tilsvarende auke i ramma til dei vidaregåande skulane.

### Ekstern spesialundervisning

Ekstern spesialundervisning er undervisningstenester som fylkeskommunen kjøper frå staten, kommunar, private institusjonar og i nokre tilfelle frå andre fylkeskommunar.

Tiltaka på denne tenesta kan grupperast i desse hovudkategoriane:

- Elevar i grunnskulen i Hordaland med barnevernsvedtak.
- Elevar som er plasserte i barnevernsinstitusjonar i andre fylke, men der opplæringsretten ligg i Hordaland fylkeskommune.
- Elevar i private skular som etter vedtak får spesialundervisning.

Omfanget av kjøpte tenester har hatt stor vekst i dei siste åra. I 2011 har vi hatt fokus på desse tenestene og frå 2012 legg vi om delar av drifta slik at vi ikkje lenger skal kjøpe delar av desse tenestene frå eksterne tilbydarar, men tilby dei sjølve gjennom SMI-skolen ved Nordahl Grieg vidaregåande skole.

### **Døvetolkar**

Elevar som har trong for det, har rett på døvetolketeneste i skulen. Nordahl Grieg vidaregåande skole er knutepunktskule for denne tenesta. På grunn av auka variasjon i tilbodet til døve elevar er det tilsett fleire døvetolkar. Budsjettet er auka med 0,8 mill. kr.

### **Spesialundervisning og særskilt tilrettelagt opplæring**

Budsjettsummen på 154 mill. kr gjeld særskilt tilrettelagt opplæring. Summen vert fordelt på skulane når elevteljingane etter inntaket er klart og ein har fullt oversyn tilbodet.

### **OT/PPT**

Oppfølgingstenesta og Pedagogisk-psykologisk teneste (OT/PPT) skal vera ein reiskap for leiinga ved dei vidaregåande skulane i arbeidet med å hjelpa vanskelegstilt ungdom. Samstundes er det tenesta si oppgåve å nytta og utvikla dei ressursane som vidaregåande skolar har til å skapa eit godt læringsmiljø for ungdom. Eit berande prinsipp for tenesta er derfor å auka samarbeidet med skulane.

Tenesta er delt inn i tre regionar: Bergen sentrum/vest, Bergen sør og Sunnhordland, Bergen nord og Hardanger/Voss.

For å styrkja samhandlinga mellom skulane og tenesta er det eit samarbeidsråd i kvar region. Rådet skal vera samansett av rektorane i regionen, leiaren for tenesta og regionsleiar.

#### *Tiltak 2012*

Husleieauke OT/PPT	(+ 0,5 mill. kr)
Døvetolkar	(+ 0,8 mill. kr)

## 570 Fagopplæring i arbeidslivet

(1000 kr.)

### Kostra: 570 Fagopplæring i arbeidslivet

	Sum Kostnader	Sum Inntekter	NETTO
Ansv.sted : 600290 - Teoriopplæring	639	(24)	615
Ansv.sted : 600400 - Bedrift	15 321	(379)	14 942
Ansv.sted : 600410 - Fagprøver	20 567	(702)	19 865
Ansv.sted : 600420 - Y-nemda	220		220
Ansv.sted : 600760 - Lærlingoppl.	11 762		11 762
Ansv.sted : 600770 - Instruktøroppl.	2 043		2 043
Ansv.sted : 600780 - Lærlingtilskot	217 590	(15 502)	202 088
Ansv.sted : 600785 –Tiltak lærlingoppl.	200		200
<b>NETTO Fagopplæring i arbeidslivet</b>	<b>268 342</b>	<b>(16 607)</b>	<b>251 735</b>

Kapitlet gjeld fylkeskommunen si verksemd retta mot lærlingar. Fagopplæringa rettleiar og følgjer opp lærebedriftene, lærlingane og lærekandidatane.

Tabellen under syner årskostnad pr. lærling. Det går fram av tabellen at Hordaland sine kostnader pr. lærling er lågare enn landssnittet. Kostnad pr. lærling er i snitt kr 1 952 eller om lag 3,4 % lågare enn landssnittet.

#### Kostnad pr lærling/lærekandidat

	Hordaland		Landssnitt utan Oslo	
	2009	2010	2009	2010
Fagopplæring i arbeidslivet	50968	55138	53327	57090

### Fagprøver

Det er kalkulert med ein liten vekst i talet på nye lærekontrakter frå hausten 2012. Talet på fagprøver vil likevel verte noko lågare enn i 2011 sidan det tek to år frå kontrakt er inngått til fagprøven. Fagprøver for lærlingar er ei kostnadskrevjande vurderingsform når ein samanliknar med andre avgangsprøver i vidaregåande opplæring. På grunn av venta nedgang i talet på fagprøver er budsjettet redusert med 0,7 mill. kr.

### Yrkesopplæringsnemnda

Nemnda sine arbeidsoppgåver er m.a. å føra tilsyn med fagopplæringa, formidle elevlar til lærebedriftene, oppnemne prøvenemnder for dei ulike lærefaga samt å skrive ut fagbrev, sveinebrev og kompetansebevis for lærekandidatar. Fleirtalet av nemnda sine sju medlemmer er representantar

oppnemnde etter framlegg frå arbeidstakar- og arbeidsgjevarorganisasjonane.

### Lærlingopplæring

I dei tilfella der bedriftene sjølve ikkje tek seg av å gi teoriopplæring til lærlingane, pliktar fylkeskommunen å syta for slik opplæring. Denne undervisninga skjer i eigne klassar eller i nokre tilfelle integrert i den ordinære opplæringa ved skulen. Organiseringa av undervisninga avheng av kor mange lærlingar som skal ha undervisning. Utgiftene gjeld løn til undervisningspersonalet.

Budsjettet er auka med 0,6 mill. kr

Bedriftene må betale ein eigendel pr. undervisningstime. Dette vert gjort ved at lærlingtilskottet til bedriftene vert redusert. Satsane for eigendel har ikkje vore justert i høve veksten i lærlingtilskottet dei siste åra. I budsjettet for lærlingtilskottet er det lagt til grunn at satsane for eigenbetaling vert justert opp til dagens nivå på lærlingtilskott frå hausten 2012.

### Instruktøropplæring

I samband med fast rullering av prøvenemnder kvart 4 år er det i 2012 trong for å auke ramma til instruktøropplæringa med 1,6 mill kr.

### Lærlingtilskot

Innan yrkesfag har elevane fleire opplæringsløp å velje mellom. Hovudløpet er to år i skule og to år i bedrift, men elevane kan også velje fire års opplæring i bedrift etter ungdomsskulen.

Tilskottet til lærebedriftene er avhengig av utdanningsløp, alderen på lærlingen, om lærlingen tidligere har fått oppfylt retten til vidaregåande opplæring, eller om det er eit verneverdig fag lærlingen har fått læreplass i. Tilskotssatsane vert regulert kvart år i juni/juli av departementet, og dei har tilbakeverkande kraft frå 1. januar. Pr. september 2011 er tilskottssatsen kr 105 949.

I perioden fram til og med 2008 har det vore ein jamn vekst i talet på lærlingar. I 2009 var det ei reduksjon talet på nye lærekontrakter på drøye 10% i høve toppåret 2008. Det er enno usikkert kor mange lærekontrakter som vert teikna i 2011, men det er venta om lag same nivå som i 2009 og 2010. Tilskotet er derfor vidareført på same nivå som i 2011.

#### Oversyn over tal nye lærekontraktar

	2007	2008	2009	2010
Tal nye lærekontr.	2208	2186	1960	1984

Vidare er det er lagt til grunn at det særskilte statlege stimuleringsstilskottet til lærlingopplæring vert vidareført på same nivå som i 2011.

#### *Tiltak:*

Lærlingopplæring (+ 0,6 mill. kr)

Fagprøvar (- 0,7 mill. kr)

Instruktør opplæring (+ 1,6 mill. kr)

Til saman er det for fagopplæring i arbeidslivet sett av 251,5 mill. kr i netto driftsutgifter i 2012.

#### **Fylkestinget**

Fylkestinget la inn kr 200 000 til alternativ til VG3 fagopplæring.

## 581 Vaksenopplæring etter opplæringslov

(1000 kr.)

### Kostra: 581 Vaksenopplæring etter oppl.lov

	Sum Kostnader	Sum Inntekter	NETTO
Ansv.sted : 600160 - Realkompetanse	2 612	(70)	2 542
Ansv.sted : 600660 - Realkompetanse	29 930		29 930
<b>NETTO Vaksenopplæring etter oppl.lov</b>	<b>32 542</b>	<b>(70)</b>	<b>32 472</b>

Budsjettkapitlet omhandler vaksenopplæringa. Det er sett av 32,5 mill kr til dette føremålet.

Utviding av vaksenretten og bruk av denne har ført til auka etterspurnad etter realkompetansevurdering og vaksenopplæring.

I fylket er det ni realkompetansesentra som vurderer realkompetansen til dei vaksne og organiserer opplæringstilbod. Sentra gjev også karriererettleiing.

Retten til vidaregåande opplæring for vaksne gjeld frå det året ein fyller 25 år. Vaksenretten følgjer såleis direkte etter ungdomsretten.

Hovudtyngda av opplæringstilboda er knytt til utdanningsprogramma for studiespesialisering og helse- og sosialfag.

## 590 Andre føremål

(1000 kr.)

### Kostra: 590 Andre undervisningsformål

	Sum Kostnader	Sum Inntekter	NETTO
Ansv.sted : 600250 - Eksamenskontor	15 365	(6 668)	8 697
Ansv.sted : 600390 - Krim.omsorg koordinering	1 005	(1 010)	(5)
Ansv.sted : 600570 - Internasjonalisering	830		830
Ansv.sted : 600620 - Felleseksamen	648		648
Ansv.sted : 600685 - Sosialped. tilbod	2 500		2 500
Ansv.sted : 600730 - Tilskot elevorg.	140		140
Ansv.sted : 600740 - Tilskot eksterne anlegg	3 013		3 013
Ansv.sted : 600750 - Tilskot private skolar	1 750		1 750
Ansv.sted : 600994 – Samarb. skule/næringsliv	1 500		1 500
Ansv.sted : 600998 – Skulehelseteneste	1 500		1 500
Ansv.sted : 6XX500 - Kantiner vgs	8 526	(8 561)	(35)
Ansv.sted : 6XX300 - Oppdragsverksemd vgs	10 492	(10 566)	(74)
Ansv.sted : 630287 – Institusjonsundervisn. vgs	2 824	(81)	2 743
Ansv.sted : 6XX600 - Internat vgs	7 170	(6 211)	959
Ansv.sted : 6XX287 – Institusjonsundervisn.vgs	10 441	(200)	10 241
Ansv.sted : 670200 - SMI	21 410	(740)	20 670
Ansv.sted : 685980 - Krim.omsorg prosjekt	710	(710)	-
Ansv.sted : 68599X - Fengselsundervisning	24 212	(24 212)	-
Ansv.sted : 690200 - Manger folkehøgskole	10 286	(8 155)	2 131
<b>NETTO Andre undervisningsformål</b>	<b>123 612</b>	<b>(66 404)</b>	<b>57 208</b>

Kapitlet omhandler drift av eksamenskontor, ymse føremål, tilskot private skolar, kantiner, internat,

oppdragsverksemd, undervisning i sosiale og medisinske institusjonar og Manger folkehøgskule.

Kapitlet er budsjettert med netto 55,7 mill. kr.

## **Eksamenskontoret**

Eksamenskontoret har ansvar for oppmelding, tilrettelegging og avvikling av privatisteksamen i heile Hordaland.

I 2010 arrangerte eksamenskontoret ca. 18 000 eksamenar for ca. 10 000 oppmelde kandidatar i om lag 500 fag.

Budsjettramma til eksamenskontoret er vidareført på same nivå som i 2011. Eksamenskontoret er budsjettert med 8,7 mill. kr.

## **Sosialpedagogiske tilbod**

Elevane til knutepunktskulen for døve ved Nordahl Grieg vidaregåande skole kjem frå heile Hordaland og også frå andre fylke. Dei som ikkje kan bu heime, får tilbod om å bu på internat. Fylkeskommunen kjøper denne tenesta av Arbeid, service, vekst og opplæring (ASVO). Det er budsjettert med om lag 2,5 mill. kr til dette føremålet.

Butilbodet var lagt ut på anbod i 2011 det var ASVO som vann anbodskonkurransen og tilbodet vert vidareført i same form som det har hatt dei siste åra.

## **Tilskot eksterne anlegg**

Det skal byggjast nytt idrettsanlegg i Etne kommune. Etne vidaregåande skule skal nytte dette anlegget i undervisninga. Det vert difor gjeve eit tilskott til bygginga på 2,5 mill. kr.

Mange elevar frå Hordaland vert tekene inn på det maritime tilbodet på skuleskipet GANN. Skuleskipet GANN er eit privat skuletilbod. Det er budsjettert med eit driftstilskott på 0,5 mill. kr i 2012.

## **Samarbeid skule/næringsliv**

Eit viktig satsingsområde for fylkeskommunen er vidareutvikling av samarbeidet mellom skule og næringsliv. I samarbeidet legg ein opp til at utforminga av den vidaregåande skulen og fagskulen vert mest mogleg relevant og best mogleg dimensjonert i høve til næringslivet. Det er difor sett av 1,5 mill. kr som skal gå til dette samarbeidet i 2012. Nærare fastlegging av ordninga vil skje i samarbeid med representantar for næringslivet.

## **Kantiner**

Det er kantinedrift ved 35 vidaregåande skular. Nokre skular driv kantina sjølve, medan andre set drifta ut til private. Alle kantinenne skal vere sjølvfinansierte. Det inneber at salsinntektene må dekkja utgiftene til løn og matvarer. Fylkeskommunen dekkjer utgifter til lokale og utstyr.

## **Oppdragsverksemd**

Oppdragsverksemda hadde ein samla omsetnad på 38,1 mill. kr i 2010 og eit overskot på 10,4 mill. kr. Det er noko auke i omsetnaden og overskotet i høve til 2009. Overskotet frå oppdragsverksemda set skulane i stand til å løyse ei rekkje naudsynte behov for vedlikehald og fornying av inventar og utstyr.

## **Internat**

Det er internat ved fire vidaregåande skular: Voss jordbruksskule, Voss vidaregåande skule, Hjeltnes vidaregåande skule og Rubbestadnes vidaregåande skule.

Internata er budsjettert med om lag 1 mill. kr i netto driftsutgifter som gjeld tilsyn ved Voss jordbruksskule og Hjeltnes vidaregåandeskule sine internat.

## **Undervisning i sosiale og medisinske institusjonar**

Fylkeskommunen har ansvar for grunnskuleopplæring for pasientar/klientar ved sosiale og medisinske institusjonar.

Største delen av tilbodet er frå 01.01.2011 organisert under SMI-skolen som er ein del av Nordahl Grieg vidaregåande skole. Undervisninga vert i hovudsak gjennomført på Haukeland universitetssjukehus og ved ungdomsinstitusjonen i Klokkarlia.

Det er også avdeling for sjukehusundervisning ved Stord vidaregåande skule. I tillegg blir det gjeve undervisning for menneske med psykiske lidningar ved Kvinnherad vidaregåande skule (Valekrossen) Bjørgvin vgs (Kyrre) og Voss vidaregåande skule (Styve). Ved Styve gard er det undervisning til ungdom.

## Fengselsundervisning

Opplæring innanfor kriminalomsorga er finansiert med statstilskot. Avtalen med Kunnskapsdepartementet baserer seg på full refusjon etter revidert rekneskap på bakgrunn av godkjent budsjett. Det er staten som avgjer storleiken på aktiviteten. Opplæringa vert gitt ved Åsane videregående skole, avdeling Bjørgvin fengsel, Bergen fengsel. I tillegg er det ei oppfølgingsavdeling, Fossane. Fossane gjev tilbod til innsette som er på frigang eller er sett fri og treng oppfølging av vidare utdanning.

Fengselsundervisninga er budsjettert med same driftsnivå og vidareført med nullvekst.

## Manger folkehøgskule

Manger folkehøgskule er ein fylkeskommunal skule med 55 elevplassar. Til skuleåret 2011/12 var søknaden stor og det er teke inn 56 elevar. Dette skuleåret er det fire linjer: Musikkproduksjon, band, brassband og folkedans.

### *Tiltak:*

Sosialpedagogiske tilbod	(+0,4 mill. kr)
Tilskott til idrettsanlegg	(+2,5 mill. kr)
Samarbeid skule/næringsliv	(+1,5 mill. kr)

### Fylkestinget

Fylkestinget la inn 1,5 mill. kr til skulehelse-teneste.

# TANNHELSE

			Budsjett 2011	Budsjett 2012	Endring %
Fellesfunksjonar	Brutto driftsutgifter		17 577	19 659	11,8 %
	Driftsinntekter		-4 508	-4 553	1,0 %
	Netto driftsutgifter		13 069	15 106	15,6 %
Tannhelsedistrikt Aust	Brutto driftsutgifter		26 786	27 035	0,9 %
	Driftsinntekter		-8 605	-8 966	4,2 %
	Netto driftsutgifter		18 181	18 069	-0,6 %
Tannhelsedistrikt Sør	Brutto driftsutgifter		27 801	28 573	2,8 %
	Driftsinntekter		-7 328	-7 651	4,4 %
	Netto driftsutgifter		20 473	20 922	2,2 %
Tannhelsedistrikt Vest	Brutto driftsutgifter		48 544	49 977	3,0 %
	Driftsinntekter		-12 331	-12 854	4,2 %
	Netto driftsutgifter		36 213	37 123	2,5 %
Tannhelsedistrikt Nord	Brutto driftsutgifter		45 442	46 716	2,8 %
	Driftsinntekter		-15 435	-16 089	4,2 %
	Netto driftsutgifter		30 007	30 627	2,1 %
Tannhelsedistrikt Sentrum	Brutto driftsutgifter		70 856	73 530	3,8 %
	Driftsinntekter		-23 951	-24 965	4,2 %
	Netto driftsutgifter		46 905	48 565	3,5 %
	Sum brutto driftsutgifter		237 006	245 490	3,6 %
	Sum driftsinntekter		-72 158	-75 078	4,0 %
	Sum netto driftsutgifter		164 848	170 412	3,4 %

## Samandrag/viktige tiltak

Budsjettforslaget for 2012 for Den offentlege tannhelsestenesta (DOT) er utarbeidd med 0-vekst i høve til revidert budsjett 2011. I samband med budsjettrevisjonen i juni 2011 vart tannhelsebudsjettet redusert. kr. For å halda budsjetttramma for 2012 er det aktuelt å effektivisera klinikkstrukturen i samsvar med tannhelseplanen 2010 – 2013. Fylkesrådmannen foreslår vidare å auka honorartaksten med 5%.

Nedlegging av tannklinikkar i samsvar med tannhelseplanen vil gje ei samla innsparing på 1 mill. kr, naturleg vakanse i nokre stillingar vil på årsbasis gje ei samla innsparing på 1 mill. kr og takstauke på 5% vil auka innteninga med 2 mill. kr.

Tannhelsestenesta vil i 2012 m.a. setja i verk følgjande tiltak:

- Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) har vedteke at det skal etablerast odontologiske kompetansesentra i alle helseregio-



nar. I region vest skal det vera ein likeverdig spesialistklinik i kvart fylke (Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane), med ei overordna leing i Bergen. Hordaland sin spesialistklinik skal liggja i det nye odontologibygget, og vil vera klar til bruk hausten 2012. Klinikkleiar må tilsetjast tidleg i 2012. Det skal frå og med hausten 2012 tilsettast spesialistar innan aktuelle fagområde, og dette vil krevja ekstra lønsmidlar. Fylkesrådmannen vil koma attende til spesialistklinikken når omfanget er nærare klarlagt.

- Tannhelsetenesta har i 2011 tilsett 20% stilling som ressursperson – barnevern og 20% stilling som IKT-rådgjevar. For å oppfylle krava i "Norm om informasjonssikkerhet i helsetjenesten" skal tannhelsetenesta ha ein IKT-rådgjevar med ansvar for dei odontologiske fagsystema. Denne stillinga må i 2012 aukast frå 20% til 40%. I tillegg er det sett av midlar til dentalteknikar. Fylkesrådmannen fører opp kr 600 000 i budsjettet for 2012 til desse fagstillingane.
- Som eit ledd i auka satsing på folkehelse og førebyggjande tiltak vil det vera naudsynt å tilsetja fleire tannpleiarar i tannhelse-distrikta. For å oppnå målsetjinga om eit forholdstal på 3:1 mellom tannlege og tannpleiar må det tilsetjast 2 nye tannpleiarar. I tillegg er stilling som folkehelse- og tannhelse-rådgjevar foreslått utvida frå halv til heil stilling. Fylkesrådmannen fører opp kr 800 000 til folkehelsesatsinga på dette området.
- Fylkesrådmannen foreslår ei takstauke i 2012 på 5% samanlikna med 2011. Takstauke på 5% vil gjera at Hordaland har ei honorartakst som er nær landsgjennomsnittet. Takstauke på 5% er budsjettert til å gje 2 mill. kr i auka inntening.

Tannhelsetenesta møter i tillegg utfordringar innan utdanning/utvikling som krev ressursar:

Her kan nemnast:

- Rekruttering av tannlegar og tannpleiarar, særleg i distrikta

- Tiltak for at tannlegar og tannpleiarar vert verande i stillingane, særleg i distrikta
- Kompetanseheving – styrking av forskning og fagopplæring
- Område med sterk befolkningsvekst – trong for auka bemanning.

## Hovudutfordringar

### Lovpålagde oppgåver

Den offentlege tannhelsetenesta i Hordland (DOT) gjev eit regelmessig og oppsøkjande tannhelsetilbod til prioritert klientell som bur eller mellombels oppheld seg i fylket i samsvar med lov om tannhelsetenester §§ 1-1 og 1-3, og behandlar i tillegg vaksne, betalande pasientar der det er kapasitet og behov. DOT har og ansvar for Tannlegevakten i Bergen, tannbehandling i narkose på Haukeland universitetssjukehus og Stord sjukehus samt behandling av born og unge ved Senter for odontofobi (SFO). DOT Hordaland har og eit regionalt ansvar for å gje eit tilbod til born født med leppe-, kjeve-, ganespalte (LKG). LKG-teamet

som er tilsett i DOT Hordaland dekkjer kystregionen frå Finnmark i nord til og med Rogaland i sør.

DOT Hordaland har ansvar for rundt 120 000 barn og unge frå 1 til 20 år (SSB pr. 01.01.2011). Det vart i 2010 gitt eit tannhelsetilbod til 1 590 personar med diagnosen psykisk utviklingshemming, og til om lag 12 200 eldre uføre og langtidsjuke i institusjon og heimesjukepleie. Det blir og gitt eit tilbod til rusavhengige personar i kommunal omsorg og innsette i fengsel. I overkant av 20 000 vaksne personar får årleg behandling i den offentlege tannhelsetenesta.

### *Relativ andel prioritert klientell som er under tilsyn av den offentlege tannhelsetenesta i Hordaland og Noreg under eitt(unntatt Oslo) i 2008, 2009 og 2010. Tal frå KOSTRA*

	Hordaland			Noreg		
	2008	2009	2010	2008	2009	2010
Gr a, barn og ungdom 1-18 år	95,5	95,3	93,6	97,4	95,7	95,5
Gr b, psykisk utv.hemma	92,6	96,0	93,0	92,4	93,1	91,9
Gr c1,eldre i institusjon			72,5			80,0
Gr c2, eldre i heimesjukepleie	30,2	31,2	34,5	33,4	33,5	31,0
Gr d, ungdom 19-20 år	72,2	70,7	71,3	75,1	77,1	74,3
Alle prioriterte grupper	90,3	86,9	86,2	92,5	88,0	87,4

### *Netto driftsutgifter for den offentlege tannhelsetenesta per innbyggjar og netto driftsutgifter per prioritert klientell under tilsyn i Hordaland og Noreg under eitt (unntatt Oslo) i 2008, 2009 og 2010*

År	Hordaland			Noreg		
	2008	2009	2010	2008	2009	2010
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kr	364	379	388	373	379	380
Netto driftsutgifter pr. prioritert klientell under tilsyn i kr	1368	1436	1500	1368	1418	1483

### **Tannhelsetenestas kompetansesenter Vest (TK Vest) – avd Hordaland**

TK Vest avd Hordaland skal opna hausten 2012 i det nye odontologibygget på Årstadvol- len. Det er Tannhelsetenesta i Hordaland som skal ha ansvaret for drift av TK Vest avd Hordaland, men i nært samarbeid med Universitetet i Bergen (UiB).

TK Vest sine oppgaver er:

- spesialistbehandling av tilviste pasientar frå både offentlege og private tannlegar, samt rådgjeving til tannhelsepersonell ute i fylket
- spesialistutdanning – i nært samarbeid med UiB
- forskning – i nært samarbeid med UiB

DOT Hordaland skal ha eineansvaret for all spesialistbehandling og må i 2012 starta med å tilsetja aktuelle spesialistar. Nokre spesialistar vil det vera særskilt vanskeleg å rekruttera. Fylkesrådmannen vil koma attende til spesialistklinikken og TK Vest når omfanget er nærare klarlagt.

Staten vil ha ansvaret for å finansiera spesialistutdanning og forskning.

I den vedtekte samarbeidsavtalen mellom dei tre fylkeskommunane i region Vest skal fellesutgifter dekkast med kr 500 000 pr. fylkeskommune. Det er lagt til grunn oppstart sommaren 2012 og fylkesrådmannen fører opp kr 250 000 i fellesutgifter.

### **Senter for odontofobi (SFO)**

Dette senteret er eit lite fagmiljø som gir behandling til barn og unge med uttalt skrekk for tannbehandling. Det er lokalisert på Odontologen, og har tidlegare vore finansiert av UiB. Senteret er bemanna med 40% psykolog, 2 x 20% tannlege samt 30% tannhelsesekretær.

Då UiB i 2010 ikkje lenger ville ha ansvar for SFO fann DOT det nødvendig å tilsetta alt personalet for å redde eit viktig fagmiljø. SFO skal inngå som ein del av TK Vest.

Etter søknad har HOD i juni 2011 tildelt 1 mill. kr til TK Vest for å sikra fagmiljøet på SFO samt styrka framtidig bemanning.

### **Rekruttering og stabilisering av personell**

Dei siste åra har det vore vanskeleg å rekruttere tannlegar og tannpleiarar til klinikkar i utkantstroka i Hordaland. Rekrutteringa har siste året betra seg, og det er nå tilsett tannhelsepersonell i tilnærma alle stillingar. Utfordringa er nå å stabilisera tannlegane i stillingane. Om lag 10% av tannlegane sluttar i den offentlege tannhelsetenesta kvart år. Det fører til ekstra belastning for resten av personellet og ustabile tenester til brukarane. Den største konkurrenten til DOT for å stabilisera tannlegar er privat sektor. Lønsmessig vil DOT aldri kunna tevla med privatpraksis.

### **Sosial utjamning - nye prioriterte grupper**

Folketrygda finansierer berre ein liten del av kostnadane til tannlegebehandling i Noreg. Fleire grupper med til dels store tannhelseproblem fell utanfor både folketrygda sine støtteordningar og tilbodet frå fylkeskommunen, og regjeringa har signalisert at nye grupper vil få eit offentleg tilbod i åra som kjem.

### **Styrking av folkehelsearbeidet**

Regjeringa har i St.meld. nr 35 (2006/2007) signalisert auka satsing på helsefremmande og førebyggjande tannhelsearbeid og ei betre integrering av tannhelsetenesta i det generelle folkehelsearbeidet. Fylkeskommunen har også fått eit lovfesta ansvar for folkehelsearbeidet. Tverrfagleg samarbeid er eit nøkkelord i dette arbeidet.

Som det går fram av tabellen under er tannhelsa til barn og ungdom i Hordaland på nivå med resten av landet unntatt for 18-åringar. Tannhelsa til 18-åringane i Hordaland ligg under gjennomsnittet for fylkeskommunane i Noreg.

**Prosentvis andel 5-åringar utan tannråte eller fylling og gjennomsnittleg tal tenner med tannråte eller fylling hos 12- og 18-åringane i Hordaland og Noreg under eitt(unntatt Oslo).**

		Hordaland			Noreg		
Nøkkelårs-kull		2008	2009	2010	2008	2009	2010
5-åringar	% utan tannråte	77,7	79,3	80,4	77,3	80,8	80,5
12-åringar	Gj.snitt tenner med karies eller fylling	1,6	1,5	1,4	1,5	1,4	1,3
18-åringar	Gj.snitt tenner med karies eller fylling	5,3	5,4	5,2	4,8	4,8	4,6

Tannhelsetenesta Hordaland har utarbeidd ein strategi for folkehelsearbeidet, og vil setja i verk tiltak for betra tannhelsa til dei prioriterte grupperne i fylket. For å få dette til må talet på tannpleiarar i den offentlege tannhelsetenesta auka.

### Etablering av ein rasjonell klinikkstruktur

Talet på tannklinikkar i Hordaland er redusert dei seinaste åra, men det er nødvendig med ytterlegare reduksjon. Alle fylke i Noreg har dei seinare åra sentralisert klinikkstrukturen og satsa på større klinikkar med auka bruk av teamarbeid og utvida tenestetilbod.

Større tannklinikkar med eit godt fagleg og sosialt miljø er heilt avgjerande for å rekruttera gode tannlegar og tannpleiarar. Tilsvarande erfaring er gjort i all helseteneste. Høgt utdanna nøkkelpersonell i helsetenesta utanfor institusjon, legar, tannlegar og psykologar, ønskjer ikkje å arbeida i små einingar.

Det er og vanskeleg å få til ei optimal fordeling av tannlegar og tannpleiarar i område med mange små tannklinikkar. Tannpleiarane må som regel arbeida på fleire klinikkar som ligg langt frå kvarandre. Ein stor del av arbeidstida går bort i reiser, og arbeidet blir lite effektivt.

Ei samlokalisering av småklinikkar vil også gjera det mogeleg å få ei betre fordeling av tannhelsepersonell og ei betre oppgåvefordeling mellom tannlege og tannpleiar.

## Årsbudsjett 2012

Driftsramma for tannhelsetenesta i 2012 er 170,41 mill kr, som er eit 0-budsjett i høve til revidert budsjett 2011. Tannhelsetenesta har ein reduksjon i budsjetttramra for 2012 på 4 mill kr samanlikna med opphavleg 2011-budsjett.

### Tannklinikstruktur

I forslag til plan for tannhelsetenester i Hordland 2010 – 2013 er det lagt opp ein meir sentralisert klinikkstruktur. Planen vart godkjent i fylkestinget i 2010. Forslag om sentralisering og eventuell nedlegging av klinikkar vert lagt fram til politisk behandling.

Eigedomssesksjonen har utført ei kartlegging av ”universell utforming” på alle tannklinikane i fylkeskommunen. Fleire tannklinikkar vil krevja store investeringar i dei komande år for å oppfylle krav knytt til universell utforming. Nedlegging av tannklinikkar kan og vera naudsynt av omsyn til manglande universell utforming.

### Rekrutterings og stabiliseringstiltak

DOT har dei seinare åra nytta budsjettmidlar til å auka løna for tannlegar. Dette for å rekruttera personell. Det er nå tilsett tannlegar og tannpleiarar i dei fleste stillingane, og målet er å få dei nyttilsette til å stå i stillingane.

### Styrking av folkehelsearbeidet

Auka satsing på folkehelsearbeidet er avhengig av at tannpleiarbemanninga blir styrka. DOT har som mål at forholdet mellom tannlegar og tannpleiarar i DOT Hordaland skal vere 3 : 1. I enkelte tannhelsedistrikt er ikkje dette målet nådd. I samsvar med dette foreslår fylkesrådmannen to nye tannpleiarstillingar i budsjettet for 2012.

### **Spesialisttenester**

For å få naudsynt kirurgisk tannbehandling blir prioriterte pasientar tilviste til Odontologisk klinikk. DOT Hordaland må betale om lag kr 700 000 for denne behandlinga i 2012 i tillegg til kostnaden med oral kirurg. Frå hausten 2012 vil all kirurgisk behandling bli utført på det nyoppretta kompetansesenteret.

### **Befolkningsvekst**

Det er stor ulikskap i befolkningsutviklinga i Hordaland. I deler av fylket aukar folketalet sterkt, mens andre områder har nedgang i folketalet. DOT må difor over tid flytta tannhelseressursar frå område med redusert folketal til område med vekst i tal innbyggjarar. I Fana/Ytrebygda bydel er det trong for å styrkja tannhelsetilbodet pga. av sterk befolkningsauke. Det same gjeld i Os, på Askøy og på Sotra.

### **Elektronisk samhandling i tannhelsetenesta**

Fylkeskommunane i Noreg har gjennom eit eige prosjekt, Elin-t, lagt til rette for elektronisk sam-

handling i tannhelsetenesta. HELFO krev at alle helseinstitusjonar som har direkte oppgjer med trygdekassen skal kommunisere elektronisk via Norsk Helsenett. DOT Hordaland har teke dette systemet i bruk. Det er vidare krav om å oppfylle "Norm for informasjonssikkerhet i helsetjenesten", og DOT Hordaland har difor utarbeidd eit styringssystem for informasjonstryggleik.

Tilknytning til Norsk Helsenett medfører årleg lisensavgift på om lag kr 500 000.

### **Takstar for betalande klientell**

Takstane i Hordaland vart sette opp med 10% frå 01.01.2011. Sjølv etter ein slik takstauke er Hordaland sine takstar under landsgjennomsnittet.

Fylkesrådmannen foreslår at honorartaksten blir heva med 5% frå 1.1.2012. Nivået på Hordaland fylkeskommune sine takstar vil framleis ikkje liggja over landsgjennomsnittet.

# REGIONAL UTVIKLING

Tal i heile tusen		Budsjett 2011	Budsjett 2012	Endring %	
700	Tilrettel./støtte for næringslivet	Brutto driftsutgifter	159 096	158 575	-0,3 %
		Driftsinntekter	-137 898	-135 619	-1,7 %
		Netto driftsutgifter	21 198	22 956	8,3 %
705	Finansieringsbistand overf. næringslivet	Brutto driftsutgifter	8 332	8 774	5,3 %
		Driftsinntekter	0	0	
		Netto driftsutgifter	8 332	8 774	5,3 %
715	Lokal og regional utvikling	Brutto driftsutgifter	73 980	78 052	5,5 %
		Driftsinntekter	-30 718	-33 066	7,6 %
		Netto driftsutgifter	43 262	44 986	4,0 %
716	Friluftsliv og miljø	Brutto driftsutgifter	9 399	8 343	-11,2 %
		Driftsinntekter	-305	-2 853	835,4 %
		Netto driftsutgifter	9 094	5 490	-39,6 %
		Sum brutto driftsutg.	250 807	253 744	1,2 %
		Sum driftsinntekter	-168 921	-171 538	1,5 %
		Sum netto driftsutgifter	81 886	82 206	0,4 %

*Merknad: hovudårsak til redusert bruttoutg. under 716 er at miljøsertifisering er overført til klimaplan som ligg under 715*

Budsjettområdet gjeld tiltak innanfor næringsføremål, lokal og regional utvikling, fordeling av øyremerkte statsmidlar, friluftsliv og miljø.

Lønns- og driftsmidlar som knyter seg til dei ulike føremåla er inkludert i tabellen ovanfor, med unntak av administrative stillingar på Regionalavdelinga som er lagt inn på budsjettpost 420 etter Kostra inndelinga.

Regionalavdelinga skal vere ein ressurs, pådrivar og støttespelar for ei god regional utvikling i Hordaland. Avdelinga skal stimulere og styrke vekstkraft, nyskaping og gode levekår i heile fylket.

Det inneber at avdelinga skal arbeide for

- Ei berekraftig utvikling av alle regionar i fylket
- Gode levekår og likeverd for innbyggjarane
- Framtidsretta utvikling av næringslivet

- Berekraftig forvaltning av areal- og naturressursane
- Attraktive og konkurransedyktige lokalsamfunn
- Tenleg infrastruktur

Reiskapen for å få til regional utvikling er planar, planprosessar og bruk av verkemiddel. Desse verkemidla er dels økonomiske gjennom ulike tilskotsordningar, dels rettleiing og dels ansvar for ressurs- og arealforvaltning. Dei ulike verkemidla er nærare omtalt under kvar budsjettpost.

### **Øymerka statlege midlar**

I budsjettet for 2012 er det ført opp kva ein ventar å få av øymerka statlege midlar:

Regionalt utviklingsprogram	81,144 mill. kr
Næringsretta utviklingstiltak	56,964 mill. kr
Regionalt forskingsfond	29,290 mill. kr
Landbruk	1,230 mill. kr
LUK	1,500 mill. kr
Vassregion	0,787 mill. kr
Tilskotsmidlar jakt og fiske	0,403 mill. kr
Tilskotsmidlar skjelsand	0,119 mill. kr

I budsjettet for 2012 har vi og stipulert eksterne overføringar/tilskot til Clean North Sea Shipping, Leonardo programmet, Ung i Europa, Nordsjøprogrammet og VRI. Dette har ikkje noko verknaad for netto driftsutgifter, men viser kva omfang det er på aktiviteten.

Ulike tilskotsordningar er kommentert nærare under kvar enkelt budsjettpost.

## **Hovudutfordringar i 2012**

### **Finansiering av handlingsprogram til regionale planar**

Styrka regional planlegging var ein del av forvaltningsreforma og er sentralt i den nyleg reviderte planlova. Nytt er også at regionale planar i større grad må vera handlingsretta innafor prioriterte planoppgåver. Fylkeskommunen må setja ressursar inn i gjennomføringsarbeid i tråd med planane. Planoppgåvene som ein vel å prioritera vil i fleire tilfelle vera meir ressurskrevjande både å utarbeida og gjennomføra. Døme på dette kan vera regional plan for utbyggingsmønster, areal og transport i Bergensområdet og Regional klimaplan.

### **Iverksetting av klimaplan**

Handlingsprogrammet til klimaplan for Hordaland skal rullerast årleg. Arbeidet er krevjande og langiktig. Ein skal oppretthalde merksemda om klimautfordringane, utvikle og styrkje samarbeidet på tvers mellom mange ulike partnarar og stimulere til klimatiltak som faktisk fungerer. Energi, både i fornybar og fossil form, er av stor verdi for Hordaland og Noreg. Koplinga mellom klima og energi må få større vekt. Samarbeid med kommunane og skulane må styrkast i 2012. Det globale perspektivet må tydeleg fram, og kunnskapen om klimaendringane og behovet for tilpassing til endra klima må aukast. Det er viktig at klima vert integrert i det vanlege arbeidet til fylkeskommu-

nen, slik det t.d. no skjer i forvaltning av fylkeskommunale eigedomar.

Klimaplanen sitt handlingsprogram vil ha ei lang rekke tiltak også i 2012. Hordaland sine særtrekk gir høve til nytenking og nye løysingar på dei store utfordringane ein står framfor.

### **Vassforvaltning**

Arbeidet med forvaltningsplan for vatn kom for alvor i gang i 2011. Fagleg innhald og omfang er fastsett i Vassforskrifta, og framdrifta skal følgje EU sitt vassdirektiv. Det er problematisk at storleiken på statlege tilskot ikkje er kjent før langt ut på nyåret. Fylkeskommunen koordinerer og leier prosessen i vassregion Hordaland. Prosjektleiaraane i dei 5 vassområda er tilsette i kommunane, som på lik line med fylkeskommunen treng stabile rammeføresetnader for å sikre kvaliteten i arbeidet. I høve til oppgåvene er det behov for større økonomiske rammer enn kva som har vore mogleg i budsjettframlegget for 2012.

### **Næringshageprogrammet**

Nytt 10-årig næringshageprogram vart lansert våren 2011. I det nye Næringshageprogrammet har fylkeskommunen fått ein styrka posisjon. Dette opnar for å gjera ei satsing på næringshager i Hordaland. Både gamle og nye næringshagemiljø kan søkja opptak i det nye programmet, og det vert arbeidd for å få fram gode næringshagemiljø som satsar på at innovasjon og nyskaping skal fremja kompetanse- og nettverksutvikling retta mot nasjonale og internasjonale bedrifts- og kunnskapsmiljø.

### **Finansiering av attraksjonar ved nasjonale turistveggar**

Nasjonale turistveggar hjå Statens Vegvesen utfører planarbeid for å utvikle attraksjonar ved 3 fossar i Hardanger. Steinsdalsfossen er planlagt gjennomført 2012-13, Vøringsfossen er planlagt starta opp i fireårsperioden 2014-2017 med fullføring i løpet av 2019, medan Låtefossen er føresetta starta opp i 2018 med fullføring innan 2020. Statens vegvesen føreset ei medfinansiering frå andre offentlege aktørar (dvs. primært kommunar og fylkeskommune) på litt over 90 mill. kr fram til og med 2019. Fylkesrådmannen er i dialog med kommunane i Hardanger og Hardangerrådet om utgiftfordeling. Det synest likevel klart at skal prosjekta bli realiserte, må Hordaland fylkeskommune inn med betydelege midlar fram mot 2019. For Steinsdalsfossen er det stipulert eit beløp på 16 mill. kr for åra 2012 og 2013 som må

dekkjast av kommunane i Hardanger og Hordaland fylkeskommune.

Det kan vere naturleg å vurdere å nytte budsjettposten for Regionale utviklingsmidlar til dette. Det er for desse to åra 11 mill. kr som ikkje er bundne opp på denne ordninga. Dersom desse midlane skal brukast til medfinansiering av attraksjonane til Nasjonale turistveggar, vil det venteleg føre til at mesteparten av midlane vil verte bundne opp til desse attraksjonane. Fylkesrådmannen vil kome attende til saka når forhandlingane med kommunane vert slutført.

**Folkhelsearbeidet** i Noreg er i endring i tråd med innføringa av samhandlingsreforma. Ny folkehelselov vil regulere og samordne innsatsen på statleg, fylkeskommunalt og kommunalt nivå. Lova gir fylkeskommunar ansvar for å ivareta folkehelsearbeid i eiga tenesteyting, forvaltning, planlegging og regional utvikling, og legg sterk vekt på fylkeskommunen si rolle i å understøtte kommunane sitt folkehelsearbeid. Forventningane til fylkeskommunen sitt bidrag innan folkehelsearbeidet er aukande både frå kommunane og frå sentrale styresmakter. Arbeidet er i ein utviklingsfase, og det er starta opp arbeid med utvikling av regional plan for folkehelsearbeidet i Hordaland.

## 700 Tilrettelegging og støttefunksjonar for næringslivet

	Budsjett 2011	Budsjett 2012	Endring %
Regionalt utviklingsprogram	85 075	77 187	-9,3 %
Næringsretta utviklingstiltak	55 013	56 964	3,5 %
Til rådevelde for næringsføremål	751	385	-48,7 %
Drift innovasjonstiltak	1 238	420	-66,1 %
Prosjekt med mellombelse driftstilskot	15 800	18 339	16,1 %
Landbruk	1 218	1 230	1,0 %
"Clean North Sea Shipping" (CNSS).	låg under 715 i 2011	1 750	
VRI	ikkje stipulert eksternt tilskot i 2011	2 300	
Sum brutto driftsutgifter	159 095	158 575	-0,3 %
Sum driftsinntekter	- 137 898	-135 619	-1,7 %
Sum netto driftsutgifter	21 198	22 956	8,3 %

Av tabellen går det fram at det er gjort omdisponeringar i budsjettet for 2012 samanlikna med 2011. Endringane er gjort nærare greie for i omtalen av dei ulike budsjettområda nedanfor.

### Regionalt utviklingsprogram

Budsjettposten omfattar øyremerka midlar frå Kommunal- og regionaldepartementet til regional utvikling og nyskaping og fylkeskommunale midlar til gode prosjektidear innanfor satsingane i Regionalt utviklingsprogram.

For 2011 fekk Hordaland fylkeskommune tildelt 80,52 mill. kr på denne posten. I tillegg vart det løyvd 3,408 mill. kr, slik at den totale ramma var på 83,928 mill. kr. Fylkestinget reduserte i 2011 budsjettet med kr 500 000. Denne reduksjonen er vidareført i 2012.

Omlag halvparten av dei statlege midlane vert forvalta av Innovasjon Norge til bedriftsretta til-

tak. Omstillings- og nyskappingsprogrammet og Regionale næringsfond er andre sentrale postar i den næringsretta satsinga.

Dei fylkeskommunale midlane til satsingane i Regionalt utviklingsprogram kan brukast friare enn statsmidlane, som i stor grad må nyttast i samsvar med eit stramt regelverk. Løyvinga er såleis eit svært viktig supplement i arbeidet med næringsutvikling i fylket. For 2012 fører fylkesrådmannen opp 2,937 mill. kr i tillegg til dei statlege midlane til Regionalt utviklingsprogram.

Storleiken på overføringane for 2012 kjem i Statsbudsjettet, men det er stipulert med ein generell auke på 1,0%, i forhold til budsjett i 2011, til 81,144 mill. kr. Fylkesrådmannen kjem attende til budsjettet på dette punktet i revidert budsjettgrunnlag når innhaldet i Statsbudsjettet er kjend.



Det vert lagt til grunn at ein tidleg i 2012 fordeler desse midlane i samband med sak om tiltaka innanfor Regionalt utviklingsprogram (RUP). Det er sett i gang eit arbeid med å revidere innhaldet i RUP frå 2012.

Satsinga på klimaretta tiltak skal aukast. Ein legg opp til å øyremerka 1 mill. kr av dei fylkeskommunale midlane, og ytterlegare 1 mill. kr som vert dekkja inn ved tilsvarende reduksjon i overføringane til Innovasjon Noreg.

Fylkesrådmannen legg til grunn at 1 mill. kr av Kulturelt utviklingsprogram vert finansiert over regionalt utviklingsprogram også i 2012.

### Revidert budsjettgrunnlag

I forslaget til statsbudsjett for 2011 er Hordaland fylkeskommune tildelt 74,25 mill. kr til Regionalt utviklingsprogram. Inntekts- og utgiftssida i budsjettet vert etter dette redusert med nær 6,9 mill. kr.

### **Næringsretta utviklingstiltak**

Dei sju kommunane Modalen, Kvam, Jondal, Tysnes, Kvinnherad, Etne og Bømlo kjem inn under ordninga med kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift. Det er Regjeringa sin intensjon at ordninga skal liggja fast i heile perioden 2007 – 2013.

I 2011 vart løyvinga 56,4 mill. kr. Av dette var 49,4 mill. kr øyremerka næringsretta utviklingstiltak i dei sju kommunane. Utpeika satsingar er knytte til samferdsle, kompetanseheving, og ulike infrastrukturprosjekt. 7,0 mill. kr er nytta til breibandutbygging og annan "digital" infrastruktur i heile det distriktspolitiske verkeområdet. Etter at Hordaland no har tilnærma 100% breibanddekning er ein stor del av midlane nytta til å bygge ut betre mobildekning.

Det blir lagt til grunn at løyvingane for 2012 ligg på same nivå. Korrigert for prisstigning inneber dette 49,894 mill. til næringsretta utviklingstiltak og 7,07 mill. kr til breiband og infrastruktur – til saman 56,964 mill. kr. Fylkesrådmannen kjem attende til fylkesutvalet med dei eksakte rammene i samband med handsaminga av Plan for bruk av kompensasjonsmidlar for 2012 som blir utarbeidd av ei eiga styringsgruppe med representasjon frå dei 7 kommunane.

### **Til rådvelde for andre næringsføremål**

Denne budsjettposten har vore nytta til finansiering av gode prosjektidear frå næringsliv, offentlege styresmakter, FoU-miljø eller andre som kjem gjennom året, og som ikkje vert finansiert over RUP. Fylkesrådmannen legg til grunn at midlar til Næringsbarometeret vert vidareført i 2012. Midlar til andre næringsføremål ut over dette vart teke ut av budsjettet i samband med revisjonen i juni 2011. Det er ikkje funne rom for å legge denne budsjettposten inn igjen i 2012.

Til rådvelde for andre næringsføremål	Budsjett 2011	Budsjett 2012	Endring %
Næringsbarometeret	380	385	1,3 %
Andre føremål	371	0	-100,0 %
Sum brutto driftsutgifter	751	385	-48,7 %

### **Drift innovasjonstiltak**

Kapittelet omfattar diverse tiltak for å støtta opp under arbeidet med entreprenørskap. Under denne

budsjettposten tilrår fylkesrådmannen fleire justeringar slik det går fram av tabellen nedanfor.

Drift og innovasjonstiltak	Budsjett 2011	Budsjett 2012	Endring %
Oppfinnarprisen	120	120	0,0 %
Evaluering av verkemiddelbruk, utgreiingar	100	0	-100,0 %
Etablerarkurs	518	0	-100,0 %
Nyskapning og entreprenørskap HIB	500	300	-40,0 %
Sum brutto driftsutgifter	1 238	420	-66,1 %

### Oppfinnarprisen

Prisen er med å stimulera auka kreativitet og innovasjon i fylket. Fylkesrådmannen fører opp kr 120 000 – same sum som i 2011.

### Evalueringar av verkemiddelbruk, utgreiingar

Fylkesrådmannen fører ikkje opp særskilte evalueringsmidlar for 2012 og føreset at dette vert finansiert over ordinær drift.

### Etablerarkurs

Posten vert brukt til å delfinansiere kurs for etablerarar. For 2012 vert etablerarkurs finansiert over Regionalt Utviklingsprogram.

### Nyskaping og entreprenørskap ved Høgskolen i Bergen

Fylkeskommunen har sidan 2006 gitt årleg tilskot på kr 500 000 til eit professorat ved Høgskolen i Bergen innan nyskaping og entreprenørskap for å styrke kompetanseoppbygging og samarbeid med næringslivet innan dette feltet. 2011 er siste tilskotsår for dette professoratet.

Frå 2012 blir det foreslått å gje eit årleg tilskot på kr 300 000 til ei eiga stipendiatstilling innan same fagområde – med hovudvekt på eit nytt forskingsprogram innan rural innovasjon. Føremålet med forskingsprogrammet er å styrke kunnskap og kompetanse om korleis ein fremjar innovasjon og entreprenørskap i distrikta. Tilskotet vil gjelde for ein periode på 4 år.

### Prosjekt, institusjonar med mellombelse driftstilskot

Føremålet med løyvingane på dette kapitlet er i hovudsak å stø opp om organisasjonar og tiltak som i vesentleg grad kan medverka til innovasjon og vekst i næringslivet i Hordaland. Organisasjonane og tiltaka skal vera strategisk viktige for å gjennomføre næringsarbeidet i Regionalt utviklingsprogram. Dei som får stønad, skal som hovudregel stå på eigne bein etter ein avgrensa periode med tilskot. Stønaden m.a. til regionråda/ tiltakskontora, Fiskeriforum Vest, Fjord Norge og HOG Energi, har eit noko meir langsiktig perspektiv. Stønad til desse tiltaka vert styrt etter eit mål- og resultatstyringssystem i særskilde samarbeidsavtalar.

Det kjem stadig nye organisasjonar som søker om støtte frå fylkeskommunen. I ein oppstarts- og utviklingsfase vert desse organisasjonane støtta med midlar frå Regionalt utviklingsprogram. For at ikkje desse organisasjonane skal leggje for stort beslag på RUP-midlane, er det etter ei tid ønskjeleg å støtte desse organisasjonane med midlar frå denne budsjettposten, men disponibel ramme set grenser for kva som er mogeleg å få til.

Det vil bli lagt fram eiga sak til Fylkesutvalet, i løpet av hausten 2011, med nærare vurdering av disse tilskota.

Tal i heile tusen	Budsjett 2011	Budsjett 2012	Endring %
Fjord Norge	3 970	4 010	1,0 %
Samarbeidsavtale med destinasjonar i Hordaland	990	1 000	1,0 %
Fellesoppgåver på tvers av regionane i Hordaland	715	722	1,0 %
Regionsenteret for husflidsnæringen	196	198	1,0 %
Husflidskonsulenten	191	193	1,0 %
Drift / regionale tiltakskontor	1 980	2 000	1,0 %
Fiskeriforum Vest	300	303	1,0 %
Utdanning i Bergen	217	229	5,5 %
HOG Energi	1 081	1 092	1,0 %
Bergen Vitensenter AS	3 470	3 505	1,0 %
Bergensscenarier	152	0	
Business Region Bergen, driftsstøtte	2 538	2 563	1,0 %
Business Region Bergen, prosjektstøtte	låg under 715 i 2011	2 525	
Sum brutto driftsutgifter	15 800	18 339	16,1 %

*Merknad til endringar:*

*Tilskot til Bergensscenarier var kutta i revidert budsjett 2011 - avslutta prosjekt.*

*Prosjektstøtte til Business Region Bergen er flytta frå Regionale utviklingsprosjekt*

### *Fjord Norge AS*

Fjord Norge AS er ein marknadsføringsorganisasjon som skal profilera Vest Norges reiseliv i utlandet. Fjord Norge AS har ein tilnærma lik samarbeidsavtale med kvar av dei fire fylkeskommunane på Vestlandet. I samsvare med rammeavtalen skal summen prisjusterast kvart år.

Det er innvilga auka tilskot frå kvar fylkeskommune. Tilskotet frå Hordaland fylkeskommune for 2011 var på 3,97 mill. kroner. Grunngevinga for denne kraftige auken er at Fjord Norge skal kunne oppretthalde sin posisjon når det gjeld marknadsføring i forhold til dei andre landsdelsselskapa, som dei seinare åra har fått større økonomisk slagkraft. Fylkesrådmannen fører opp 4,01 mill. kr i 2012.

### *Samarbeidsavtalar med aktive destinasjonar i Hordaland (3-års-avtale)*

For å sikra ein viss utviklingskapasitet innan reiseliv spreidd over heile fylket, får seks aktive destinasjonsselskap eit årleg tilskott på grunnlag av ein treårig samarbeidsavtale. Tilskotet til kvart destinasjonsselskap vil ikkje vera nok til å "bemanna opp" eit område som ikkje allereie har eit aktivt kontor. Tilskott går såleis til dei som allereie er aktive. For 2012 er det sett av 1,0 mill. kr.

### *Fellesoppgåver på tvers av regionane i Hordaland*

For å få til eit breitt samarbeid kring fellesoppgåver for reiselivet i Hordaland er ein person tilsett med arbeidsstad i Bergen Reiselivslag. Alle destinasjonane er med på å styra arbeidet. For 2012 er det ført opp kr 722 000.

### *Regionsenteret for husflidsnæringen*

Regionsenteret for Husflidsnæringen har som føremål å hjelpa til med næringsutvikling og medverka til etablering av lønsame verksemder innan handverk- og husflidssektoren, og fylkesrådmannen foreslår kr 198 000 for 2012.

### *Husflidskonsulenten*

Husflidskonsulenten skal saman med andre aktørar leggja til rette for vidare utvikling av husflid i fylket. Dei fylkesvise konsulentstillingane er ei samfinansiering mellom Norges Husflidslag og kvart fylke. Husflidskonsulenten er del av eit nasjonalt nettverk og arbeidet gir god synergi i høve til satsingsområda reiseliv/kultur/landbruk. Konsulenten bidrar til å styrke lokalsamfunnsutviklinga i fylket. Fyl-

kesrådmannen fører opp kr 193 000 i budsjettet for 2012.

### *Regionale tiltakskontor / regionråd*

Dei regionale tiltakskontora/regionråda er eit viktig bindeledd mellom fylkeskommunen, og bedriftene og kommunane i dei ulike regionane. Tiltakskontora mottek årleg tilskott frå fylkeskommunen for å utføra næringsretta utviklingsarbeid for Hordaland fylkeskommune. Forvaltning av Regionale næringsfond står sentralt i tiltakskontora sitt arbeid. Det er inngått samarbeidsavtale mellom fylkeskommunen og kvart av tiltakskontora. For 2012 er det samla sett av 2 mill. kr.

### *Fiskeriforum vest*

Stiftinga Fiskeriforum Vest er ein regional nettverksorganisasjon som arbeider for å styrkja og vidareutvikla marine næringar på Vestlandet. Fylkesrådmannen fører opp kr 303 000.

### *Utdanning i Bergen*

Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom utdanningsinstitusjonane i Bergen, Studentsamskipnaden i Bergen, Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og Bergen næringsråd. Hovudmålsettinga er å utvikla, synleggjera og profilere Bergen som studieby, og sikre rekruttering av studentar til Bergen. For 2012 er det sett av kr 229 000.

Det vil bli vurdert å avvikle deltaking i prosjektet frå og med 2013.

### *HOG Energi*

HOG Energi er ein medlemsorganisasjon for fylkeskommunen, kommunar, organisasjonar, institusjonar og verksemder med oppgåver og interesser innafor verdiskaping knytt til olje, gass, og fornybar energi i Hordaland. HOG Energi har som føremål å syta for at energiressursane i Hordaland vert nytta til verdiskaping i fylket på ein optimal måte. HOG Energi vil også i 2012 ha ei viktig oppgåve med å koordinera ei rekkje aktivitetar og tiltak knytt til energisektoren. For 2012 foreslår fylkesrådmannen å setja av kr 1 092 000.

### *Bergen vitensenter*

Fylkesrådmannen fører opp same tilskot som i fjor justert for prisstiging og fører opp 3,505 mill. kr i 2012.

### *Bergensscenarier*

Prosjektet er avslutta og det er difor ikkje sett av midlar for 2012.

### *Business Region Bergen (BRB)*

BRB som vart etablert i 2007, er eigd av Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og ei rekkje omlandskommunar. BRB er eit regionalt næringsutviklingselskap som fremjar samordning av arbeidet med strategiar og satsingar for næringsutvikling i Bergensregionen.

Midlar som gjeld prosjektstøtte til Business Region Bergen, med 2,5 mill. kr, har tidlegare vore ført på regionale utviklingsprosjekt. Frå 2012 foreslår fylkesrådmannen å overføra prosjektstøttemidlane til denne budsjettposten.

Samla fører fylkesrådmannen opp kr 5 088 000 til Bergen Business Region for 2012 fordelt med kr 2 563 000 i driftstøtte og kr 2 525 000 i prosjektstøtte.

### **Landbruk**

Hordaland fylkeskommune har ansvar for fleire oppgåver direkte knytt til landbruket. Dei viktigaste av desse oppgåvene er kompetanseoppbygging, rekruttering og likestilling. Hordaland fekk tilført 1,2 mill. kr frå Landbruks- og matdepartementet i 2011 og føreset same beløp i 2012 prisjustert.

Ein del av midlane er brukte på å styrke rekrutteringa til naturbruksskulane. Det har gjeve god utteljing då søkjartalet til desse skulane auka med 50 %. Elles har midlane vore med å støtte oppstarten av den nye arboristutdanninga ved Hjeltnes vidaregåande skule.

Hordaland fylkeskommune har vore med på å lage eit nytt forum for bioenergi i Hordaland. Dette er noko som fylkeskommunen vil fylgje ekstra opp framover då det er sterke koplingar mellom landbruk/skogbruk og bioenergi.

### **”Clean North Sea Shipping” (CNSS)**

Hordaland fylkeskommune, ved Regionalavdelinga, leiar arbeidet med å gjennomføra prosjektet ”Clean North Sea Shipping” (CNSS). Prosjektet, som sorterer under Nordsjøprogrammet /INTERREG IVB, er tildelt ei økonomisk støtte frå EU på 50% av totalkostnad.

Budsjettramma er på 35 mill. kroner fordelt på 18 partnarar frå Sverige, Tyskland, Nederland, Belgia, UK og Noreg. Frå Hordaland er Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune, Bergen og Omland Havnevesen, BKK og Gassnor partnarar. Prosjektet skal gå over tre år og vart starta hausten 2010.

Prosjektet skal fremje tiltak som kan redusera luftforureining og utslepp av drivhusgassar frå skip både i hamn og til sjøs.

Fylkeskommunen må bidra med eigenfinansiering på kr 3 100 000 fordelt over 3 år. I 2011 vart det sett av kr 750 000 til eigenfinansiering, som vart ført opp under Nordsjøprogrammet i opphavleg budsjett. For 2012 set fylkesrådmannen av kr 875 000 til CNSS, som mellom anna skal gå til å finansiere prosjektleiartilting. Eksternt tilskot frå EU til drift er stipulert til same sum – kr 875 000 slik at brutto driftsutgifter er budsjettert med 1,75 mill. kr.

### **VRI programmet**

Programmet Virkemidlar for regional FoU og innovasjon (VRI) er ei særskilt satsing på forskning og innovasjon i norske regionar. Hordaland fylkeskommune samarbeider med Noregs forskingsråd om eit eige VRI prosjekt der målet er å betra samhandling mellom forskingsinstitusjonane og bedriftene i regionen. Viktige aktivitetar i prosjektet er Kompetansemekling og Mobilitetsprosjekt som sikrar utveksling av kompetanse mellom bedrifter og forskingsmiljøa i fylket. Desse verktøya skal framover nyttast inn mot gryande næringsklynger.

Hordaland fylkeskommune har fått innvilga stønad frå Noregs Forskingsråd til deltaking i ny programperiode for VRI frå 2011 - 2013. VRI er eit spleiselag der Forskingsrådet deltek med 50 % av finansieringa, 25 % er eigenfinansiering frå bedrifter og forskingsmiljø. Totalt i perioden 2011 – 2013 har VRI Hordaland eit budsjett på 11,5 millionar kroner, med 4,6 millionar budsjettert for 2012. Regional medfinansiering vert dekt gjennom Regionalt Utviklingsprogram. Forskingsrådet si finansielle medverknad i VRI Hordaland 2012 vil i 2012 vere 2,3 mill. kr.

## 705 Finansieringsbistand overfor næringslivet

	Budsjett 2011	Budsjett 2012	Endring %
Regionalavdelinga nærings- og tiltaksarbeid	8 332	8 774	5,3 %
Sum brutto driftsutgifter	8 332	8 774	5,3 %
Driftsinntekter	0	0	-
Sum netto driftsutgifter	8 332	8 774	5,3 %

### Regionalavdelinga, nærings- og tiltaksarbeid

På denne budsjettposten fører ein driftsutgifterne i Regionalavdelinga som går til nærings- og tiltaksarbeid. Etter KOSTRA-inndelinga skal alt arbeid som ikkje er reint administrativt

førast på funksjonen som omhandlar arbeidsfeltet.

Fylkesrådmannen fører opp 8,7 mill. kr for 2012.

## 715 Lokal og Regional utvikling

Tal i heile tusen	Budsjett 2011 (opphavleg)	Budsjett 2012	Endring %
Regionale utviklingsprosjekt	12 000	8 863	-26,1 %
Program for lokalsamfunnsutvikling, Liv og Lyst og LUK	2 451	2 865	16,9 %
Kommuneplan, tettstadarbeid og kompetanseoppbygging	1 109	1 120	1,0 %
Regional planlegging/planstrategi	2 044	2 564	25,5 %
Folkehelse	3 739	4 196	12,2 %
Regionalt forskingsfond Vestlandet	29 000	29 290	1,0 %
Vestlandsrådet	600	600	0,0 %
Klimaplan	914	2 945	222,2 %
Vassforvaltning	600	787	31,2 %
Forvaltingsmynde skjelsandkonsesjonar	118	119	0,6 %
Internasjonale samarbeidsprosjekt (HFK-midlar)	842	749	-11,0 %
Stipulerte midlar til Leonardo, Ung i Europa og Nordsjøprogr.	750	1 370	82,7 %
Regionalavdelinga, drift innanfor 715	19 813	22 583	14,0 %
Sum brutto driftsutgifter	73 980	78 052	5,5 %
Sum driftsinntekter	30 718	33 066	7,6 %
Sum netto driftsutgifter	43 262	44 986	4,0 %

## **Regionale utviklingsprosjekt**

Midlane skal gå til regionale prosjekt der målet er å skape noko unikt for heile eller delar av fylket, eller til prosjekt som verkar til å skape attraktive og konkurransedyktige regionar. Midlane blir lyst ut til kommunane og går primært til investeringsføremål.

Midlar som gjeld prosjektstøtte til Business Region Bergen med 2,5 mill. kr har til no vore ført på regionale utviklingsprosjekt. Dette vert frå 2012 føreslått overført til ordninga "Mellombelse driftstilskot.

Reduksjon i revidert budsjett for 2011 på kr 750 000 er vidareført i 2012. Årleg ramme for utviklingsmidlane er etter dette 8,863 mill. kr.

Fylkesutvalet tildelte midlar for 2010 og 2011 i juni 2010. Utover dette vart det løyvd ytterlegare 1,5 mill. kr til Os kunst- og kultursenter og 5 mill. kr til Arrangørbygda Voss frå midlane i 2012, under føresetnad av at det vart uendra rammer på ordninga i 2011 og at det vert avsett midlar på ordninga i 2012. Det inneber at det er om lag 2,2 mill. kr som ikkje er bundne opp av løyvinga for 2012.

Ut i frå dette legg fylkesrådmannen opp til at det vert ei ny fordelingsrunde i 2012, der også midlar for 2013 vert lyste ut. Det kan likevel verte naudsynt å bruke midlane dei komande åra til attraksjonar i regi av Nasjonale turistvegar, (Fossar i Hardanger), jf. omtale under Hovudutfordringar i 2011 frammanfor.

## **LUK-Program for lokalsamfunns-utvikling**

Fylkeskommunen fekk 1,5 mill. kr frå KRD til LUK-programmet "Lokal samfunnsutvikling i kommunane" i 2011. Programmet er ei 5-årig satsing fram mot 2015, og målet er å gjera kommunane enda betre i rolla som samfunnsutviklar. Under overskrifta "Aktive kommunar - Attraktive lokalsamfunn" organiserer fylkeskommunen dette arbeidet i partnerskap med Innovasjon Norge og Fylkesmannens landbruksavdeling. Satsinga i Hordaland bygger på dei eksisterande prosjekta LivOGLyst, Kom-an.no og Kommuneprosjektet. Partnerskapen har samarbeidd om prosjekta sidan 2008. Sentralt i LUK er å legge til rette for kompetansebygging og nettverksbygging, så vel regionalt som lokalt. Kommunanes behov og føringar skal i stor grad styra utviklinga dei tre komande åra. Inntekta frå KRD kan truleg vidareførast med same sum.

*Kom-an.no* er partnerskapens satsing på "ei dør" inn til verkemiddelapparatet, og skal vere informasjonsportal for grûndarar, entreprenørar, fyrstelina i kommunane og andre. Portalen er under utvikling og blei finansiert av partnerskapen samt kr 175 000 av LUK-midlar i 2011.

*Kommuneprosjektet* er partnerskapen si nærings-satsing overfor kommunane. No er kompetansebygging for fyrstelina og politikarar, og entreprenørskapskonferansen det viktigaste innhaldet i prosjektet, men bygging av og støtte til regionale nettverk og styrka næringsretta kompetansebygging står på programmet vidare. Prosjektet fekk kr 250 000 av LUK-midlane i 2011

*LivOGLyst* er fylkeskommunen si overordna, langsiktige satsing på lokalsamfunnsutvikling og skal stimulera lokal utviklingskraft på ein systematisk måte, og gi støtte til lokal prosjektutvikling i bygd og by. Programmet er finansiert av partnerskapen og har etter revidert budsjett i 2011 eit fylkeskommunalt bidrag på 1,351 mill. kr. Prosjektet blei i tillegg styrka med kr 125 000 frå LUK-midlane. Fylkesrådmannen fører opp same sum i budsjettet for 2012.

## **Kommunal planlegging og senterutvikling**

Fylkesrådmannen tilrår å vidareføre same beløp som i 2011 med prisjustering og fører opp kr 1 120 000 i 2012.

Fylkeskommunen har ansvar for å tilby kommunane kompetanse i kommunal planlegging. Gjennom fagsamlingar, kurs og konferansar og utdanningsmodular bidrar fylkeskommunen med brukarretta formidling av plankompetanse. Behovet for innsats er aukande. Informasjon til nye folkevalde, nytt planverktøy og ressursituasjonen i distriktskommunar i ein pressa arbeidsmarknad gjer behovet stort også i 2012. Arbeid med kompetansegeivande utdanning på Vestlandet vil sikre kommunane kompetanse i eit langsiktig perspektiv. Betre samspel mellom næringslivet og kommunal planlegging vil vera eit prioritert utviklingstema i 2012.

Fylkeskommunen har over lengre tid arbeidd med tettstadutvikling og gjennom tilskot stimulert til bruk av høg fagkompetanse til stadanalysar som kan leggjast til grunn for planlegging av god senterfunksjon og kvalitet. Senterutvikling er grunnlaget for eit robust utbyggingsmønster som både tener distrikta og dei sentrale vekstområda. Fyl-

keskommunale midlar er med på å utløyse spleiselag mellom ulike offentleg og private interesser.

### **Regional planlegging**

Regional planstrategi for Hordaland har komme inn som det sentrale verktøyet for å prioritere regionale planoppgåver. Midlane til regional planlegging er kopla opp til planstrategien og vert nytta til å finansiere igangsetjing og utarbeiding av regionale planar. Fylkesutvalet fordelar midlane til regional planlegging i eiga sak som oppfølging av planstrategien.

I Regional planstrategi for Hordaland 2010 – 2012 er det foreslått 8 nye planoppgåver. I tillegg skal Regional planstrategi for 2013-2016 utarbeidast i løpet av 2012. Såpass mange store planoppgåver vil krevje ein del økonomiske midlar. Særleg vil det vere store utfordringar knytt til finansiering av programmet til plan for Bergensområdet. Det er ført opp kr 2 564 000 for 2012, som er ein auke på kr 500 000.

### **Folkehelse**

Folkehelsearbeidet i Noreg er i endring i tråd med innføring av samhandlingsreforma. Lova gir fylkeskommunar ansvar for å ivareta folkehelsearbeid i eiga tenesteyting, forvaltning, planlegging og regional utvikling. Lova legg sterk vekt på fylkeskommunen si rolle i å understøtte kommunane sitt folkehelsearbeid. Arbeidet er i ein utviklingsfase, og det er starta opp arbeid med utvikling av regional plan for folkehelsearbeidet i Hordaland.

Midlane går til stimuleringstilskot til partnerskapskommunar (kr 150 000 pr. kommune), til drift av partnerskapen, til folkehelseiltak i kommunane og til fylkeskommunale satsingar m.a. innan livsstilsområda. Hausten 2011 er det 18 kommunar med i partnerskapen, målet er at alle blir med i løpet av 2012.

Samla fører fylkesrådmannen opp kr 4 196 000 på budsjettposten for folkehelse. Midlane vert fordelte i eiga sak tidleg i 2012.

### **Regionalt forskingsfond Vestlandet**

Regionale forskingsfond skal stimulere til forskning på regionalt prioriterte tema. Ordninga er fullfinansiert gjennom ei statleg fondsavsetting. Regionalt forskingsfond Vestlandet er eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Hordaland er vertsfylkeskommune med ansvar for administrasjon og økonomi. Fondet har eit eige styre som i 2010 gav stønad til 27 forpro-

sjekt og 10 hovudprosjekt innan forskning med regional relevans. I 2011 vart det lyst ut nær 27 millionar kr til forskingsprosjekt innan A) Bærekraftig matproduksjon, B) Energi og maritim sektor, C) Reiseliv og D) Offentlege utviklingsprosjekt. Ordninga skal gjelde fram til 2020, og fondsavsetninga vert årleg bestemt i Statsbudsjettet. For 2012 er det venta at overføringa frå Kunnskapsdepartementet til Hordaland fylkeskommune Regionalt forskingsfond Vestlandet vil vere om lag 29,3 mill. kr.

### **Vestlandsrådet**

Løyvinga går til kontingent til Vestlandsrådet (kr 500 000) og til møter i regi av Vestlandsrådet som vert arrangert i Hordaland. Det er avsett kr 600 000 til føremålet, som er nominelt same beløp som i 2011.

Hordaland fylkeskommune skal ha leiarskapen for Vestlandsrådet i 2012. Fylkesrådmannen føreset at behov for midlar knytt til denne oppgåva vert teke innanfor ordinære budsjett.

#### *Vestlandssamarbeidet -marin satsing*

Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar har hatt ei årleg økonomisk ramme på mellom 3 og 4 mill. Dette er regionale utviklingsmidlar (RUP) frå dei fire fylkeskommunane som vert forvalta og administrert av HFK v/næringsseksjonen på vegne av fylkeskommunane. Midlane har gått til næringsutvikling og FoU-prosjekt innan utvikling av nye oppdrettsartar.

2011 er siste året med denne organiseringa og innretninga mot nye oppdrettsartar. Frå og med 2012 vert samarbeidet utvida til heile marin sektor, og samarbeidet har fått namnet: "Vestlandssamarbeidet – marin satsing". Fylkeskommunane sin felles administrasjon av tilskotsmidlar fell bort.

### **Klimaplan**

Klimaplan Hordaland 2010 vart vedteke i juni 2010. Handlingsprogram 2010-2011 vart vedteke i oktober 2010 og skal rullerast årleg. Klimaplanen sine mål er i samsvar med nasjonale og internasjonale mål. Klimautfordringane krev eit breitt samarbeid mellom offentlege og private aktørar, næringsliv, organisasjonar, forskning og den ein-skilde innbyggjar. Samla kostnader ved tiltaka er ikkje så lette å talfesta. Samfunnsøkonomiske vurderingar syner at mange klimatiltak kan vere direkte lønsame i løpet av få år. Kostnadene ved ikkje å gjere noko vil bli mykje større.

I 2011 vart det løyvd kr 914 000 til klimaplanen. For å styrke satsinga i 2012 foreslår fylkesrådmannen auke på kr 700 000, samt å slå saman postane for miljøsertifisering og klimaplanen. Samla vert det då 2,945 mill. kr til klimaarbeidet i 2012. Fordeling på tiltak bli gjort i sak om rulling av handlingsprogrammet.

I tillegg, som omtalt under "Regionalt utviklingsprogram", legg ein opp til å øymerka 1 mill. kr frå prosjektmidlane i RUP på klimarettå tiltak, og ytterlegare 1 mill. kr som vert dekkja inn ved tilsvarende reduksjon i overføringane til Innovasjon Noreg.

### Vassforvaltning

Hordaland fylkeskommune er vassregionstyresmakt og har plan- og prosessleiaransvaret etter vassforskrifta. Ein stor del av budsjettmidlane går til prosjektleiarar i dei 5 vassområda som Hordaland er delt inn i. Forsking frå pilotfasen visar at gode prosjektleiarar i vassområda er avgjerande for å lukkast. Utan lokale tiltaksanalysar vil arbeidet stoppa opp. Det er nødvendig å auke budsjettnivået for å kunne bidra til drifta av dei 5 vassområda ut 2013. Fleire vassregionmynde har to tilsette på saksfeltet i fylkeskommunen, medan Hordaland greier seg med ei stilling. Det gjer det desto viktigare med godt samarbeid med alle partar.

I 2011 var dei statlege tilskota til vassforvaltning på kr 775 000. Tildelingsbrevet kom i mars månad. Det er vanskeleg å budsjettera når vi ikkje får vite tidlegare kor store dei statlege tilskota vert. Denne uvissa spreier seg vidare til kommunane, som har arbeidsgjevaransvar for prosjektleiarane i vassområda.

Ein ventar øymerking også i 2012 og legg inn same nivå på tilskotet prisjustert og fører opp kr 787 000. Medfinansiering frå Regional planstrategi må halde fram i 2012, og med forventa utgifter er det behov for kr 250 000 i 2012.

### Skjelsand

Fylkeskommunen er forvaltingsmynde for tildeling av skjelsandkonsesjonar og krev inn avgift på bakgrunn av rapportering av opptak. Midlane er frie, men det er ønskjeleg at dei vert nytta til skjelsandrelevante føremål, som kartlegging av ressursane m.m. For 2012 er det budsjettert med kr 119 000.

### Internasjonale samarbeidsprosjekt

Det vert foreslått sett av kr 749 000 til budsjett for internasjonale samarbeidsprosjekt i 2012. Desse

budsjettmidlane skal brukast i tråd med vedtatt internasjonal strategi og prioriterte satsingsområde.

Budsjettsummen på kr 749 000 til internasjonale samarbeidstiltak er fordelt slik:

Samarbeid med kommunar	kr 160 000
Nettverk- og partnerskap	kr 150 000
Samarbeidsregionar og internasjonale organisasjonar	kr 194 000
Medlemskap i organisasjonar	kr 185 000
Informasjon og marknadsføring	kr 60 000

I tillegg til løyvinga på kr 749 000 søkjer Hordaland fylkeskommune òg i 2012 om å få midlar frå Europakommisjonen for å vidareføre programma Leonardo da Vinci og Aktiv Ungdom. For Leonardo da Vinci er det budsjettert med 1,2 mill. kr i 2012 som blir fordelt til aktørar i Hordaland. For programmet Aktiv Ungdom er budsjettert sum kr 70 000 i 2012 til fordeling blant aktørar i Hordaland. I tillegg har Hordaland fylkeskommune gjennom Vestlandsrådet fått tildelt oppgåva som norsk nasjonalt kontaktpunkt for Nordsjøprogrammet. For 2012 er det budsjettert med eit tilskot på kr 100 000 for å fylla funksjonen som nasjonalt kontaktpunkt for Nordsjøprogrammet.

### Marin tilskotsordning

I samband med tildelinga av nye løyve til matfisk av laks og aure i 2009, fastsette regjeringa at delar av vederlaget for desse løyva skulle tilfalle fylkeskommunane som frie midlar.

Hordaland fylkeskommune fekk 15 mill. kr. Fylkesutvalet vedtok å opprette ei tilskotsordning til beste for kommunane og for vidare utvikling av næringa i fylket (sak 146/10) med slik fordeling:

- Rekruttering til næringa 4 mill. kr
- Arealbruk og lokalisering 4 mill. kr, av dette 1,5 mill. kr til vertskommunane med kr 300 000 per konsesjon i 2009
- Miljøtiltak 7 mill. kr. Søkbara midlar/eksterne prosjekt, av dette 1 mill. kr til tiltak for å fremja villstammen av laks og aure.

Rekrutteringsprosjekt med ramme på 4 mill. kr vart starta i 2011. Vertskommunar har fått tildelt 300 000 per konsesjon. Tilskot til miljøtiltak vart lyst ut våren 2011, og Fylkesutvalet vedtok (sak 123/11) tildeling på i alt 7 mill. kr. Resterande midlar vil bli brukt i medhald av retningsliner vedtatt av fylkesutvalet. Det kjem ikkje nye midlar inn på budsjettposten.



## 716 Friluftsliv og miljø

Tal i heile 1000 kr

	Budsjett 2011	Budsjett 2012	Endring %
Miljø	721	728	1,0 %
Miljøsertifisering	1 929	0	-
Viltforvaltning	305	403	32,1 %
Friluftsføremål	6 445	7 212	11,9 %
Sum brutto driftsutgifter	9 399	8 343	-11,2 %
Sum driftsinntekter	305	-2 853	835,4 %
Netto driftsutgifter	9 094	5 490	-39,6 %

### Miljø

Kultur- og ressursutvalet vedtek årleg handlingsprogram. Tildeling av tilskotsmidlar vert gjort administrativt. Det er ført opp kr 728 000 på posten i 2012.

### Miljøsertifisering

Miljøsertifisering av Hordaland fylkeskommune starta i 2009 som strakstiltak i klimaplanarbeidet. For å synleggjere satsinga vart miljøsertifisering i 2010 skilt ut som eigen budsjettpost. I 2011 og 2012 står vidaregåande skular i fokus. Frå og med 2012 går arbeidet over i permanent drift og skal også femne om miljøleining (m.a. som lekk i kvalitetsarbeidet) i Hordaland fylkeskommune. Då dette er ei fast oppgåve, vert personalkostnadene til koordinator overført til lønsbudsjettet. Restende midlar vert slått saman med Klimaplanen sitt budsjett, slik det opphavleg var då arbeidet starta i 2009, jf. avsnittet om klimaplanen framfor.

Miljøsertifisering har vist seg å vere ein effektiv metode å auke kunnskap og påverke haldningar i klimaspørsmål og til å samordne klimatiltak i mindre verksemder. Arbeidet med sertifisering held fram, men vert etter kvart meir retta mot andre kommunar og verksemder i Hordaland, jf. måla i Klimaplanen.

### Viltforvaltning

Fylkeskommunen er viltorgan, skal fremje formålet med viltlova og gje styresmakter, organisasjonar, bedrifter og enkeltpersonar bistand, råd og rettleiing i saker om viltforvaltning. Fylkeskommunen fordeler årleg statstilskot til ulike viltformål. Fylkeskommunen vil arrangere årleg viltmøte i fylket. For 2012 er det rekna med statstilskot på kr 403 000.

## Friluftsføremål

Fylkesrådmannen sitt forslag for 2012 for friluftslivstiltak går fram av tabellen nedanfor. Nokre av postane er kommenterte nærare.

	Budsjett 2011	Budsjett 2012
Friluftslivets hus i Hordaland	1 110 000	110 000
Bergen og Omland Friluftsråd (BOF)	903 000	970 000
BOF kystfriluftslivets hus	1 000 000	0
Bergen Turlag	225 000	375 000
Haugesund Turistforening	15 000	15 000
Arboretet på Milde	280 000	280 000
Friluftsrådet Vest	237 000	267 000
Tilskot til Voss Utferdslag	15 000	15 000
Turløyper på Kvamskogen	100 000	100 000
Vestkystparken	1 000 000	1 100 000
Rallarvegen	1 000 000	100 000
Hardanger friluftsråd	250 000	250 000
Gradering og merking av turløyper	0	280 000
Lokale tiltak for fysisk aktivitet og friluftsliv	310 000	400 000
Tilskot - friluftstiltak		350 000
Tilskot - friluftsområde		2 100 000
Friluftsliv		500 000
<b>Sum brutto driftsutgifter</b>	<b>6 445 000</b>	<b>7 212 000</b>
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>2 450 000</b>
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>6 445 000</b>	<b>4 762 000</b>

*Bergen og Omland Friluftsråd* (BOF) er eit interkommunalt samarbeidsorgan som har til oppgåve å sikra, tilrettelegga og stå for dagleg drift av friluftsområde i bergensregionen.

BOF er med på å realisere fylkeskommunen sitt mål om å sikra grunnlaget for allemannsretten og tilrettelegging for det enkle friluftslivet. Friluftsrådet har 15 medlemskommunar og forvaltar over 190 friluftsområde i bergensregionen. Friluftsrådet skal ha offisiell opning av senter for kystfriluftsliv i byrjinga av 2012 i samband med sitt 75-årsjubileum. Løyvingane vert auka med kr 67 000.

*Bergen turlag* er den største friluftsføremålsorganisasjonen på Vestlandet som er basert på frivillig engasjement. Hovudmålet er å få fleire ut på tur. Årleg tilbyr turlaget saman med dei sju lokallaga om lag 700 arrangement for medlemmar og andre interesserte. Bergen turlag har også ansvar for friluftslivets hus. Bergen turlag har sterk medlemsvekst, dei har etablert to nye lokallag og har tunge folkehelseprosjekt utover eigen medlemsmasse. Prosjekta har sær gode resultat, og dei ønskjer at arbeidet skal bli ein del av deira faste tiltak. Løyvingane vert auka med kr 150 000 til Bergen Turlag.

*Friluftsrådet Vest* (FV) er eit interkommunalt friluftslivsorgan for seks kommunar i Sunnhordland. Hovudfokus i friluftslivsarbeidet er sikring, tilrettelegging og drift av regionale friluftsområde. I tillegg er informasjon, overføring av kompetanse og tilrettelegging av friluftslivsaktivitet sentralt i FV sitt arbeid. Tilskotet aukar med kr 30 000 i 2012.

*Vestkystparken* er Vestlandets "skjergardspark". Saman med skjergardsparkane på Sørlandet og Austlandet, er det samanhengande skjergardsparkar frå svenskegrensa til grensa mot Sogn og Fjordane. Vestkystparken er eit interregionalt samarbeid mellom Hordaland og Rogaland og har som føremål å gje eit godt friluftslivstilbod til brukarar gjennom at friluftsområde knytt til sjø får eit effektivt tilsyn, god skjøtsel og riktig tilrettelegging. Vestkystparken er basert på naturvennleg tilrettelegging, bruk og vedlikehald. Driftsoperatørar er friluftsråd i Hordaland og Rogaland. Hardanger friluftsråd vert inkludert i dette samarbeidet. Hordaland fylkeskommune er sekretariat for Vestkystparken ut 2013. Fylkesrådmannen foreslår auke på kr 100 000 til Vestkystparken i 2012. Dette vil kunna løysa ut auka statstilskot.

Proessen med etablering av Hardanger friluftsråd er godt i gang, og posten "Etablering av friluftsråd" som vart lagt inn i 2011 vert vidareført som tilskot til *Hardanger friluftsråd* i 2012.

*Vestlandsprosjekt knytte til gradering og merking av turløyper* 2011 – 2012, krev ein eigendel frå fylkeskommunen på kr 577 138 årleg. Eigendelen vert dekkja av kr 200 000 i arbeidstid og kr 100 000 frå eigne midlar til idrettsprosjekt. For 2011 var det søknadar for vel kr 5,5 mill. kr med tiltak i 28 kommunar. Søknadane vert vurdert i samanheng med statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar til friluftsliv og folkehelse. Fylkesrådmannen foreslår ein ny post på kr 280 000 til dette føremålet i 2012.

Små fylkeskommunale *tilskot til lokale tiltak for fysisk aktivitet og friluftsliv* skapar stor aktivitet lokalt. I 2011 var det søknader for i overkant av 3,3 mill. kr. Fylkesrådmannen gjer framlegg om auke på kr 90 000 til dette føremålet for 2012 samanlikna med budsjettet for 2011.

#### *Tilskot - friluftstiltak*

Målet med tilskotsordninga er å medverka til stimulerings tiltak og haldningsskapande arbeid for friluftsliv, med vekt på å styrkja allmenta sine interesser. Innsatsen skal i første rekkje rettast inn mot barn, unge, personar med funksjonshemming og etniske minoritetar. Målgruppa for ordninga er lokale lag og organisasjonar, dei regionale nettverka "Forum for natur og friluftsliv", Friluftslivets fellesorganisasjon (FRIFO) og evt. andre samskipnader av landsdekkjande, frivillige organisasjonar med friluftsliv som arbeidsområde. Det vert gjeve tilskot frå kr 5 000 til kr 40 000. I 2011 fekk Hordaland fylkeskommune kr 350 000 i statlege midlar til fordeling. For 2012 vert det budsjettet med same sum.

#### *Tilskot - friluftsområde*

Midlane skal dekkja utgifter til ulike praktiske tiltak og tilrettelegging som følgje av statleg sikring av viktige friluftslivsområde. Midlane skal hovudsakleg nyttast til tiltak i sikra friluftslivsområde av nasjonal eller regional betydning. Kommunar og interkommunale friluftsråd kan søkja. Ein frivillig organisasjon kan ta hand om den daglege drifta. I 2011 fekk Hordaland fylkeskommune kr 2 100 000 i statlege midlar til fordeling. For 2012 vert det budsjettet med same sum.

Tilskotsordningane vert samordna med dei andre fylkeskommunale og statlege tilskotsordningane.

#### **Fylkestinget**

Fylkestinget la inn midlar til følgjande tiltak:

Rallarvegen, servicepatruljen	100 000
Friluftsliv	500 000

# 710 FYLKESKOMMUNAL NÆRINGS- VERKSEMD

		Budsjett 2011	Budsjett 2012	Endring %
Konsesjonskraftinntekter	Brutto driftsutgifter			
	Driftsinntekter	-100 000	-120 000	20,0 %
	Netto driftsutgifter	-100 000	-120 000	20,0 %
Hardangerbrua	Brutto driftsutgifter	35 600	35 600	0,0 %
	Driftsinntekter			
	Netto driftsutgifter	35 600	35 600	0,0 %
Eidfjordavtalen	Brutto driftsutgifter			
	Driftsinntekter	-18 400	-18 800	2,2 %
	Netto driftsutgifter	-18 400	-18 800	2,2 %
Utleige av eigedomar	Brutto driftsutgifter	400	175	-56,3 %
	Driftsinntekter	-7 200	-2 700	-62,5 %
	Netto driftsutgifter	-6 800	-2 525	-62,9 %
Valen og Handeland gard	Brutto driftsutgifter	3 400	3 400	0,0 %
	Driftsinntekter	-2 650	-2 650	0,0 %
	Netto driftsutgifter	750	750	0,0 %
	Sum brutto driftsutgifter	39 400	39 175	-0,6 %
	Sum driftsinntekter	-128 250	-144 150	12,4 %
	Sum netto driftsutgifter	-88 850	-104 975	18,1 %

## Konsesjonskraftinntekter

Hordaland fylkeskommune har rett til å ta ut konsesjonskraft og kan selja denne vidare i marknaden. Fylkeskommunen sit att med differansen mellom konsesjonskraftprisen ein må betala til kraftlaga og salsprisen ein får i marknaden. Dette "mellomlegget" kan svinga frå år til år.

Tilgangen på konsesjonskraft er om lag 428 GWh årleg.

Gjennom dei siste åra har ein sett store svingingar i kraftprisen. Ein har gjennom fleire år

budsjettert med 100 mill. kr i netto inntekt. I 2010 vart inntekta 124,7 mill. kr. I haust har kraftprisen falle. Fylkesrådmannen legg likevel til grunn at kraftprisen vil ta seg opp igjen til vinteren, og budsjetterer med 120 mill. kr i inntekt. Om lag 2/3 av konsesjonskraftssalet for 2012 er sikra gjennom finansielle priskontroller.

Når det gjeld disponering av konsesjonskraftinntekter, har det årleg blitt overført 35,6 mill. kr til Hardangerbrua. 2012 er siste året. Ein vil då ha nådd opp i 356 mill. kr, som er den

summen som skal finansierast med konsesjonskraftinntekter.

Pr. 31.12.10 hadde fylkeskommunen ståande 26,1 mill. kr på disposisjonsfond til Hardangerbrua. Det er budsjettert med bruk av 21,7 mill. kr av fondet i 2011. 4,4 mill. kr vil då stå igjen til 2012. Det vil seie at 31,2 mill. kr av tilskotet til Hardangerbrua må dekkast av konsesjonskraftinntektene det året.

### **Eidfjordavtalen**

Fylkeskommunen overlet på midten av 80-talet sin eigardel på 35% i Eidfjord-nord til BKK / SKL. Som kompensasjon skal ein frå og med 2005 få utbetalt 1 øre pr. kwh. i 1985-prisnivå, rekna etter fastkraftproduksjonen. Beløpet vert årleg justert med auken i konsumprisindeksen.

Ein fører opp 18,8 mill. kr i inntekt i 2012.

### **Utleige av eigedomar**

Siste året har ein selt bygningane på tidlegare Vestlandsheimen som gav leigeinntekter (fengsel og barnehage). Dermed fell leigeinntekter på 4,5 mill. kr bort.

Det ein står igjen med av utleigeeigedomar er i hovudsak følgjande:

- Bustadblokk på Voss
- Ibsensgt. 118.
- Leirvik gard er utleigd til Meland Golf og Naturpark.
- Skuletomten i Åsane er utleigd til parkeringsføremål.
- Fana stein AS betaler for uttak av stein i Stendafjellet (etter utteken mengde)
- Vaskeribygningen på Valen er utleigd til Nor Tekstil Service AS.

Det vert budsjettert med ei netto inntekt på 2,5 mill. kr frå desse eigedomane.

### **Valen og Handeland gard**

Gardsdrifta ved Valen og Handeland gard går ikkje i balanse. I 2011 vart det budsjettert med ei netto utgift på kr 750.000. Ein budsjetterer med same beløp i 2012.

Det er sett i gang arbeid med å få fram takst for gardsbruket med sikte på sal.

### **Valen Kraftverk AS**

Fylkesrådmannen har budsjettert med utbytte frå kraftverket på 1 mill. kr. Summen er inntektsført på rentekapitlet.

# SAMFERDSEL

Tal i heile 1000 kr

			Budsjett 2011	Budsjett 2012	Endring %
720	Vedlikehald fylkesveggar	Brutto driftsutgifter	392 154	401 396	2,4 %
		Driftsinntekter	-25 000	-30 000	20,0 %
		Netto driftsutgifter	367 154	371 396	1,2 %
730	Bilruter	Brutto driftsutgifter	1 378 139	1 396 144	1,3 %
		Driftsinntekter	-696 718	-651 164	-6,5 %
		Netto driftsutgifter	681 421	744 980	9,3 %
731	Fylkesvegferjer	Brutto driftsutgifter	301 915	310 391	2,8 %
		Driftsinntekter		-4 753	
		Netto driftsutgifter	301 915	305 638	1,2 %
732	Båtruter	Brutto driftsutgifter	65 466	84 732	29,4 %
		Driftsinntekter		-2 300	
		Netto driftsutgifter	65 466	82 432	25,9 %
733	Transportordn. for funksj.h.	Brutto driftsutgifter	44 600	45 046	1,0 %
		Driftsinntekter			
		Netto driftsutgifter	44 600	45 046	1,0 %
734	Bybanen	Brutto driftsutgifter	85 583	99 665	16,5 %
		Driftsinntekter	-55 000	-70 000	27,3 %
		Netto driftsutgifter	30 583	29 665	-3,0 %
		Sum brutto driftsutgifter	2 267 857	2 337 374	3,1 %
		Sum driftsinntekter	-776 718	-758 217	-2,4 %
		Sum netto driftsutgifter	1 491 139	1 579 157	5,9 %

Tabellen syner vekst i høve til opphavleg budsjett for 2011. Men budsjettet for kollektivtrafikk vart styrka med 82,2 mill. kr i fylkestingssak 26/11 "Budsjett 2011 – revidering". Sam-

anlikna med revidert budsjett for 2011, er forslaget reelt redusert med ca. 35 mill. kr, medan det i rammesaka var lagt til grunn ein reduksjon på 40 mill. kr.

## Fylkestinget

Fylkestinget la inn følgjande tillegg i samferdselsbudsjettet:

Fylkesvegvedlikehald	5 000 000
Auka ruteproduksjon	5 000 000
Studentkort - utviding av aldersgrensa frå 30 til 33 år	1 200 000
Ferjesambandet Kinsarvik-Utne-Kvanndal, auka kapasitet til 2013	3 200 000

# Hovudutfordringar

## Fylkesveggar

### *Vedlikehald*

Fylkeskommunen tok over ansvaret for om lag 1 150 km tidlegare riksveg frå 2010, og vart med det vegeigar for meir enn 80% av det overordna vegnettet i Hordaland. For å framstå som ein aktiv vegeigar og ta leiaransvar på dette området, har ein lagt vinn på å sikra både god samhandling med Statens vegvesen og styrka eigen administrasjon.

Hovudutfordringa vert likevel å sikra økonomiske rammer som set fylkeskommunen i stand til å ta vare på og vidareutvikla fylkesvegnettet. Det er mellom anna store utfordringar knytt til forfall og manglande vedlikehald av vegnettet. I den samanhengen er det viktig å vera merksam på at kostnadane til driftskontraktane har auka vesentleg i andre anbudsrunder.

Fylkesrådmannen vil i denne samanhengen visa til at fylkestinget alt i budsjettet for 2011 auka investeringsbudsjettet med 30 mill. kr til vedlikehald med anleggskarakter. Dette er vidareført i investeringsbudsjettet for 2012 der det også er ført opp 30 mill. kr.

## Kollektivområdet

### *Anbudsutsetjing*

Når anbodspakken for Sotra og Askøy vert sett i drift frå medio 2012 vil heile bussruteproduksjonen i fylket vera anbudsutsett. I 2012 vert og dei to siste ferjeanboda, Hardangerpakken og Klokkekarvik-Hjellestad, sette i drift.

Utfordringane på kollektivområdet vil i hovudsak vera å arbeida for å nå dei overordna måla som er nedfelt:

- 50 prosent passasjervekst i Bergensområdet til 2020.
- Full framkomst for kollektivtransporten på alle hovedtrasear i Bergen.
- Universell utforming av kollektivtransportssystemet.
- Miljøvenleg kollektivtransportdrift.

Ei hovudoppgåve vert å sikra økonomiske rammer som set kollektivtrafikken i stand til å ta ein større del av veksten i persontrafikken.

For å oppnå dette må ruteproduksjonen aukast og det må vera fokus på frekvens, regularitet og kapasitet i rutesystemet. Nytt ruteopplegg for Bergen Nord og Bergen Sentrum som vert sett i verk i samband med anbudsoppstart hausten 2011, vil gje eit forbetra rutetilbod til dette området.

### *Takstar og billettering*

Billetteringssystemet er – etter ein god del innkøyringsproblem – no stabilt og godt fungerande. Våren 2012 skal alle billettautomatar vera utplasserte. Det skal vidare takast i bruk nye kortprodukt, og internettløysing knytt til billetteringssystemet skal vera på plass.

Fylkesrådmannen sitt budsjettforslag for 2012 legg opp til å stimulera til auka kortbruk og til å redusera talet på enkeltbillett kjøp. Dette vert gjort ved forslaget om å frysa prisen på alle typar kort frå 2011 til 2012. Faste kollektivreisande vert slik prioritert. Det vert foreslått takstauke kun på kontant kjøp av enkeltbillett der taksten i forslaget vert sett opp frå kr 25 til kr 27 innanfor minstetakstområda og tilsvarende for høgare takstsoner frå 2012.

### *Oppgradering av haldeplassar og kollektivterminalar*

Oppgradering og utbetring av haldeplassar og kollektivterminalar er viktige tiltak for å gjera kollektivtrafikken meir tilgjengeleg og attraktiv. Det er gjennomført vesentlege oppgraderingar på kollektivterminalane i Åsane, Lodefjord og Knarvik dei siste åra. Det fysiske arbeidet med oppgradering av terminalområdet på Bystasjonen/Nonneseter vil etter planen starta opp hausten 2011. I regi av Bergensprogrammet føregår det og eit kontinuering arbeid med oppgradering av haldeplassar. Dette er alle tiltak som er med på å heva kvaliteten på tilbodet til dei reisande.

Når det gjeld vidare utvikling av terminalar og knutepunkt, føregår det fleire prosessar utover det som skjer i Bergensprogrammet, som har mykje å seia for tilbodet til dei reisande. Utviklinga av Voss stasjon er ein slik viktig prosess. Det føregår og prosessar knytt til utvikling av terminalar og knutepunkt i Knarvik, Kleppstø, Leirvik og på Seljestad. Fleire stader i fylket er ikkje infrastrukturen tilpassa eit

nytt og i mange høve universelt utforma bussmaterieill. Det bør bli sett større fokus på ende- og snuplassar for buss då dette er kritiske punkt i infrastrukturen.

#### *Ferjedrifta*

Fylkeskommunen tok i 2010 over driftsansvaret for 15 tidlegare riksvegferjesamband. Alle sambanda vart lagt ut på anbod i løpet av 2009. Ferjemateriellet i Hordaland har høg gjennomsnittsalder. Det vert ei utfordring for fylkeskommunen å vidareutvikla ferjedrifta i åra framover, m.a. på rutesida med opningstid og frekvens, miljøområdet, universell utforming og alderen på materiellet.

#### *Bybanedrift*

Bybanen har i 2011 sitt fyrste heile driftsår. Bybanen har etter nokre innkøyringsproblem kome i stabil drift. I oppstarten var det ein del fokus på uhell og tryggleikstilhøva. Det er difor særst tilfredstillande å registrera at ulukkesfrekvensen har gått drastisk ned i 2011.

## **720 Fylkesveggar**

### **Generelt**

#### *Definisjonar av drift og vedlikehald*

Med drift av vegnettet meiner ein alle oppgåver og rutinar som er nødvendig for at eit veganlegg skal fungere som planlagt. Dette gjeld aktivitetar som brøyting, strøying med salt og sand, vegoppmerking, vask og reingjering, oppretting av skilt, stell av grøntareale, trafikkstyring, trafikantinformasjon osv.

Med vedlikehald av vegnettet meiner ein tiltak for å oppretthalda standarden på vegdekke, grøfter, bruer, tunnelar og tekniske anlegg/installasjonar i tråd med fastsette kvalitetskrav.

#### *Omfang*

I Hordaland er det i alt ca. 2 900 km fylkesveg. Standarden på vegnettet varierar sterkt frå dei høgtrafikkerte vegane i Bergen til smale lågtrafikkerte vegar i distrikta.

For 2012 er den økonomiske ramma til drift og vedlikehald auka med ca. 4 mill. kr i høve til 2011 og sett til 391,9 mill. kr. I tillegg kjem 4,2 mill. kr til trafikk sikringstiltak prioritert av Fylkestrafikksikringsrådet. Samla sum til drift

og vedlikehald i budsjettet for 2012 vert slik 396,1 mill. kr, jf. tabellen framanfor.

Statens vegvesen sin berekningsmodell – MOTIV – for kostnadane med å drifta og vedlikehalda fylkesvegnettet, viser eit behov på ca. 550 mill. kr kvart år. Faktisk innmeldt behov frå dei ulike driftseiningane i Statens vegvesen ligg på same nivå (560 mill. kr).

Det har vore kraftig vekst i kostnadene for drift og vedlikehald. Driftskontrakten for Hardanger, som gjeld frå 1. september 2011, viser auke på 19 % i høve til førre kontrakt. Kostnadene ved alle nye driftskontaktar som er inngått dei seinare åra, aukar langt meir enn den priskompensasjonen som er lagt til grunn i budsjettet. Vidare har den generelle kostnadsindeksen for drift og vedlikehald av vegar (SSB) auka med 6,8 % frå 2. kvartal 2010 til 2. kvartal 2011.

Driftsoppgåver som ivaretek trafikktryggleiken er høgast prioritert innanfor drifts- og vedlikehaldsbudsjettet. Dette tilseier at ein må redusera på mange vedlikehaldstiltak for å få til eit budsjett innanfor den økonomiske ramma. Til dømes vert det foreslått å redusera omfanget av dekkelegging med 25 mill. kr i høve til 2011.

Avviket mellom behovet og dei midlane som er stilt til disposisjon, jf. framanfor, gjeld i all hovudsak vedlikehald. Behovet som er meldt inn frå Statens vegvesen, omfattar vedlikehaldstiltak for om lag 240 mill. kr, med fokus på følgjande område:

- rehabilitering av bruer
- utbetring av tunnelar
- rehabilitering og nylegging av dekke, oppmerking og rekkverk
- krattrydding, grøfter, kummer og røyr
- strø- og brøyteberedskap for bynære strok

Med utgangspunkt i den tilgjengelege ramma til drift og vedlikehald, vert det lagt opp til å nytte om lag 90 mill. kr til vedlikehald i 2012.

Statens vegvesen har i løpet av våren 2011 gjort ei utrekning av forfallet på fylkesvegnettet, jf. melding nr. 112/11 til Samferdselsutvalet. Desse utrekningane viser at kostnadene med å ta att forfallet pr. 2011 vil vera på ca. 3 000 mill. kr.



## **Prioriteringar i 2012**

Driftsoppgåver som ivaretek trafikktryggleiken har høgaste prioritet. Dette gjeld spesielt vinterdrifta der brøyting, salting, strøying er dei viktigaste oppgåvene. Driftsoppgåver på strekningar med mange ulukker skal følgjast spesielt opp.

Innan vedlikehald vil tiltak i utgangspunktet prioriterast slik:

- Retta opp skader som kan føra til at vegen vert akutt trafikkfarleg eller at framkomsten vert redusert vesentleg.
- Retta opp skader og slitasje som kan få konsekvensar for trafikktryggleiken og framkomsten.
- Retta opp skader som kan vera starten på ei akselererande skadeutvikling der tiltakskostnadene kan vera sær store dersom ingenting vert gjort.
- Gjennomføra tiltak som forlengar levetida og reduserer framtidig vedlikehaldskostnader slik at noverdi av vedlikehaldskostnader vert lågare.

Av vedlikehaldstiltaka er tunnel- og bruvedlikehaldet prioritert så høgt som mogleg. Dette er gjort av di forfallet ofte kan ha "skjulte" skader som kan gje raske og uføresette konsekvensar.

Fylkestinget auka i budsjettet for 2011 investeringane med 30 mill. kr til vedlikehald med anleggskarakter. Dette er vidareført i investeringsbudsjettet for 2012 der det også er ført opp 30 mill. kr.

## **Driftskontraktar**

I Hordaland er det åtte driftskontraktar. Kontraktane gjeld normalt for 5 år med opsjon på 1 års forlenging. Det vert lyst ut ein til to kontraktar kvart år. I 2011 er det inngått ein ny kontrakt med Mesta drift AS (Hardangerkontrakten) med verknad frå september 2011. Denne kontrakten ligg ca 19 % høgare i pris enn den gamle avtalen, ein kostnadsauke som vil slå inn med heilårseffekt i 2012. Det er teke høgde for denne kostnadsauken i budsjettfor-slaget.

I 2012 skal kontrakten for Midthordland og Vest (Bergen vest, Øygarden, Fjell og Sund) fornyast, med verknad frå 1. september 2012. Med utgangspunkt i erfaringar frå kontraktar og kostnadsutvikling dei seinare åra, er det

grunn til å forventa at dette vil føra til ytterlegare kostnadsauke innanfor drifta av vegnettet. Effektane av ein eventuell kostnadsauke kjem hovudsakleg frå 2013.

Utgangspunktet for drift og vedlikehaldsstandarden for vegnettet er nedfelt i Statens vegvesen si Handbok 111 – Standard for drift og vedlikehald, der vinterdrifta er den største og viktigaste enkeltfaktoren. Vinterdrifta stiller store krav til utstyr, potensielt hyppige og omfattande aktivitetar og stor grad av usikkerheit/risiko for entreprenørane. Vinterdrifta utgjer om lag 60 % av kostnadene i ein driftskontrakt.

I driftskontraktane inngår ikkje legging av asfalt og drift og vedlikehald av tekniske installasjonar i tunnelane. Det er eigne elektrokontraktar som omfattar tekniske installasjonar i tunnelar, ferjekaier og langs vegane. I tillegg er det eigne kontraktar som omfattar drift og vedlikehald av tunnelar. Når det gjeld elektro- og tunnelkontraktane, er dei bygd opp slik at det vert følgt faste rutinar, og gjeremåla vert rapportert inn i eit eige rapporteringssystem. Kostnadene med dei løpande fagkontraktane for elektro og tunnel er ca. 29 mill. kr pr. år.

Samla kostnader for alle løpande driftskontraktar inkl elektro- og tunnelinspeksjonar knytta til fylkesvegane er budsjettert med 233 mill. kr i 2012.

## **Tunnelar, bruer og ferjekaier**

Standarden på tunnelane varierar mykje både når det gjeld tekniske installasjonar og utrusting. Dessutan er høgda i nokre tunnelar lågare enn den standarden som vert lagt til grunn no, dvs. minstehøgde på 4,2 m.

Tunnelar over 500 m vert definert som særskilde brannobjekt etter brannlova. Det er difor trong for å følgja opp desse med omsyn til både brannsikring og trafikksikring.

Det er innmeldt stort behov for vatn- og frostsikring av tunnelane i tillegg til skifting av kablar og lysarmatur. Likeeins er det behov for nye ventilasjonsvifter, evakueringslys og radio/redningskommunikasjon (fv 57 Lyngfjell, fv 207 Bjørøy). I 2012 er det planlagt å skifta nokre kablar, lysarmatur og sikringstiltak.

Det vert lagt til grunn at gjeldande tunneldirektiv og tunnelsikringsføresegner skal halda fram å gjelda for tunnelar som vart omklassifiserte til fylkesvegar.

Alle bruene vert jamleg inspisert, og det vert sett i verk naudsynte sikringstiltak der dette er påkrevd. Det er eigen samlekontrakt for bruvedlikehaldet.

Det er og eigen kontrakt for kaivedlikehaldet. Av dei 36 fylkesvegferjekaiene er det trong for å oppgradera og skifta ferjekaibru på åtte av kaiene innan 2014/15 for å sikra stabil ferjedrift.

### **Vegdekke**

Vegdekket har sær varierende kvalitet og det er store standardsprang mellom høgtrafikkerte og lågtrafikkerte vegar. Det er stor trong for midlar til dekkelegging. Asfaltprisane har auka med 10,7 % frå 2. kvartal 2010 til 2. kvartal 2011 (tal frå SSB). Kostnaden med å leggja ein km veg er mellom kr 250 000 - 600 000 alt etter vegtype. I 2011 vert det lagt inn på 150 km asfalt.

Sidan kostnadene for drift og vedlikehald er auka utan at dei økonomiske rammene er auka tilsvarande, er det sett av 25 mill. kr mindre til asfalt i 2012. Det vert foreslått 40 mill. kr til asfalt og 9 mill. kr til oppmerking i 2012.

I samband med dekkelegginga er det naudsynt å gjera ein del forarbeid, som utbetring av stikkrenner og bereevne.

### **Andre drift og vedlikehaldskostnader**

På driftssida har kostnader til veglys blitt langt høgare etter 2010, då fylkeskommunen i samband med forvaltningsreforma tok over ansvaret for drift av veglys på heile fylkesvegnettet. Prognose for forbruk i 2011 ligg på om lag 55

mill kroner. Kostnader til veglys i 2012 utgjer hovuddelen av posten ”drift øvrig”.

Vedlikehald av grøfter, kummar, stikkrenner og drenering har vore redusert dei seinare åra for å halde budsjettrammene. Redusert vedlikehald gjer at det lettare oppstår skader på vegkroppen og dersom ikkje vatnet under vegen vert drenert vekk, kan det lett oppstå issprenging om vinteren. Det er stor trong og for å ta eit ekstra løft for å sikra vegane mot utrasing på grunn av regn og tidvis store nedbørmengder. Dette vert det ikkje lagt opp til innanfor 2012-budsjettet pga. knappe økonomiske rammer.

Elles er det stor trong for å ta att forfallet på vegnettet. Det er trong for å utbetra både grøfter, stikkrenner, krattrydding, utbetring/nytt rekkeverk og ikkje minst vegkropp og vegdekke. I tillegg er det stort behov for meir midlar til vedlikehald/opprusting av bruer, tunnelar og ferjekaier.

### **Trafikksikring**

I drift og vedlikehaldsbudsjettet for 2012 er det sett av 4,2 mill. kr til trafikantretta arbeid i regi av Fylkestrafikksikringsrådet (FTR). I budsjettet elles inngår mange trafikkkretta tiltak og trafikksikring utan at det er direkte omtala som trafikksikring.

### **Oppsummering**

Tabell under viser forslag til drifts- og vedlikehaldsbudsjett for 2012 innanfor ei nullvekstramme. Det er og teke med ei kolonne – utarbeidd av regionvegsjefen – som viser overslag over løyvingsnivået som må til for å halda vegnettet i stand utan at forfallet held fram. I summen for ”Vedlikehald – øvrig” inngår m.a. tunneltiltak, skiltfornyng, vøling/utbetring av kummar, grøfter, stikkrenner, murar mv.

Alle tal i løpande 1000 kr

<b>Tiltak</b>	<b>Budsjett 2011</b>	<b>Behov/ønske 2012</b>	<b>Forslag til budsjett 2012 (0-vekstramme)</b>
Drift – regulert gjennom faste kontraktar	225 680	240 277	233 277
Drift – øvrig	43 393	78 623	66 693
Bruvedlikehald	17 900	17 000	15 000
Vegoppmerking	11 000	11 000	9 000
Dekkelegging	65 000	100 000	40 000
Vedlikehald – øvrig	24 981	113 379	28 000
Trafikantretta tiltak	4 200	4 200	4 200
<b>Sum</b>	<b>392 154</b>	<b>564 479</b>	<b>396 170</b>

Prognosane for 2011 viser so langt eit forbruk på knapt 420 mill. kr. Dette forbruket inkluderar overførte midlar frå 2010 (mindreforbruk) på om lag 7 mill kroner, og ein ligg dermed an til ei overskriding av budsjettet for 2011 med vel 20 mill. kr. Prognosen etter 2. tertial er likevel usikker ettersom regionvegsjefen har sett i verk tiltak for å halda tildelt vedlikehaldsramme i budsjettet for 2011.

I kommuneproposisjonen som vart lagt fram i mai 2011, varsla regjeringa at veksten i dei frie inntektene til fylkeskommunane delvis var grunngeven med trongen for å styrkja satsinga av drift og vedlikehald av det fylkeskommunale vegnettet. Regjeringa varsla samstundes at ein i 2012 vil foreta eit trekk i rammetilskotet for momskompensasjon for bompengefinansierte vegprosjekt. Dette var utegløymt i samband med forvaltingsreforma i 2010. Hordaland har etter måten mange og store vegprosjekt finansierte med bompengar. Det varsla trekket i rammetilskotet på dette punktet vil

delvis motverka veksten i dei frie inntektene, jf. ovanfor.

Fylkesrådmannen vil i denne samanhengen visa til at fylkestinget alt i budsjettet for 2011 auka investeringsbudsjettet med 30 mill. kr til vedlikehald med anleggskaraktar. Dette er vidareført i investeringsbudsjettet for 2012 der det også er ført opp 30 mill. kr.

Det kan vera aktuelt å koma attende til dette budsjettområdet i revidert budsjettgrunnlag.

#### **Innfartsparkering på Nesttun**

Utgifter til drift av innfartsparkeringsanlegg på Nesttun er budsjettert til kr 320 000.

#### **Fylkestinget**

Fylkestinget la inn ein auke på 5 mill. kr til vedlikehald av vegane.

## 730 Bilruter

Budsjettområdet dekkjer den subsidierte bussdrifta i fylket med tilliggjande hovudfunksjonar som IKT, drift av kundesenter og marknadsføring. I tillegg kjem kostnader til særskys i grunnskule utanom Bergen/Sotra/Askøy. Kostnadene til drift av Skyssadministrasjonen og kundesenteret ligg og på dette området.

### Kollektivtransport

#### Takststimulering mot meir kortbruk

I 2012 vert siste område – Rutepakke Vest – starta opp med anbudsdrift. Frå midten av 2012 vert dermed all kollektivtransport i Hordaland utført etter anbudsprinsippet.

Billetteringssystemet er – etter ein god del innkøyringsproblem – no stabilt og godt fungerande. Våren 2012 skal det takast i bruk nye kortprodukt og internettløysing knytt til billetteringssystemet skal vera på plass.

Fylkesrådmannen sitt budsjettforslag for 2012 legg opp til å stimulera til auka kortbruk og til å redusera talet på enkeltbillett kjøp utan bruk av kort. Dette vert gjort ved forslaget om å frysa prisen på alle typar kort frå 2011 til 2012 – også einskildreiser kjøpt med kort.

Fylkestinget har tidlegare vedteke at utviklinga i kollektivtakstane skal følgja prisutviklinga elles. Fylkesrådmannen foreslår difor i budsjettet for 2012 at takstauken vert lagt på kontant kjøp av enkeltbillett, mens alle prisar knytte til kortbruk vert foreslått uendra frå 2011 til 2012. Fast kollektivreisande vert slik prioritert. Fylkesrådmannen sitt forslag legg dermed opp til å ta ut takstauken kun ved kontant kjøp av einskildbillettar. Denne billetttypen vert foreslått auka med kr 2 i minstekostnadsområda og med forslag om same prosentvise vekst på dei andre takstintervalla.

Fylkesrådmannen foreslår vidare at det frå 1. oktober 2012 vert innført ei ordning med ombordtillegg på kr 10 ved kjøp av enkeltbillett på bussen i område med minstekost (bergensområdet). Ombordtillegget er å sjå på som eit gebyr for å få til ei endring hjå dei reisande til meir kortbruk. Dette vil hjelpa godt på for å få til raskare bussføring.

I drifta av kollektivtrafikken ligg det elles mange usikre faktorar som kan påverka både inntekts- og kostnadsida i budsjettet. For 2012 kan særleg


fylgjande forhold påverka budsjettet på kostnadsida:

#### Oppstart av nye rutepakkar

Det har synt seg at det har vore trong for justering av rutetilbodet i etterkant av oppstarten av dei ulike rutepakkene. Storleiken på desse justeringane har variert ein del. Samla har dei 2 anbuds-pakkane i Bergen ein kostnad på 340 millionar pr. år. Sjølv mindre prosentvise justeringar kan gje merkbar økonomiske utslag i løpet av året. I budsjettet er det ikkje lagt inn økonomiske reser-var til slike tiltak.

#### Drivstoffkostnader

Drivstoffkostnader utgjer om lag 15 % av anbuds-kostnadene. Drivstoffkostnadene blir regulert med prosentvis endring i gjennomsnittlig drivstoffpris. Snittprisen oppgitt av NPI (Norsk Petroleumsinstitutt) vert lagt til grunn. Totalt utgjer drivstoffkostnadene på den anbudsutsette bussruteproduksjonen rundt 150 mill. kr. Figuren viser prisutviklinga på olje frå 1988 og fram til mars 2011.



#### Manglande samordning

Frå fylkeskommunen si side opplever ein at samordninga mellom dei ulike skulane og kommunane gjer at vi får auka trong for skuleskyssproduksjon. Ruteproduksjonen i distrikta er i stor grad lagt opp for å stetta trongen for skuletransport. Når skulane nå har stor grad av fridom til sjølv å fastsetja skuleruta, gjev dette auka transportkostnader. Sjølv om skuleåret er på 190 dagar, må ein i fleire kommunar utføra skuleskyss i over 200 dagar. Dette er kostnadsdrivande.

### Kostnader - bussdrifta

Kostnadene er framrekna på basis av vilkåra i inngåtte kontraktar, samt forhandla vilkår for den resterande delen av kvalitetsavtalen som gjeld produksjonen i Sotra/Øygarden/Askøy for 1. halvår 2012 og trolleybussdrifta.

Kostnadssida innanfor bussrutedrifta er samansett slik:

Kvalitetsbonus	12,4 mill. kr
Rutepakke Austevoll	15,5 mill. kr
Rutepakke Sunnhordland	59,9 mill. kr
Rutepakke Hardanger/Voss	158,3 mill. kr
Rutepakke Modalen/Vaksdal	12,2 mill. kr
Rutepakke Nordhordland	104,0 mill. kr
Rutepakke Osterøy	36,6 mill. kr
Rutepakke Bergen sør	183,3 mill. kr
Rutepakke Bergen nord	191,5 mill. kr
Rutepakke Bergen sentrum	159,6 mill. kr
Trolleybuss linje 2	16,2 mill. kr
Rutepakke Vest (7 mnd. drift)	93,7 mill. kr
Rest produksjon kvalitetsavtale	71,6 mill. kr
Sum bussdrift	1 114,8 mill. kr

### Inntekter - bussdrifta

For 2011 er det ein inntektsprognose på 651 mill. kr for buss og banedrifta. Av dette er 642 mill. kr trafikkinntekter. I prognosen er det lagt til grunn at den inntektsauken som er registrert pr. juli 2011 på 3,4% held fram ut året. I budsjettet legg fylkesrådmannen opp til å frysa billettprisen på bruk av fleksikort og kontantkort. Bakgrunnen for forslaget er å stimulera til auka bruk av førehandskjøpte billetter. Det same er grunngevinga for å ikkje auka taksten på periodeprodukt og ungdomskort. Ved dette tiltaket vil ein og ta særleg omsyn til dei faste reisande. Fylkesrådmannen sitt forslag legg dermed opp til å ta ut takstauken kun ved kjøp av einskildbilletter utan bruk av kort. Denne billetttypen vert foreslått auka med kr 2 i minstetakstområda og med forslag om same prosentvise vekst på dei andre takstintervalla.

Takstnivået for minstetakstområda i storbyane i Noreg er i 2011 slik:

	Kjøpt på førehand	Kjøpt på bussen
Oslo	27	40
Trondheim		30
Stavanger		26
Bergen	25	25

Sjølv med fylkesrådmannen sitt forslag om auke av minstetaksten ved kontant kjøp av einskildbillett med kr 2 frå kr 25 til kr 27 i budsjettet for 2012, vil minstetaksten i Hordaland ikkje skilja seg negativt ut frå dei andre storbyområda. Ein kjenner heller ikkje forslaga om takstjusteringar i dei andre byområda for 2012. Når fylkesrådmannen sitt forslag skal vurderast, er det viktig å ha i mente at dette er den einaste takstendringa frå 2011 til 2012 slik at ulike former for bruk av kort vil ha uendra pris frå 2011 til 2012.

Fylkesutvalet vedtok i sak 77/08 at det kan leggjast opp til ei ordning med + kr 10 ved kjøp av reiseprodukt på bussen. Prisdifferensieringa kan gjennomførast i bergensområdet når infrastrukturen for billetteringssystemet er på plass. Det inneber at billettautomatar må vera utplasserte, og at internettløysing for kjøp av billetter/kort er på plass. Ein legg opp til at desse tiltaka skal vera på plass medio 2012. Grunngevinga for å innføra denne ordninga med eit ombordtillegg er at ein ynskjer å få til vriding mot meir førehandskjøp av billetter/kort. I budsjettet legg ein opp til å innføra ombordtillegget på + kr 10 ved kjøp av billett på bussen gjeldande frå 1. oktober 2012.

Etter dette vert det budsjettert med ei meirinntekt på 26,5 mill. kr i 2012. Samla inntekter vert då 677,5 mill. kr. I tillegg kjem tilskot frå belønningsordninga på 30 mill. kr til kollektivdrifta. 5 mill. kr av belønningsmidlane er øyremerka til marknadsarbeidet.

### Skyss

#### Drift av Skyss

Den vedtekte Utviklingsplanen legg eit høgt ambisjonsnivå for Skyss i åra framover. Det må byggjast både kapasitet og kompetanse på ei rekkje område. Leiinga må i større grad enn i dag fokusera på strategisk utvikling av Skyss og kollektivtilbodet. På bakgrunn av dette er det lagt inn totalt 7 nye stillingar i 2012.

Dette er stillingar som vil gjera Skyss betre i stand til å ivareta marknads- og informasjonsarbeidet (2) og drift av billettssystemet (3). Til å arbeida med utvikling og prosjektgjennomføring er det trong for (2) stillingar, desse vil i stor mon erstatta innleigd kompetanse.

Skyss vil etter dette ha 46 stillingar, og det er budsjettert med 34,3 mill. kr til drift av Skyss i 2012.

### *Skyss kundesenter*

Oppgåvene til kundesenter er kundeopplysning (177), oppfølging av kundeklager, produksjon av kort, oppfølging av elevdatabasen i samband med skuleskyss og handtering av hittegods. Senteret har og ansvar for drift av kundeekspedisjonen som er lokalisert i Bergen Storsenter. Det er 15 stillingar knytt til kundesenteret, og for 2012 vert det budsjettert med 12,4 mill. kr .

### *Sal - og marknadsarbeid*

Marknadsarbeidet skal ha kunden i fokus og vidareutvikla, marknadsføra, informera og selja tilbodet basert på kunnskap om dei ønska kunden har.

Marknadsinformasjonssystemet (MIS) er verktøyet ein nyttar for å måla, analysera og rapportera kundetilfredsheit og kvalitet på kollektivtilbodet i Hordaland. Den overordna målsettinga er at fleire skal reisa kollektivt. Dette føreset eit marknadstilpassa og godt kollektivtilbod og tilfredse passasjerar. For å oppnå dette inngår kundetilfredsheit og kvalitet i utrekninga av bonus/malus for operatørselskap.

Det er trong for vesentleg styrking av marknadsføring og informasjon. Tiltettelegging av forbetra trafikantinformasjon for å gje dei reisande rettleiing i bruk av kollektivnettverket og marknadsføring av tilbodet, vil gje auka kundetilfredsheit og auka talet på reisande. Hausten 2011 vert det gjennomført større endringar i rutestrukturen som vil krevja ein stor marknadsinnsats også i 2012 for å få fram kva desse endringane inneber. Eksisterande kollektivbrukarar skal læra nye reisevanar, og nye kundar skal sjå at den nye rutestrukturen er eit godt alternativ til bil. Forbetring og nyutvikling av løysningar for trafikantinformasjon krev kunnskap om kundens behov i form av marknadsanalytisk kompetanse og ressursar til utvikling og implementering av nye løysningar i marknaden.

Det er budsjettert med 22,8 mill. kr til sal - og marknadsarbeidet i 2012.

### *Billettkontroll og inntektssikring*

Det er ei målsetjing at 2,5 % av dei reisande vert kontrollerte i løpet av eit år, noko som tilseier at om lag 1 million reisande vert kontrollerte i 2012. I 2011 er det eit avvik på 0,9 %, medan målsettinga er å komma ned mot 0,6 %. Ettersom operatørane i eit bruttoregime ikkje lenger har inntektsansvaret, vil trongen for kontroll vera todelt; kontroll med at dei reisande har gyldig billett, og kontroll med at operatørane billetterer i samsvar med regelverket.

Der er budsjettert med 3,5 mill. kr til billettkontroll og inntektssikring i 2012.

### *IKT - system*

Det vert arbeidd med utvikling av nye IKT-system. Sentrale oppgåver inkluderar integrering av eksisterande IKT-system for å oppnå effektivitetsforbetringar, samt utvikling av ein velutvikla systemportefølje for å kunne tilby dei reisande eit fullgodt reiseprodukt, både i form av informasjonskanalar og salskanalar.

IKT-avdelinga får auka aktivitet i 2012 ettersom billeteringsprosjektet vert avslutta og overført til drift. Det er lagt inn auke i løyvinga på 5 mill. kr og for 2012 vert det budsjettert med 22,8 mill. kr .

### *Andre tiltak*

I andre tiltak ligg det kostnader som Trygt heim ruter, ungdomskortkompensasjon til ekspressbussar og ferjer, kommisjonærar, servicelinjer i Bergen, inntektskompensasjon til NSB for bruk av periodeprodukt samt ei rekkje andre kostnader knytt til drifta.

### *Fylkestinget*

Fylkestinget la inn 5 mill. kr til auka ruteproduksjon. Fylkesrådmannen har fordelt summen med 4,5 mill. kr til bussruter og 0,5 mill. kr til bybanen.

Vidare vart det lagt inn 1,2 mill. kr for å utvida aldersgrensa for studentkort frå 30 år til 33 år.

### **Kollektivtrafikkterminalar, sjåførfasilitetar m.m.**

Det er ført opp om lag 2 mill. kr til drift av kollektivterminalane i Knarvik, Åsane og Loddefjord samt eigarkostnadar for Haukås bussenlegg. Tilsvarende budsjettsum i 2011 var 3 mill. kr.

Tilskot til det fylkeskommunale selskapet Bystasjonen AS er budsjettert med 6,6 mill. kr. Bystasjonen AS står for drifta av bussterminalen i Bergen sentrum. Budsjettert tilskot i 2011 var 8 mill. kr. Reduksjonen skuldast først og fremst at festeavgifta til Bergen kommune fell bort. Anlegget skal byggjast om i tida som kjem, og dette vil ha konsekvensar både for utgifts- og inntektssida.

Rutepakkane som er inngått inneber at fylkeskommunen har teke på seg eit auka ansvar for sjåførfasilitetar. Ein har ikkje erfaringsdata knytt

til driftskostnader, men ser at det mellom anna vil kome kostnader knytt til reinhald, vedlikehald og kommunale avgifter. Det er budsjettert med 2 mill. kr til dette i 2012.

### Revidert budsjettgrunnlag

I budsjetta for dei ulike anbodspakkane er det også budsjettert med at selskapet som utfører anbudet skal betala leige for bruk av dei ulike bussanlegga som fylkeskommunen har kjøpt. Desse anlegga er dels organiserte som egne aksjeselskap og dels som fylkeskommunale anlegg.

Det viser seg at det i budsjettgrunnlaget av 4. oktober ikkje er budsjettert med inntekt for anlegget på Haukås i Åsane. Dette er eit fylkeskommunalt bussanlegg slik at inntekta skal budsjetterast i fylkesbudsjettet. Fylkesrådmannen rettar opp dette og fører opp 13,5 mill. kr i inntekter.

### **Skuleskyss**

Kostnader til skuleskyss ligg på dette budsjettområdet. Det gjeld særskyss i grunnskule og vidaregåande skule, som er skyss for elevar som ikkje kan nytta ordinære bussruter på grunn av mellombels sjukdom eller funksjonshemming, og elevar som bur slik til at dei ikkje har eit rutetilbod. I tillegg ligg det midlar til å dekkja reiser for vidaregåande skuleelevar.

I Utdanningsdirektoratet sitt rundskriv Udir-3-2009, "Særlege problemstillingar i samband med retten til skyss" går det fram at alle grunnskuleelevar har rett til å få opplæring på nærskulen sin, det gjeld og funksjonshemma elevar. Så langt har fylkeskommunane organisert og betalt skyssen for alle elevar, også dei som ikkje går på nærskulen. Kommunane i Hordaland er varsla om at denne praksisen no vert endra, og at kommunane frå skuleåret 2011/2012 må organisera og dekkja skuleskyss som ikkje går til nærskulen, sjølv. Dette tiltaket vil overføra ein del av kostnadene med grunnskuleskyssen til kommunane, så framt desse ikkje endrar skulestrukturen. Det er usikkert kor stor innsparinga for fylkeskommunen kan bli, men i budsjettet er det lagt til grunn ei innsparing på 10 mill. kr.

Det vert i 2012 budsjettert med 42,0 mill. kr til grunnskuleskyssen og 55,4 mill. kr i vidaregåande skuleskyss.

## **731 Fylkesvegferjer**

Fylkeskommunen har med unntak av stamveg-sambanda ansvaret for ferjedrifta i fylket. Alle ferjesambanda er lagt ut på anbod, og i løpet av 2012 vil alle subsidierte ferjesamband bli drifta på anbod.

Dei ulike pakkane vert drifta av:

Klokkarvik-Hjellestad: Bergen Nordhord. Rutelag  
Masfjordnes-Duesund: Halsvik-Wergeland  
Hardanger: Tide Sjø  
Nordhordland: Tide Sjø  
Sunnhordland: Tide Sjø  
Midthordland/Austevoll: Fosen Namsos Sjø

I Midthordlandspakken er det lagt inn 4,1 mill. kr i refusjon frå Austevoll kommune for drift av ferje 2 i sambandet Krokeide-Hufthammar. I tillegg vert dekkjer Rogaland fylkeskommune 0,6 mill. kr av Fjelbergferja sine stopp på Utbjoa.

Det vert lagt opp til at ein i ferjedrifta skal fylgja riksregulativet for ferjetakstar, og dermed og den takstauken som staten legg opp til i dette regulativet.

Det er budsjettert med 302,4 mill. kr til drift av fylkesvegferjene i 2012.

### Fylkestinget

Fylkestinget la inn 3,2 mill. kr for å kunna auka kapasiteten på sambandet Kinsarvik-Utne fram til 2013.

## **732 Båtruter**

Budsjettområdet omfattar snøggbåt- og lokalbåt-drifta i fylket. Det gjeld snøggbåtrutene i Sunnhordland og mellom Sunnhordland og Bergen, Hardangerfjordekspresen mellom Rosendal-Bergen, Austevollsruta, Espeværuta, sommarruta på Hardangerfjorden, Våge-Os, Kleppstø-Nøstet og Hernarruta. I tillegg kjem bygderutene i Åkra-fjorden, Osterfjorden, Knappskog-Geitanger og Porsmyr-Botnen. Alle snøggbåtrutene er lagt ut på anbod, medan drifta av bygderutene byggjer på nettoavtalar.

For 2012 er det budsjettert med 82,4 mill. kr i netto driftsutgifter til båtrutedrifta. Auken frå 2011 skuldast m.a. budsjettekniske omleggingar. Frå 2012 vert no bruken av ungdomskort og vida-

regåande skulekort budsjetterte under båtruter. I tillegg har det i 2011 vore gjort endringar for båt-ruta Kleppestø – Bergen.

For 2012 vert det budsjettert med fylgjande fordelt på samband:

Konto	Budsjett
Lokale båtruter	0,6 mill. kr
Sunnhordlandsruta	24,9 mill. kr
Austevoll	13,9 mill. kr
Espevær	5,0 mill. kr
Rosendal-Bergen	12,4 mill. kr
Turistruta i Hardanger	2,4 mill. kr
Kleppestø-Nøstet	14,2 mill. kr
Kleppestø-Nøstet(inntekt)	- 5,2 mill. kr
Hernar-ruta	2,8 mill. kr
Kompensasjon skulekort	1,5 mill. kr
Osterfjord-ruta	1,1 mill. kr
Våge-Os	2,3 mill. kr
Terminalar	1,2 mill. kr
Nox-avgift	1,0 mill. kr
Kompensasjon u-kort	6,6 mill. kr
Tilskot frå Rogaland	-2,3 mill. kr
<b>Sum</b>	<b>82,4 mill. kr</b>

### 733 Transportordninga for funksjonshemma

Det er om lag 12 000 brukarar i transportordninga, fordelt på tunge (blinde og rullestolbrukarar) og ordinære brukarar. Kvar brukar får tildelt eit kort med fastsett pengesum – kvote – som kan nyttast til fritidsreiser.

Budsjettområdet dekkjer og arbeidskøyring for funksjonshemma som har arbeid i verna verksemdar.

Det vert budsjettert med 45,0 mill. kr for 2012.

### 734 Bybanen

Oppgåvene knytt til drifta er delt mellom Skyss, operatøren Fjord 1 Partner og Bybanen AS. Skyss har ansvar for rutedrifta, medan Bybanen AS har ansvaret for å drifta og vedlikehalda infrastrukturen. Bybanen AS er heileigd av og vert finansiert av fylkeskommunen.

Frå oppstarten i 2010 og no i 2011 har det vore stor trafikk på Bybanen. Ut frå inntektsutviklinga i 2011 vert inntektene for 2012 budsjettert til 70 mill. kr som er ein auke på 15 mill. kr i høve til budsjettet for 2011.

Det har i 2011 vist seg at det er mange ukjente og usikre faktorar som har påverka infrastrukturkostnadene, noko som har gjeve høgare kostnader enn venta.

Det er budsjettert med 98,5 mill. kr til drift av Bybanen i 2012. Av dette er 14,5 mill. kr avskrivning av vogner som fylkeskommunen set av i rekneskapen, samt 15,7 mill. kr til infrastrukturkostnader. Administrasjonshonoraret frå fylkeskommunen til Bybanen AS er på 20,9 mill. kr.

Til festeavgift / husleige for eigedom på Kronstad er det ført opp 0,66 mill. kr.

#### Fylkestinget

Fylkestinget la inn 5 mill. kr til auka ruteproduksjon. 0,5 mill. kr av summen er fordelt til bybanen, til auka produksjon på laurdagar.





# KULTURFØREMÅL

		Budsjett 2011	Budsjett 2012	Endring %
740 Bibliotek	Brutto driftsutgifter	7 171	7 498	4,6 %
	Driftsinntekter	0	0	
	Netto driftsutgifter	7 171	7 498	4,6 %
750 Kulturminnevern	Brutto driftsutgifter	47 897	35 509	-25,9 %
	Driftsinntekter	-11 747	-20 992	78,7 %
	Netto driftsutgifter	36 150	14 517	-59,8 %
760 Museer	Brutto driftsutgifter	39 172	42 466	8,4 %
	Driftsinntekter	0	0	
	Netto driftsutgifter	39 172	42 466	8,4 %
771 Kunstformidling	Brutto driftsutgifter	51 524	55 421	7,6 %
	Driftsinntekter	-19 055	-19 700	3,4 %
	Netto driftsutgifter	32 469	35 721	10,0 %
775 Idrett	Brutto driftsutgifter	76 695	78 607	2,5 %
	Driftsinntekter	-65 639	-65 900	0,4 %
	Netto driftsutgifter	11 056	12 707	14,9 %
790 Andre kulturaktivitetar	Brutto driftsutgifter	34 394	44 944	30,7 %
	Driftsinntekter	-4 960	-4 900	-1,2 %
	Netto driftsutgifter	29 434	40 044	36,0 %
	<b>Sum brutto driftsutgifter</b>	<b>256 853</b>	<b>264 445</b>	<b>3,0 %</b>
	<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-101 401</b>	<b>-111 492</b>	<b>10,0 %</b>
	<b>Netto driftsutgifter</b>	<b>155 452</b>	<b>152 953</b>	<b>-1,6 %</b>

Fylkeskommunen har ansvar for utvikling innan område som kunst og kultur, kulturminnevern og museum, arkiv, idrett og friluftsliv, organisasjonsliv og bibliotek. Fylkeskommunen arbeider med forvaltning, utvikling, prosjekt og produksjon på kultur og idrettsområda, og tilbyr mellom anna kunstoplevingar til alle elevar i grunnskulen og vidaregåande skule.

## Mål for verksemda

Følgjande målsetting ligg til grunn for kulturarbeidet:

Hordaland skal ha eit rikt og mangfaldig kulturliv, forankra i regionale særtrekk og ope for nye im-

pulsar. Alle skal kunna ta del i og oppleve tradisjonelle og nyskapande kulturaktivitetar ut frå egne føresetnader.

## Utfordringar og tiltak i 2012-budsjettet

Over 100 institusjonar og organisasjonar står på Kultur- og idrettavdelinga sitt budsjett. Budsjett-ramma gjev ikkje rom for større, nye satsingar. I løpet av 2012, som del av arbeidet med regional kulturplan, vil ein ta fatt på arbeidet med å få tydelegare føringar for den regionale kulturpolitikken. Dette vil få konsekvensar for prioriteringane i budsjettet for 2013.

## Oppfølging av museumsplanen

Regional plan for museum 2011 – 2015 ”Musea i samfunnet” vart vedteken i juni 2011. Hovudmålet er formulert slik: ”Musea skal utviklast som sterke kunnskapsentra og organisasjonar og vera profilerte samfunnsaktørar som utviklar samfunnet med kunnskap om fortid, samtid og framtid.”

Det er lagt til grunn for budsjettarbeidet at første prioritet i 2012-budsjettet er å starte ei oppfølging av museumsplanen. Det er funne rom for å styrkja museumsbudsjettet med 2 mill. kr til tiltak. Desse midlane vil verta fordelte i eiga sak. Eit sentralt satsingsområde er kommunal medverknad i museumssektoren. Tidlegare er Museumssenteret i Hordaland og Sunnhordland museum styrkte under føresetnad av tilsvarande kommunale bidrag. Det er lagt inn kr 600 000 til slike prosessar i 2012.

Musea har i budsjettet for 2012 fått kompensasjon for løns- og prisvekst.

## Kulturelt Utviklingsprogram

I 2010 vart Kulturelt utviklingsprogram (KUP) lansert som eit nytt kulturpolitisk verktøy for regional kunst- og kulturutvikling. KUP vert vidareført i 2012 som ein reiskap for utvikling på kultursektoren. Fylkesrådmannen fører for 2012 opp 6 mill. kr, same sum som i 2011.

## Tilskot kulturhus/arenaer

Det er omfattande behov for tilskot til nybygging og utvikling av eksisterande kulturarenaer. Det vert eit viktig løft for heile regionen å finne ei sams løysing mellom stat, fylkeskommune og Bergen kommune i høve utbetring av Grieghallen.

I budsjettet for 2011 vart det oppretta ei ny tilskotsordning til kulturhus/arenaer. Det vart sett av 10 mill. kr. kvart år i økonomiplanperioden til denne ordninga. Fylkesrådmannen følgjer opp dette i budsjettet for 2012. Tildeling av midlane i tilskotsordninga vil koma i eiga sak. I budsjettet for 2011 vart det lagt opp til å løyva 4 mill. kr til Arena USF innanfor denne ordninga i 2012. Fyl-

kesrådmannen vil følgja opp dette i den nemnde fordelingssaka.

## Satsing innan litteratur/samfunnsdebatt

Hordaland fylkeskommune har i fleire år prioritert litteratur/samfunnsdebatt. Eit viktig mål for kulturpolitikken er å fremja den kritiske dømmekrafta i samfunnet.

Fylkesbiblioteket og fylkesarkivet sitt arbeid er ein viktig del av denne satsinga, like eins oppbygginga av Olav H. Haugesenteret og tilskotet til Skrivekunstakademiet. Skrivekunstakademiet ønskjer å innføra eit tilbod om påbyggingsår, og fylkesrådmannen gjer framlegg om ei løyving til Skrivekunstakademiet på kr 2 150 000, ein auke på kr 230 000.

Det Akademiske Kvarter driv eit omfattande debattprogram og har søkt om tilskot på kr 250.000. Det vert foreslått 100 000 kr til denne verksemda.

Litteraturhuset i Bergen har søkt om 1 mill. kr i årleg driftstilskot. Fylkesrådmannen har ikkje funne rom i budsjettet for ei slik ny satsing.

Fylkeskommunen får søknader frå ei rekkje organisasjonar og lag om tilskot – langt fleire enn det er mogeleg å støtta innfor budsjettamma. Vidare søkjer dei fleste som alt får tilskot frå fylkeskommunen om høgare søknadssummar enn det er mogeleg å imøtekomma innanfor tilgjengeleg ramme.

### Fylkestinget

Fylkestinget la inn følgjande påplussingar i kulturbudsjettet:

	<u>kr 1 000</u>
Litteraturhus i Bergen	1 000
Pilgrimssenter Røldal	200
Prøveprosjekt: Idrettslag nyttar gym-salar gratis mot vakthald og reinhald	200
Hardanger 2014 - kulturprosjekt i samband med grunnlova 200 år	200
Hauge-senteret Ulvik	100
Bømlo Teater	150

## 740 Bibliotek

Tal i heile 1000 kr

Brutto driftsutgifter		Budsjett 2011	Budsjett 2012	Endring %
400.310	Fylkesbiblioteket	5 418	5 702	5,2 %
400.320	Bokbåten	1 479	1 522	2,9 %
400.340	Bibliotekprosjekt	274	274	0,0 %
<b>Sum brutto driftsutgifter</b>		<b>7 171</b>	<b>7 498</b>	<b>4,6 %</b>
<b>Netto driftsutgifter</b>		<b>7 171</b>	<b>7 498</b>	<b>4,6 %</b>

Lov om folkebibliotek pålegg alle fylkeskommunar å ha eit fylkesbibliotek, som hjørnesteinar i det nasjonale biblioteknettverket. Organisering av biblioteka sitt lånesamarbeid, rådgjeving til lokale styresmakter, bibliotekfagleg rettleiing og assistanse til kommunane og kompetanseoppbygging av bibliotektilsette i fylket er lovpålagte oppgåver.

I St. meld.nr.23 (2008-2009) om bibliotek ligg det ønskje om å forankra nasjonale målsetjingar regionalt og lokalt, kanalisera statlege satsingsmidlar meir effektivt og målretta og sti-

mulera til fylkeskommunale og kommunale bibliotekplanar. Hordaland fylkeskommune si rolle som utviklingsaktør på bibliotekområdet vil bli ytterlegare styrka, m.a. ved å vera pådrivar og samarbeidspartnar for prosjekt i kommunane. Fylkeskommunen si satsing på bibliotek er vidare nedfelt i Strategisk handlingsplan for skulebibliotek i vidaregåande skular i Hordaland 2011-2015 og Strategi for kompetanseutvikling i folkebibliotek og skulebibliotek i Hordaland 2011-2015.

## 750 Kulturminnevern

Tal i heile 1000 kr

Brutto driftsutgifter		Budsjett 2011	Budsjett 2012	Endring %
400.102	Administrasjon kulturminnevern	6 306	6 713	6,5 %
400.103	Antikvarisk bygningsvern	3 036	3 269	7,7 %
400.500	Seksjon for kulturbasert verdiskaping	3 954	0	-100,0 %
400.530	Prosjekt/oppdrag	2 710	2 737	1,0 %
400.610	Arkeologisk registrering	3 280	3 478	6,0 %
400.620	Ålmenne kulturvernforemål	21 930	3 404	-84,5 %
400.630	Kulturminneregistrering	100	100	0,0 %
400.650	Vern kulturminne	6 581	15 808	140,2 %
<b>Sum brutto driftsutgifter</b>		<b>47 897</b>	<b>35 509</b>	<b>-25,9 %</b>
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>-11 747</b>	<b>-20 992</b>	<b>78,7 %</b>
<b>Netto driftsutgifter</b>		<b>36 150</b>	<b>14 517</b>	<b>-59,8 %</b>

Det går fram av tabellen at det er gjort budsjettekniske omleggingar frå 2011 til 2012. Seksjon for kulturbasert verdiskaping er frå 2012 budsjettert som del av kulturadministrasjonen, og tilskotsordninga til kulturhus/arenaer er frå 2012 budsjettert under 790 Andre kulturaktivitetar. Løyvinga i 2011 var ein del av posten Ålmenne kulturvernforemål.

Det er vidare teke med budsjettsum for statstilskot til verdskulturminnet Bryggen der det er budsjettert med 10 mill. kr.

### Administrasjon kulturminnevern

På dette ansvarsområdet ligg løn til tilsette hjå fylkeskonservatoren, seksjon for kulturminnevern og museum. Lønsutgiftene til Prosjekt Bryggen vert førte her. Det same gjeld refusjonen frå Riksantikvaren.

### Antikvarisk bygningsvern

Bygningsverntenesta driv mellom anna opplæring av framtidige handverkarar i bygningsfag, og tilbyr arkitekturrådgjeving og tømrammentester til eigarar av verneverdige bygningar. Hovuddelen av denne verksemda vert finansiert ved sal av tenester.

### Prosjekt/oppdrag

Prosjekta tek sikte på å styrkje lokalsamfunna i Hordaland og å utvikle internasjonale nettverk. Forventa inntekter frå EU til desse prosjekta er lagt inn og synleggjort i budsjettet. Det er rekna med kr 2 737 000 i 2012. Verksemda er i 2012 retta mot arbeidet med dei to Interregprosjekta Coast Alive! og Economuseum Northern Europe, der Hordaland fylkeskommune er leiande partner. Desse prosjekta handlar om utviklinga av opplevingsturisme basert på kultuminne, kulturlandskap og opplevingar knytta til levande handverkstradisjonar.

### Arkeologisk registrering

Hordaland fylkeskommune har ei omfattande mengd utgreiingsarbeid og sakshandsaming innanfor fornminnefeltet. Oppdrag i samsvar med undersøkingsplikta, jfr. § 9 i kulturminnelova, er

finansierte av tiltakshavar, jfr. kml.§ 10, medan det fylkeskommunale ansvaret for sakshandsaming, forvaltning og fråsegnsutarbeiding skal dekkjast inn over det fylkeskommunale driftsbudsjettet. Det er viktig å oppretthalda naudsynt kapasitet innanfor forvaltningsarkeologien for å kunna yta god nok teneste til kommunar og tiltakshavarar.

Det vert budsjettetert slik:

	Budsjett 2011	Budsjett 2012
Brutto utgifter	3 280	3 478
Inntekter	1 700	1 700
<b>Netto</b>	<b>1 580</b>	<b>1 778</b>

## Ålmenne kulturvernføreml

Tilskot til ålmenne kulturvernføreml vert budsjettert slik:

400.620 Tilskot Ålmenne kulturvernføreml	Budsjett 2011	Budsjett 2012
Fortidsminneforeningen	76 000	77 000
Stiftelsen Bryggen	109 000	110 000
Hardanger Historielag	22 000	22 000
Bjergvin Kyrkjesogelag	22 000	22 000
Landslaget for bygde- og byhistorie	8 000	8 000
Nord- og Midthordland Sogelag	22 000	22 000
Sunnhordland Sogelag	22 000	22 000
Voss Sogelag	18 000	18 000
Hordaland Sogelag	36 000	36 000
Ætthistorisk institutt	22 000	22 000
Oselvarverkstaden	1 324 000	1 340 000
Stiftinga Olav H. Hauge, Ulvik	407 000	511 000
Prosjekt Bryggen	214 000	214 000
Bullahuset, Valestrand, Osterøy	178 000	180 000
Pilgrimssenter Røldal, prosjektstøtte	550 000	400 000
Espelend fangeleir	200 000	200 000
<b>Investeringstilskot</b>		
Brannsikring	200 000	200 000
Kunsthuss i Fartein Valens landskap i Sveio	6 000 000	
Arena USF	7 000 000	
Båthall Stend	1 350 000	
Stiftelsen Klosteret 17	650 000	
Griegghallen forprosjekt	1 000 000	
Oseanna	2 500 000	
	<b>21 930 000</b>	<b>3 404 000</b>

Tilskotsordninga til kulturhus/arenaer på 10 mill. kr er i budsjettet for 2012 budsjettert på 790 Andre kulturverntiltak.

### Kulturminneregistrering

Registrering og kartfesting av kulturminne er viktig for både eigarar, kommunar, fylkeskommune og statlege etatar som grunnlag for forsvarleg forvaltning og søknad om midlar til å sikra kulturarven. Registreringsarbeidet gjeld både eldre bygningar (Sefrak) og automatisk freda kulturminne, og det er svært viktig at dette arbeidet held fram. Særleg er det viktig å gjera registreringane tilgjengeleg gjennom nettbasert formidling. Fylkesrådmannen fører opp kr 100 000 til dette arbeidet i 2012 – same sum som i 2011-budsjettet.

### Vern av kulturminne

Dette gjeld tilskot til skjøtsel og formidling av automatisk freda kulturminne og tilskot til restaurering og vedlikehald av kulturminne frå nyare tid. Statsmidlar til freda og verneverdige bygg og anlegg vert overførte til fylkeskommunen etter at Riksantikvaren har handsama søknadar frå alle fylka i samsvar med statsbudsjettet. For 2012 er det rekna med statsmidlar på nær 4 mill. kr til dette føremålet. På inntektssida vert det såleis budsjettert med statstilskot på knapt 4 mill. kr til kulturvern.

Fartøyvernfeltet er viktig for eit sterkt kystkulturfylke som Hordaland. Fylkeskommunal medverknad til denne sektoren er avgjerande

for at arbeidet med vern av kysten si kulturhistorie skal lukkast. Feltet er og prega av stor frivillig innsats. Det er budsjettert med kr 880 000 til fartøyvern. Av denne summer er kr 440 000 statstilskot.

Statleg tilskot til verdsukurminnet Bryggen vart frå 2010 overført Hordaland fylkeskommune til vidare fordeling. Det er budsjettert med 10 mill. kr i statleg tilskot til dette.

Stend hovedgård er budsjettert med kr 200.000. Denne summen kjem i tillegg til midlar frå investeringsbudsjettet og vil bli nytta til tiltak i Riddersalen og opprusting av Renessansehagen utanfor hovedhuset.

Det vert budsjettert slik:

<b>400.650 Vern kulturminne</b>	<b>Budsjett 2011</b>	<b>Budsjett 2012</b>
Tilskot til vern og vøling	721 000	728 000
Kulturverntiltak	4 780 000	4 000 000
Verdsarv Bryggen		10 000 000
Fartøyvern	880 000	880 000
Stend hovedgård	200 000	200 000
<b>Brutto utgifter</b>	<b>6 581 000</b>	<b>15 808 000</b>
Refusjonar		
Kulturverntiltak	-4 780 000	-4 000 000
Verdsarv Bryggen		-10 000 000
Fartøyvern	-440 000	-440 000
<b>Netto</b>	<b>1 361 000</b>	<b>1 368 000</b>

## 760 Museum

Tal i heile 1000 kr

Brutto driftsutgifter	Budsjett 2011	Budsjett 2012	Endring %
400.660 Museum	39 172	42 466	8,4 %
Sum brutto driftsutgifter	39 172	42 466	8,4 %
Sum driftsinntekter	0	0	
Netto driftsutgifter	39 172	42 466	8,4 %

Regional plan for museum 2011 – 2015 ”Musea i samfunnet” vart vedteke i juni 2011. Hovudmålet er formulert slik: ”Musea skal utviklast som sterke kunnskapssentra og organisasjonar og vera profilerte samfunnsaktørar som utviklar samfunnet med kunnskap om fortid, samtid og framtid.”

Eit sentralt satsingsområde er kommunal medverknad i museumssektoren. Tidlegare er Museumssenteret i Hordaland og Sunnhordland museum styrkte under føresetnad av tilsvarande kommunale bidrag. Det er lagt inn kr 600 000 til slike prosessar i 2012.

Det er lagt inn kr 2 000 000 til oppfølging av handlingsprogrammet i planen. Desse midlane vert fordelt i eiga sak.

Hardanger og Voss museum fekk i 2010 utbetalt 2,5 mill. kr av komande års tilskot. Tilskotet for Hardanger og Voss museum er ut frå dette redusert med 1,25 mill. kr i budsjettet for 2012.

Det er elles lagt vekt på å kompensera tilkosta for løns- og prisstigning.

Museum	Budsjett 2011	Budsjett 2012
<b>1. Museumssenteret i Hordaland</b>	8 721 000	9 013 000
Norsk Trikotasjemuseum og Tekstilsenter		
Tekstilatelieret		
Osterøy museum		
Stiftinga Havråtunet		
Lynghesenteret		
Vestnorsk Utvandringssenter		
Museumskonservator for Nordhordland		
<b>2. Stiftelsen Bymuseet i Bergen</b>	6 030 000	6 232 000
Bryggens Museum		
Gamle Bergen Museum		
Alvøen Hovedbygning		
Damsgård Hovedgård		
Hordamuseet		
Stiftelsen St. Jørgen/Lepramuseet		
Bergen Skolemuseum		
Brannmuseum i Bergen		
<b>3. Bergens Sjøfartsmuseum</b>	1 505 000	1 555 000
<b>4. Museum Vest</b>	4 257 000	4 400 000
Norges Fiskerimuseum		
Norsjøfartsmuseum		
Det Hanseatiske Museum		



Museum	Budsjett 2011	Budsjett 2012
Kystmuseet i Øygarden		
Herdla museum		
<b>5. Kunstmuseene i Bergen</b>	<b>3 174 000</b>	<b>3 280 000</b>
Vestlandske Kunstindustrimuseum		
Edvard Grieg Museum Troidhaugen		
Museet Lysøen		
Bergen Kunstmuseum		
Siljustøl		
<b>7. Stiftinga Hardanger og Voss museum</b>	<b>9 318 000</b>	<b>9 630 000</b>
Hardanger Folkemuseum		
Hardanger Fartøyvernssenter		
Tusenårsstaden i Hordaland		
Ingebrigt Vik-museet		
Kvam Bygdemuseum		
Stiftelsen Agatunet		
Granvin Bygdemuseum		
Voss Folkemuseum		
<b>8. Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum</b>	<b>1 147 000</b>	<b>1 185 000</b>
<b>9. Baroniet Rosendal</b>	<b>951 000</b>	<b>983 000</b>
<b>10. Stiftinga Sunnhordland museum</b>	<b>1 893 000</b>	<b>1 959 000</b>
Museumssamarbeid	600 000	600 000
Oppfølging av museumsplanen		2 000 000
Bygningsvern ved musea	1 576 000	1 629 000
<b>Driftsutgifter</b>	<b>39 172 000</b>	<b>42 466 000</b>

## 771 Kunstformidling

Tal i heile 1000 k

Brutto driftsutgifter		Budsjett 2011	Budsjett 2012	Endring %
400.705	Musikkføremål	5 167	5 359	3,7 %
400.710	Den kulturelle skulesekken	2 710	2 781	2,6 %
400.711	DKS-spelemidlar	13 055	13 400	2,6 %
400.715	Kunstinstusjonar	16 448	17 396	5,8 %
400.720	Ymse kunstføremål	8 544	10 585	23,9 %
400.745	Fylkesturnear - skulekonsertar	5 600	5 900	5,4 %
<b>Sum brutto driftsutgifter</b>		<b>51 524</b>	<b>55 421</b>	<b>7,6 %</b>
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>-19 055</b>	<b>-19 700</b>	<b>3,4 %</b>
<b>Netto driftsutgifter</b>		<b>32 569</b>	<b>35 721</b>	<b>10,0 %</b>

Kunstformidling inneber både forvaltning av tilskot til andre og egne produksjonseiningar.

Hordaland fylkeskommune er ansvarleg for utvikling, produksjon, formidling og praktisk tilrettelegging av kunst- og kulturtilbodet til skulane i fylket. Kommunane har i tillegg ansvar for lokale tilbod. Ordninga er finansiert av Hordaland fylkeskommune, Rikskonsertene og Den kulturelle skulesekken. Dei statlege løyvingane i form av spelemidlar kan ikkje brukast til administrasjon av tiltaket, men skal nyttast til konkrete kulturprosjekt retta mot elevar i grunnskulen. Derfor har Hordaland fylkeskommune tatt ansvar for drifting av ordninga, utviklingsarbeid, kompetanseheving og turnélegging. Hordaland fylkeskommune er pilotfylke for utvikling av Den kulturelle skulesekken i vidaregåande skule.

**Musikkføremål** vert budsjettert slik:

400.705 Musikkføremål	Budsjett 2011	Budsjett 2012
Tiltak		
Faste stillingar med sosiale kostnader	3 932 000	4 111 000
Kontordrift	570 000	576 000
Fylkessekretariatet for song og		
Musikkorganisasjonar i Hordaland	198 000	200 000
Distriktsmusikkgrupper	467 000	472 000
Sum	5 167 000	5 359 000
Refusjonar	-400 000	-400 000
Netto	4 767 000	4 959 000

### Den kulturelle skulesekken

Fylkeskommunen sine netto utgifter til drift av ordninga vert i 2012 vel 2,7 mill. kr.

### Denne kulturelle skulesekken – spelemidlar

Dette er midlar overført frå Kultur- og kyrkjedepartementet. Ein har ikkje høve til å nytta av desse midlane til administrasjon/drift av ordninga.

### Kunst, knutepunkt- og landsdelsinstitusjonar.

Festspillene i Bergen, Hordaland Teater, Carte Blanche, Den Nye Opera og BIT20 ensemble vert finansierte frå fleire kjelder. Desse institusjonane ligg på statsbudsjettet, og totalfinansieringa er fordelt prosentvis etter avtale mellom partane. Det er førebels lagt inn budsjettsummar for den ein-skilde institusjonen. Endelege summar kjenner ein først når statsbudsjettet ligg føre.

### Revidert budsjettgrunnlag

Statsbudsjettet medfører at fylkeskommunen sitt tilskot samanlikna med budsjettgrunnlaget går opp for Den Nye Opera og Hordaland Teater, og litt ned for Festspillene i Bergen, Carte Blanche og BIT 20. Samla foreslår fylkesrådmannen å auka tilskota frå fylkeskommunen med netto kr 396 000 i høve til budsjettgrunnlaget.

Tabellen nedanfor syner korleis tilskota til den ein-skilde institusjonen vert fordelte mellom tilskotspartane:

	Stat	Fylke	Kommune
Carte Blanche	70 %	15,0 %	15,0 %
Hordaland Teater	70 %	30,0 %	
Festspillene i Bergen	60 %	13,3 %	26,7 %
Den Nye Opera	70 %	15,0 %	15,0 %
Samtidsmusikkensemblet BIT 20	60 %	15,0 %	25,0 %

Det vert budsjettert slik:

Tiltak	Budsjett 2011	Budsjett 2012
Festspillene i Bergen	4 017 000	4 141 000
Carte Blanche	4 490 000	4 629 000
Hordaland Teater	4 078 000	4 506 000
Den Nye Opera	3 206 000	3 443 000
Samtidsmusikkensemblet BIT 20	657 000	677 000
	<b>16 448 000</b>	<b>17 396 000</b>

### Ymse Kunstføremål

*Samtidskunst:* Hordaland fylkeskommune vil leggja opp til eit auka samspel mellom kompetansmiljø i Bergen og institusjonar elles i fylket når det gjeld samtidskunst. Bergen kommune sine planar om ein kunsttrienale er interessante i denne samanhengen.

Institusjonar som Hordaland kunstsenter, 3,14, Kabuso, Radøy kunstsenter, Hardinglokk og Borealisfestivalen er viktige medspelarar for å utvikle eit nyskapande nettverk i fylket. Proscen og Produsentenhet for visuell kunst er nye nettverksorganisasjonar oppretta på grunnlag av behova til høvesvis scenekunstnarar og visuelle kunstnarar. Dette er gode regionale infrastrukturtiltak som vil styrka utviklinga av arbeidsplassar for kunstnarar i vår region.

*Skrivekunstakademiet* ønskjer å innføra eit tilbod om påbyggingsår og fylkesrådmannen gjer framlegg om ei løyving til Skrivekunstakademiet på kr 2 165 000.

*Stiftelsen 3,14* har satsa målretta på formidling og aktualisering av kunst i ein samfunnsmessig kontekst og ønskjer i tillegg å styrka si regionale verksemd. Fylkesrådmannen foreslår derfor ein auke til kr 1 400 000 for å støtta den positive utviklinga ved galleriet.

*BEK - Bergen senter for elektronisk kunst* - har bygd seg opp til å bli ein viktig institusjon, innan forskning, som nettverk og som teknisk

støttespelar for andre kunstmiljø og enkeltkunstnarar.

*Radøy kunstsenter* er eit godt døme på formidling og utvikling av visuell kunst utanfor byen. Senteret har i arbeidd målretta med ein utviklingsplan for senteret. Radøy kommune er sterkt deltakande i denne utviklinga. Fylkesrådmannen foreslår ein auke til kr 172 000 for 2012.

*Fargespill.* Kulturprosjektet Fargespill vert no vidareutvikla som regionalt og nasjonalt kunstformidlingsprosjekt og modell for integrering av fleirkulturelle born og unge i kunsten. Fargespill tek sikte på sterkare regional satsing, og fylkesrådmannen foreslår ein auke til kr 400 000 i støtte til tiltaket.

### *Internasjonale kontaktar, venskapsfylke og samarbeidsregionar*

Hordaland fylkeskommune har samarbeidsavtalar med ulike regionar i Europa – Orknøyane og Edinburgh i Skottland, Cardiff-området i Wales, Kaunas i Litauen og Nedre Normandie i Frankrike. Posten Internasjonalt kultursamarbeid skal i hovudsak gå til prosjekt og tiltak knytt til desse. Etter at kontakten med fylkeskommunen sin samarbeidsregion Basse-Normandie vart revitalisert i 2009, har det vore fleire konkrete samarbeidstiltak mellom regionane. I 2012 er i første rekkje samarbeidet knytt til den tverrestetiske festivalen Les Boreales som vert foreslått prioritert og vidareutvikla. Festivalen hadde i 2010 sterkt fokus på vestnorsk kunst og musikk med Hordaland

som æresgjest, og samarbeidet er vidareført i 2011 med ei kulturhistorisk utstilling om bruk av tre som vart opna under regionen Basse-Normandie sitt jubileum, saman med ei Munchutstilling i samarbeid med Kunstmuseene i Bergen.

### Fylkestinget

Fylkestinget la inn 1 mill. kr til Litteraturhus i Bergen.

Ymse kunstfremål vert budsjettert slik:

	Budsjett 2011	Budsjett 2012
Hordaland Kunstsenter - drift	1 953 000	1 973 000
USF Verftet – visningsrommet USF	46 000	47 000
USF-Verftet		100 000
Kunstnerverksteder cs55	46 000	47 000
Hordaland Kunstsenter - verksemd	769 000	777 000
Internasjonalt Gjesteatelier	216 000	218 000
Skrivekunstakademiet	1 935 000	2 165 000
Stiftelsen 3,14	1 080 000	1 400 000
Vestlandsutstillinga	141 000	142 000
Bergen Kunsthall	377 000	381 000
Kunsttrienalen Bergen	200 000	200 000
Bergen Senter for elektronisk kunst	127 000	128 000
Det Akademiske Kvarter		100 000
Fargespill	200 000	400 000
Kunstnarstipend	125 000	125 000
Radøy Kunstsenter	122 000	172 000
Ambrosiahuset gjesteatelier	60 000	60 000
Proscen	100 000	101 000
Produsentenhet for visuell kunst	100 000	101 000
Hardingpuls	76 000	77 000
Vitaliseringstiltak	102 000	102 000
Elevutveksling med Orknøyane	152 000	152 000
Juleprosjekt Orknøyane, Edinburgh og Cardiff	143 000	143 000
Kulturavtale Basse Normandie	203 000	203 000
Internasjonalt kultursamarbeid	271 000	271 000
Litteraturhus i Bergen		1 000 000
	<b>8 544 000</b>	<b>10 585 000</b>

### **Fylkesturnear - skulekonsertar**

Turnekostnadene for skulekonsertane vert finansierte gjennom overføringar frå Rikskonsertane. Ein reknar med utgifter på 5,6 mill. kr til dette i 2012 og budsjetterer med same sum som refusjon.

## 775 Idrett

Tal i heile 1000 kr

Brutto driftsutgifter		Budsjett 2011	Budsjett 2012	Endring %
400.101	Administrasjon idrett	2 386	3 087	29,4 %
400.410	Tilskot til idrettsarbeid	7 415	8 365	12,8 %
400.420	Tilskot til idrettsprosjekt	1 255	1 255	0,0 %
400.430	Tilskot spelemidlar	65 639	65 900	0,4 %
<b>Sum brutto driftsutgifter</b>		<b>76 695</b>	<b>78 607</b>	<b>2,5 %</b>
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>-65 639</b>	<b>-65 900</b>	<b>0,4 %</b>
<b>Netto driftsutgifter</b>		<b>11 056</b>	<b>12 707</b>	<b>14,9 %</b>

### Tilskot til idrettsarbeid

*Hordaland idrettskrets* er ein av dei viktigaste samarbeidspartnarane i arbeidet med å realisere Fylkesdelplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv – Aktiv kvar dag (2008-2012). Idrettskretsen har ei sentral rolle i å tilby kompetanse til dei frivillige idrettslag og organisasjonar. Aktivitetstilbodet for frivillige lag og organisasjonar knytt til Hordaland idrettskrets, femner om alt frå dei som vil trene litt til dei som vil konkurrere på høgt nasjonalt og internasjonalt nivå.

Nokre idrettsanlegg i Hordaland er utforma slik at dei kan ta i mot nasjonale og internasjonale meisterskap. Behovet for større idrettsanlegg er stort, og fylkeskommunen legg opp til å støtte utbygginga av idrettsanlegg som har regional og nasjonal verdi.

Spelemidlane har utvikla seg til å bli ei toppfinansiering av større idrettsanlegg. Til fylkesdelplanen Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv (2008-2012) kom det innspel på 23 anlegg som skal byggjast som har regional og nasjonal verdi. Det er eit mål i fylkesdelplanen at Hordaland skal vere vert for nasjonale og internasjonale idrettsarrangement, og såleis er det avgjerande å bidra med eit fylkeskommunalt investeringstilskot til prioriterte anlegg.

Investeringstilskotet til idrettsanlegg vart auka frå 3,1 mill. kr til 4 mill. kr i 2011 og fylkesrådmannen foreslår å vidareføra dette for 2012.

Landsskyttarstemnet 2012 skal arrangerast på Voss. Fylkesrådmannen har lagt inn kr 600 000 i tilskot til arrangementet.

Høgskolen i Bergen ønskjer å etablere mastergrad i idrett og folkehelse frå hausten 2012. Behovet for dette utdanningstilbodet i Hordaland vert støtta av Bergen kommune, Hordaland idrettskrets og Olympiatoppen Vest-Norge. Eit prioritert område for Hordaland fylkeskommune er arbeidet for ei betre folkehelse. Mastergraden vil vere viktig for å ikkje misse naudsynt kompetanse ut av regionen. Ein føresetnad for å få akkreditert denne masterutdanninga er ein professor i idrett i full stilling. Finansieringa er tenkt delt mellom Høgskolen i Bergen, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune med kr 300 000 på kvar pr. år i tre år (2012-2014). Kultur- og idrettsavdelinga og Regionalavdelinga foreslår løyving på 150 000 frå kvar av avdelingane. Det vert fordeling med kr 150 000 for 2012, 2013 og 2014.

### Fylkestinget

Fylkestinget la inn kr 200 000 til eit prøveprosjekt der idrettslag får nytte gymsalar gratis mot vakthald og reinhald. Ein tek sikte på at midlane vil bli fordelte mellom skolar som har gymsalar å låne ut.

### Tilskot spelemidlar

Dette er statlege midlar som blir tildelt Hordaland fylkeskommune til anlegg for idrett og friluftsliv på basis av årlege søknadar. Det vert budsjettert med 65,9 mill. kr som utgifter og finansiert med øyremerkta statstilskot.

<b>400.410 Tilskot til idrettsarbeid</b>	<b>Budsjett 2011</b>	<b>Tilskot 2012</b>
Tilskot til Hordaland Idrettskrets	2 840 000	2 840 000
Fylkespremiar	50 000	50 000
Tilskot til Stiftinga "Solhovden"	100 000	100 000
Utviklingsstipend	125 000	125 000
Olympiatoppen Vest (Regionalt kompetansesenter for idrett)	300 000	300 000
Mastergrad i idrett og folkehelse		150 000
Landskyttarstemnet på Voss		600 000
Prøveprosjekt: utlån av gymsalar		200 000
Fylkesidrettsanlegg	4 000 000	4 000 000
<b>Sum</b>	<b>7 415 000</b>	<b>8 365 000</b>

<b>400.420 Tilskot til Idrettsprosjekt</b>	<b>Budsjett 2011</b>	<b>Tilskot 2012</b>
Psykatri/rus	50 000	50 000
Psykisk utviklingshemma	100 000	100 000
Eldre	70 000	70 000
Barn og ungdom - opne anlegg	175 000	175 000
Konferansar/kompetanse	280 000	280 000
Internasjonalt arbeid	40 000	40 000
Idrettsanlegg.no	40 000	40 000
Realisering fylkesdelplan fysisk akt., idrett og friluft	225 000	225 000
Partnerskap for folkehelse	275 000	275 000
<b>Sum</b>	<b>1 255 000</b>	<b>1 255 000</b>

## 790 Andre kulturaktivitetar

Tal i heile 1000 kr

Brutto driftsutgifter		Budsjett 2011	Budsjett 2012	Endring %
400.200	Fylkesarkiv	2 505	3 365	34,3 %
400.210	Lokalhistorisk rettleiingsteneste	827	855	3,4 %
400.220	Kulturnett	713	714	0,1 %
400.440	Tilskot lokale kulturhus	3 960	3 900	-1,5 %
400.725	Barne/ungdomstilskot	3 455	3 494	1,1 %
400.730	Vaksenopplæring	695	702	1,0 %
400.735	Andre kulturføremål	12 370	12 679	2,5 %
400.740	Stønad etter vedtak	646	1 000	54,8 %
400.750	Tilskot til innvandrarorg.	1 000	1 000	0,0 %
400.760	Til rådvelde for Kultur- og ressursutvalet	1 223	1 235	1,0 %
400.770	Kulturelt utviklingsprogram	6 000	6 000	0,0 %
400.780	Kulturbygg med regionale funksjonar		10 000	-
Sum brutto driftsutgifter		33 394	44 944	34,6 %
Sum driftsinntekter		-4 960	-4 900	-1,2 %
Netto driftsutgifter		28 434	40 044	40,8 %

### Fylkesarkivet

Fylkesrådmannen ser det som viktig å koma i gang med *bevaring av elektroniske arkiv* i Hordaland fylkeskommune. Arbeidet med ein Arkivplan har avdekka at det finst over 70 elektroniske system i bruk, og over halvparten skal bevarast. Ein må koma i gang med å utvikle ein bevaringsstrategi og ta stilling til kva type elektronisk depotløyseing fylkeskommunen skal ta i bruk. Det vert sett av kr 100 000 til dette arbeidet.

Fylkesarkivet har eit overordna ansvar for bevaring av privatarkiv i Hordaland, dette arbeidet er viktig for å sikra ein heilskapleg samfunnsdokumentasjon. Tilgang til både offentlege og private arkiv er sjølv grunnlaget for utvikling av lokal-, regional og nasjonal historie. Det er difor behov for å etablera verkemiddel for å få samla inn privatarkiv i fylket.

Den lokalhistoriske rettleiingstenesta i fylkesarkivet skal vera ein pådrivar for å utvikla det lokalhistoriske arbeidet i fylket. Gjennom å etablera fagleg samarbeid med kompetansemiljø i og utanfor fylket tek ein mål av seg til å utvikla fagleg det lokalhistoriske arbeidet og på den måten styrkja lokalsamfunna i Hordaland

### Lokalhistorisk rettleiingsteneste

Dette er ein integrert del av fylkesarkivet som m.a. gjev råd om oppbygging av lokalhistoriske arkiv og planlegging av større lokalhistoriske prosjekt som bygdebøker. Fylkesarkivet tek

også vare på eldre arkivsaker frå bedrifter og organisasjonar i fylket og er fylkeskoordinerende institusjon for privatarkivarbeid.

### Kulturnett

Kulturnett Hordaland er ein felles innfallsport til kulturtilbod og kulturminnevern, og eit viktig verktøy for å formidla kulturhistorisk kunnskap i og om Hordaland. Kulturnett Hordaland skal bidra til å auke interessa for lokal kunst og kultur, og gjera fylkeskommunens arbeid innan kulturfeltet meir tilgjengeleg. Kulturnett Hordaland skal også vera eit fora for kommunikasjon med brukarar og ein samarbeidskanal mot Universitetet i Bergen og Norsk Kulturråd. Kulturnett Hordaland vert no vidareutvikla både teknisk og innholdsmessig for å kunna levera gode tenester til moderne brukarar.

Kulturnett skal bidra til å styrka banda mellom fylkeskommunen og dei ulike kulturinstitusjonane rundt om i Hordaland. Ein vonar også å oppretthalda det faglege og tekniske samarbeidet med Sogn og Fjordane fylkeskommune. Nettstadane til Den kulturelle skulesekken og Fylkeskonsertane, og Coast Alive er under utvikling

### Tilskot lokale kulturhus

Dette gjeld statlege midlar til lokale kulturhus, som vert fordelte av Hordaland fylkeskommune.

### Kulturbygg med regionale funksjonar

I budsjettet for 2011 vart det sett av 10 mill. kr til tilskotsordning for kulturbygg med regiona-

le funksjonar. Fylkesrådmannen fører opp same sum for 2012.

I 2011-budsjettet vart summen fordelt til Kunsthus i Fartein Valens landskap i Sveio, Arena USF, Båthall ved Bergen Bymuseum og Stiftelsen Klosteret 17.

Tildeling av midlane i tilskotsordninga for 2012 vil koma i eiga sak. I budsjettet for 2011 vart det lagt opp til å løyva 4 mill. kr til Arena USF innanfor denne ordninga i 2012. Fylkesrådmannen vil følgja opp dette i den nemnde fordelingssaka.

### Barne/ungdomstilskot

Budsjettposten omfattar driftsstønad til barne- og ungdomsorganisasjonar på fylkesplanet,

400.725 Barne- og ungdomsarbeid	Budsjett 2011	Budsjett 2012
<b>Tiltak</b>		
Hordaland Barne- og ungdoms Råd	655 000	666 000
Ungdomskonferanse	45 000	45 000
Ungdommens kulturmønstring - drift	171 000	173 000
Ungdommens kulturmønstring - arena	160 000	162 000
Tilskot til barne- og ungdomsorganisasjonar	1 476 000	1 491 000
Tilskot - Særlege tiltak barn/ungdom	491 000	500 000
Scenekunst i Hordaland	257 000	257 000
Kulturkort for ungdom	200 000	200 000
	<b>3 455 000</b>	<b>3 494 000</b>

### Vaksenopplæring

Etter reglane som fylkestinget har vedteke, skal kulturadministrasjonen administrera tilskot (grunntilskot og administrasjonstilskot) til organisasjonsverksemd for godkjende studieorganisasjonar.

tilskot til verksemda i paraplyorganisasjonen for fylkesomfemnande og regionale barne- og ungdomsorganisasjonar, *Hordaland Barne- og Ungdoms Råd – HBUR* - og aktivitetsstønad til tiltak for barn og unge.

HBUR står som tilskipar av den årlege ungdomskonferansen og har dei siste åra hatt ansvaret for gjennomføringa av *Ungdommens Kulturmønstring*. Arrangementet har dei siste åra hatt ei sær positiv utvikling, og det er naudsynt å auka driftstilskotet noko, mellom anna for å unngå å pålegge kommunane og deltakarane ytterlegare eigenbetaling.

Hordaland fylkeskommune gjev og tilskot til paraplyorganisasjonen Vaksenopplæringsforbundet i Hordaland. Det vert budsjettet med kr 480 000 som tilskot til vaksenopplæringstiltak og kr 222 000 som tilskot til Vaksenopplæringsforbundet.

400.730 Vaksenopplæring	Budsjett 2011	Budsjett 2012
<b>Tiltak</b>		
Tilskot til vaksenopplæringstiltak	475 000	480 000
Tilskot til Vaksenopplæringsforbundet i Hordaland	220 000	222 000
	<b>695 000</b>	<b>702 000</b>



## Tilskot til andre kulturføremål

*Borealisfestivalen* har som ei viktig målsetting å generere prosjekt og førestillingar på arenaer i regionen, og har satsa målretta på dette. Fylkesrådmannen foreslår auke på kr 50 000 til ytterlegare styrking av dette regionale arbeidet.

*Hordaland folkeakademi* har meddelt Hordaland fylkeskommune at det er venta nedgang i talet på lokallag og i aktivitet framover. Mellom anna er det vedteke å endra stillingsressursen for fylkessekretær frå full til halv stilling. På denne bakgrunnen har Folkeakademiet i Hordaland søkt om ei driftstøtte på kr 359 000 for 2012, ein reduksjon på kr 114 000 frå året før.

Fylkesrådmannen foreslår å styrka posten *Stønad etter vedtak* med desse midlane som då vil koma lokale arrangørar med liknande føremål til gode.

Fylkesrådmannen foreslår ei samla auke på kr 354 000 til stønad etter vedtak, noko som særleg vil koma frivillig sektor til gode gjennom stønadsordninga "Tilskot til ålmenne kulturføremål".

Fylkesrådmannen foreslår vidare auke på kr 40 000 til *Musica Nord* til arrangement av sommarkonsertserien Grieg in Bergen, 177 000 til *Vestnorsk kulturakademi* og kr 50 000 til *Fjelberg gamle prestegard*.

## Fylkestinget

Fylkestinget la inn kr 200 000 til Hardanger 2012 – kulturprosjekt ifm. grunnloven 200 år og kr 150 000 til Bømlo Teater

400.735 Tilskot til andre kulturføremål	Budsjett 2011	Budsjett 2012
Tiltak		
<b>I. Fylkesorganisasjonar</b>		
Musikkorganisasjonar		
Norges Musikkorpsforbund Hordaland	442 000	446 000
Norsk Musikkråd - Hordaland	203 000	205 000
Hordaland korforbund	178 000	180 000
Interesseorganisasjonar		
Det felles innvandrerråd i Hordaland	457 000	462 000
Hordaland fylkeshusflidslag	341 000	344 000
Actis-Hordaland - Hordaland fylkes fråhaldsnemnd	102 000	103 000
Hordaland folkemusikklag	63 000	64 000
<b>II. Kulturinstitusjonar</b>		
Musikk		
Vestnorsk Jazzsenter	1 232 000	1 244 000
Ole Bull Akademiet	254 000	257 000
Bjørgvin Kirkemusikk	152 000	152 000
Orkesteret Fossegripen	200 000	202 000
BRAK	325 000	328 000
Stiftinga Fartein Valen	294 000	297 000
Musica Nord	60 000	100 000
Regionsorkesteret "Ung Symfoni"	41 000	41 000
AKKS Bergen	41 000	41 000
Scenekunst		
Bergen Internasjonale Teater	467 000	472 000
Vestlandske Teatersenter	236 000	238 000
Bergen Dansesenter	111 000	112 000
Bømlo Teater		150 000
Film		
Vestnorsk filmsenter	1 015 000	1 025 000
Cinamateket	41 000	42 000
Formidlingsorganisasjonar		
Hordaland Folkeakademi	476 000	359 000

400.735 Tilskot til andre kulturføremål	Budsjett 2011	Budsjett 2012
Moster Kyrkjarahistoriske senter/Moster Amfi	844 000	852 000
Seglskipet "Statsraad Lehmkuhl"	327 000	330 000
Vestnorsk Kulturakademi	123 000	300 000
Fjelberg Gamle Prestegard	177 000	227 000
FN-sambandet/Internasjonal uke	102 000	103 000
<b>III. Festivalar</b>		
Musikk		
Barnas Festspill	30 000	31 000
Vossa Jazz	323 000	326 000
Vossa Jazz-prisen	25 000	30 000
Nattjazzen i Bergen	108 000	109 000
Hardingtonar, Kvam	83 000	84 000
Borealis-festivalen	131 000	181 000
Bergen Music Fest	81 000	82 000
Lost Weekend	203 000	
Osa-festivalen, Voss	69 000	70 000
Hardanger Musikkfest	211 000	213 000
Rosendal Musikkfestival	58 000	59 000
Bergen internasjonale filmfestival BIFF	305 000	308 000
Grieg intern. Korfestival/Nina Grieg barnekorfest.	100 000	101 000
Scenekunst		
Barneteaterfestivalen på Stord	156 000	158 000
Mostraspelet	81 000	82 000
Baroniet i Rosendal - kulturtilskipingar	54 000	55 000
Oktoberdans/Meteor	44 000	45 000
<b>IV. Anna</b>		
Kystsogevekene	1 154 000	1 166 000
Ekko-festivalen	100 000	101 000
Litteratursymposiet i Odda	200 000	202 000
Registrering, kartfesting og formidling av kulturminne	400 000	400 000
Tuba-prosjekt mot vold	150 000	
Hardanger 2014 – kulturprosjekt ifm. grunnloven 200 år		200 000
	<b>12 370 000</b>	<b>12 679 000</b>

### Stønad etter vedtak

Denne rådveldeposten gjeld søknader til kulturtiltak som kjem til fylkeskommunen gjennom året og som m.a. vert tildelt gjennom "Tilskot til ålmenne kulturføremål" vår og haust. Fylkesrådmannen foreslår auke på kr 354 000 for 2012, noko som særleg vil koma frivillig sektor til gode. Av summen er kr 150 000 overført frå Hordaland folkeakademi som melder om nedgang i aktiviteten.

### Tilskot til innvandrorganisasjonar

Fylkeskommunen fordeler statlege midlar til prosjekt og drift av innvandrorganisasjonar i fylket. Det vert budsjettert med 1 mill. kr i inntekter og utgifter.

### Kulturelt utviklingsprogram

I 2010 vart Kulturelt utviklingsprogram (KUP) lansert som eit nytt kulturpolitisk verktøy for regional kunst- og kulturutvikling. Det er utforma retningsliner og program- og innsatsområde. KUP vert foreslått vidareført i 2012 med kr 6 000 000.



# FRIE INNTEKTER

Tal i heile 1000 kr

			Budsjett 2011	Budsjett 2012	Endring %
800	Skatt	Brutto driftsutgifter			
		Driftsinntekter	-2 270 700	-2 408 300	6,1
		Netto driftsinntekter	-2 270 700	-2 408 300	6,1
840	Rammetilskot	Brutto driftsutgifter			
		Driftsinntekter	-2 565 600	-2 664 200	3,8
		Netto driftsinntekter	-2 565 600	-2 664 200	3,8
	<b>Sum</b>	<b>Brutto driftsutgifter</b>			
		<b>Driftsinntekter</b>	<b>-4 836 300</b>	<b>-5 072 500</b>	<b>4,9</b>
		<b>Netto driftsinntekter</b>	<b>-4 836 300</b>	<b>-5 072 500</b>	<b>4,9</b>

Dei frie inntektene for fylkeskommunen omfattar fylkesskatt og rammetilskot.

Tala for 2011 i tabellen ovanfor er henta frå opphavleg budsjett for 2011, som vart vedteke av fylkestinget i desember 2010. I Revidert nasjonalbudsjett for 2011 vart det varsla noko auka skatteinntekter i 2011. Skatteauken saman med ei mindre justering av rammeoverføringane var på til saman 32 mill. kr, og denne auken i dei frie inntektene vart innarbeidd i budsjettendringssak til fylkestinget i juni 2011.

I kommuneproposisjonen for 2012 – som vart lagt fram 13. mai – heiter det at Regjeringa legg opp til ein reell vekst i kommunesektoren sine samla inntekter i 2012 på mellom 5 og 6 milliardar kroner. Av den samla inntektsveksten skal mellom 3¾ og 4¼ milliardar kroner koma som frie inntekter (skatt og rammeoverføringar). Mellom ½ og ¾ milliardar kroner av veksten i dei frie inntektene skal i følgje opplegget fordelast til fylkeskommunane. Fylkesrådmannen har i utrekningane lagt til grunn ein vekst i dei frie inntektene for fylkeskommunane i 2012 på 625 mill. kr i faste prisar. Dette er midt i intervallet for vekst som er oppgjeve i kommuneproposisjonen. Av veksten til fylkeskommunane er 400 mill. kr grunngjeve med trongen for å styrka satsinga på drift og vedlikehald av det fylkeskommunale vegnettet.

Utrekningar tyder på at kommunesektoren i 2012 kan få meirutgifter i storleiken 2,5 milliardar kroner knytta til den demografiske utviklinga. 240 mill. kr av meirutgiftene knytta til den demografiske utviklinga er meirutgifter for fylkeskommunane. Ein del år var det sterk vekst i talet på 16–18-åringar i vidaregåande opplæring. Som følgje av dette fekk fylkeskommunane noko sterkare vekst i dei frie inntektene enn kommunane. No flatar veksten i talet på 16–18-åringar ut, og dette påverkar fordelinga av inntekter mellom kommunane og fylkeskommunane. I 2012 får fylkeskommunane litt lågare prosentvis vekst i dei frie inntektene enn kommunane.

I kommuneproposisjonen for 2012 vert det vist til at ved fastsetjing av inntektsrammene for 2010 vart det – ved ein feil – ikkje teke omsyn til at fylkeskommunane også har krav på kompensasjon for meirverdiavgift for bompengefinansiert utbygging av fylkesvegnettet, og at dette har ført til meirinntekter for fylkeskommunane. Regjeringa vil i statsbudsjettet for 2012 foreslå å trekkja ut ein sum av fylkeskommunane sine rammetilskot tilsvarande meirverdiavgiftskompensasjonen fylkeskommunane mottek for investeringar finansiert med bompengar. Trekket i inntektsramma vil verta fordelt mellom fylkeskommunane etter prosentvis del av samla momskompensasjon knytta til bompengefinansierte vegprosjekt i 2010. Fylkeskommunane vil ikkje verta trekt for meirverdiavgiftskompensasjon

som er gjeve i 2010 og 2011. Det er førebels usikkert kor stort trekket for den einskilde fylkeskommunen vil verta, men dette vert avklara i statsbudsjett. Fylkesrådmannen har på usikkert grunnlag førebels lagt til grunn eit årleg trekk frå 2012 på 20 mill. kr.

I budsjettgrunnlaget byggjer fylkesrådmannen på dei føresetnadene ein finn i kommuneproposisjonen for 2012, og som er gjort greie for ovanfor. Ein må vera budd på at det kan verta justeringar etter at statsbudsjettet er lagt fram.

Det er ikkje varsla endringar frå 2011 til 2012 i kostnadsnøkkelen som vert nytta i utrekningane av rammeoverføringane til fylkeskommunane.

Folketal er viktige kriterie i kostnadsnøkkelen. Frå og med 2010 vert folketalet 1. juli året før budsjettåret lagt til grunn. Desse tala er kjende når statsbudsjettet vert lagt fram, og det vert dermed ikkje justeringar i innbyggjartilskotet og utgiftsutjamninga i ettertid.

Ved utrekning av dei frie inntektene er det lagt til grunn ein pris- og lønsvekst (deflator) for kommunesektoren på 3,3% frå 2010 til 2011, fordelt med 4,5% lønsvekst og 1,0% prisvekst. Desse føresetnadene vil verta nærare avklara og eventuelt justerte etter at statsbudsjettet er lagt fram.

Samla er dei frie inntektene førte opp med 5 086,4 mill. kr i 2012, fordelt med 2 380,3 mill. kr på skatt og 2 706,1 mill. kr på rammeoverføringar. Skatt og rammeoverføringar er nærare omtala nedanfor.

### **Revidert budsjettgrunnlag**

Veksten i frie inntekter for fylkeskommunane samla er i statsbudsjettet sett til 600 mill. kr i 2012, medan det i budsjettgrunnlaget var rekna med 625 mill. kr. Isolert sett medfører dette ein reduksjon i fylkeskommunen sine frie inntekter på noko over 2 mill. kr.

Kommunal deflator (samanvegd løns- og prisvekst) som er nytta i statsbudsjettet for 2012 er på 3,25%. I fylkesrådmannen sitt budsjettgrunnlag er deflatoren sett til 3,3%. Redusert deflator medfører reduksjon i frie inntekter på noko under 3 mill. kr i høve til budsjettgrunnlaget.

Ved gjennomføringa av forvaltningsreforma i 2010 vart det gjort overslag på meirverdiavgiftskompensasjonen knytt til den økonomiske ramma som vart overført til fylkeskommunane. Departementet viser til at det ved ein feil ikkje vart teke omsyn til at

fylkeskommunane også har krav på kompensasjon for meirverdiavgift for investeringar finansiert med bompengar. I kommuneproposisjonen for 2012 vart det varsla at fylkeskommunane i 2012 ville få trekk i rammeoverføringane for desse meirinntektene som fylkeskommunane fekk for bompengeprojekt. Fylkesrådmannen har på usikkert grunnlag sett dette trekket til 20 mill. kr i budsjettgrunnlaget. I statsbudsjettet er dette trekket i dei frie inntektene på om lag 34 mill. kr, altså om lag 14 mill. kr større enn i budsjettgrunnlaget

Nye folketal pr 1. juli 2011 er lagt til grunn i utrekningane i inntektssystemet og det er og endringar i andre kriterieverdiar i inntektssystemet. Desse endringane slår positivt ut for Hordaland fylkeskommune.

Samla sett medfører endringane i statsbudsjettet at dei frie inntektene for 2012 vert nedjustert med 13,9 mill. kr netto i høve til fylkesrådmannen sitt budsjettgrunnlag. Dette er i samsvar med statsbudsjettet gjennomført ved å redusera rammeoverføringane med 41,9 mill. kr og auka skatteinntektene med 28,0 mill. kr. Dei frie inntektene i 2012 utgjer etter dette 5 072,5 mill. kr fordelt med skatteinntekter på 2 408,3 mill. kr og rammeoverføringar på 2 664,2 mill. kr.

## **800 Skatt**

Fylkeskommunen sin rekneskap for 2010 viser skatteinntekter på 2 239,7 mill. kr.

For 2011 er budsjetterte skatteinntekter i opphavleg budsjett på 2 270,7 mill. kr. Desse er seinare auka med 24 mill. kr til 2 294,7 mill. kr. Arbeidet med tertialrapporten pr. 31. august 2011 så langt kan tyda på at skatteinntektene i 2011 vert i storleiken 30–40 mill. kr over skatteoverslaget i revidert budsjett for 2011.

For 2012 har ein med utgangspunkt i signala i kommuneproposisjonen ført opp skatteinntekter på 2 380,3 mill. kr.

### **Revidert budsjettgrunnlag**

Som det er gjort greie for ovanfor medfører statsbudsjettet at skatteinntektene for 2012 er auka med 28,0 mill. kr til 2 408,3 mill. kr.

## **840 Rammetilskot**

I rammetilskotet inngår rammeoverføringane gjennom inntektssystemet.

For 2012 har ein med utgangspunkt i signala i kommuneproposisjonen og utrekningar ved hjelp av KS sin modell ført opp rammeoverføringar på 2 706,1 mill. kr.

Det er då på grunnlag av nye kriterieverdiar og nye folketal som inngår i inntektssystemet, rekna med

ein auke i rammeoverføringane på 12 mill. kr i høve til fylkesutvalssaka om økonomiske rammer i juni 2011.

**Revidert budsjettgrunnlag**

Som det er gjort greie for ovanfor medfører statsbudsjettet at rammeoverføringane for 2012 er redusert med 41,9 mill. kr til 2 664,2 mill. kr.



# RENTER OG AVDRAG

Tal i heile 1000 kr

			Budsjett 2011	Budsjett 2012	Endring %
	Renter	Brutto driftsutgifter	158 100	206 190	30,4 %
		Driftsinntekter	-49 200	-89 490	81,9 %
		Netto driftsutgifter	108 900	116 700	7,2 %
	Avdrag	Brutto driftsutgifter	198 000	238 000	20,2 %
870	Sum	Brutto driftsutgifter	356 100	444 190	24,7 %
		Driftsinntekter	-49 200	-89 490	81,9 %
		Netto driftsutgifter	306 900	354 700	15,6 %

Netto utgifter til renter og avdrag går opp frå 306,9 mill. kr i 2011-budsjettet til 364,7 mill. kr i budsjettgrunnlaget for 2012. Auken på 57,8 mill. kr tilsvarar 18,8%. Renter og avdrag er nærare omtala i det følgjande.

## Renter

Fylkesrådmannen har valt å leggje til grunn 3,5% rente for lån med flytande rente og for nye lån. Dette er same rentesats som vart nytta i 2011-budsjettet. I pressemeldinga frå Noregs Bank etter rentemøtet 21. september vert det sagt at "Det er uvanlig stor usikkerhet om utviklingen i renten vidare fremover."

Utrekningar syner at fylkeskommunen ved inngangen til 2012 vil ha ei brutto lånegjeld på 5 496 mill. kr. Renteutgiftene for 2012 er utrekna til 206,2 mill. kr, ein auke på 48,1 mill. kr i høve til 2011-budsjettet.

Renteinntektene er sette til 40,3 mill. kr i 2012.

Vidare vert det budsjettert med 38,2 mill. kr i renterefusjon frå staten. Dette gjeld ordninga med at skuleinvesteringar og veginvesteringar innanfor gjevne rammer kan finansierast med lån der staten refunderer rentekostnadene med utgangspunkt i Husbanken sine rentesatsar. Denne refusjonen aukar med vel 15,3 mill. kr i høve til 2011.

Det er budsjettert med eit utbytte frå Valen kraftverk på 1 mill. kr.

Det vert elles vist til låneregisteret for 2012 med oversyn over renter og avdrag.

### Fylkestinget

Fylkestinget la til grunn ei innsparing i netto renteutgifter på 10 mill. kr som følgje av forventa lågare lånerente og betre vilkår i ny bankavtale. Innsparinga er i tabellen ført opp som auka renteinntekt.

## Avdrag

Det er minimumsreglar for storleiken på årlege avdrag. Nedbetalingstida for låna skal ikkje overstiga vegd levetid for anleggsmidlane. Fylkeskommunen stettar krava i desse reglane.

I tillegg er det i følgje det såkalla formuesbevaringsprinsippet ønskjeleg at summen av avdrag og nettodriftsresultat er like stor som årlege avskrivningar. Dette prinsippet vert meir enn oppfylt i fylkesrådmannen sitt budsjettgrunnlag.

I 2012-budsjettet er det ført opp 238 mill. kr i avdrag. Dette er ein auke på 40 mill. kr i høve til 2011. Veksten i avdraga har samanheng med høge investeringar og stor auke i samla lån.



# INTERNE FINANSIERINGS- TRANSAKSJONAR

---

Interne finansieringstransaksjonar omfattar overføring av driftsmidlar til investeringsbudsjettet, avsetjing og bruk av disposisjonsfond og eventuell inndekking av underskot frå tidlegare år.

## *Overføring til investeringsbudsjettet*

Det er ønskjeleg å overføra driftsmidlar til investeringsbudsjettet slik at eigenfinansieringa av investeringane kan ha eit akseptabelt nivå.

I 2012 vert det budsjettert med overføring av 160 mill. kr til investeringsbudsjettet.

Regjeringa har vedteke nytt regelverk for rekneskapsføring av momskompensasjon. Denne kompensasjonen har hittil vore ført i driftsrekneskapen. Det nye regelverket medfører at momskompensasjon frå investeringar skal førast i investeringsrekneskapen frå 2014. Det vil vera ein overgangsperiode frå 2010 og fram til 2014, der det vert lagt stadig sterkare føringar på korleis momskompensasjonen for investeringar kan nyttast. For budsjettåret 2012 skal minimum 60 pro-

sent av momskompensasjon frå investeringar overførast til investeringsrekneskapen.

I budsjettgrunnlaget for 2012 er momskompensasjonen for investeringar utrekna til 193 mill. kr. Investeringsbudsjettet er tilført 160 mill. kr frå driftsbudsjettet. Ein er difor godt i overkant av kravet om at overføringa frå driftsbudsjettet til investeringsbudsjettet skal tilsvare minst 60 prosent av momskompensasjon frå investeringar.

## *Fylkestinget*

Fylkestinget reduserte overføringa til investeringsbudsjettet med 4,75 mill. kr, for å finansiera påplussingar i driftsbudsjettet.

## *Avsetjing og bruk av disposisjonsfond*

I følge avtale skal det i 2012 utbetalast 35,6 mill. kr til Hardangerbrua AS. Ein har 26,1 mill. kr ståande på fond. Det er budsjettert med å bruka 21,7 mill. kr i 2011. Resten av fondet, 4,4 mill. kr vil bli brukt i 2012.

# ØKONOMIPLAN 2012-2015

## DRIFT



# ØKONOMIPLAN 2012-2015

kr 1 000, faste priser		Budsjett	Endring i høve til 2012			Kommentar
		2012	2013	2014	2015	
Frie inntekter	+	5 072 500	36 500	73 300	110 400	
Renter og avdrag	-	354 700	56 533	99 037	145 013	
Til disp. etter renter og avdrag		4 717 800	-20 033	-25 737	-34 613	
Mva.komp. frå inv. brukt i drift	+	37 750	-20 517	-37 750	-37 750	
Driftsramme til fordeling på sektorane:		4 755 550	-40 550	-63 487	-72 363	
Politiske organ og adm.	netto	265 326				
Fellesfunksjonar	netto	128 778	-350	-5 287	-5 163	
Opplæring	netto	2 486 095				
Tannhelse	netto	170 412				
Regional utvikling	netto	82 205				
Fylkeskom. næringsverksemd	netto	-109 375	-31 200	-31 200	-31 200	Nto. tilsk. Hardangerbru
Samferdsel	netto	1 579 157	-9 000	-27 000	-36 000	
Kultur	netto	152 952				
<b>Sum netto driftsutgifter</b>		<b>4 755 550</b>	<b>-40 550</b>	<b>-63 487</b>	<b>-72 363</b>	

## Samandrag

Tabellen gjev oversyn over dei viktigaste endringane i økonomiplanperioden i høve til årsbudsjettet for 2012.

Ein har ført opp den venta veksten i frie inntekter kvart år i perioden. Men som følgje av høge investeringar aukar renter og avdrag meir enn dei frie inntektene.

Tabellen ovanfor viser at det ein har igjen av frie inntekter, etter at renter og avdrag er betalte, går ned med om lag 20 mill. kr i 2013. Nedgangen held fram dei følgjande åra. Fram til 2015 er det rekna med at renter og avdrag vil ha auka med ca. 35 mill. kr meir enn veksten i frie inntekter.

Utfordring nummer to er at frå 2014 skal all moms-kompensasjon frå investeringar inntektsførast i investeringsrekneskapen. I 2012-budsjettet er det lagt opp til å nytta nær 38 mill. kr (19,6 %) av moms-kompensasjon frå investeringar i drifta.

Desse to momenta gjer at driftsutgiftene i 2015 må reduserast med ca. 72 mill. kr samanlikna med 2012.

Dette vert delvis løyst ved at tilskotet til Hardangerbrua fell bort. I 2012 skal det betalast 35,6 mill. kr. 4,4 mill. kr kan dekkast med fondsmidlar. Netto innsparing i drifta dei følgjande åra vert dermed 31,2 mill. kr.

I tabellen over er det vidare lagt opp til ei innsparing i samferdselssektoren på 9 mill. kr i 2013, 27 mill. kr i 2014 og 36 mill. kr i 2015.

Ved salderinga av 2012-budsjettet reduserte fylkestinget overføringa frå driftsbudsjettet til finansiering av investeringar med 4,75. mill. kr. Tilsvarende endring er gjort i 2013. For 2014 og 2015 var det ikkje ført opp noko overføring frå drift til investering i budsjettgrunnlaget. Innsparinga må difor gjerast på ein annan post. Ein kan i denne samanhengen vise til punktet i budsjettvedtaket om "Prosjekt Økonomisk handlefridom II". Målet for prosjektet er i perioden 2012-15 å identifisera tiltak som kan gje inntektsauke/kostnadskutt i storleik 100 mill. kroner i driftsbudsjettet.

## Politiske organ, administrasjon og fellesfunksjonar

Det er lagt inn nokre små justeringar i fylkesutvalet sin tilleggslyvingskonto for å saldera økonomiplanen.

### Momskompensasjon frå investeringar

Det er budsjettert med høge investeringar i økonomiplanperioden. Dette gjev høge beløp i momskompensasjon. Det er budsjettert slik:

Løpande prisar		Tal i mill. kr	
2012	2013	2014	2015
193	193	0	0

Etter dagens reglar vert momskompensasjon frå investeringar inntektsført i driftsrekneskapen. Dette skal leggjast om. Frå 2014 skal all momskompensasjon frå investeringar inntektsførast i investeringsrekneskapen.

## Opplæring

### Situasjonsomtale

Talet på 16 – 18 åringar i Hordaland held seg på om lag same nivå i perioden 2012 til 2015. Framskriven folkemengd i aldersgruppa frå Statistisk Sentralbyrå går fram av tabellen nedanfor:

	2012	2013	2014	2015
Tal 16-18 åringar	19 622	19 971	19 822	19 744

Tabellen viser at det er ein auke i talet på 16-18 åringar frå 2012 til 2015 på 122. Den største auken kjem frå 2012 til 2013 på 349. Prognosen i tabellen viser at 2013 vil vera toppåret i økonomiplanperioden.

Veksten i talet på 16-18 åringar komande økonomiplanperiode, ser ut til å verta svakare enn det som har vore vanleg dei siste åra. Utviklinga i denne prognosen er det avgjerande måltalet for utviklinga i talet på elevar og lærlingar. Ein annan faktor som påverkar elevveksten for Hordaland fylkeskommune sine skular er kor stor del av ungdomskullet som vel private skular. Dei siste åra har ein også sett effekt av at tilflytta ungdomar frå t.d. Polen og dei baltiske landa treng undervisningsplassar.

Gjennomgangen av årsbudsjettet framfor viser at det er tilstrekkeleg med elevplassar i dei fylkeskommunale vidaregåande skulane i høve til søkjartalet. Hausten 2011/2012 viser tala så langt at det til 18 416 plassar vart tekne inn 17 215 elevar.

### Nybygg/tilbygg

I økonomiplanperioden vil fleire nybygg stå ferdige eller vera påbegynt.

Dette gjeld:

- Amalie Skram vidaregåande skole – ferdig 2014
- Voss ny skulestruktur – frå 5 til 2 skular
- Åsane vidaregåande skole

I tillegg er det sett av midlar til opprusting av Årstad vidaregåande skole og det er midlar til mindre ombyggingsarbeid ved fleire skular i fylket.

### Oppsummering

Fylkesrådmannen har ikkje lagt inn auke i budsjett-ramma for opplæringssektoren i økonomiplanperioden samanlikna med 2012.

Meirkostnaden som følgje av at nye skular skal ta-kast i bruk må ein koma attende til. Etter fylkesrådmannen si vurdering er budsjettet for 2012 eit godt utgangspunkt for økonomiplanen. Det store investeringsprogrammet som er under utføring, vil betra undervisningstilhøva mange stader.

Arbeidet med skulebruksplanen er venta ferdig i 2012. Resultatet av dette arbeidet vil påverka budsjett- og økonomiplanarbeidet dei komande åra.

## Tannhelse

Fleire tiltak og prosjekt på tannhelsefeltet vert starta opp i 2012 og får full drift i økonomiplanperioden. Dette gjeld:

- Etablering av eit regionalt odontologisk kompetansesenter i Helseregion Vest i 2012.
- Nytt odontologibygget i Bergen i 2012

I St. meld nr 35(2006 – 2007) foreslår regjeringa at fylkeskommunen sitt forvaltningsansvar for den samla tannhelsetenesta skal bli styrka. I tillegg til eit ”sørgje for – ansvar” vil fylkeskommunen også få eit ”følgje med – ansvar” på tannhelsefeltet. Satsingsområda i meldinga er geografisk utjamning, kunnskaps- og kompetanseutvikling, folkehelsearbeid og sosial utjamning.

I økonomiplanperioden vil det framleis vera ein stram tannlege- og tannpleiarmarknad. Mange tannlegar i distrikta, som har utgjort ei stabil grunnstamme, vil slutta i løpet av dei neste åra. I tillegg er det sterke krefter som dreg nye tannlegar mot byane, og det vil derfor bli nødvendig å styrkja eksisterande tiltak eller setja i verk nye i løpet av planperioden.

### Etablering av odontologisk kompetansesenter i helseregion vest

Dei tre vestlandsfylka Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland har fått tilskot frå Helse- og omsorgsdepartementet for å planleggja og prosjektera eit regionalt odontologisk kompetansesenter i helseregion vest. Kompetansesenteret vert etablert i 2012 og får heilårsdrift frå 2013. Rogaland har opna ein spesialistklinik i Stavanger, og Hordaland vil opna sin spesialistklinik når det nye odontologibygget i Bergen står ferdig i 2012.

Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane inngjekk ein intensjonsavtale med Helse- og omsorgsdepartementet i 2009, og er i gang med å utarbeida ein samarbeidsavtale som skal avklara organisasjonsmodell og drift av senteret. Driftsutgiftene vil bli delt mellom fylkeskommunane og staten.

Fylkesrådmannen vil koma nærare attende til drifta av spesialistklinikken når omfanget er nærare klarlagt.

### Klinikkstruktur i Hordaland

I Plan for tannhelsetenester i Hordaland 2010 – 2013 er det lagt opp til ein meir sentralisert klinikkstruktur. Planen vart godkjent i fylkestinget i

2010, men kvar klinikk skal leggjast fram som eige sak før eit tilbod blir lagt ned.

Fylkesrådmannen vil å følgja opp endringane i klinikkstrukturen slik det var lagt opp til i tannhelseplanen.

### Styrking av det helsefremjande og førebyggjande arbeidet

Tannhelsa til ungdommen i Hordaland er ikkje så god som ønskjeleg, jf. Kostra tal for tannhelse, og det førebyggjande arbeidet i fylket bør difor styrkast. M.a. bør samarbeidet med kommunale tenester, frivillige lag og organisasjonar m. fl. bli betre.

### Nye utgifter i planperioden

Når det regionale odontologiske kompetansesenteret og spesialistklinikken kjem i drift frå hausten 2012, vil fylkeskommunen dekkja utgiftene til delar av drifta.

Fylkesrådmannen har ikkje lagt inn endringar i tannhelsebudsjettet i økonomiplanperioden samanlikna med budsjettet for 2012.

Fylkesrådmannen vil koma nærare attende til verknadene av oppbygginga av det regionale kompetansesenteret og spesialistklinikken.

## Regional utvikling og fylkeskommunal næringsverksemd

Det er ikkje lagt inn endringar innan området regional utvikling i økonomiplanperioden samanlikna med budsjettet for 2012. For budsjettområdet fylkeskommunal næringsverksemd er budsjettet redusert i økonomiplanen som følgje av at 2012 er siste året med tilskot til bygging av Hardangerbrua.

Forvaltningsreforma frå 2010 har gjeve fylkeskommunen fleire nye oppgåver innan regional utvikling. Klimautfordringa, miljørelaterte oppgåver og folkehelse set også krav til kompetanse og ressursar. Nye ansvarsområde og oppgåver innan regional utvikling stiller auka krav til ressursar og verkemiddel, og til kompetanse og kapasitet i fylkesadministrasjonen.

### Klimaplan

I økonomiplanperioden vil oppfølging av Klimaplanen og målsetjingane i denne vera eit sentralt arbeidsfelt innanfor regional utvikling. Klimautfordringane er av ein slik karakter at eit breitt samarbeid mellom offentlege og private aktørar, næringsliv,

organisasjonar, forskning og den einskilde innbyggar er ein føresetnad for måloppnåing.

Fylkeskommunen må sjå til at tiltaka kjem i gang, men har i tillegg eit særleg ansvar for koordinering av klimaarbeidet i Hordaland, med vekt på kommunane. Erfaring frå andre regionar som har klart å redusera utsleppa av klimagassar, viser at langsiktig, samordna og systematisk satsing er heilt nødvendig.

Eit anna viktig – og tilgrensande felt til klimaplanen – er arbeidet med samordna areal- og transportplan i bergensområdet. Fylkeskommunen har forplikta seg til dette viktige planarbeidet i vedteken Regional planstrategi.

## Samferdsel

### Vegar

Vedlikehald av fylkesvegar har eit budsjett på 401,1 mill kr i 2012.

Det er trong for auka løyvingar til vedlikehald av fylkesvegnettet. Dette dels for å oppretthalda vegkapitalen, og dels for å sikra at vegnettet oppfyller krava til tryggleik.

Statens vegvesen sin reknemodell – MOTIV – for kostnadane med å drifta og vedlikehalda fylkesvegnettet, syner ein årleg trong på omlag 550 mill kr.

Det har vore kraftig vekst i kostnadene for drift og vedlikehald. Driftskontrakten for Hardanger, som gjeld frå 1. september 2011, viser ein kostnadsauke på 19 % i høve til førre kontrakt. Kostnadene ved alle nye driftskontaktar som er inngått dei seinare åra, aukar langt meir enn den priskompensasjonen som er lagt til grunn i budsjettet.

Drifts- og vedlikehaldsstrategien vert handsama av fylkestinget i oktober 2011. Oppfølging av denne strategien vil vera ein viktig premiss for komande budsjett og økonomiplanar.

### Kollektivtrafikk

Utfordringane i økonomiplanperioden er store om ein skal nå dei vedteke måla for kollektivtrafikken i bergensområdet, som m.a. er at kollektivtrafikken skal ta ein større del av persontransportarbeidet i Bergen. For å lukkast med dette må ein unngå at ikkje kapasiteten vert flaskehals i kollektivsystemet. Auka passasjerutslutnad må følgjast opp med auka kapasitet.

I løpet av 2012 vil all kollektivtransport vera sett ut på anbod. Det er rekna med ei innsparing som følgje av dette på 6 mill. kr i 2013 og resten av åra i økonomiplanperioden.

I avtalen om belønningstilskot som er inngått mellom Bergen kommune, Hordaland fylkeskommune og Samferdselsdepartementet, er det lagt til grunn at tilskotet til takstiltak og nye rutetilbod skal redusert. I 2012 er det budsjettert med 25 mill. kr, og i 2013 og 2014 er det lagt til grunn ein reduksjon på 5 mill. kr kvart år. Det er uklart om fylkeskommunen får belønningssmidlar i 2015, og ein legg til grunn at dei resterande

15 mill. kr frå belønningssordninga fell vekk frå 2015.

Fylkesrådmannen legg til grunn takstauke i samsvar med den generelle prisstiginga i økonomiplanperioden. I 2012 er det budsjettert med 5,0 mill. kr i trafikkinntekter ved at det vert innført eit ombordtillegg på kr 10 når det vert billettert på bussen i bergensområdet. Heilårseffekten av dette tiltaket er kalkulert til 20 mill. kr. Samanlikna med 2012-budsjettet kan inntektssida dermed aukast med 15 mill. kr frå 2013.

### Oppsummering

Samla for fylkeskommunen viser utrekningane for økonomiplanperioden at det er behov for å redusera budsjetta samanlikna med 2012-forslaget.

For 2013 vert det lagt opp til reduksjon på 9 mill. kr, for 2014 reduksjon på 27 mill. kr og for 2015 er reduksjonen rekna til 36 mill. kr samanlikna med 2012-budsjettet.

Fylkesrådmannen har førebels lagt til grunn at desse reduksjonane skal gjennomførast i samferdselssektoren.

Gjennomgangen ovanfor viser at tiltak som vert sette i verk i 2012 vil gje heilårseffekt i 2013 og åra i økonomiplanperioden. Dette gjeld innsparingar i samband med anbod og inntektseffekt av ombordtillegg ved kjøp av billett på bussen som vert innført frå hausten 2012. Samla vil desse to tiltaka gje innsparing på 21 mill. kr i 2013 samanlikna med 2012.

Det er vidare nemnt at tilskotet frå belønningssordninga vert redusert med 5 mill. kr frå 2012 til 2013. Netto innsparing er dermed 16 mill. kr.

Dei samla utrekningane viser som nemnt at budsjettet må reduserast med 9 mill. kr frå 2012 til 2013.

Innsparinga er ovanfor rekna til 16 mill. kr. Det vil slik sett vera rom for nye tiltak for 7 mill. kr i samferdselssektoren i 2013.

## Kultur

I 2012-budsjettet er utgiftssida på vel 264 mill. kr. Summen er vidareført i heile økonomiplanperioden.

### Kulturplan

Arbeidet med ein kulturstrategi for Vestlandet er sett i gang, likeeins arbeidet med ein ny kulturstrategi/regional kulturplan for Hordaland der ein vil meisla ut ein tydeleg kulturpolitikk både for drift og investeringar.

### Tilskotsordning til kulturhus/arenaer

Fylkeskommunal tilskotsordning for kulturhus/arenaer er vidareført i økonomiplanperioden. Det er eit stort press for løyvingar til slike tiltak.

Tilskotssummen – årleg på 10 mill. kr – vert fordelt i ei eiga sak.

### Kulturelt utviklingsprogram

Kulturelt utviklingsprogram. KUP vart oppretta i 2010. Det har vist seg å vera eit viktig verktøy for å få til større og tyngre kultursatsingar. Søknadsrundane både i 2010 og 2011 syner svært stor interesse for ordninga. Budsjettet til KUP er i 2012-budsjettet på 6 mill. kr og denne summen vert foreslått vidareført i økonomiplanperioden.

### Museumsplan

Museumsplanen vart vedteken i juni 2011. I budsjettet for 2012 er det sett av 2 mill. kr til oppfølging av planen. Midlane er vidareført i økonomiplanperioden.

Museumsplanen viser at det på museumsfeltet ligg det store utfordringar så vel på investerings- som på driftssida.

## Frie inntekter

Faste 2012 priser

Tal i heile 1000 kr

	2012	2013	2014	2015
Skatt	2 408 300	2 445 900	2 483 900	2 522 100
Rammeoverføringar	2 664 200	2 663 100	2 661 900	2 660 800
<b>Sum inntekter</b>	<b>5 072 500</b>	<b>5 109 000</b>	<b>5 145 800</b>	<b>5 182 900</b>

Utviklinga i dei frie inntektene i økonomiplanperioden er usikker. I fylkesrådmannen sitt budsjettgrunnlag er det – som i saka om økonomiske rammer til fylkesutvalet i juni 2011 – lagt til grunn ein vekst i fylkeskommunane sine frie inntekter på ¾ prosent pr. år i perioden 2013–2015. Det er rekna med noko mindre auke i dei frie inntektene for fylkeskommunane enn tidlegare etter at veksten i talet på 16–18-åringar no har stagnert.

Utrekning av dei frie inntektene i økonomiplanperioden i tabellen ovanfor er gjort ved hjelp av KS sin modell. Regjeringa tek sikte på leggja fram ny kostnadsnøkkel for utrekning av rammeoverføringane til fylkeskommunane, men desse endringane vil ikkje få verknad før 2014. Det er uvisst kva utslag desse endringane vil få.



## Renter og avdrag

Løpande prisar

Tal i heile 1000 kr

År	2012	2013	2014	2015
Renteutgifter	206 190	250 040	284 870	318 070
Avdrag	238 000	278 000	307 000	344 000
<b>Sum utgifter</b>	<b>444 190</b>	<b>528 040</b>	<b>591 870</b>	<b>662 070</b>
Rentekompensasjon	-38 160	-47 820	-53 850	-59 370
Renteinntekter	-51 330	-56 650	-56 650	-56 650
<b>Sum inntekter</b>	<b>-89 490</b>	<b>-104 470</b>	<b>-110 500</b>	<b>-116 020</b>
<b>Netto utgifter</b>	<b>354 700</b>	<b>423 570</b>	<b>481 370</b>	<b>546 050</b>

Ein gjer merksam på at tala i denne tabellen er i løpande prisar.

For lån utan rentebinding er rentesatsen sett til 3,5% i 2012 og 4% i resten av økonomiplanperioden. Utviklinga i rentenivået er usikker, og ein må vera budd på at renteføresetnadene må justerast ved seinare høve.

Utrekningar basert på forslaget til investeringsbudsjett syner sterk auke i renter og avdrag kvart år i perioden. Renteutgiftene aukar frå 206,2 mill. kr i 2012 til 318,1 mill. kr i 2015.

Utgiftene til avdrag aukar frå 238 mill. kr i 2012 til 344 mill. kr i 2015. For nye lån er det rekna med 30 års nedbetalingstid.

Det er budsjettert med 51,3 mill. kr i renteinntekter i 2012 og 56,7 mill. kr kvart av dei andre åra i perioden. Ein har rekna med same rentesats på innskot som for lån.

I tillegg er det inntektsført rentekompensasjon for lån til skular og vegar. Ved utrekning av kompensasjonen vert det lagt til grunn at låna er avdragsfrie i 5 år, og deretter vert nedbetalte over 15 år. For veglån har ein rekna med at grunnlaget aukar med 176 mill. kvart år.

Overslaget over rentekompensasjon aukar frå 38,2 mill. kr i 2012 til 59,4 mill. kr i slutten av perioden.

## Interne finansieringstransaksjonar

Løpande prisar

Tal i heile 1000 kr

År	2012	2013	2014	2015
Overføring til investeringsbudsjettet	155 250	175 250	0	0
Bruk av fond	-4 400			
<b>Netto utgift</b>	<b>150 850</b>	<b>175 250</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Ein gjer merksam på at tala i denne tabellen er i løpande prisar.

Interne finansieringstransaksjonar omfattar inndekking av fylkeskommunen sine underskot frå tidlegare år, overføring av driftsmidlar til investeringsbudsjettet og avsetjingar og bruk av fond.

### Overføring til investeringsbudsjettet

Regjeringa har vedteke nytt regelverk for rekneskapsføring av momskompensasjon. Det nye regelverket medfører at kommunesektoren etter kvart må bruka momskompensasjon frå investeringar til å finansiera investeringar og ikkje til løpande drift. Det vil vera ein overgangsperiode frå 2010 og fram til 2014, der det vert lagt stadig sterkare føringar på korleis denne momskompensasjonen frå investeringar kan nyttast. For budsjettåret 2010 skal minimum 20 prosent av momskompensasjon frå investeringar overførast til investeringsbudsjettet. For 2011 er det minimum 40 prosent, for 2012 minimum 60 prosent og for

2013 minimum 80 prosent. Frå og med 2014 må all momskompensasjon frå investeringar først i investeringsrekneskapen.

I 2012 er det budsjettert med 155,25 mill. kr og i 2013 175,25 mill. kr frå drifta til finansiering av investeringar. Desse summene utgjør 80,4% og 90,8% av budsjettert momskompensasjon. Kravet etter den nemnde overgangsordninga er dermed oppfylt med god margin.

Frå 2014 skal momskompensasjon frå investeringar inntektsførast direkte i investeringsrekneskapen. Med det opplegget som er lagt i denne økonomiplanen, vil ein frå det året ikkje ha driftsmidlar til finansiering av investeringar.

### Fondsavsetjing

I 2012 nyttar ein resten av Hardangerbru-fondet på 4,4 mill. kr. Seinare i økonomiplanperioden er det ikkje budsjettert med avsetjing eller bruk av fond.



# VEDLEGG





## MØTEBOK

### Kultur- og ressursutvalet

**Dato:** 22. november 2011    **Kl.:** 16.30 – 19.15    **Stad:** Oseana kunst- og kultursenter,  
Mobergsbakken 20, Os

### SAKNR.

#### 108/11    ÅRSBUDSJETT 2012 / ØKONOMIPLAN 2012-2015

**Kyrre Gregersen (H)** sette fram slikt oversendingsforslag (H, Frp, V)

”KURE viser til rådmannens omtale av Litteraturhuset i Bergen. KURE stiller seg positiv til etableringa av et litteraturhus i Bergen og vil særlig fremheve betydningen av å etablere et slikt debattforum på vestlandet.”

**Vegard Ask (Krf)** sette fram slikt oversendingsforslag:

” KURE ønsker å prioritera følgjande formål/organisasjoner i budsjettet for 2012:

- Husflidslaget
- Pilgrimssenteret i Røldal
- KRIK ( Kristen Idrettskontakt

Hordaland fylkeskommune skal sikre vidare satsing i fylket på vindkraft og gjøre dette til en attraktiv næring å investere i for private næringsaktører.

Hordaland fylkeskommune skal invitera Jernbaneverket til vidare oppgradering av Rallarvegen.”

### Røysting

Fylkesrådmannen si innstilling vart samrøystes vedteke.  
Gregersen og Ask sine forslag vart samrøystes vedtekne å følgje saka.

### INNSTILLING

1 a) Investeringsbudsjettet for 2012 vert vedteke med slike rammer:

	1 000 kr
Bruk av lånemidlar	1 209 970
Tilskot og refusjonar m.m.	1 175 860
Salsinntekter	5 000
Midlar frå driftsbudsjettet	160 000
<b>SUM INNTEKTER</b>	<b>2 550 830</b>

Disponert slik:	
Politiske organ, administrasjon, fellesfunksj.	52 000
Opplæring	514 000
Tannhelse	30 500
Regional utvikling	1 000
Samferdsel	1 945 330
Kultur	3 000
<b>SUM INVESTERINGSUTGIFTER</b>	<b>2 545 830</b>
<hr/>	
Avsetjingar	5 000
<b>SAMLA FINANSIERINGSBEHOV</b>	<b>2 550 830</b>

b) Driftsbudsjettet for 2012 vert vedteke med følgjande rammer:

Frie inntekter (skatt, rammetilskot)		5 072 500
Finansutgifter	netto	402 860
Fondsavsetjingar	netto	6 100
Til finansiering av utg. i investeringsbud.		160 000
<b>TIL FORDELING DRIFT</b>		<b>4 503 540</b>

Fordelt slik:

Politiske organ, administrasjon, fellesfunksj.	netto	247 194
Opplæring	netto	2 477 695
Tannhelse	netto	170 412
Regional utvikling	netto	81 605
Fylkeskommunal næringsverksemd	netto	-104 975
Samferdsel	netto	1 564 757
Kultur	netto	151 102
<b>FORDELTE PÅ SEKTORANE</b>	<b>netto</b>	<b>4 587 790</b>

Tilleggsøyvingskonto		4 080
Lønsavsetjing		104 670
Mva-kompensasjon (frå investering)		-193 000
<b>TIL SEINARE FORDELING</b>		<b>-84 250</b>

## 2. Låneopptak

- Fylkestinget godkjenner låneopptak på 1 209,97 mill. kr.
- Fylkestinget godkjenner opptak av kassakreditt på inntil 500 mill. kr.

## 3. Stønad til dei politiske gruppene i fylkestinget og frikjøp

Gruppestønad til fylkestingsgruppene	kr	69 550
Stønad pr. representant i gruppa	kr	39 050
Frikjøp pr. representant	kr	37 020

## 4. Disponering av IT-løyving

Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå kontraktar som disponerer inntil 50% av IT-løyvingane i økonomiplanperioden.

**5. Takstane ved den offentlege tannhelsetenesta**

Fylkestinget godkjenner at takstane ved den offentlege tannhelsetenesta vert auka med 5 % frå 01.01.12.

**6. Kollektivtakstane**

Prisen for alle typar kort vert uendra.

Minstetaksten for einskildbillett vert auka frå kr 25 til kr 27. Tilsvarende prosentvise auke vert gjort for høgare takstsoner.

Ferjetakstane følger riksregulativet.

**Økonomiplanen for 2012-2015**

Fylkestinget godkjenner det utsende forslaget til økonomiplan.



## MØTEBOK

### Opplærings- og helseutvalet

**Dato:** 23. november 2011    **Kl.:** 10.00 – 15.30    **Stad:** Møterom Nordhordland, 4 etg.  
Fylkeshuset, Bergen

#### SAKNR.

#### 52/11    ÅRSBUDSJETT 2012 / ØKONOMIPLAN 2012-2015

Rosalind Fosse sette fram følgjande forslag på vegner av FRP/H/V:

##### ”Drift.

OPHE har merket seg nedtrekket i budsjettgrunnlaget for de videregående skolene på 11 mill. Ut fra dette ber OPHE fylkesutvalget være oppmerksom på følgende innen driftsbudsjettet:

- OPHE ber fylkesutvalget vurdere budsjettet angående økning av elevtallet
- OPHE ber fylkesutvalget være oppmerksom på økningen i de faste kostnadene for de videregående skolene
- Bibliotekene bør tilføres mer midler jmf. Strategisk plan
- Fagopplæringen må ha nødvendige ressurser
- Fagskolen har et økende søknadstall. I den grad det skal tas inn flere studenter må rammene økes.
- Voksenopplæringen sitt budsjett bør vurderes ihht aktiviteten.

##### Investering:

OPHE er tilfreds med at det fortsatt er ført opp 35 mill. til utstyr i skolene. Disse midlene har de senere år bidratt til at flere skoler har kunnet oppgradere/fornye utstyret. Da det fortsatt er stort behov for oppgradering/fornyning ber OPHE fylkesutvalget vurdere å øke denne budsjettposten.

Mindre utbyggingsprosjekter har de siste år blitt løst av budsjettposten på 40 mill. OPHE ber fylkesutvalget å vurdere en økning av også denne budsjettposten.

Arbeidet mot uønsket frafall er viktig. Derfor oppfordrer OPHE til at fylkesutvalget vurderer å sette av ressurser til:

- satsing på sommerskole/leksehjelp
- satsing på skolehelsetjenesten
- satsing på yrkesopplæring og kompetanseheving
- samarbeid mellom skole og arbeidsliv

**Aslaug Hellesøy** sette fram følgjande oversendingsforslag:

”I tillegg til fylkesrådmannen si innstilling vil OPHE leggje til:

- Auke midlane til spesialundervisning/særskilt tilpassa opplæring
- Tilskot til drift av internata ved Kongshaug vgs og Framnes Kr. vgs
- Utvide tilbodet om sommerskule”

### **Røysting**

Fylkesrådmannen si innstilling vart samrøystes vedteke.

Fosse og Hellesøy sine forslag vart samrøystes vedteke oversend fylkesutvalet

### **INNSTILLING**

1 a) Investeringsbudsjettet for 2012 vert vedteke med slike rammer:

	1 000 kr
Bruk av lånemidlar	1 209 970
Tilskot og refusjonar m.m.	1 175 860
Salsinntekter	5 000
Midlar frå driftsbudsjettet	160 000
<b>SUM INNTEKTER</b>	<b>2 550 830</b>

Disponert slik:

Politiske organ, administrasjon, fellesfunksj.	52 000
Opplæring	514 000
Tannhelse	30 500
Regional utvikling	1 000
Samferdsel	1 945 330
Kultur	3 000
<b>SUM INVESTERINGSUTGIFTER</b>	<b>2 545 830</b>

Avsetjingar	5 000
<b>SAMLA FINANSIERINGSBEHOV</b>	<b>2 550 830</b>

b) Driftsbudsjettet for 2012 vert vedteke med følgjande rammer:

Frie inntekter (skatt, rammetilskot)	5 072 500
Finansutgifter	netto 402 860
Fondsavsetjingar	netto 6 100
Til finansiering av utg. i investeringsbud.	160 000
<b>TIL FORDELING DRIFT</b>	<b>4 503 540</b>

Fordelt slik:

Politiske organ, administrasjon, fellesfunksj.	netto 247 194
Opplæring	netto 2 477 695
Tannhelse	netto 170 412
Regional utvikling	netto 81 605
Fylkeskommunal næringsverksemd	netto -104 975
Samferdsel	netto 1 564 757
Kultur	netto 151 102
<b>FORDELT PÅ SEKTORANE</b>	<b>netto 4 587 790</b>

Tilleggsløyvingsskonto	4 080
Lønsavsetjing	104 670
Mva-kompensasjon (frå investering)	-193 000
<u>TIL SEINARE FORDELING</u>	<u>-84 250</u>

## 2. Låneopptak

- a) Fylkestinget godkjenner låneopptak på 1 209,97 mill. kr.
- b) Fylkestinget godkjenner opptak av kassakreditt på inntil 500 mill. kr.

## 3. Stønad til dei politiske gruppene i fylkestinget og frikjøp

Gruppestønad til fylkestingsgruppene	kr 69 550
Stønad pr. representant i gruppa	kr 39 050
Frikjøp pr. representant	kr 37 020

## 4. Disponering av IT-løyving

Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå kontraktar som disponerer inntil 50% av IT-løyvingane i økonomiplanperioden.

## 5. Takstane ved den offentlege tannhelsetenesta

Fylkestinget godkjenner at takstane ved den offentlege tannhelsetenesta vert auka med 5 % frå 01.01.12.

## 6. Kollektivtakstane

Prisen for alle typar kort vert uendra.  
Minstetaksten for einskildbillett vert auka frå kr 25 til kr 27. Tilsvarende prosentvise auke vert gjort for høgare takstsoner.

Ferjetakstane følgjer riksregulativet.

## Økonomiplanen for 2012-2015

Fylkestinget godkjenner det utsende forslaget til økonomiplan.

### Protokollmerknad frå AP v/Marte Malones:

Arbeiderpartiets opplæringsfraksjon frammar sitt alternative budsjett i fylkesutvalets budsjettmøte.

### Protokollmerknad frå SP v/Alexander Fosse Andersen:

Senterpartiet kjem attende med eit alternativt budsjettforslag i fylkesutvalet.

## MØTEBOK

### Samferdselsutvalet

**Dato:** 23. november 2011    **Kl.:** 11.00-17.30    **Stad:** Fylkehuset, fylkesutvalsal - møterom 376

### SAKNR

#### 67/11    ÅRSBUDSJETT 2012 / ØKONOMIPLAN 2012-2015

Anne-Line Innvær sette fram 2 tekstforslag som fylgjer saka.

##### Fylkesvegferjene

”Ferjemateriellet i Hordaland har høg gjennomsnittsalder. Fylkestinget ynskjer å vidareutvikla ferjedrifta i åra framover, m.a. med å satsa på miljøvennlege ferjer, universelt utforma materiell og på sikt få nytt materiell.”

##### Kollektivterminalar/knutepunkt

”Det må setjast større fokus på ende- og snuplassar for buss, då dette er eit kritisk punkt i infrastrukturen. Målet er å snarast utvikla terminalar og knutepunkt på Knarvik, Kleppestø, Leirvik og Seljestad.”

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

### INNSTILLING

1 a) Investeringsbudsjettet for 2012 vert vedteke med slike rammer:

	1 000 kr
Bruk av lånemidlar	1 209 970
Tilskot og refusjonar m.m.	1 175 860
Salsinntekter	5 000
Midlar frå driftsbudsjettet	160 000
<b>SUM INNTEKTER</b>	<b>2 550 830</b>

Disponert slik:	
Politiske organ, administrasjon, fellesfunksj.	52 000
Opplæring	514 000
Tannhelse	30 500
Regional utvikling	1 000
Samferdsel	1 945 330
Kultur	3 000
<b>SUM INVESTERINGSUTGIFTER</b>	<b>2 545 830</b>
<hr/>	
Avsetjingar	5 000
<b>SAMLA FINANSIERINGSBEHOV</b>	<b>2 550 830</b>

b) Driftsbudsjettet for 2012 vert vedteke med følgjande rammer:

Frie inntekter (skatt, rammetilskot)		5 072 500
Finansutgifter	netto	402 860
Fondsavsetjingar	netto	6 100
Til finansiering av utg. i investeringsbud.		160 000
<b>TIL FORDELING DRIFT</b>		<b>4 503 540</b>

Fordelt slik:

Politiske organ, administrasjon, fellesfunksj.	netto	247 194
Opplæring	netto	2 477 695
Tannhelse	netto	170 412
Regional utvikling	netto	81 605
Fylkeskommunal næringsverksemd	netto	-104 975
Samferdsel	netto	1 564 757
Kultur	netto	151 102
<b>FORDELTE PÅ SEKTORANE</b>	<b>netto</b>	<b>4 587 790</b>

Tilleggsøyvingskonto		4 080
Lønsavsetjing		104 670
Mva-kompensasjon (frå investering)		-193 000
<b>TIL SEINARE FORDELING</b>		<b>-84 250</b>

## 2. Låneopptak

- a) Fylkestinget godkjenner låneopptak på 1 209,97 mill. kr.  
b) Fylkestinget godkjenner opptak av kassakreditt på inntil 500 mill. kr.

## 3. Stønad til dei politiske gruppene i fylkestinget og frikjøp

Gruppestønad til fylkestingsgruppene	kr	69 550
Stønad pr. representant i gruppa	kr	39 050
Frikjøp pr. representant	kr	37 020

## 4. Disponering av IT-løyving

Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå kontraktar som disponerer inntil 50% av IT-løyvingane i økonomiplanperioden.

## 5. Takstane ved den offentlege tannhelsetenesta

Fylkestinget godkjenner at takstane ved den offentlege tannhelsetenesta vert auka med 5 % frå 01.01.12.

## 6. Kollektivtakstane

Prisen for alle typar kort vert uendra.

Minstetaksten for einskildbillett vert auka frå kr 25 til kr 27. Tilsvarende prosentvise auke vert gjort for høgare takstsoner.

Ferjetakstane følgjer riksregulativet.

## Økonomiplanen for 2012-2015

Fylkestinget godkjenner det utsende forslaget til økonomiplan.

Tekstforslag frå **Anne-Line Innvær** som fylgjer saka vidare.

### Fylkesvegferjene

Ferjemateriellet i Hordaland har høg gjennomsnittsalder. Fylkestinget ynskjer å vidareutvikla ferjedrifta i åra framover, m.a. med å satsa på miljøvennlige ferjer, universelt utforma materiell og på sikt få nytt materiell.

### Kollektivterminalar/knutepunkt

Det må setjast større fokus på ende- og snuplassar for buss, då dette er eit kritisk punkt i infrastrukturen. Målet er å snarast utvikla terminalar og knutepunkt på Knarvik, Kleppstø, Leirvik og Seljestad.

## MØTEBOK

### Fylkesutvalet

**Dato:** 28. november 2011    **Kl.:** 14.30-16.45    **Stad:** Panorama    Konferansehotell,  
29. november 2011    09.00-14.15    Steinsland, Sund

### SAKNR.

#### 216/11    ÅRSBUDSJETT 2012 / ØKONOMIPLAN 2012-2015

**Ruth Grung** sette fram slikt forslag:

<b>”Opplæring</b>	<b>2012 justering</b>
Opprette et fond der hver skole kan søke om ekstramidler til tiltak for å motvirke/forebygge frafall og få flest mulig til å bestå. Fondet kan også gi tilskudd til skoler som vil utvikle spesialiseringsområde som f.eks. realfag, språk, entreprenørskap, spesielle fagområder, samarbeid med høyskole osv.	25 mill. kr
Gratis bærbar PC	10,3 mill. kr
Støtte til Vitensenteret	300.000
Etablere elev- og lærlingombud	600.000
Fremskynde oppussing av Årstad v.g. skole	4 mill. kr
<b>Tannhelse</b>	
To tannpleierstillinger for å styrke det forebyggende arbeidet	1,2 mill. kr
<b>Regional utvikling</b>	
Pilotprosjekt for utvikling av fremtidens batteriferge	5 mill. kr
Etablere en forsøkspark for havvindmøller	1 mill. kr
Økt støtte til Fiskeriforum Vest	200.000
Driftstøtte Design Region Bergen	500.000
Økt støtte til Raftostiftelsen	200.000
<b>Samferdsel</b>	
Ungdomskort til fylte 23 år i økonomiperioden og til 21 år i 2012	4 mill. kr
<b>Idrett/kultur</b>	
Gratis bruk av idrettsanlegg og areal ved videregående skoler	300.000
Øke tilskuddet til frivillige lag og organisasjoner	500.000
Øke støtten til kontaktutvalget mellom innvandrersorganisasjonene og myndighetene. Slik at de får full stilling	200.000
Utvide kulturkortet for ungdom frå 20 år til 24 år i økonomiperioden og til 21 i 2012”	500.000

**Mona H. Hellesnes** sette på vegner av V, H og Frp fram slikt forslag:

”Økonomiplanen vert endra tilsvarende.

### **Kultur og idrett**

Litteraturhus i Bergen	1 000 000
Pilgrimssenter Røldal	200 000
Rallarvegen, servicepatruljen	100 000
Prøveprosjekt: Idrettslag nyttar gymsalar gratis mot vakthald og reinhald	200 000
Friluftsliv	500 000
Hardanger 2014 - kulturprosjekt i samband med grunnlova 200 år	200 000
Hauge-senteret Ulvik	100 000
Bømlo Teater	150 000

### **Samferdsel**

Fylkesvegvedlikehald	5 000 000
Auka ruteproduksjon	5 000 000
Studentkort - utviding av aldersgrensa frå 30 til 33 år	1 200 000
Ferjesambandet Kinsarvik-Utne-Kvanndal, auka kapasitet til 2013	3 200 000

### **Opplæring og helse**

Sommarskole	500 000
Alternativ til VG3 fagopplæring	200 000
Undervisningsutstyr	1 000 000
Skolehelsetenesta	1 500 000
Teach First - leiarrekrutteringsprogram for real-faglærarar	200 000
Auka overføring til dei vidaregåande skolane	5 000 000
	<b>25 250 000</b>

### **Inndekking**

Disposisjonsfond	10 500 000
Forventning om lågare rente enn 3,5% i 2012/ny bankavtale	10 000 000
Redusert overføring til kap.bud. MVA-komp.	4 750 000
	<b>25 250 000”</b>

**Pål Kårbø** sette fram slikt forslag:

### **”Opplæring og helse**

- Fagskulane
- Tilpassa opplæring/spesialundervisning
- Styrka sommarskulen
- Eigen person i adm. som er ansvarleg for lærlingane
  - Viktig fordi mange lærlingar slit med å få god nok oppfølging og hjelp ift. sin situasjon. I tillegg vil ein på lang sikt kunna fletta inn mobbeombodet i ei slik stilling
- Drift av internata ved Kongshaug vgs og Framnes vgs + 500 000
  - Å ha internatskolar i fylket er utruleg viktig fordi det gjer Hordaland til et meir attraktivt fylke for elevar i den vidaregåande skolen. Sjansane for at desse, etter vidaregåande, vert verande i fylket som studentar er også store, noko som er med på å styrkja Hordaland og Bergen sin posisjon som studentfylke/-by.



- I tillegg er det slik at skolane i dag berre får dekt 85 % av driftsutgiftene sine gjennom staten. Resten vert dekt inn av sponsorar og skolens eigarorganisasjon, men også i stor grad elevane som går der. Ved å innføra eit slikt tilskot vil ein gjera det billegare å velje eit slikt alternativ.

#### Tekstforslag:

- Leggja betre til rette for at elevar kan gjennomføra trafikkopplæringa også i skuletida. Dette kan betrast ved å godkjenne fråver som vert dokumentert med attestasjon frå sjåførskulen.

#### **Kultur- og ressurs**

- Hordaland Husflidlag +100 000
- Drift av KRIK (Kristen Idrettskontakt) + 200 000
  - KRIK er ein stor og viktig organisasjon som er med på skape gode fritidstilbod for ungdom regionalt og internasjonalt. Mellom anna har KRIK vunne pris for beste ungdomsarrangement for fred saman med Norsk Folkehjelp. I Hordaland slit likevel organisasjonen økonomisk og eit slikt tilskot frå fylkeskommunen vil gjera det enklare for organisasjonen å oppretthalda tilbodet sitt i heile fylket.
- Pilgrimssenteret i Røldal + 200 000

#### Tekstforslag:

- Vidaresatsing på vindkraft og "vindkraftclusteret"

#### **Samferdsel**

- Hovdatunellen i Fusa, lys +500 000
- Lysregulering Nautnes Bru
- Båtrute med klare miljøkrav
  - Nordhordland-Bergen + 3, 5 mill
  - Askøy-Bergen
  - Sotra-Bergen
- Vegvedlikehald +10 mill
- Vidareføring av ferjetilbodet Kvanndal-Utne-Kinsarvik på dagens nivå fram til opning av Hardangerbrua i 2013.
- Studentkortet skal gjelda for heile fylket.
  - At studentkortet vert utvida til å gjelda i heile fylket er eit svært viktig grep for å gjera Hordaland til eit meir attraktivt fylke å studere i, på same tid som det gjer det enklare for studentar å busetje seg utanfor Bergenregionen. Dette forslaget er også i tråd med dei tydelege tilrådingane som har kome inn til oss frå studentorganisasjonane.

#### Tekstforslag:

- I prosjektet "Sanntidssystem" innan kollektivtransporten er det viktig at det vert investert i standard hyllevare
- Lysregulering på Nautnes bru i Øygarden vert iverksett våren 2012
- Invitera Jernbaneverket til å vidare oppgradering av Rallarvegen

#### **Regional utvikling:**

- Terapibasseng i Øystese + 15 mill
- Fylkeskommunal medverknad til vidareutvikling av smelteverkstomta i Odda

#### Tekstforslag:

- Vidareføra prosjektet med "Utdanning i Bergen" utover 2012

#### **Administrasjon og organisasjon:**

- Attføring og omstilling + 1 mill

## Økonomiplan 2012-2015

- Planarbeid – Bru i Masfjorden + 1 000 000  
Kfr. Konesjonskraftinntektene
- Utbygging og ombygging av Austrheim vgs og Fitjar vgs  
Oppstartsmidlar + 2 000 000

### Rammer på dei ulike fagfelta

	2012	2013
Opplæring og helse	5,0 mill.	
Kultur og ressurs	0,5 mill.	
Samferdsel	9,5 mill.	
Regional utvikling	10 mill.	5 mill.
Sum	25 mill.	5 mill.
Økonomiplan	2,0 mill.”	

### Saldering 2012

Lågare rente enn fylkesrådmannen sitt framlegg 10, 0 mill.

Disposisjonsfond 10, 5 mill.

Redusert overføring mva-kompensasjon 4, 5 mill.”

### Benthe Bondhus sette fram slikt forslag:

”Budsjettforslag, endringar frå Sp.

<b>Opplæring, auke</b>	<b>Mill. kr</b>
Auka ramme	5,0 mill.
Elev- og lærlingeombod	0,5 mill.
Auka innsats mot fråfall	3,0 mill.
Tilskot distriktsskular	2,0 mill.
Skulehelsetenesta	2,0 mill.
Tilrettelagd opplæring	1,0 mill.
Opplæringskontora	1,0 mill.
Prosjekt fleire helsefagarbeidarar	1,0 mill.
Sumarskule / leksehjelp	1,5 mill.
<b>Folkehelse, førebygging</b>	2,0 mill.
<b>Samferdsel</b>	
Auka løyving, vedlikehald	20,0 mill.
Trygt heim (fleire kommunar)	2,0 mill.
Ungdomskort, utvida 1 år	4,0 mill.
<b>Kultur</b>	
Tilskot almenne kulturformål	0,5 mill.
Tilskot barn og unge	0,5 mill.

## **Regional utvikling**

Klimaplan, handling 2,0 mill.

Sp kjem attende med inndekning i fylkestinget.”

**Aud Karin Oen** sette fram slikt forslag:

### **”A Forslag til endring av investeringsbudsjettet 2012**

#### **Fellesfunksjonar**

Postane 07006, (Fylkeshuset - Ombygging) 07008 (Fylkeshuset - Påbygg/nybygg) og 09900 (IT- fellessystem) vert reduserte med høvesvis 5 millionar kvar.

Posten 05000 vert auka med 5 millionar.

Dette fører til ein netto reduksjon i hovudposten fellesfunksjonar med 10 millionar.

#### **Opplæring**

Posten 08006 (Utstyr) vert auka med 7 millionar.

Hovudposten opplæring vert styrkt med totalt 7 millionar.

#### **Kultur**

Posten 07505 (Kultur) vert styrkt med 0,5 millionar.

2,5 millionar vert sett på disposisjonsfond øyremerkt Nynorskscena i Bergen.

Hovudposten kultur vert styrkt med totalt 3 millionar.

### **B Forslag til endring av årsbudsjett 2012**

Same rammer som i fylkesrådmannen si innstilling.

#### **Fellesfunksjonar**

Hovudposten politiske organ, administrasjon, fellesfunksjonar vert redusert med 2,08 millionar gjennom krav om ei generell innsparing. Nedjustering av politikarløner bør vera eit prioritert tiltak.

#### **Næring**

Hovudposten næring vert redusert med totalt 8,5 millionar gjennom bortfall av støtta til HOG-energi og BRB, ein reduksjon i støtta på 320 000 fordelt jamt på gjenverande institusjonar/prosjekt og ved at dei regionale utviklingstiltaka vert reduserte med 2 millionar i høve til fylkesrådmannen sitt forslag.

#### **Opplæring**

Hovudposten opplæring vert styrkt med totalt 10,58 millionar.

Fordelt jamt mellom underpostane 560 (Spesialundervisning og særskilt tilpassa opplæring) og 570 (Fagopplæring i arbeidslivet).

#### **Samferdsel**

Hovudposten samferdsel vert uendra. Men følgjande underposter vert endra: Post 730 får reduserte utgifter med 4 millionar (Drift av Skyss) og forventa inntekter på same underposten vert auka med 15 millionar.

Takstane vert ikkje auka, men ombordstigingsgebyret vert gjennomført og vurdert heva.”

**Terje Søviknes** sette på vegner av Frp, H og V fram slikt forslag:

### **”Tekstforslag**

#### **A. Reklamefinansiert kollektivtransport**

Det skal i 1. kvartal 2012 etablerast eit prosjekt for å avklåra det samla potensialet for reklameinntekter knytt til Hordaland fylkeskommune sitt engasjement innan kollektivtransporten. Prosjektet må vurdere inntektspotensialet knytt til sal av reklameflater på bussar, busstopp, terminalar, elektroniske plattformer, billetter, Skysskort osv., samt skissera rammer for omfang, estetikk og generell organisering av tiltaket.

Det skal setjast ned ei politisk styringsgruppe for prosjektet, og fylkesrådmannen får fullmakt til å nytta ekspertkompetanse i utgreiingsarbeidet.

## **B. Prosjekt Økonomisk handlefridom II**

Fylkestinget ber fylkesrådmannen etablere eit prosjekt Økonomisk handlefridom II etter modell av tilsvarande prosjekt i valperioden 2003-07. Målsetjinga med prosjektet er å auka fylkeskommunen sitt handlingsrom i økonomiplanperioden 2012-15, spesielt sett i høve til aukande kapitalkostnader som følgje av lånefinansierte investeringar i planperioden. Prosjektet bør identifisere tiltak som kan gje inntektsauke/kostnadskutt i storleik 100 mill. kroner i driftsbudsjettet.

Fylkesutvalet skal fungera som styringsgruppe, og motta milepelsrapportar undervegs i prosjektet. Samla tiltaksplan bør liggja føre for politisk handsaming innan utgangen av 2012.”

### **Røysting**

Oen sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.

Kårbø sitt forslag fekk 1 røyst (KrF) og fall.

Hellesnes sitt forslag med Søviknes sitt forslag vart vedteke mot 6 røyster (A, Sp, SV) som innstilling til fylkestinget.

Forslaga frå Grung og Bondhus vart lagt ved saka.

## **INNSTILLING TIL FYLKESTINGET (29.11.2011)**

Årsbudsjett og økonomiplan vert vedtekne i samsvar med det utsende materialet og med følgjande presiseringar og endringar:

### **Kultur og idrett**

Litteraturhus i Bergen	1 000 000
Pilgrimssenter Røldal	200 000
Rallarvegen, servicepatruljen	100 000
Prøveprosjekt: Idrettslag nyttar gymsalar gratis mot vakthald og reinhald	200 000
Friluftsliv	500 000
Hardanger 2014 - kulturprosjekt i samband med grunnlova 200 år	200 000
Hauge-senteret Ulvik	100 000
Bømlo Teater	150 000

### **Samferdsel**

Fylkesvegvedlikehald	5 000 000
Auka ruteproduksjon	5 000 000
Studentkort - utviding av aldersgrensa frå 30 til 33 år	1 200 000
Ferjesambandet Kinsarvik-Utne-Kvanndal, auka kapasitet til 2013	3 200 000

### **Opplæring og helse**

Sommarskole	500 000
Alternativ til VG3 fagopplæring	200 000
Undervisningsutstyr	1 000 000
Skolehelsetenesta	1 500 000
Teach First - leiarrekrutteringsprogram for realfaglærarar	200 000
Auka overføring til dei vidaregåande skolane	5 000 000
	<b>25 250 000</b>

**Inndekking**

Disposisjonsfond	10 500 000
Forventning om lågare rente enn 3,5% i 2012/ ny bankavtale	10 000 000
Redusert overføring til kap.bud. MVA-komp.	4 750 000
	<b>25 250 000</b>

**Tekstforslag****A. Reklamefinansiert kollektivtransport**

Det skal i 1. kvartal 2012 etablerast eit prosjekt for å avklåra det samla potensialet for reklameinntekter knytt til Hordaland fylkeskommune sitt engasjement innan kollektivtransporten. Prosjektet må vurdere inntektspotensialet knytt til sal av reklameflater på bussar, busstopp, terminalar, elektroniske plattformer, billetter, Skysskort osv., samt skissera rammer for omfang, estetikk og generell organisering av tiltaket.

Det skal setjast ned ei politisk styringsgruppe for prosjektet, og fylkesrådmannen får fullmakt til å nytta ekspertkompetanse i utgreiingsarbeidet.

**B. Prosjekt Økonomisk handlefridom II**

Fylkestinget ber fylkesrådmannen etablere eit prosjekt Økonomisk handlefridom II etter modell av tilsvarande prosjekt i valperioden 2003-07. Målsetjinga med prosjektet er å auka fylkeskommunen sitt handlingsrom i økonomiplanperioden 2012-15, spesielt sett i høve til aukande kapitalkostnader som følgje av lånefinansierte investeringar i planperioden. Prosjektet bør identifisera tiltak som kan gje inntektsauke/kostnadskutt i storleik 100 mill. kroner i driftsbudsjettet.

Fylkesutvalet skal fungera som styringsgruppe, og motta milepelsrapportar undervegs i prosjektet. Samla tiltaksplan bør liggja føre for politisk handsaming innan utgangen av 2012.



**HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gt 5  
Postboks 7900  
N-5020 BERGEN

Telefon: 55 23 90 00  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)